

Arne Garborg

Dagbok 1905–1923

Band 2: 25. juni 1907 - 27. december 1909

Aschehoug
Kristiania 1925

Førebels elektronisk utgåve desember 2002 ved Nynorsk kultursentrum
www.aasentunet.no

Føreord

Arne Garborgs dagbøker frå 1905 til 1923 vart redigerte og utgjevne av Hulda Garborg i seks band 1924–1927. I 2000 vart denne bokutgåva digitalisert (skanna og korrekturlesen) av Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo, og det er desse filene som her er gjorde tilgjengelege. Det er gjort overslag som tyder på at Hulda Garborg utelet kring 25% av den opphavlege dagboksteksten til Garborg då ho gav ut dagbøkene, og dei utelatne delane er heller ikkje med i denne utgåva.

Ein del tekniske kodar er framleis synlege i teksten. Det gjeld hovudsakleg markering av sideinndeling og fotnotar. Vi har late dette stå slik at det skal vere samsvar mellom bokutgåva og denne elektroniske utgåva. Det er dessutan brukt manuelt lineskift i teksten, og det er ikkje lagt vekt på utforminga i denne elektroniske utgåva. Nynorsk kultursentrum har likevel valt å gjere dagbøkene tilgjengeleg i ei førebels elektronisk utgåve, til glede for forskarar og andre spesielt interesserte som her får eit langt betre høve til å søkje og finne fram i dagbøkene.

Nynorsk kultursentrum, desember 2002
Oddmund L. Hoel

Band 2

25. juni 1907 - 27. december 1909

Knudaheibakken 25. 6. 1907.

I Dag tek det 8de Knudahei-Aare mitt til.

I RegnvÍr kørde eg fraa Bryne – det hev vori ein serskilt kald og regnfull Vaar, og Folk tek til aa ræddast for at dei ikkje skal faa Torvturk; men paa Jordi stend det so fint no, at dei ventar Krunaar – og hadde Skur etter Skur til eg kom upp-imot Tunheim; daa heldt det upp, og letna sidan meir og meir, til dess det no, ut imot Kvelden, er heiltupp blankt (aa kalle for). Gjev det kunde spyriast, at eg ein Gong kom med godt Vêr til Jæren!

Grønt og vent stend det all Stad; og Mossige-Lidine er reint Skog no, venare og venare for kvart Aar. Sjølve det vesle Eikjerunne-Kratle i Tjensvollbakkane hev teki til aa vekse; skulde Eiki vinne seg upp att sjølv? –

– Eg venta ikkje blide Augo paa Jæren denne Gongen, daa eg hev vist meg rang i Trui att. Men det gjekk betre enn eg hadda venta; eg raaka fleire kjende (og halvkjende, eller ukjende som eg burde ha kjent) enn eg plar gjera (det var Jønsok-"Marken" **dvs.** Marknad); og dei var berre snilde og huglege. Og i Godlag. Det er vel mykje det at det ser so godt ut til Aars, i det heile er Tidine no gode paa Jæren.

Paa Sandnes var eg inn-um hjaa Mor. Ho hev vori sengfast heile Vinteren og er det helst en-
<side nr=2>

no – ho kjenner seg for veik til aa sitja uppe noko større – og ho ventar paa aa faa "sleppa", 75 Aar gamal som ho no er, og aaleine med den gamle dauvhøyrde Mannen sin, han Jonnas, um ho aldri so mykje er Mor til 9 Born. Men ho er seigare enn ho trur; og naar eg spaar at ho vert 90 Aar, som alt Folk vart fyrr, so smiler ho, endaa ho tykkjer at det vart lengi aa vente. Men han Jonas, som vel er yvi 80, og som ikkje lenger høyrer eit Ord, men skynar henne likevel, han flyg der so lett som ein Gutunge og steller for henne, og synest reint vera sæl at han kann gjera noko til Gagns. Det er det gode gamle jærske Folkeliv midt paa Sandnes.

– Knudahei-huse hev skift Ham i Aar: bytt Torvtòka med ei Tòka av denne nye Pannesteinen som ligg so mykje stødare enn den gamle; og so vert den betre enn Torve. Det viser seg, at med alt Regne i Vaar hev Huse vori fulltett, og glad er eg; so hev eg ikkje lenger alle desse "Drøpane" aa tenkje paa og slaast med. Sjølv-sagt er ikkje Arbeide heilt ferdugt – Nordmannen vert aldrig heilt ferdug med ein Gong – men naar Huse stend, so fær det heller gange som det kann med Skudane til so lengi. Ein Gong jamnar det seg vel med alt.

Og no sét eg meg til med Goethe. Men Buje hev eg alt møtt, og Sauene med sine spræke Lomb gjeng og beiter ikring Stovo; det er betre Poesi det, skulde eg tru. Og Arbeid som er betre enn Vers-Retting hev eg au: i Sømarn skal eg verta ferdig med den Veido eg tok paa med ifjor; og naar den er ferdug, kann eg taka til med aa "stedla paa Joro mi"; det er Tre eg vil setja.

Eg vil plante ein Lund. Og i den Lunden vil eg ein Gong reise meg ein Haug; i den vert eg lagd naar eg er ferdug; der "bur" eg daa sidan og er Skogvord for Jæren? ?

<side nr=3>

Knhb. 28. 6. 07.

Etter eit Par graavorne Dagar, med ein Regn-skvett ender og daa, og jamn Smaa-Uling fraa Sud, vaknar eg no til ein Jær-Dag av dei venaste: Sol; mjukt blaa Himil med lette graakvite Skyir; stilt; Lande i lindt grønbrune Lìtir rolegt ned-yvi

mot frisk Havblaaing ut-under Kvelven. Og eg ser og skynar, at denne vesle Heimen er det venaste paa Jordi for meg.

Godt er det aa liva slike Stundir. Eg kjenner, at med alt som eg kann hava aa segja paa baade det eine og det andre: glad, sæl er eg yvi aa vera til. Takk have dei gaatefulle Livsmagtir, – som sjølve maa vita kva eg er til fyri!

– Og so ut paa Veitegraving; det er for godt eit Vír til aa sitja inne med "Faust" no.

Knhb. 30. 6. 07.

Nordvest-Vind; helder kaldt; elles fint.

Er no ferdug med 2000 Vers av Faust; men eg bør drive paa ei Stund til, – endaa Arctander meiner at han ikkje treng Hjelp stort lenger. Det er elles sant: han kjem seg; Arbeide gjeng no mykje lettare.

Kveld.

Tok meg ein Sving ned-yvi i Dag: um Mossige – Nyvegen ned-under Garborgsaasen – Vegene sør-yvi Fóren (alle Forane no oppdyrka) og opp-yvi "Marki hans Sven" (gamalt) – og heim-att yvi Bakkane.

Hjaa han Ola (gamalt: Ingjebrett) Mossige var eg inne. Mange Framande; millom deim ei Dame som song (godt), han Ola sjølv er ikkje lite musikalsk (spelar Horn i Hognestad-Kvartetten, som Politiken elles no hev gjort um Lag Ende

<side nr=4>

paa), gilde, fine, heilt ut jær-norske Folk, baade han og Kone (Dotter av Hans Hognestad).

Mossigelunden er vaksin svært fint til no. Paa Garborg (Andriss-Parten; "Risabakkjen" vaar) veks det like eins godt til med Tre, men mest paa Risa, der den gamle Skogen tek seg meir og meir upp att, og tøygjer seg nord-yvi der det fyrr var Utslaattir (heilt fram-mot Risabakken vaar mest). Samstundes er Jordbruke tydeleg i Uppgang; det ser eg ikkje minst paa alle dei Fjos- og Lødubygningane som vert upsette etter den gode nye Maaten; Jæren kjem seg. Hypotekbankjødane eig vel det meste av 'n no; men Folk vinn seg framyvi; det er visst mange som sit godt i det. Og smaatt um senn vert meir og meir Jord oppbrøti.

I Sumar vert eg ferdug med Veitegravingi mi her; til næste Aar fær eg til med Treplanting. Raun, Bjørk, Osp, eit Par Eikir til aa freiste med, ein heil litin Lund skal vekse upp um Stogo mi her; – og so vil eg freiste paa, um eg kann vinne lenger.

– Enno hev eg ikkje høyrnt noko fraa Labraaten; men no maa snart Brev vera ventande. Hit fær eg vel ikkje Folke mitt, fyrr Bergensbana vert farande, d. e. 1909? eller 1911? 1913? ?

– Det gjeng ikkje fort med noko av det Staten
hev under Hendar; berre Millionane, dei rullar
– – –

Brev fraa Hulda Garborg.

Hvalstad, Søndag 7/7 1907.

Kjære Garborg!

Takk og øre for Brev idag! Jeg begyndte at
vente nu. Deiligt at du har Sol og er arbeids-
fro! Glæder mig særlig og storlig over at "Fred-

<side nr=5>

Fortsættelsen" er dukket op! Bibelhistorie er
bra men alligevel. – Og Plantningerne – ah,
du skal se, at efterhvert faar du slet ikke Brug
for at dø hverken i 1911 eller senere; det blir
mer og mer som det er Moro at rusle med, og
tilsist kommer du til at faa Brug for nogle flere
Liv istedetfor at studere paa, hvordan du skal
faa Ende paa det ene. Vi gaar og snakker om
hvor Moro det skulde vært at rusle over alle
Fjeld og overraske dig i Opvasken en Dag; men
se, den Lyst faar vi styre. Iovermorgen drager Tuf-
ten og Jørgen Wentzel. **<fmark ind="1">** De morer og hygger sig
allerede saa paa Forhaand, at det er rent rørende.
Tuften arbeider og plystrer fornøiet hele Dagen. Han
har virkelig faat sammen igjen Rørene i Kjæl-
deren saa det hele fungerer. Jeg var lidt skep-
tisk i mit stille Sind, da han begyndte, for Rør-
læggerarbeide er fælt vanskelig og indviklet. Nu
er ogsaa næsten alle Poteterne hyppet. Stikkels-
bærene sylter vi om nogle Dage; men her er
saa vedvarende koldt og regnfuldt, at det nok
ikke nytter at vente paa Morellerne alligevel.
Jeg er ræd, at det da ingen Reise blev af. Og
nu skal det alligevel bli godt at faa komme bort
fra Skrivebordet nogle Dage. Jeg er endnu ikke
færdig; men det lakker da mod Enden. Og saa
er det vel blit fyldigere og saa godt som jeg kan
gjøre det **<fmark ind="2">**.

"Samlaget" har ifølge Brev fra Gjelsvik be-
stemt sig til at ta Bresteson. Den skal da
komme i første Kvartal 1908. Og saa faar jeg
være fornøiet.

– Jeg har faat Brev fra Formanden i Arbeids-
nemndi for Maalmarknaden i Bergen om at
komme did og hjælpe til i Høst. Hvad skal jeg
gjøre med det? Jeg har foreløbig svaret, at jeg

<fnote ind="1"> Paa fodtur til Jotunheimen. **</fnote>**

<fnote ind="2"> "Mann av Guds Naade". **</fnote>**

<side nr=6>

maa samraade mig med dig, og at jeg helst vil
faa vente med at gi endeligt Svar til sidst i
August.

Det blir en svær Hefte, og Gud ved, om jeg
kan gjøre noe Nytte længer. Men der trænges
naturligvis haardelig Hjælp, gud bedre.

Ivar og Karen har faat en Søn anden Juli.

Har du hørt fra Mor siden du var der? Hils hende mange Gange fra os begge. Jeg er altid saa lei over at hun ikke kom hid til os og fik se vort Hjem og roe sig lidt hos os da hun var østpaa. Det var saa dumt. –

– Naar du ikke læser Aviser, saa ved du vel ikke at Sophus Bugge ligger for Døden paa Tønset, og at Tuftens Filosof, Mourly Wold, er død paa Modum? Heller ikke at Kongen af Siam er i Kristiania – hvor jeg aldrig er – at Erik Lies Brønd er gaat over Bredderne af Regnet, at Løland har faat Pige som skriver Landsmaal, at jeg har faat et Maleri af Folkestad o. s. v.

Ja lev nu vel saa længe og "tak for du voks op" fra
Kjeringa di.

Knh. 12. (?) 7. 07.

Det hev vori kaldvori og graavori for det meste, ei lite høgtidsleg Jønsoktid; fint berre ein Dag imillom, men kaldslegt og smaablaasande daa au (igaar E. M. var det ein Nordvest so kald, at eg fraus mest daa eg var aat Tjønne etter Vatn).

Men i Dag er det Sømardag. Høg, klaar, roleg, mild – ikkje heit – Sømardag, det venaste og samstundes friskaste paa Jordi. Og fraa tidleg i Dag hev eg stadi i Veita og sét ut-yvi Jæren i Sumarbunad; for meg er det det venaste eg veit.

<side nr=7>

So vent at eg vert religiøs, og tenkjer minst av alt paa aa setja min Hugnad paa Papire.

Aldri trur eg eg hev set Jæren saa ven: i so vent Ljos paa denne venaste Tid fraa ein so god Stad som Knudaheibakken. Eg veit no, at betre Tuft for ei Jær-Stova kunde eg aldri ha funni enn nettupp her. Heile Barneheimen breider seg ut for Augo mine som eit Bilæte, der snartsagt alt er samla som høyrde med til Live mitt i mine fysste Aar, alle Gardane der eg var kjend, Garborg-Miden; ved Havstrandi dei kvite Salte- og Aarrestrendane; men paa Nærlandsstrandi er Skogen alt so stor at eg kann skilja det myrke furugrøne herifraa; og so det blaae friske Hav rolegt og blankt langt langt ut i Himlane; som ein Draum breider det seg ut for meg med sine mjuke og samstundes friske Litir.

– Eg stod i Velta ja, og kom endeleg so langt, at eg kann segia eg er "snart ferdug". Eg naadde i Dag i den Stubben eg grov ifjor (mot alle Reglar tok eg til øvst; men det var i den turre Tidi, og eg drøymde um at eg skulde klara heile Veita ifjor); etter alt dette Regne stod den no full av Vatn, og meir enn full: der var ein heil litin Flaum, som eg for nokre Dagar siden grov ei lita Avlaupsrenne aat; men endaa

var Veita meir enn full; og det vart reint ein Hugnad aa sjaa, kor Vatne strøymde i Veg, daa det endeleg kjende seg "fritt" att. No fær eg sjaa um eg kann faa lagt att baade den og den gamle i Aar, so eg næste Aar kunde taka til med Treplanting; men den gamle Veita kjem vel og til aa gjeva ymist Arbeid; ho er gravi av ein Framand og hev legi lengi ustelt no. Aldri fær ein Tid til sitt rette Arbeid for all denne Penningi . . .

– Faust er gild. Men fælände vanskeleg, so det gjeng syrgjeleg smaatt. Arctander hev greidt
<side nr=8>

Arbeide filologisk; men aa faa Goethe til aa skrive paa norskt upp-imot so kraftigt, fritt, lett som han skriv paa tyskt . . . naah; gjera det ein kann, so kann ein kje meir. Dessutan: det er ikkje mange i Norig som bryr seg um Goethe.

– Fraa Hulda hev eg eit Par Gongir høyrte; enno er ho paa Labraaten (skal stelle Stikkelsbæri!). Tuften er no paa Fjelltur saman med Jørgen Wentzel; fær dei slik Sumar der dei fer, som det no ser ut til me kann faa her, so hev det inga Naud. Siste Breve inneheldt ymist Nytt: 1) Sofus Bugge ligg paa Tynset og skal døy – – det einaste store Namn Høgskulen hev vert strøki –; med honom døyr i det heile mykje ved denne Skulen; 2) Mourly Wold daain; 3) eit nytt Liv komi til Verdi paa Einabu; 4) Samlaget tek "Sigmund Bresteson" . . . Det er sjeldan eit Blad inneheld Helvti so mykje nytt; eg greider meg svært godt utan Blad her paa Knudaheibakken.

Knh. 13. 7. 07.

Den Mannen paa Undheim som er Postopnar, er ein greid Kar som eg likar godt; men noko skal det vera: Kona hans, som i Grunnen au er snild og greid, er gudeleg. Og dette er ho ikkje berre for seg sjølv; men ho driv paa so smaatt og skal frelse andre. Dette er vel meint; men naar ho kjem til meg med det, lyt eg læ. Det er gali aa læ; men kva Raad er der? – I Kveld bad ho meg til gudeleg Middag med Uppbyggelse; det skulde vera slik ein gild Talar, lét ho um; og ho sagde beint ut, at ho meinte eg trong eit Grand Uppvekkelse. Eg lo og meinte, at meg vilde nok ingin Uppbyggelse hjelpe. – Stundom undrast eg paa, um eg ein Gong skulde halde Uppbyggelse paa min Maate; fortelja Folk min
<side nr=9>

Livsveg i dei Ting, og forklaare deim, at med alt Snakk me fer med i Kyrkje, Skule, Uppbyggelsar o. s. fr. veit me ingin Ting og kann ingin Ting vita um dei fyste Ting; det einaste me vann gjera er aa halde oss til Jesus. Liva det Live me hev, og veit um, paa rett Maate, og

dermed stole paa, at eit rettvist Heimsstyre
ikkje finn paa aa glodsteikje oss æveleg for di
me held oss til det me veit? – Det er Synd at
alt dette greide kloke Folke skal gaa og vera i
denne Halvørska; men aa finne ein Maate

– Der var Brevkort fraa Hulda. Tuften og
Jørgen var tekne i Veg med godt Mod; og no
er ho au paa Ferd, – upp Gudbrandsdalen til
Vaagaa, derifraa gjennom Rondon til Kolbotnen.
Det "regner, regner, regner" der burte; men det
maa full' vera likare tilfjells, daa visst i Gud-
brandsdalen?

Sofus Bugge er daain. Det minkar og minkar
med Fredriksskulen i Kristiansby. Og det minkar
vel med heile det danske Norge. Med Mjøs-Saki
ser det ut til aa bera den galne Veg, fortél
ho; det vil segja at Lande kjem endaa meir inn
under den framande Pengemagti enn det –
gjennom det dansk-engelske Kongehuse – alt er
komi. Eg fær trøyste meg som vanleg: Nord-
mennane heldt ut sjølv Svartedauden

– Idag hev eg tappa ut alt Vatne i den gamle
Veitestubben. No fær Arbeide kvile nokre Dagar
til alt vert turt; dei Dagane brukar eg til ein
Sandnes- og By-Tur.

– Godt VÍr hev det vori i Dag med; men
Landhandlaren spaadde UvÍr alt etter det han
"kjenner paa sej" og i Kveld dreg ei tett Skodde
inn fraa Have, – kva det kann tyde daa. Vondt
VÍr no vilde vera gale; Folk hev – med Slaa-
gognir paa snart kvar Gard alt! – teki til so
smaatt aa slaa.

<side nr=10>

Knh. 15. 7. 07.

Sumar. Stilt med Skodd um Nætane; ut paa
Morgonen klaarar det upp og er storfint – berre
Skodd ut i Have –, og rett varmt; naar eg
stend i Veita kann jamvel Flugo vera leid; men
"Steikjing" vert det ikkje; den gode Svaling fraa
Have stend inn-yvi Lande jamt, meir eller mindre
sterkt; det kjem ein Vindgufs ender og daa; og
ut-imot Middag (**dvs.** Kl. 12) arbeider det seg
gjerne upp til eit Vind-Drag, med no og daa rett
sterke Gulingar. Stas-VÍr.

Ut ved Middagstid vert det so varmt ute, at
eg Kruslingen greider ikkje aa staa i Veido lenger;
so gjeng eg inn; og der er endaa svalt og godt;
Soli naar ikkje inn i Stovo fyrr ho kjem i Vest,
maa-tru. Daa klæd eg paa meg (i Veita hev eg
loti hive Plagg etter Plagg, til dess eg ved 11-
Tidi er so paradisisk som Raad er for ein Jærbu),
slær paa meg eit Glas Vatn (upp-friska med
Cider), og tek til med Goethe, – eit mykje
verre Arbeid enn aa staa i Steinveido paa Knuda-
heio. –

– Det var Sundag igaar; og eg vart gjesta av
4–5 Unggutur (tvo fraa Jæren, ein fraa Nedenes,

ein fraa Hardang og ein fraa Sogn), som ligg inn-
paa Sandved paa Planteskulen. Gilde Gutar,
høyrdest det ut til, med god Hug til Jordi, og
mykje Tanke for Framgang for Jordbruke. Me
tala mill. a. um, at Vestlande – og fysst og
fremst Jæren – burde faa private Jordbruksskular
etter skotsk Mynster (den fysste norske Bonde-
skulen av dette Slage hev me no i Sætisdal):
ein Skule som – billegt – lærde Bondeung-
domen upp til aa bruka si Jord, og ikkje til aa
gange "Assistentar". Aa ja; det er noko Folke
vil lære aa skyna etterkvart; noko serskiilt glad
i desse gilde og dyre Stats-Assistentskulane hev
daa visst Jærbuen aldri vori.

<side nr=11>

Litegrand Bondepolitik tala me au. At dette
Lande i seg sjølv er dyrt aa styre med sine store
Viddir og langt innimillom Folk – "Norig er ikkje
eit Land men ein Jordbolc" – var me samstelte
um; men at mangt burde laga seg annleis meinte
dei unge so vel som eg. Stortinge, som ein Gong
var Bondens Von, men som no sit og talar burt
14–1500 Kr. Dagen i 9–10 Maaner um Aare
og endaa – ja kva fær det vel gjort? – det
misser meir og meir si Tiltru millom Folke.

Av desse Ungdomane fekk eg au den Tanken
at Landsens Folk lite gled seg i det Pengevelde
– det meir og meir framande Pengevelde –
som synest vera ventande. Me var samstelte
um, at Bonden fekk klengje seg fast til Jordi og
koma seg meir og meir fram i aa drive den;
skulde det so koma ein ny "Svartedaude" eller
ei ny Framandtid (etter baade den danske og
den norskdanke), – daa Bonden ingin hadde
til aa forsvare seg mot ho, laut han "tola ho",
og halde ut, – og "arbeide seg ut att paa den
andre Sida."

– Ja dette Norig; det hev det Aandslive som
det med sitt Naturliv maa hava: kalde og stutte
Vaarar, braae, sterke, sterkt skiftande Sumrar,
rolege, reine, bleike Haustar, men mest Vinter.
Det er Surt fraa Sud og Is-Jøtnane fraa Nord
som slæst æveleg. Um Vaaren tek Ufreden til:
Surt med sin Verme kjem sunnantil og vil taka
Lande; det gjeng upp og ned; men han hev i
det heile Framgang so eit Bil frametter; men
sistpaa vinn Jøtnane; etter ein Ufred paa 3–5
Maanar maa Surt og hans Ljosmagtir attra seg.

Det er so i Sogo vaar nu: stutte, stride Vaarar,
stutte, ofte storgilde Sumrar, fine, bleike Haustar
– og lang Vinter. Siste Vaaren var Stortidine
fraa Harald til Heilag-Olav, siste Sumaren fraa
Magnus Olavssonen til Haakon Gamle; so ein

<side nr=12>

meir og meir bleiknande og stormfull Haust, –
so Dansketidi. No hev me havt noko som ein
Vaar att, ein uroleg, i det heile strid og kald

Vaar; men um den kann vinne seg fram til Sumar med ein Gong, eller me skal hava eit – eller fleire? – Atterslag av Vinter som sist, – ja det veit ingin – "me fær no sjaa daa".

16. 7. 07.

Brevkort fraa Hulda; ho er (var) paa Otta; tenkte paa Vaagaa; men Motorbaaten paa Vaagaa-vatne var i Ustand (sjølvsagt); og so tenkte ho daa paa aa berre take yvi Høvringen til Kolbotnen. Men Gutane hev teki upp-yvi til Vaagaa. Godt VÍr der uppe, som vel er.

– (Lehmkuhl-)Michelsen vann i Mjøs-Saki med 63 mot 60. Det vil segja: Michelsen(-Leh-k-) og tri Mann hev avgjort den Saki; det er det som heiter "Fleirtalsstyre".

Lande maatte verte rikt! sa Lhk.; d. v. s. Lande maa faa eit Pengevelde. For dette (provinsdansk-tysk-engelske) Pengevelde skal me Nordmennane træle; so hev me noko aa gjera, me med. Ja-ja.

Me hadde "sovi" for lengi, me norske; me kunde ikkje "vakne" (lære ny-europæisk Bourgeoisipolitik) paa so stutt Tid som eit hundra Aar. –

– Eg veit kje um det vil vera verdt aa tala noko vidare um Nordmennar lenger; men Jærbu er eg under alle Styringar, og eg trøyster meg med det. Og me fær til aa arbeide for Frigjering av den norske Jordi. Um det daa ikkje er for seint; dette arme Lande hev alt ei Skuld til Utlande paa 600 Millionar, – fortalde Lhk. i Stortinge. Hev me ikkje visst det fyrr, so veit me det no: "styre seg sjølv" hev Lande enno ikkje lært; no skal det daa i ny Skule. Arme Land.

<side nr=13>

Knhb. 18. 7. 07.

Her paa Jæren er det helst Salmeverers som elter meg; eitt som eg no lyt sjaa aa faa fraa meg, lyder (det er ei Bøn til Gud Jesus):

– – "og sig det til din Fader god,
at du mig frelste ved dit Blod;
da bliver jeg af Synden løst;
Herre, vær min Trøst!
Giv det du lovede med din Røst."

Denne "Faderen", han tenkjer berre paa aa faa steikje Born sine i den ævelege Elden; og han hev so annvint med dette, at han reint gløymer heile Bibelsogo, hugsar ikkje, at den gjævaste Sonen hans blota seg sjølv til Far sin for Brørane sine; det kjem reint burt, alt dette, for denne Over-Moloch, som Salmemakaren servilt kallar "Faderen". Huff. Og dette sit Folk og mél og gneg paa i Hundradaar etter Hundradaar; og den Faderen, Jesus forkynte, vert til ein Over-Moloch, som er glad – ikkje berre i steikte Born, men i sine eigne steikte Born, – so glad i sine eigne

Born steikte, at han sit og brennsteikjer dei æveleg, og nyt Steikjelukti og vert aldri fornøgd. Over-, Over-Villmannskap; Villmannskap som hev storkna og herdt seg av til Teologi; ein vert reint fælin, naar ein soleis nøydest til aa tenkje seg inn i det. Og me kallar oss Kulturfolk! – Gud hjelpe oss so sant.

Aa setja um t. D. Faust paa norskt, det er ikkje som for Danskar aa umsetja Faust til danskt, eller for Svenskar aa umsetja ho til svenskt o. s. fr.; a l l e Danskar er glade i aa faa Goethe umsett paa danskt, og a l l e gled seg i Arbeide, berre det er noko-so-nær vel gjort.

<side nr=14>

Men Fleirtale – og den bokkaupande Magti – i Norig vil i k k j e hava Bøkar som Faust paa norskt. Kjem ei slik Bok likevel, so skundar dei seg og ser etter, um det ikkje er eitkvart i Umsetnaden som dei kann faa gjort Flir av, eller som er so vidt vandt, uklaart, ukjent, at dei kann prente det av – samanhengslaust – og skræme Folk med det. Ei norsk Umsetjing i denne Tid, ho maa ikkje berre vera god; ho maa fysst og fremst! – vera soleis, at ho ikkje gjev vaare hyggjelege Framandherrar noko aa hefte seg ved.

Difor er slikt Arbeid meir enn vanskelegt i Norig no; og det er ei Lukka, at Folk som Mads-hus eller Arctander ikkje veit eller tenkjer paa dette; gjorde dei det, so vilde ikkje dei heller vaage seg i Veg med slike Tiltak.

Godt er det i alle Tilfelle, at Umsetjingane kjem ut berre med deira Namn paa Titelblade. Stod eit meir kjent Maalmannsnamn der, so vart Motstrævarflugo mykje meir hardsøkt. No vilde det mindre nytte aa skrike upp; um eit Fyriord nemner at t. D. eg hev "gjenomset" Umskrifti, – eg fær dermed i alle Fall ikkje det heile Andsvare; og det løner seg daa ikkje aa skrike upp; dei tegjer; men gjenom deim som les Bøkane arbeider ein rimeleg Dom seg ut millom det Folk som i det heile kann finne paa aa lesa slike Ting.

– Men det er vondt aa vera so faae; smaatt, smaatt vil det gange med Arbeide vaart. Og langt, langt er det fram.

Knhb. 20. 7. 07.

Det som hende i Stortinge i "Mjøs-Saki" eggja upp alt som enno er att i meg av Riksstellar-Hug; og eg tenkte eg vilde skrive i Blade um det. Men eg fær det kje til.

<side nr=15>

Ein kunde nok gjera Narr av "Fleirtalsstyre". Med 63 mot 60 vart den store Saki avgjord, d. e.: Riksraade og 3 Tingmennar avgjorde heile Spursmaale. Lande er ikkje spurt; tvo Bergens-Hanseatar og tri Mann, kven det no var, greidde eit

av dei største Spursmaal som hev vori uppe i Norig etter 1814.

Men kva nyttar det aa skrive. Det er ikkje Grunnar, som styrer Verdi; det er Magti; no Pengemagti. Kaste Grunnar paa den er som aa kaste Gull for Grisetryne.

Og Norig er komi under Pengevelde. Under sjølve det "europæiske" (engelskt-jødisktyske) Pengevelde. Mot det er Regjering og Storting som Sevgras i Vind; og det nyttar ikkje aa bruka Logik mot Vinden.

Me Nordmennar hev livt paa Dikt og Draum alt til no. Den 17de Mai – den Dagen, daa dei danske Embættsmennane paa Eidsvoll trudde dei hadde med fin Politik lempa Norig ihop med Danmark att (under den komande Christian VIII) – denne 17de Mai vart sidan i ærleg Tru "innstifta" til norsk Fridomsdag (mot Svenskevelde) av ein stor Skald; og dette fagre Dikte hans hev alt det beste i Folke klyngt seg fast til som Israel til si Messiasvon; men Dikt var det.

Den 7de Juni heldt paa aa skapa eit nytt Dikt av same Slage, og det utan Diktar; det hadde daa vorti eit Folkedikt. No (1905) var daa endeleg Norig fritt! Fritt fraa baade danske og svenske Herrar. No var me endeleg Herrar i vaart eige Hus. Tok til aa drøyme villt um full Norsksdom ...

Folki spaar, Kanonane raar. Dette gjeld ikkje minst um dei smaae Folki. Dei vonar og trur; Magtine, dei store framande, dei tegjer og avgjer.

Billeggt slapp me til "Fridomen" i 1814; um Lag likso billeggt i 1905 (naar me ikkje reknar

<side nr=16>

Karlstad; og Nordmennane gløymer helst det.) Men billeg Fridom viser seg alltid aa vera falsk Vare.

Etter 17de Mai kom 4de November og Fylgdine av den; etter 7de Juni kom Karlstad, og no tok Fylgdine av Karlstadfreden (Karlstad smakar ikkje lite av Kiel) til aa koma. Verdi gjeng sin lovfaste Gang. Fridom for eit lite Folk er ikkje meir til i den statskristelege Heidningheimen enn Folkefridom i det heile. Magti raar; Folke trælur, i den "kristelege" verre enn i nokon annan Heidningheim.

Det hadde vori best for Norig aa haldi saman med Sverig, hadde berre ikkje desse halvruussiske Storsvenskane vori. No hev me ikkje anna aa gjera enn som andre Smaafolk aa lære "politisk Takt": lære aa ofre alt for det eine aa s j a a u t som me styrde oss sjølve. Naar Storting med Hjelp av eit sjukt Kne, ein burtreist Tingmann umbytt med ein meir likesæl Varamann, o. dl., "godkjenner" det som Styre "af egen Magtfuldkommenhed" (**dvs.** etter engelskt Krav) hev gjort, – so er det til aa berge Namne: det skal s j a a

u t som me sjølve er Skuld i det som er hendt.
I det heile: norske Tingmennar kjem heretter
oftare enn fyrr til aa vera sjuke i store Sakir.

Denne snodige Greida med desse Festnings-
kanonane, som Michelsen ikkje veit kvar han
skal faa gøymt, heng like eins i hop med vaar
nye Fridom. Veslegut maa vera snild Gut; ikkje
vise Tennar. Og dei som no skal læst vera
"norske Styrarar", – ja dei veit, at mot dei
Magtine me no hev med aa gjera, vilde desse Kano-
nane korkje gjera fraa eller til; det gjeld berre
aa faa lempa deim or Vegen paa ein pynteleg
Maate. Mot Sverig treng me ikkje heller Kano-
nar lenger. Eit Ord fraa Stormaktine vil aga
Sverig, – til dess Storsvensken ein Dag kann-
<side nr=17>

hende bøygjer seg for dei Vilkaari som Magtine
sét for aa unne det Norig; men hender det, so
fær me – med Stormagthjelp – ein ny 4de
November, stridare enn den gamle, men ein som
det ikkje vil vera Tanke um aa setja seg imot,
um me so hadde alt det av Vaapen som Norig
kunde skaffe. At me hev ein Hér, det vil no
berre segja so mykje som at me i Tilfelle skal
kunna hjelpe til mot Russland – eller Tyskland
– eller England, ettersom det vert den eine
eller den andre av desse Villmennane som daa
fær Magt til aa truga oss med seg.

– – – Ei ny Hanseat-Tid vert dette, um
Maate og Lag skifter; og det er eit Tilfelle som
ser ut som ein Soguskjemt, at det er Mennar
fraa Hansabyen Bergen som "innfører" denne
Tidi. Men kven veit: alt dette kann endaa verte
til Frelse for Norig? "Politiken" kjem av Mote
no; Folk vil meir og meir sjaa, at det er og maa
vera Komodie. Og so tek kannhende Nordmen-
nane seg andre Ting til, – lærer seg til Dømes
upp til Arbeidsfolk; og samlar seg t. D. serskilt
um slikt som Stormagtir og Framandfolk mindre
kann bry seg um, som Jordi? (Faarefritt er det
ikkje her heller; men paa Lengdi skulde dei
norske her kunna halde best ut?)

Me fær sjaa. Nordmannen er seig; og ser
han at det gjeld paa, ser han at no gjeld det aa
kappast, aa ikkje lata Framandfolk drive seg ut
av Lande, – kven veit? Han kann daa arbeide
seg upp i baade det og meir; og denne nye
Hanseat-Tidi kann au faa Ende.

Ein fær tru paa seg sjølv so lengi ein
kann!

<side nr=18>

Brev fraa Hulda Garborg.

Kolbotn, Søndag 21/7 1907.

Kjære Garborg!

Endelig idag har jeg igjen faat fat i Pen og

Blæk, og endelig faar du altsaa et Brev igjen.
Vi kom hid, Gutterne og jeg, Torsdag Middag,
og heldigvis var her en Del Madvarer fra ifjor. –

Vi har ikke saa meget med iaar, da vi neppe
blir saa længe – og desuden har vi jo ingen
Mand. Jørgen blir nogle Dage, og det er godt
for Tuften. De arbeider sammen og streifer ude.
Jeg har jo Arbeide i Hougevis med mig og idag
først – nu i dette Øieblik – har jeg som sagt
faat sat mig til Skrivebordet. Jeg tar først fat
paa Rousseau igjen altsaa. Det vokser og vokser
– – Naar jeg saa faar den fra Haanden –
h v i s jeg da faar den fra Haanden her – saa
tar jeg op igjen den Hundrede Gange afbrudte
Østerdalsfortælling. Jeg vilde ogsaa gjerne skrevet
litt til den "17de" om det nye Liv i Foldalen
o. s. v. men men, Tid!

Her blaaser Norda og regner og hagler. En
Solgløtt indimellem som bare ærter en. Men
paa hele vor Tur havde vi herligt Veir, og det
var jo Hovedsagen.

Du kan tro det var et heldigt Arrangement
med Vedskuret som er nedrevet og det vesle
Huset som er flyttet bagom Laaven. Vi har nu
faat aabnet et stort Gab ud mod Savalen fra
Tunet, og fra bemeldte vesle Sted har vi Udsigt
til Fintrøvungen med de vakre Aaser bagom –
det er blit saa koseligt et Opholdssted som vel
muligt, og – hvad der er en Hovedsag – du
har en liden lønlig Sti derbort bag dit Hus. Be-
kvemt og behageligt. Baaden ligger saa godt i
det Reiret som Tuften lavet til den ifjor, at vi
synes næsten det er Synd at røre den. Men
<side nr=19>

folker Veiret paa sig, saa maa vi vel paa Sjøen
lidt. Høy blir det lite af, kaldt og surt som det
er. –

– – – Goro Straalberg ligger paa Vangen
i sidste Stadium af Tæring. Olav er gift og har
et Barn, og han driver stor Geschøft med Værket
i Foldalen. Ja Værket! Du kan tro der var For-
andring deroppe. Men derom faar jeg skrive en
anden Gang. Har du ligesaa daarligt Veir som
vi, saa beklager jeg dig i din Ensomhed! – –

Gid du nu kunde overlade Faust til Eiermanden
og begynde paa dit eget!
Din *Hulda*.

Knhb. 25. 7. 07.

Efter nokre varme Dagar, som hjalpte mykje
Høy i Hus, hev det teki til med Nordvest og
Kulde att. Det er godt VÍr for meg, som ligg
i Veita; og Bonden er – ettersom eg høyrde
paa Mjølkebudi i Dag – urædd for Høye enno.

"Slaatten" er i det heile ikkje til lenger, –
det m e kalla so. Dei læt meir og meir "Tunn-
Engi" liggje til Beite, og Tjukk-Engi køyrer dei

ned med Maskin paa ein Ettermiddag daa og daa, naar det so fell seg. Det er visst at det er Framgang, um det no – som all Framgang – gjer Ende paa ymis "Poesi". Eg, som kjenner eit Grand til den Poesien, kann endaa ikkje anna enn gleda meg yvi, at dette Arbeide no gjeng so m y k j e lettare enn fyrr, – og endaa betre.

– Hm; der ute er Bøje, paa si Morgongjesting.

Det likar seg ikkje so godt i "Hagen" min som fyrr, berre dreg der igjenom so vidt; kannhende er det all denne nye Kulturen, med Veitegraving og sovori, som det mislikar. Men vesle Stuten, han er morsk som vanleg, gjeng og burar og

<side nr=20>

remjar og er kars-' – naa, tjorsleg, so det er fæle Ting. Men naar han legg paa Husveggen min, og vil stangast med den, og ruske i Halgjen, so bankar eg paa Ruta og segjer u – u! – og daa rømer han; kva kann det vera for eit Troll som bur i det Berge, tenkjer han vel.

– Det eine Auga mitt hev vori vondt eit Bil, so eg lite hev kunna stelle med Bok og Papper. I Gaarnatt var det serskilt ille; det var ei Verkjing so eg laag vakin lange Stundir; og um Morgonen kjende eg, at i Dag dugde eg til ingen Ting; men med Borvatn-Vasking fekk eg Auga noko-so nær til Ro; lagde meg so til aa sova att det beste eg kunde; hadde ikkje so lite usovi att fraa Natti, maa-tru. Sov, vakte, halvsov, sov, langt fram-yvi Dagen; og det hev gjort godt; so det skal eg "hugse til ein annan Gong".

Men som eg laag der og halvsov, og undrast paa, um eg paa denne Maaten-kunde faa Dagen til aa gaa, banka det. Sjølv sagt! Di meir ulaglegt det er, di vissare kjem det Gjestir ...

Naa, det kann vera Telegram, tenkte eg, heiv Morgonkjolen paa meg, og Tofline, og flaug ut, med Neven for det vonde (verste) Auga, og det andre (det høgre, som eg ser minst med) halvopi. Og kann i k k j e ha set blid ut. Daa eg fekk Døri upp, – so var det Presten Hognestad og Syster hans, Kona hans Ola Mossige, som stod der. Tja! – ingja Raad med det.

Eg vakna paa meg det beste eg kunde, fortalde kor til stod, og bad Gjestine inn; dei kunde daa faa sitja ned-paa ei Stund, um ikkje anna. Dei tok det alt med Jærbu Ro; og daa eg fekk stelt meg litegrand, var eg vel fornøgd med aa ha fengi Gjestir. Helst daa det var Kjendsfolk.

Og me tala um Jæren i gamle og nye Dagar og kom godt til Lags. Den unge Kona paa Mossige, Dotter hans Hans Hognest(ad), er eit

<side nr=21>

lite flnt Menneskje, og talar Jærbu so fint som Mor si, – og det endaa ho hev vori Skulemeistar, og hev lesi meir enn dei fleste Skulemeistrar, trass i veike Augo som nøyder henne til aa gaa

med Brillur; og Presten sjølv var berre Hogne-
stad-Gut og hyggjeleg; og me hadde ei god
Stund. Han skal preike i Nærbø-Kyrkja um
Sundag; og daa skal eg gaa so sant eg kann;
høyre ei norsk Preike i ei Jær-Kyrkja, – det
vert heimslegt, kva eg so elles kann faa paa
Preika aa segja.

Men denne Prestevitjingi er det vel, som sidan
hev ført meg inn paa Tankar og Minne som eg
her vil skrive upp; det er eit vanskelegt – og
rett viktugt – Millombrøyte i Ungdomslive mitt,
som no for fysste Gongen klaarna so vidt upp
for meg, at eg tykkjer der vert Samanheng i det.

T e n k j e paa gudelege Ting tok eg knapt til
med fyrr etter dette vonde som hende med 'n
Far; daa vart eg nøydd til det. Og naar eg
hadde set at det kunde gange soleis med ein
Mann som hadde teki det so aalvorsamt som
han Far, so maatte eg faa ei djup Mistru til
dette som Kyrkja kallar Kristindom.

Til Botnen paa Spursmaale kom eg ikkje; eg
visste for lite. Eg var inngjerd av Kyrkjetru; kunde
koma til aa undrast, tvila, spyrja, ikkje-tru; men noko
nytt Syn kunde eg ikkje vinne meg upp til. Det
dovna av med meg att og; eg trudde ikkje, men
trudde likevel paa ei Vis; heldt meg i mitt Skule-
arbeid – og paa ein Maate elles med – til den
Teologi eg hadde fengi inn paa Seminarie; men
stod likevel utanfyri; trudde at det maatte finnast
noko meir, ei djupare eller høgare Forklaaring,
naar ein berre kunde koma høgare upp, lære

<side nr=22>

meir, bli Akademiker; ein var i Grunnen ikkje
Menneskje, fyrr ein hadde Student-Eksamen; –
mykje stakkars Ungdom gjeng visst og tullar i
Skodda paa den Maaten i dette framandstyrde
Folke.

Eg kom til "den store Byen". Forunderleg
fortulla og fortunla var eg, so eg no lite skynar
det sjølv eller kan hugse og halde fast paa det.
Det eg hugsar er, at eg hjaa Peter Hærem –
daa eg kom til aa tala med honom – gjorde
meg heller verre, meir "Fritenkjar", enn eg var,
enn eg freista aa dylja det; sjølv sagt hadde eg
og nok aa segja paa det som kalla seg Kristin-
dom; men med alt dette, og med all min natur-
lege Mothug mot dette Bande for Augo – og
eg hadde paa min uklaare Maate freista aa finne
Veg burt ifraa det –, naar det kom til Stykke
kunde eg ikkje faa det av meg; skulde eg vinne
meg "fram" til noko, so laut det vera til dette
likevel; det galdt i Grunnen berre aa naa fram
til den høgste F o r m av "Kristindom", den som
"dei beste" hadde livt paa og funni Meining og
Samanheng i – eg tenkte paa store Namn;
nemnde visst mill. a. Kierkegaard –; naadde eg

so langt, so maatte vel eg som so mange andre der kunne finne det eg turvte.

So maa eg i Grunnen ha tenkt. Det skynar eg mill. a. av det eg sidan hugsar: at eg arbeidde ymist med kristelege Tankar, høyrde paa fleire Prestar – som J. C. Heuch o. a. –, freista med ein og annan "Apologi"; stræva ikkje so reint lite med Kierkegaard; men Draumen um aa finne ein høgare Kristindom, – den hev i alle Tilfelle vori svært uklaar; og den kom eg meir og meir ifraa.

Men arbeidde meg upp i ein uklaar Samhug med denne same Kristindomen som eg med alt mitt Stræv ikkje kunde faa Tak paa. Kristin-

<side nr=23>

domen v a r det einaste. Vantrui hadde eg freista, meinte eg, – freista so vidt at eg visste at d e r var ingin Ting aa finne. Det eg las av "Vantru", som serleg Dr. Brandes, – det bar meg helst imot; Rett hadde han i so mangt; men den Kristindomen han stridde imot, det var ikkje den sanne Kristindomen; eg livde i lange Tidir i løynd Strid mot denne Fritenkjarskapen, i eit seigt Sjølvforsvar mot den; sistpaa var eg visst kristin paa same Maaten som mange i seinare Tid: var kristin negativt: var imot all Motkristindom; men so snart eg vilde freiste med Kristindom positivt, – so vart eg drivin attende so sterkt, at mi einaste Trøyst var: sidan; ein Gong sidan; til sist maa eg kunne vinne meg yvi aa tru, vinne yvi alle desse-Vanskane og tru; Fritenkjarskap, det er i alle Fall den svarte Vonløysa; den kann eg ikkje gjeva meg yvi til.

Soleis gjekk eg og stridde i desse Par Studenteraari. (I "Aftenbladet" skreiv eg visst ikkje so reint faae Stykke um Trudomsspursmaale i den Tidi (1876 helst?); det er Stykke som eg ein Gong maa sjaa aa faa lesa upp att; dei var ugreide som mitt heile Tilstand: eg steig fram til Forsvar for Trui – fysst og fremst! ingin maatte tru anna! –; men slog paa, at for mange var det Vanskar; det kunde vera Spursmaal um d e t og U m d e t, Spursmaal som slettikkje, for vanlegt Folk og serleg ungt Folk, var so greide . . . her lokka eg paa dei som eg enno so halvt trudde maatte sitja inne med ein høgare kristeleg Visdom: i denne Tid burde dei, til Hjelp for "slike", rykkje ut med den Visdomen dei hadde . . . eller korleis det var eg vende det til, so det ikkje skulde sjaa ut som det var eg, Kristindomsverjaren sjølv, som trong Hjelpi). Til dess det kom til det, at ein Tale av Bjørnson viste meg, kor heilt undergravin heile min "Kristindom" var; at det

<side nr=24>

for meg vart berre den skire "Lygn" aa halde paa med denne kristelege Drøyming lenger – eg hadde alt beintfram sagt meg sjølv, at det

fekk vera det same med Trui for min Part, men eg vilde l a a t s t tru, og soleis hjelpe til med aa halde Kristindomen uppe for andre, "for Folke" –; han sagde Ord som raama meg so beint i Syni, at det fanst ikkje Raad: eg laut vedkjennast at eg stod der nakin og Ljugar og heilt utanfor alt det eg sjølv kalla Kristindom; Enden paa Visa vart, at eg – i "Fedraheimen", som var tekin til aa koma ut "paa kristeleg Grunn" – sagde fraa, at hermed berre var meint at Blade ikkje skulde stride i m o t Kristindomen. Det var min siste Freistnad paa aa berge – ikkje meg sjølv lenger; eg saag no klaart for min eigin Part –, men det andre Arbeide eg hadde teki til med: det "nationale".

Nett i desse vanskelege Aari tok eg til aa verte "vaksin", og samla meg um ein Livstanke, eit Livsarbeid; og det hadde – etter Maalstriden med Hartvig Lassen – forma seg so for meg, at eg vilde vigje mitt Liv til Arbeid for "Kristendom og Nationalitet". Tvo Livstankar, som stod jamsides, utan noko Samanheng! – so tok det seg ut for meg daa. Difor kunde eg og sleppe den eine – den fysste! – og like godt halde paa den andre; ja denne "andre" vart i fleire Aar det einaste eg hadde aa halde meg uppe med; for no, daa eg fysst hadde vorti nøydd til aa sjaa meg ikring, og granske meg sjølv, vart det meg lysande klaart, at "kristin" hadde eg aldri vori og kunde eg aldri verte; Lygn, moralsk Sjølv-draap, i Lengdi umogelegt hadde det vori som eg i ville Stundir hadde tenkt: aa arbeide, "leve",

<side nr=25>

for ein Kristindom, som eg sjølv v i s s t e eg ikkje trudde paa! Dette vart mitt Livs store Forløysning. Fraa daa av var eg vaksin, og fri.

Men langtifraa ferdug.

Eg turvte nokre Aar til aa "vekse meg ut or" mine gamle Synsmaatar heilt, og inn i det som Tidi daa baud: det "positivistiske" (vitskaplege) Livssyn; daa eg var ferdug med dette, tok eg smaatt um senn til aa arbeide med Kristindomen paa ein ny Maate: historiskt.

Men der var noko i "Kristindomen" – Kyrkje-trui – som alltid drog meg, og drog meg meir og meir, etterkvart som eg saag, at heilt ut kunde Vitskapen ikkje gjeva Bot for ei "Tru"; Live hadde, kor som var, ei moralsk Side, som hadde ein Rett; og attum alt stod no som alle Dagar "det store Spursmaalsteikn"; me var ikkje so "ferdug" som mange av oss i ungt Mod hadde tenkt. Og for fysste Gong i mitt Liv gav eg meg til aa lesa i det nye Testamente.

Der var mykje hjaa Jesus som alltid drog meg; han hadde set forunderleg klaart. Men so var der so mykje som berre var til aa læ aat: Under-

sogur og sovari; og so mykje som ikkje hekk ihop; heile denne underleg uklaare Sogo um Liding og Daude og Uppstodu greidde eg ikkje aa lesa, utan stykkevis; og Jesus vart standande for meg som eit gamalt herlegt Skulpturverk, men sundbroti, utan Samanheng.

Til dess eg endeleg tenkte: Du fær granske desse Sogune skikkeleg igjenom, og samanlikne, og sjaa til aa finne ut kva det er som høyrer til det opphavlege Bilæte og kva som kann vera seinare Paaheng og Utpynting. Dette vart eit langt Arbeid; og Enden paa det vart "Jesus Messias" – og h a n s Kristindom, som ligg so svært langt ifraa den kyrkjelege.

<side nr=26>

Og no er det som eg heng ihop att. Livsarbeide mitt læt seg paa nytt samle under Namni "Kristindom og Nationalitet": mitt, som alt slikt, Arbeid maa gange ut paa, at ein vil hjelpe sine eigne (sitt eige Folk) fram til full aalmenn Kultur i ei for dette Folke naturleg Form; i Norig, som dette Lande no er stelt, maa dette Arbeide verte: aalment Kulturarbeid i den nationale Maalform; at ein her lyt leggje serskilt Lag paa Formi hev sin reint historiske Grunn; so snart Folke naar same nationale Høgd som andre Folk, tarv me ikkje leggje meir serskilt Lag, paa det nationale her enn andre Stadir.

– – Men gjenom so mykje uklaart og halvklart lyt ein Mann av eit framandstyrt Folk baske seg fram til so sjølvsgde Ting, – og endaa vera glad at han kjem so langt at han ser det er sjølvsgde Ting, og ser, at det som er serskilt berre er noko som serlege historiske Tilstand hev Skuldi fyri.

Det er godt, at me Bøndar plar liva lengi; det skal Tid til, fyrr ein, etter alle Villføringar og Villfaringar, finn den Vegen som ein under vanlege Vilkaar alltid vilde havt klaar framfyri seg.

27. 7. 07.

Eg kom ikkje til Nærbøkyrkjo; eg kom ikkje tidleg nok upp; og daa eg var ferdug med Morgenstille mitt, og hadde klædt meg, og var paa Kyrkjevegen alt, so kom eg til aa sjaa paa Klokka; og daa var den yvi 9. Eg hadde daa ikkje naatt Kyrkjo fyrr Presten var komin av Stolen.

Ruskevîr var det au; eg sette meg til med Goethe-Aretander. Men til Middags klaarna det upp; og daa eg. nettupp vart ferdug med eit Møte hjaa Goethe, so tok eg paa meg og gjekk

<side nr=27>

til Garborg, som eg alt fleire Gongir hadde tenkt paa.

Det bar ned nordan-um Risa – det er oppteki so mykje her, at eg hadde kje kunna teki den Vegen no lenger, hadde det kje vori det, at

der alt var avslegi, daa visst all Tjukk-Engi –, frametter Tjensvoll-Bekkin til "Risabakkin". (Det er ujærskt aa skrive Bekken, Bakken o. s. fr.; skriv ein so, vert det lesi Bekkænn, Bakkænn; men me segjer Bekkjénn, Bakkjénn). Det var reint huglegt aa sjaa, kor Risabakkin meir og meir veks til med Ospeskog.

Ikkje mindre gildt var det aa sjaa att "Foren", som no er heilt ut det han var i Smaagut-Draumane mine – dei eg minst tenkte kunde verte so sanndrøymde –: Aaker og Eng av finaste Slag. Alle Forane – so nær som "Torvmyri hans Andriss" – fullt oppdyrka. Og det hev vori lett Arbeid: berre setja Plogen i Jordi og pløggje upp, – so snart Vatne var av-veitt. Det var det me fyrr ikkje trudde lét seg gjera: aa faa alt Myrvatne burt; men no er det gjort, og det med mindre Kostnad enn ventande skulde vera.

"Gamle-Aakeren" lengst heime – det som fysst hev vori dyrka, og som i det heile v a r Garden i eldre Tid – stod med ein Havreaaker slik so det berre finst Maken paa Jæren; i det heile: so stor, jamn, fin Aaker (naa, Eng med) som paa Jæren veit eg ikkje av eg hev set nokon annan Stad i Landet. Og endaa gildare er serlig Engi no enn fyrr; Jordi vert stelt so mykje betre. Alt som er i meg av Bonde vert reint i Høgtids-Lag, naar eg kjem her hit og ser desse Engine og øakrane.

Det var alt paa Kveldssida, daa eg naadde fram; og daa dei ikkje var heime "hjaå 'an Eivind", gjekk eg innum "hjaa 'an Tønes" (Sven). Der var det Gjestir fyrr (Fraa Tunheim, og fraa

<side nr=28>

Mauland), og eg vart vel fagna. D'er alltid gild taa koma til 'an Sven.

Folk er i det heile i sitt gode Lag i Aar; det hev – beint imot som det lengi saag ut – gjengi so serskilt godt med Aare og Avlingi. Fraa Vaaren var det uvanleg kaldt – liksom Vinteren var heiltupp "historisk" strid; serleg hev det ikkje vori Maken til Snøvinter paa Jæren det Folk veit um; alle Gjerde laag ned-drivne; og Gardane dreiv mest ned, dei med; dei fortel heile Sogur um, kor mykje Mas dei hadde med aa halde Dørrar og Vegar "opne" –; det saag ut til Uaar lengi utetter; men so tok det seg upp med Kraft; og no hev dei dertil fengi Høye so godt i Hus, at dei "friskt vekk" bruka det store ujærske Orde "Krunaar". Eg var sjølv i Løo og saag; um endaa ikkje alt er innkomi, var ho reint full av eit Langhøy so fint og friskt at eg ynskte mest eg var Øyk og kunde "ta' for meg".

Me rødde saman um mangt og mykje; mill. a. fortalde Sven at han hev sett Foretre upp-etter Aasbakken ovan-um Husi der inkje anna læt

seg dyrka; eg fekk daa leggje inn eit Ord for dei svarte nakne "Træo" i Søraasen, som stend so snaue, men der det laut kunna veksa "Bøg". Millom dei eg raaka var eit Par som hadde vori i Amerika og var heimatt-komne – for godt –; desse var fullgode Jærbuar og syntest ikkje minst aa trivast her heime. Sers gildt var det aa sjaa ein Verkstad som Gutane hans Sven hev laga seg i Stand, og der dei hev Svarvebenk og alle gode Arbeidsgreidur – den gamle "Smidja hans Tønnes" stend enno, den au –; mykje fint Arbeid av ymist Slag – like til Maskinar – hev dei her gjort (den eldste er Meistaren), og det reint "av seg sjølv", hev ingin Skule havt; det er det gamle "Smeda-Lage" som gjeng i Arv; desse

<side nr=29>

Gutane er ikkje for ingin Ting Sonesons Sønir av gamle "Smeden paa Garborg".

– Heime, heime var eg og glad; gløymde reint alle mine "norske" Sorgir.

Knhb. 28. 7. 07

Den Myrkeskodda, som kjem sigande inn av Have um Kveldane mest jamt i denne Tidi – i Juli; i Hundedagane! – minner um Seinhaust; og naar eg gjeng her uppe i Fjelle innestengd i denne Skodda, vaknar alle gamle jærske Huldre- og Trolldraumar i meg, so det vert mest fælslegt stundom.

Men i Aftes hende det noko nytt: Skodda tettna og tettna og vart til Regn. Stor-Regn Heile Natti hev det rigt; det fysser og strøymer i Veitune mine; utan deim hadde eg havt Flaum ikring Huse att. Og det hev rigt og blaasi i eitt heile Fyremiddagen. Og no, Kl. $\frac{1}{2}$ 2, driv det paa verre enn nokon Gong; tett, tett, hyljande Jær-Regn ende inn imot Vindaugo; ei Regnskodde so tett, at eg gjeng her som paa Havsens Botn.

Eg kjenner meg att! Det er berre Oktober i Staden for Juli.

3. 8. 07.

Jær-Himilen plar vera "seig" som Jærbuen: kjem han i eit Lag, so held han seg i det Lage; og gjev seg ikkje, d e t Aare daa.

Men Himilen paa Jæren maa ha skift med Tidine. Som dei sist hadde ein rein Dovre-Vinter her, so hev dei no ein reint "lettsindig" Sumar: skiftande ustanseleg.

Etter 8 Dagar Seinhaust, Havskodd, og ein Nordan- eller Nordvestblaastr so kald, at eg t. D.

<side nr=30>

i Gaarkveld – daa eg skulde til Undheim med eit Par Brev – slog Trøyekragen uppum Øyro og stakk Nevane i Lumma og flaug alt eg kunde til aa halde meg varm –, er det i Dag det finaste SolvÍr, med Skyir, men Sumarskyir, og stilt heile

Fyri-Middagen; no tek det til aa gufse so smaatt att – fraa Nordvest; kaldt som fyrr, men Vind- drage so veikt, at det gjer kje so mykje –. Igaar gjekk eg alt og drøymde um Avferd – Hulda gjeng i Kolbotnen og tenkjer paa det same; der au er berre Regn og kaldt; det same skriv Schjøtt fraa Fuglehaugen; i Dag ligg eg i Veita (Attleggjingsarbeid) og kunde hava Mod paa baade August og September – herlegt er det aa sjaa ut yvi det lyngbrunt-grasgrøne Lande og langt ut i Havglim og Himilblaatt –; men kven veit; i Morgo ligg gjerne Hav og Land nedsveipt i Skodd att, – som paa Likstraa!

Med Goethe gjeng det for det meste noko let- tare no; Arctander er og etterkvart komin seg noko. Det fyste Gretchenkvade (am Spinnrade) hev eg greidt, og eg er snart ferdug med "Kri- stendoms"-Møte –; ein knapp Fjordepart av 1ste Bolken att; og den burde eg klara? –

I Morgo er det Sundag; daa fær eg vel til Hognestad. Stortinge skal ha fengi Ende denne Gongen med, høyrer eg; og dei gamle vil eg serskilt gjerne helse paa; fær tru paa det gode Víre.

Kveld.

– So snart eg kjem i Veita, er det Salme- versplaaga att. I Dag held det paa med:

– – "vor Sjæl ogsaa vederkvæger han og læsker med det søde Vand, som er den Helligaands Naade" ...

<side nr=31>

Den Helligaands Naade skulde vera eit søtare Vatn enn hans eigi? – Huff.

Det gjeng i "Folke" alt, Stakkar.

5. 8. 07.

Var paa Hognest(ad) igaar (Sundag). Eivind og Kona var ikkje heime; men det er dei gamle, eg søkjer – likso vel. Og dei fann eg.

Hans sjølv klarar seg godt, endaa han dregst eit Grand med denne Ikti. Med Gamlekona minkar det noko meir; ho hev ikkje noko vondt; og ho ser godt, og haattar vel; so ligg ho i Sengi og les, fylgjer med i Bladi og i all Ting; og godt saag ho ut, og godt Vit var der i det ho sagde. Han Hans sjølv fylgde meg ut og synte meg Forsøksaakrane for i Aar; det er Rug og Kveite, – eg hugsar ikkje kor mange Slag det var; men det er dei Slagi dei no mest freistar med; og fine stod dei alle; Aakeren var mest mannshøg; men sume av Aakerdeildine hadde tyngre Oks enn dei andre; ikkje alle var like langt komne i Skjærning heller. Ein Hugnad maa det vera aa gaa og fylgje med i slikt; ein er Sam- arbeidar med Vaarherre beintfram.

Gamle Hallvard, Bror hans Ivar, nokre og sjutti, mykje yngre og sterkare og betre ut-sjaaande enn eg med mine stakkars 56, kom innum, og me fekk eit huglegt Drøs um baade eldre og nye Dagar. Eg hadde ei av mine beste Heimestundir.

Men eg skynar, att min øttled, den hev og havt sitt aa gjera. No sit Bonden der med sine eigne Sønir til Tingmennar, Prestar, Bokmeistrar; han vert meir sjølvtrygg ved det; vert daa og meir seg sjølv. Og fær dessmeir Hug til sitt Arbeid, med di han ser, at det ikkje stengjer

<side nr=32>

nokon Veg for 'n; ein Bror Bonde, ein Kaupmann, ein Embættsmann ... Bonden vert i full Meining "Folke".

Brev fraa Hulda Garborg. Kolbotn 5/8 1907.

Kjære Garborg!

Tak og øre for to Brev paa en Gang! Det er gjildt at høre om godt Veir og godt Humør fra Jæderen. Det blir nok "Norges Kornkammer" derborte snart. Gid det ogsaa her gik frem, men det synes jeg ikke. Jorda ligger som den laa i alle Aar. Og Værket trækker den Ungdom som ikke dør eller reiser til byen.

Men at Øinene dine har vært saa skrale igjen er da forfærdelig sørgeligt! Og den evige Faust! Ja kunde du bare bli kvit den i Sommer endda! Jeg haaber det er sidste Gang du paatar dig sligt Extra-Arbeide. Husk hvor Tiden flyver! Ja som om Phanden var i Hælene paa den, flyr den.

Her er fremdeles ustadigt og surt. Vi er i alle Tilfælde hjemme til 15de August. Fra 16de er der altsaa Hus og Mad paa Hvalstad, om du faar Lyst paa det til et Avbrøyte. Haven ligger os meget paa Samvittigheden, og her er vi snart færdige for dennegang.

Igaar først blev jeg endelig færdig med Rousseau – slig det er. Idag læser Tuften det igjennem og imorgen gaar det i Posten – Gudskelov! Jeg synes det er haabløst at skrive noget forresten. Men altsaa –

Igaar var vi hos Eilif Peterssens**<fmark ind="1">**. De har det meget godt og livligt derborte. Der er 5 unge **<fnote ind="1">** Eilif Peterssens budde den sumaren i bryggerieigar Schous hus nedmed Sivil-osen, i austenden av Savalen. **</fnote>**

<side nr=33>

Mennesker som Gjæster ogsaa er det altsaa Jon, som nu er 14 Aar. Eilif var forresten selv skral af Gigt. Tuften fisket med Jon og fik – to Fisker. I Børsjøen, hvor han har været 4 Dage med Ivar og Pers fik de alt i alt 4 Fisker, som de aad op. Men Turen var jo Hovedsagen. Gudrun og jeg gik her alene og spøgte de fire Dagene og følte os svært forladte. Det er betryggende

med et Mandfolk, om det "ikke er større end ei ørt" som vi sier paa Hedemarken. –

Jeg skriver saa fælt idag for jeg er saa skrivelstrøtt, at det næsten byr imod at ta Pen i Haand; og nu gaar det ud over dig. Rousseau blev næsten ei hel Bok, 59 Sider, og det er altsammen skrevet mange Gange, og da vet du. Gid du var her, saa jeg fik præke dig lidt i Svime, for det orker jeg bedre. Til at skrive blir jeg aldrig slig en Helt som du – jeg mener i det manuelle. At jeg skulde bli din Lige i Aandens Mirakler og Underfundigheder har selvfølgelig aldrig i mine sindsvageste Øieblikke faldt mig ind, saa det snakker jeg ikke om ... (Min Trøst er, at jeg ialfald er en h e L t a n d e n.)

<side nr=34>

– Vi glæder os til nye Poteter og Grønsager. –

Hils Bestemor tusind Gange! Gid jeg fik se hende igjen en Gang endnu; kan hænde hun trods alt kvikner til igjen?

Adjø da og vel mødt!

Din *Hulda*.

11. 8. 07.

Tok meg ein Fridag igaar; hadde eit ørend til Bryne, og vilde taka Hognest(ad) med same; so var det gjort.

Eg tok den øvste Veg den Gongen, ein Veg eg ikkje hev gjenge sidan eg var Smaagut: nord um Aarest(ad), Lende, Garpest(ad), Fotland, og so yvi Fossbruno til Thime. Det er lagd ny god Veg no fraa den nye Undheimsvegen til Aarest (og Taksdal), so no er det lettgjengt der au.

Denne nye Veg den fylgde eg so langt upp til eg hadde Taksdal liggjande beint ned-fyri meg; den Garden hev eg alle mine Dagar høyrte gjeti, men aldri vori der. Det var fint aa sjaa inn-yvi der: dei grøne Taksdalgardane med sine Torvmyrar ytst og nørdest; paa Sudsida Litla-Undheim og det fagre Vatne inn-under enno skog- (bjørk-) klædde Fjell, lengst uppe Sælandskvelven med sine rare vene Smaafjell; som eg gjekk her i den skymyrke Haustdagen og saag paa desse gamle Fjelli med Toppene halvdunde i Skodd kjende eg paa meg, at i desse Fjelli vil det for meg bu Troll æveleg; – nordanum Taksdal den høge grøne Fjellgarden som eg ikkje hugsar Namne paa (Hattaland? ?); ned-under den stryk Elvi ("Undheims"-; lenger nede "Fosse"-) fram-um, i stride Stryk og logne Hyljar.

Paa Aarest var eg aldri noko kjend; og Husi hans Eivind, der eg var nokre faae Gongir, var

<side nr=35>

no rivne og umbygde (det er visst dette noko store nye Huse som ei Tid var "Fatiggard"); Merke paa Framgang var det her som elles: ny-

bygde Lødufjos etter den nye gode Maaten; meir oppdyrka og betre stelt Jord. So bar det den gamle smale Vegen nord gjennom Heidane; og no var det ei Stund at eg var heilt paa den gamle Jæren: berre Lyng og Stein og Myr, og berre ein grøn Gardfleck her og der langt burte; heilt kjende eg meg der att.

Paa Lende er eg fraa Barneaari ikkje meir kjend enn paa Aarest; eg hev knapt vori inne andre Stadir der enn hjaa Lars Lende, daa han Torkel – Skulekjenning fraa Thime laag sjuk. Same Framgangsmerke her som paa Aarest; der-til fleire Smaahagar, med jamvel Blomvokstrar, som kvite Rosur. Ute paa Myrslaattune var det stor Slaattedugnad; hyggjelegt aa sjaa, at denne gode gamle Skikken held seg; her trengst han enno.

Fraa Garpest minnest eg han gamle Torgeir ("Torjer"), ein av dei faa som vanka heime paa Garborg ender og Gong i dei Aari daa han Far Var "vortin soleis"; Torgeir, som var einøygd og stutthalt, tok det rolegt med 'n Far, og hadde alltid eit og anna aa røda um, som eg totte var gildt aa høyre paa, so lite aandelegt Matskifte som eg i det heile hadde. Sjølv var eg paa Garpest nokre Gongir i dei Aari ho Marta i Sveine, Skræddaren, heldt seg der; henne hugsar eg so vidt at eg skulde vel kjenne ho att; ho var bleik og veikvori og gjekk paa Trefot; ho fór stilt gjennom Verdi og er vel for lengi sidan i Jordi no.

Store fine Vidder, med lite Stein og lite Myr, ligg enno her udyrka; i det heile: her nord-yvi, so vel som sud-yvi fraa Undheim av, ligg heile "Bygdir" for Fefoten. Lengi vert dei visst ikkje liggjande soleis no, vil eg tru.

<side nr=36>

Ved Garpest svingar Undheims-aa vest-yvi og vert Fosse- eller Foss-aano (som me nok helst sagde). Her ligg Fottland – der eg kjende han Per so vidt, og serskilt han Ola, Skulemeistaren, som fleire Sumrar var Slaattar hjaa oss, og var so vidt "gudeleg", at han greidde 'n Far; svært djupt sat knapt den Gudelegdomen –; her au er Framgangsmerke, um mindre sterke. Berre e i t t sterkt Framstig er gjort: utpaa svarte Lyngheidi ved Fossen er det broti og bygt ein heil ny Gard, og det ein fin ein; ja i dei alra siste Aari er der komi ein til. Det er slike Utflytjarar, som etterkvart skal faa upp Lande: gamle Gardar vert skifte millom Brørar, og kløyvest Gong paa Gong, til dess den gamle Lyngviddi med den grøne Flekken i den eine Enden vert ei heil lita Bygd av godt dyrka Smaagardar.

Ved Kyrkja var eg innum og saag paa Gravi hans Far; ho ligg tett inn-under dei unge Tríi ved Nord-gjerde; og desse Tríi, lett inn-yvi-bøygde av den jamne Nordvesten, stend no lik-

som og liver Gravi hans Far; – lognt og trygt
hev han endeleg fengi det.

– Hjaa Lensmann Nordheim var eg inne og
gjorde det eg skulde ha gjort fyrr: skreiv meg
inn i Skoglage for Jæren. No er eg Luteigar
der; og gjeng det som eg no tenkjer, skal eg
med Tidi faa fleire Lutir; det vert "goe Lóde"
(Lutir) med Tidi, det.

– Paa Posthuse var det fleire Brev. Hulda
hev det kaldt og regnalt paa Kolbotnen i Aar,
og ho vil til Labraatan att; fraa den 16de av
kann eg koma naar eg vil og finne Huse i Stand,
skriv ho. Broder Abel i Amerika hev vorti Byg-
gjespekulant i Seattle, Washington; han hev bygt
eit Hus som med Tuft og alt er verdt 6 000
Dollar; "kannhende eg sel det og byggjer eitt
til," skriv han; "likar aa byggja". "Jesus Mes-
<side nr=37>

sias" ser det ut til han hev likt. Fraa Kaptein
Kramer var der Brev um George-Saki; ho kjem
vel endeleg upp i Norig med no. Ein trøndsk
Australiamann, som ligg heime no, sender meg
"Kristenheden paa Vildspor" av Robert Roberts,
– eit nytt Vitnemaal um, at Jesu Kristindom er
aat aa vakne att. Han vil hava meg til aa melde
Boki; eg kjem til aa tenkje paa det.

– Den nye Vegen fraa Bryne til Hognest(ad)
fører gjennom dei svartaste laagjærsk Lyngheiane,
der Veslemøy drøymde ein Gong; naar eg vankar
her, trur eg enno paa Huldri. Men no fekk eg
anna aa tenkje paa; det tok til aa rigna paa
jærsk: silrigna, straumrigna, foss-rigna; Regnhatten
svara mest ikkje for nokon Ting; eg gjekk og
vassa i Vatn som paa Havbotnen. Rett som det
var lynte det; og Tor køyrde sine Bukkar aust
og sud og nord gjennom alle Himlar, um han elles
enno køyrde vent og smaatt og utan Storbraak;
lengi etter, daa eg mest hadde gløymt dette
Torebrake – her er kje Toreslaatt paa Jæren
lenger, tenkte eg –, kom eit nytt, sterkare, vel-
digt; d e t minte meg um min gamle Thor fraa
60-Aari; og Regne fossa um meg som i det
vaada Aare; Thor er til enno! tenkte eg. Men
vaat som eg no vart, serleg nedantil, vilde eg
ikkje koma til Folk; eg tok Vegen upp-yvi til
Herig(-k-?)st og Thime att; so bar det sud-igjenom
Nyvegen; daa eg var komin so langt som midt
upp-for Hognest, heldt han upp att. Eg var vortin
Jærbu og tenkte med meg: var dette ei Styring?
Skulde eg ikkje til Hognest i Dag?

– Fraa Mossige-Lidi til Tunheim fekk eg
køyre med ein Bjerksheimsbue, som bur paa
Tunheim no; greid Kar saag det ut til; eg maa
finne att den Mannen; han tala so godt Bjerks-
heimsmaal. Ein snild Mann maa det og vera;
han hadde ein "Gjest" fyrr paa Karjolen sin, eit
<side nr=38>

Kvende, som viste seg aa vera Syster av ein gamall Skulefelage: Nils Auglend (no i Amerika); – soleis er det: naar eg er ute her, so vil snart sagt kvart Menneskje eg raakar vera kjent, eller hava Samanheng med noko kjent; kunde eg slaa meg til her, varde det visst ikkje so svært lengi fyrr eg var heilt ut heime att.

– Men no er det snart "Slutt for denne Gongen". Víre vert reint ulaglegt: det er kaldvori og uhuglegt aa sitja inne og skrive, men for vaatt til aa staa i Veita ute; og mi trygge Borg Labraatan stend snart i Lag att; med fysste Baaten vinn eg meg ikkje i Veg, men med den andre, 20de (21de?), fær eg draga.

12. 8. 07.

Gamle Eivind Fosse, Eivind Undheim no – han tente paa Garborg daa eg var so litin at eg ikkje minnest, men vanka der sidan au, so eg hugsar han vel – var uppum meg i Gaar utpaa Ettermiddagen; han er upp-ikring dei fire Tjugi, og er ikkje noko framifraa sterk, hev heller vori sjukleg stundom; men i Fjelle gjeng han som ein Ungdom, og med alt det han hev havt aa stride med er han heiltupp aandeleg frisk, fylgjer med i alt han kann, endaa han ikkje hev Raad til aa halde Blad, og hadde mangt aa spyrja meg etter. Og han fortalde meg, at han hev planta Tre utanfor Vindaugo sine, so Kvinnfolki – Kona hans og Mor hennar – jamrar seg fyri at dei mest ikkje kann sjaa ned-til Vegen lenger; for det var deira "Adspredelse" i Live: aa sjaa ut-paa Vegen, naar det ender og daa kunde fara eit Menneskje der. Kven det var? Kva han kunde fara etter? – Eg priste Eivind fordi han hadde sett Tre, og lova aa kome ned-um og sjaa **<side nr=39>** baade paa TrÍi og paa Huse hans. Det vil eg gjera; der veit eg eg finn eit Stykke ægte Jæren fraa denne Tid.

– Ola Mossige, Son hans Sven, Soneson hans Ingjebrett (Tingmannen), Sonesons Son av gamle Sveidn Mossige, saag uppum meg i Dag, og me rødde mykje saman. Han hev mill. a. vori Sjømann i sine fysste Ungdoms-aar; no sit han paa øttegarden sin og greider seg godt. At han er av god øtt (Mor hans er fraa Lende, av ei god øtt der) merkar ein i alt hans Lag, og endaa er han so heilt ut Bonde og Thimebue, at det er ein Hugnad aa finne slike i denne heimlause Tid.

Han fortalde meg fraa sitt Sjømanns-Liv; han hadde der mill. a. raaka i Lag med ein Amerikanar, ein greid Kar, som hadde lært han aa tenkje igjenom dei religiøse Lærdomane, han paa vanleg Maate hadde fengi inn gjenom den norske Skulen. So vidt som eg kunde skyna ser han no mer-

keleg klaart paa desse Ting; han er i det heile ein av deim som eg trygt kann byggje mi Tru til Folke mitt paa: det er enno friskt og sterkt; og det er eit Kulturfolk.

Med all sin Stakarsdom! – Han fortalde meg mill. a. korleis det er paa Jæren no med det "gudelege"; det er i k k j e so godt som eg hadde tenkt. Men no er det Teologien som hev slegi Lag med Lækmannskapen og driv den "systematisk" : dei frie Lærarane fraa fyrr hev no vorti "Emissærar", som fér rundt og preikar for Maa-nadsløn og hev Kyrkja heilt paa si Side. Og Bonden maa finne seg i, at Ungdom og Tenarar gjeng fraa Arbeide sitt tidleg Kvelds og sit i desse Bønemøti til ut-ikring Mid-natt. Mangt, mangt hev Bonden aa dragast med, stakar! – og endaa er han i Framgang. Ja kven veit, um Teologane, som verdslegvise slær Lag med Læk-
<side nr=40>

mennane, ikkje ved dette, og ved heile sin taapne Framgangsmaate, lærer Bonden det han her treng: tvingar han til aa gjera seg fri fraa all denne "gudelege" Sjælesjukdom!

At det alt no midt paa "svartaste Jæren" kann livva so klaartenkte Mennar som Ola Mossige, det spaar i alle Tilfelle godt.

Knhb. 19. 8. 07.

Det bér aust-yvi att, for denne Gongen.

Heilt ferdug vart eg ikkje, korkje med Veitune mine (av den eine er berre øvste Fjordungen att-lagd) eller med Faust; men "det grøvste" er daa undavgjort.

Og livver eg til Aars att, so vert det aa freiste seg med Skogplanting!

– Takk for i Aar, Heimbygd!

Labraatan 23. 8. 07.

So er eg i min "andre Heim" att; alt stend vel til; og her er storfagert, som det skal vera i Asker. Meir og meir ser eg det: her er eit lite Paradis; og no, daa Sonen hev vorti slik ein Hagedyrkar, so skal me nok faa Skikk paa det. Kunde me berre faa burt denne Bygata utanfor Vindaugo . . .

– I Kolbotnen hev det vori kaldruskje i Aar; dei vart ikkje gamle deruppe, Folke mitt. – –

– Heile Foldalen drøymmer um Amerika; Gruva der uppe er komi i Gang att, og all Arbeidskraft strøymmer dit; Bonden sit reint aaleine paa Garden sin og kann mindre og mindre greide det; – det er den Michelsenske "nye Tid" som kjem: Verksdrift, Handel, Trafik; til Helvite med Bon-

<side nr=41>

den. Ein ny "Svartedaude" er ventande for Folke mitt; mi einaste Von er at Norig er vidt: dei driv ikkje Trolli (Bonden) ut all Stad; og naar

Svartedauden fær Ende, kjem Trolli til Magt att
i alle Bygdir.
Paa den Trui lyt eg freiste aa liva no.

Lbr. 28. 8. 07.

Faust I "ferdug", **dvs.** no er det berre "Rein-
skrivningi" att. Den vil au kosta Arbeid; men
det verste er yvistridt; og eg trur no, at Arbeide
vert framleggjande.

Gjertsens provinsdanske og Rydbergs svenske
Umsetnad hev eg no fengi, til Samanlikning.
Det gjeld, at den norske ikkje vart – laakare
enn dei.

– Det "stend godt" i Hagen; men det hev
gjengi seint med alt, denne kalde Sumaren. Men
litegrand Utearbeid er her endaa, som vel er.

Lbr. 30. 8. 07.

Det er eitt og anna Smaablاد som knurrar yvi
at Prins "Olav" skal gange paa engelsk Skule,
og at Kong "Haakon" og Fruva hans fer til
Engeland rett som det er, – snart sagt so ofte
som dei der skulde vera heime.

Stakkars kaute Nordmenn. Dei var under
Danmark-Tyskland; kom sidan under Sverig-
Rusland og sistpaa Sverig-Tyskland; er no under
Engeland, og vel attaat so halvt under Tyskland.
Smaafolk er ikkje friare. Den "Fridomen" dei
drøymde um fraa 1789 av og eit Par Manns-
aldrar ut etter, den tegjer Folki um no; dei ser,
at den Fridomen som vart vunnin i 1789, det
<side nr=42>

var Fridom for Mammon til aa gjera Verdi til
ein verre Træleheim enn nokon Gong fyrr.
Sjølve Riksfridomen, Folkesjølvtende, vert meir
og meir ein Draum, jamvel for dei største Rike: dei
er "sjølvstendige" ettersom dei hev Kanonar til.
10 000 Kanonar og ein Hér paa 1 Million Mann
..... hev eit Rike det i full Stand, so er det
"sjølvstendigt". Og verre og verre vert det, so
lengi Mammon hev Veide.

At me ikkje er berre under Engeland er greidt:
Tyskland tek til aa faa mest likso mange Kanonar
som Engeland. Og Storbladi spyrr alt kor lengi
det kann vara fyrr desse tvo "Brørane" kjem i
Luggen paa kvarandre. Endaa kjenner ingen av
deim seg fullsterk til aa vaaga Varpe; dei hev
og baae tvo Russland aa tenkje paa. Me lyt daa
bukke mest likso djupt for Tysken som for Angel-
saksaren. Eg gløymer ikkje lett den Ettermid-
dagen i Knudabeio, daa eg sat i Glase og saag
Keisar Wilhelms "Lystflaate" – paa 9 svære
Skip – glide seint og høgtidslegt framum Jæren;
sjaa her, Nordmennar! sa ho; dé ser dé maa kje
tru for mykje paa Engeland; stakk det meg, sende
eg 2 Skip til Drontbeim, 2 til Bergen, 1 til Kr.-
sand og 4 til Xania, – og sidan vart Spursmaale

berre kor mykje av Lande eg laut gjeva Engeland (og Russland?) for det av Lande som eg lyt hava.–

– Der er ei Von, for Folki som for kvar Mann: at Mammon vert – ikkje lenger Einegud. Fleire og fleire Vonir vender seg til Henry George; sjølv den kristianiensiske Socialdemokraten tek til aa slaast mot Henry George. Men det er langt fram; sjølv Engeland vinn ikkje so langt enno paa eit godt Bil; det viser seg no, at fysst lyt det døyve det syrgjelege Overhuse sitt. "Taalmodighed – behøves" . . .

<side nr=43>

Lbr. 10. 9. 07.

Med Reinskrivingi av "Faust" tek det til aa glide. Rydbergs svenske og Gjertsens provinsdanske hev eg no fengi til Samanlikning, og finn, at den norske Umskrifti for det meste kann vera um Lag likso god paa sin Maate som dei paa deira; og er dette so, so er det naatt som læt seg naa: ei norsk Umsetjing som held Maal med andre Umsetjingar.

– Det store Hende fraa denne Tid er Edv. Griegs Fraafall. Han døydde som me alle kann ynskje aa døy: snøgt og greidt, midt i sitt Arbeid; eg ovundar han. Namne sitt hev han skrivi klaart og fast inn i vaar unge Sogu; ikkje mange Namn vil straale klaarare enn hans.

– September hev klaarna upp og ser ut til aa vilja verte ein rett September: fin, bleik, klar, roleg. Nætane hev vori kaldvorne; stundom hev det vori Frost; Epleaakrane og mang ei Hageseng stend heller svarte. Seint hev det gjengi med Mogning og Skjærning; mangt naar ikkje heilt fram. Men vart Hausten fin – og ikkje for stutt – kunde mykje rette seg enno.

– Løland ligg uppi Stogo si heller skral; ofte er det reint smaatt. Det skal vera paa baare Vonir, etter som Doktaren hev sagt; som vel er tek Doktrane ofte i Mist; eg vonar enno det beste; me hev ikkje Raad til aa vera av med den Mannen, med' han enno er i sin beste Arbeidsalder. Men det er stride Dagar for han dette.

– "Vinterlive", "Sæsonen"! hev so smaatt teki til paa Labraaten; me hadde eit Par Framande um Sundag; Dagen etter tok "Schjøtt-mandagene" til. Han greider seg godt, er i det heile ein Kjempe Kar; og han er alt midt ut i 7de Hefte**<fmark ind="1">**
<fnote ind="1"> Av "Dansk-norsk ordbog." **</fnote>**

<side nr=44>

– Tuften driv paa i Hagen og paa Høgskulen. Kann han halde ut lengi med aa arbeide so stødtog jamt som no, vil han vinne langt. – Huldahev "Huse" og dertil sin Fjeldbonde-Roman; umei 3 Vikur eller so skal ho – fysst til Nidaros og so til Bjørgvin og hjelpe til med Maalmarknadar. Gjev ho heldt lengi ut! – me Landsfolk eig mest ikkje slike. Enno daa. – Eg tenkjer

paa "Heim att", siste Boki i "Fred"-Rekkja, arbeider so smaatt med ho au; skal i Veg med ho aalvorsamt, naar "Faust" – og Jordepleupptakingi – er yvistridd.

Næste Arbeid: "Gudar og Profetar" – og "Homer" . . . Berre Augo ikkje sviktar!

11 . 9. 07.

Oberst Stang ligg Lik. Den siste Mannen me hadde i vaart norske Riksstell.

Bladi fortél, at det i Dag, Avfardagen hans, er nettupp tvo Aar sidan Stortinge – for stengde Dørir – gjekk med paa aa rive Grensefestningane vaare.

No vert her "Fred". Me er alle fredelege; og til Forsvarsminister hev Lande – Festningsrivaren Michelsen.

Brev fraa Nikolai Lundegaard.

Arendal 11/9 1907.

Herr Arne Garborg!

Hjarteleg takk for brevet!

Tidsskriftet mitt skulde ha vore ute med fyrste nr. no, hadde det gjenge, som tenkt var. Men no skal eg paa laurdag reisa til øgypten og

<side nr=45>

liggja der i vinter. Eg hev no i 1 1/2 aar havt tuberkulose i nyra og ikkje havt full arbeidskraft; prof. Laache hev raadt meg til aa liggja der nede i den turre varmen 5–6 maanader; det var det einaste, som kunde hjelpa utan operation, og det raadde han meg sterkt ifraa. Eg vil daa gjera det, som er aa gjera, so eg kann faa arbeidskrafti att, um raad er.

Student-maallaget tenkjer no paa aa gjeva ut tidsskriftet likevel, endaa dei hev korkje mannen eller pengarne. Men kann henda slumpar dei til aa faa alt saman. Saki skulde vera avgjord no torsdag, men eg hev ikkje høyrte, korleis det gjekk.

Eg fekk brev i sumar fraa kaptein Kramer, um eg vilde taka paa meg og styra eit tidsskrift for Henry George-laget. Eg svara daa, at eg skulde gjeva ut eit fritt tidsskrift for Student-maallaget paa landsmaal; men George-laget kunde berre velja det til sitt tidsskrift, so kunde det faa ein serskild bolk i kvart hefte, og der kunde dei George-mennar, som vilde, skriva paa riks; dette trudde eg nok, maallaget vilde gaa med paa. Denne tanken gjekk kaptein Kramer med paa, og eg var svært glad for dette, for med denne skipnaden vilde me ha fenge det meste i George-tidsskriftet paa landsmaal. Og det hadde nok vorte vedteke i George-laget, dette, for daa eg sagde fraa, at eg skulde reisa, svara kaptein Kramer, det var leidt, for no visste dei ikkje,

kven dei skulde faa til aa styra tidsskriftet sitt.

Dersom tidsskriftet aat Student-maallaget vert noko av, vil De faa brev um det fraa laget.

Det er leidt, at eg skal reisa, for eg hadde so mange jarn i elden; men eg fær gjera det lell, for elles strekk vel ikkje krefterne til. Eg fekk just brev fraa Koht, um eg vilde taka ved styret av "Syn og segn", naar eg kom heimatt, for daa
<side nr=46>

skulde han utanlands. Eg vilde gjerne det; men kunde De ikkje faa gjort noko for, at "S. o. S." vert eit f r i t t tidsskrift. Som det no er, at ein ikkje maa skriva um politik og religion, vil det aldri koma til aa gaa. Dersom det paa aarsmøtet ivaar i samlaget vart vedteke, at "S. o. S." skulde vera fritt, kunde me slaa ihop det og Student-maallaget sitt; so skulde eg styra det og som George-mann fyrst og fremst arbeida for denne Saki. Denne skipnaden trur eg, er den beste baade for maalsak og jordsak; eit fritt tidsskrift med eit fast program, med desse tvo saker aa arbeida for, det vil samla fleir enn eit, som berre skriv um den eine saki, det arbeider for.

Paa ein maate er eg glad for, at eg skal vera i øgypten. Eg kann daa faa ro paa meg til eit større arbeid. No tek "dei næraste krav" det meste. Eg vil freista paa aa skriva ein vitskapleg kritik av "Progress and Poverty", syna, at tanken er rett endaa etter den nyaste vitskaplege læra. Samfundsøkonomien hev gjort store framsteg, som Henry George ikkje fekk sett seg inn i og retta læra si etter. Ei slik bok trur eg vil gjera meir enn berre umsetjingar av George sine bøker.–

Med vyrdnad

Nikolai Lundegaard.

17. 9. 07.

Var med igaar og gravlagde Georg Stang.

Stort Fylgje; alt gjekk vent og godt. Bonde-ungdoms-Lage – ein framifraa god Tanke; det var Gjelsvik som hadde fengi det til – stelte alt til rettes; den hugnorske Mannen fekk ei norsk Gravferd midt i den mest norsktframande (mili-
<side nr=47>

tære) Kristiansby. Sterke Livsteikn viser seg no og daa; slikt som dette veit eg, at eg aldri hadde tenkt aa uppliva.

Og det hev ikkje minst paa seg, at Forsvars-tanken arbeider seg fram.

Georg Stang laut burt midt i sitt Arbeid. Men so mykje hev han gjort, og so langt hev han fengi Folke med, at jamvel Michelsen – som sjølv er "Forsvars"raad no, so Stang kunde verte haldin ute – laut møte upp i Likferdi og sjaa syrgjande ut.

Norrig stend kløyvt som det hev gjort. Men

det er ikkje lenger kløyvt so strengt etter Stand;
norsk Hug arbeider seg fram i alle Stand; og
dermed er der Von um heil Samling, – so sant
me fær Tid nok for oss.

– Eg var denne Gongen Akershusing: lagde
Kransen fraa Akershus Amts Vinstrelag paa
Kista, – "med Takk for Manns Verk og Vyr-
nad for Manns Vilje"; eg duger ikkje til slikt,
av di eg ikkje lenger kann faa Mæle upp; men
visst er det, at eg gjerne var med, so godt som
eg kunde, denne Gongen.

Fraa Nikolai Lundegaard hev eg Brev; han er
sjuk – Tuberkklar i Nyra! – og skal til øgypti
og slikke Sol; vil samstundes skrive ei Utgreiding
um Georges Tankar.

Sjukdom, Sjukdom. Snart sagt alle som duger
noko, er sjuke og døyr. Kven skal no styre det
George-Blade dei tenkjer paa, til Lundegaard vinn
heim att, – styrkt, fær me vona?

<side nr=48>

Fraa Fjellbygdine kjem det Bød um tidleg
Vinter og Uaar. Det er godt at me er eit hard-
ført Folk. Men . . . i sjølve Folke minkar Magti
og Mode? – Dei spaar Uppgangstidir no att, dei
som kloke vil vera. Vert det Uppgang for m i t t:
Folk med; eller skal det halde paa med den
gamle Visa: Hypotekbank; Fantestas; Armod;
Amerika?

23. 9. 07.

I Nott vart eg mint tølleg sterkt um mi gamle
"Heileklembu", "Hovudskruva", som eit Par
Gongir fyrr hev gjort meg arbeidsufør, eller daa
lite arbeidsfør, i lange Tidir. Og ei underleg
uklaar Rædsle tok meg, ein Uhugnad, som fekk
meg til aa drøyme um, at det kannhende var
gamle Mefisto som stod atti Sengekroken og
flirde aat meg gamle Vantru-Thomas; til andre
Tidir liksom sagde det i meg: der hev Fanden
fengi Kloie i Heilesnippen din; no spyrst det, kóss
det gjeng!

Eg laag og vreid meg og hivde meg; det tok
til aa kjennast vemlevori under Bringa; eg
greidde ikkje dette; kveikte Ljos; sette meg upp
i Sengi; strauk med kaldt Vatn yvi Hovude;
sat lengi og vreid meg; no hev eg ved Gud
i k k j e Tid til slikt Tull! – Men kvar Gong
dette kjem kjenner eg, at i Grunnen gjeng eg
paa skral Is; og det tarv ikkje vera berre Moro
med dette at eg skal "døy i 1911". Skulde eg
t. D. ved dei Tidir verte heilt arbeidsufør. so var
det Daude meir enn god nok.

Slike Nattestundir kann vera kjølslege; ein
kjenner at naar det kjem til Aalvor so er ein so
endelaust aaleine. Og det me fyrr trøysta oss
med, vert underlege truskyldige Barne-Eventyr;

<side nr=49>

Fanden hev allstad Nasane framme, men Vaarherre sit høg og roleg paa si Gimleborg; han hev ein Gong sett Verdi i Gang, han, og no gjeng ho, det veit han; og gjeng like godt um ei Stjerne frys til Is her og der, eller eit My brenner av seg Vengine sine; han ser paa alt han hev gjort, og sjaa: det er oveleg godt. – Endeleg sovna eg. Og i Dag hev eg ikkje kjent stort til denne uhuglege Hovdaklemba; det som var att fraa Morgonen av, kom burt daa eg var ute eit Bil og "tok upp Eple"; – Jordeplevinna tek til no. VÍre er godt; men Nætane er ofte kalde: ein veit ikkje kor lengi ein er trygg; og Jordarbeidarar vert det vondare og vondare aa faa i dette "fatige Landet".

27.9.07.

Godt ArbeidsvÍr; mildt men ikkje varmt, og Upphald. Noko skoddut, eller daa imut, helst.

I teol. Forening skal eg halde Fyridrag! – rare Tidir. – Um Religionen i Skulen; eit ikkje greidt Spursmaal. Eg fær halde meg til mine Minne fraa mi eigi Barnetid.

– Hev sendt eit Stykke til Dagbl., – ei Melding av Dr. A. Larsens Bok um Vikamaale. Dessverre gløymde eg noko, so eg fær vel skrive ein Stubb til.

– Stend i Jordepleaakeren kvar Dag og trivst godt. Gjev eg var ferdug med Faust! – det er mitt Hjartans Ynskje. Men – med Ynskje greider eg det ikkje; og arbeide med Vers, naar eg hev so fullt upp aa gjera med Epli . . .

<side nr=50>

Brev fraa Erik Lie.

Fredriksværn 5/10 1907.

Kjære Arne Garborg!

Far ber mig hilse Dig og skrive nogle faa Linier om Tilstanden. Mor ligger i den sidste Søvn – ubevidst, med enkelte halvbevidste Øieblikke. Det kan vare 1 Time og det kan vare 3 Dage. Men hun har Kjæmpekræfter, siger Lægerne. Hun er blit lam paa høire Arm som Følge av Hjerneslaget og da Doktoren forleden Dag spurgte, om hun kunde bevæge den, smilte hun og sa: "Jeg gidder ikke." Hun kjendte mig igjen og smilte, men brød saa ud i Graad.

Far er rolig med et og andet Hulkeanfald. Men han sidder og siger hende de deiligste Ting – halvt som for sig selv.

Ja dette skulde altsaa være en Hilsen saa varm, som Du ved, at Far mener det overfor Dig. Han ber ogsaa Din Hustru hilset saa inderligt.

Bedste Hilsen.

Din hengivne
Erik Lie.

7. 10. 07.

Thomasine Lie døydde i Dagmorgo tidleg, fortél eit Traadbrev. Ho hadde vori skral lengi no.

Gamle Jonas sjølv klarar seg enno. Men etter som eg høyrer er der lite eller inkje att av Arbeidskrafti. Augo sviktar au meir og meir. Han drøymer at han arbeider; men stort meir vert det nok ikkje.

Det er underlegt, naar dei som var "dei unge" gjenom heile eins Liv, sloknar og folnar burt. Serleg for oss vert det tomt: dei var store, sterke Magt-Naturar, desse som no ein for ein fell burt;

<side nr=51>

kva i Verdi skal me faa, som me kann "setja i Staden"? – –

– Det skulde vel paa ein Maate vera godt at dei gjeng; det er iminsto naudsynlegt: ikkje minst me Nordmennar treng um aa lære aa "stande aaleine", "gange sjølve", no etterkvart. Men Vaarherre veit. Er me komne so langt at me greider dette enno? Og er me ikkje det, – tru me daa kjem so langt?

Ein "maa tru". Men mykje av det ein ser peikar hin Vegen.

Eg fær stundom Brev um dette, meir og mindre klaarsynte, alle urolege. "Ein Ungdomslagsmann" skriv (namnlaust) i Dag og spyrr, um ikkje eg, "Føraren for den nationale Reising", kann gjera noko. Det er det "gode gamle økonomiske Grunnlag, som hev stadi attum Bøndane" og "vori Ryggstudnad aat den norske Kulturen"; no sviktar dette Grunnlage; all Eigedom sig meir og meir yvi til dei norskdanske, som er meir framsynte, meir økonomisk opplyste. Bonden sél og sél til den norskdanske Spekulanten, til dess han sit att med berre Garden, utan Skog, Fiske, Veiding; snart er det daa Amerika eller Byen, han maa søkje Livberging i. I det heile: Rikdomskjeldune sig yvi til Framandfolke. Og Bonden trur paa det framande meir enn paa seg sjølv.

Ja. Men naar eg kjem med George-Læra, som nettupp vil leggje Lande inn under Folke att, – so er det ingen som mindre vil høyre paa det enn Bøndane. Dei trur heller paa sjølve Socialdemokratie daa.

– Eit George-Lag er komi i Gang; og no skal dei i Veg med eit Blad (paa danskt, sjølv-sagt, eller halvdanskt: "Retfærd" ; kven som skal styre det i den Tidi Lundegaard ligg i Utlande vert ikkje sagt); me fær tru, at d e t kann faa gjort noko.

<side nr=52>

8. 10. 07.

Haust; tungt, graatt, vaatt; Regn og uhuglegt. I Dag elles Upphald . . . so vidt. Naar eg stend der ut-i Epleaakeren og grev, tykkjest eg rett

som det er aa kjenne Dròpar; nei so er det ikkje noko heller. – Hu! gjev desse Jordepli var snart uppe! Det gjeng so smaatt naar ein stend aaleine og grev – Tuften er mest paa Fredrikshøgskulen um Dagen –; og serskilt smaatt gjeng det med eit Penneskaft som eg er.

Men – godt VÍr, so skulde det ikkje vara so lengi endaa.

Kveld.

Haust i alle Maatar; Daudebod kvar Stundi. Gamle og unge . . .

No kjem det Brev fraa Aakre; Eivind, eldste Brorson min, er fraafallen.

I Beringsstræte hende det; Eivind dreiv paa og fór til Sjøs. Ein av Felagane umbord vart sjuk; Eivind stelte 'n, endaa Sjukdomen var fengin; daa Felagen var daain vart Eivind sjuk; – og Enden vart det.

Tungt og vondt var dette i seg sjølv, slik ein greid og gild Kar som Eivind var; og no trudde visst alle som eg, at han hadde vunni yvi den Veikleiken for Bringa som han i den fysste Ungdomen hadde (og som hindra han fraa aa verte norsk Officer); og so kjem dette Syrgjebòde so reint uventande. At ikkje minst Foreldri er ille farne, skynar eg av Breve; "det var hardt," – skriv Jon. Ja han bed meg skrive "eit lite Rim", um det kann falle seg, so; – og gjev det kunde falle seg.

Men for det fysste ser det ut til at eg skal koma upp-i "Grublingar"; – eg hev ikkje lite av Grublelage hans Far.

<side nr=53>

Guten heitte Eivind. Er det kje reint som dette Namne ikkje skulde v i l j a l i v a i øtti vaar?

Gamle Eivind Knudson paa Garborg døydde barnlaus. Bror hans, han Ola Knudson, seinare like eins. Han Far, fysste Son hans Farfar, vart uppkalla etter Eivind Knudson; og Eivind-Namne vart (i Gudsord-Formi "Even") gjevi til ein av Brørane mine au, so ein skulde tru, det var trygt nok. Men han Far vart ikkje gamall; og den unge "Even" endaa mindre; der var alltid noko serskilt tungt, liksom ikkje heilt friskt, ved 'n Unge-Eivind; og paa ei Sjøferd (han fór til Sjøs) fall han ut fraa ei Raa og bleiv. Men for meg kom det liksom ikkje uventande at han Eivind døydde ung; han var stor og godt bygd; men i Andlit og Lag hadda han noko . . . eg veit enno ikkje noko Ord for det, noko gamallvori, kunde eg vel helst segja; men det vart sagt millom oss Syskend: han vert visst ikkje gamall.

Eivind Jonsson var i alle Maatar ein gild og ven Gut. Men fullsterk var han ikkje. Bryste, som elles hev vori sterkt hjaa oss alle, og hjaa

alle andre Borni hans Jon au, var veikvori hjaa Eivind – og det so han kunde kje kome paa. Hérskule<fmark ind="1")"> –; no hev han i fleire Aar fari til Sjø's og hev gjort det godt; og Helsa syntest koma seg; men ved fyste Tilfelle – som ein sterk Kar vel helst hadde klara – ryk han. No er det ingin Eivind i øtti meir.

Eg grundar og undrast. Ei Mor i Landsættir vil for det meste vita, eller daa hava ein Tanke um, kven det Barne ho no gjeng med skal verte uppkalla etter; er no han (ho) av ei utlivd øtt, – so kann det vel hjaa Mori laga seg noko som ei uklaar Kjensle av dette: det Barne eg no <fnote ind="1")"> Jau, Eivind var sjøkadet, daa han vart sjuk att, og skulde no ta ein tur for helsa. H. G.</fnote>
<side nr=54>

gjeng med vert vel som den det skal heite etter(ho vil ofte vera trygg i seg sjølv paa, um detho gjeng med er Kai eller Kvende); denneKjensla kann daa gjera so mykje at Barne fær noko av det same veike som er hjaa den utlivdeøtti? – Gamle Draumar um Lagnad og slikt kunde daa her hava sin Grunn i noko naturlegt, som er so uklaart, at ein aldri fær Tak paa det? ? –

Fleirtale av oss Eivindborni paa Garborg vart sterke; det hev vori friskt Blod paa Mor-Sida. Men dei som heiter etter Folk av hennar øtt er visst i det heile sterkare enn dei som heiter etter Fars-øtti; Stine (uppkalla etter Farmor) døydde tidleg; endaa tidlegare døydde 'n Ola (uppkalla etter 'n Farbror, eller etter Far hans Farfar). Berre eg hev klara meg tøllegt; trass i mitt Aadne-Namn; men fullfrisk er eg ikkje; og so underleg hev det gjengi, at eg hev fengi berre ein "Erving" – som i k k j e vart uppkalla paa norsk Maate etter Bestefar sin; i den Tidi (daa eg mill. a. trudde at eg alt hadde havt den fyste "Minning av Slag") gjekk eg ut fraa, at korkje eg eller Son min vart gamle; det vart daa um Lag det same med Namne –; dei som er farne til Amerika, tek knapt eit so uengelskt Namn som Eivind upp att; Eivind-Namne fraa Garborg er soleis vel for all Tid gravlagt?

Liksom Heim-Garden og øtti – visst for all Tid – hev skilt Lag?

Underlegt aa liksom sjaa sine Røtar visne .

Haut; Gravklokkur Med Løland ser det verre og verre ut; han lid svært vondt; serleg er Hjarta ille fari ved di at baae Lungune er for veike; i Dag trur eg Doktaren hev lati han faa ei lett Morfin-Uppløysning; Verken vert for hard, <side nr=55>

og Livsvon kann det vel ikkje lenger vera. Det er meiningslaust, villt; Mannen er nettupp i sine beste Arbeidsaar; men der stend ein – – –

Ord er faafengde.

I D. 17de for i Dag er Anders Hovden ute med ein Bladjellar, god og gild; men han sluttar

med det same som han ofte hev havt uppe i seinare Tid, og som eg ikkje rett skynar: d' er liksom han finn det naudsynt aa f o r s v a r a Diktar-Yrkje, i ei Tid, daa dette Yrkje snart-sagt er det einaste Folke bryr seg um (endaa no er det vel ikkje fullt so gali som det var ei Tid).

Eg tenkte paa aa svara; men eg gjev upp. Eg maa vel hava sagt det eg hev aa segja der no. For min eigin Part vert det meir og meir so, at eg ynskjer eg var farin til Amerika i Ungdomen, som eg ein Gong tenkte paa. At alle desse arme norske Diktatarar – der er fleire av deim enn Hovden hugsar; me hev ei heil "Forfatterforening" . . . i eit Land paa tvo arme Millionar! – ser surt til meg med mitt Stipendium skynar eg svært vel; at det ikkje er Diktarløn eg hev, men ein Studnad for di eg er Maalmann og dermed ute-stengd baade fraa det danske og fraa mykje av det norske Danmark, – det er det sjølv-sagt ingin som hugsar eller tenkjer paa; eg gløymer det jamvel stundom sjølv. Eg fær halde min Munn og drive paa og arbeide det eg kann for ein norsk Bokheim paa Høgd med andre smaa Bok-beimar; no er eg snart ferdug med Faust (Arc-tander skriv i Dag og synest vera vel nøgd med Arbeide mitt); og so fær eg i Veg med Homer att, – freiste kor langt eg kann koma med den. Og so lengi eg arbeider med dette – attaat mitt eigi – fær eg tru at eg hev Lov til aa taka imot den Rikshjelpi.

<side nr=56>

Brev fraa Hulda Garborg.

Nidaros 8/10 1907.

Kjære Garborg!

Tak og øre for Brev skrevet den 5te! Det var snilt at du gav mig Livstegn saa snart. Jeg synes nu jeg har været her et halvt Aar, og jeg længter Skam at sige hjem igjen jeg ogsaa. Det var i alle Maader saa ubeleiligt at reise nu, og disse Forberedelser til Marknad er uendelig lite morsomme altid, ved du. Det er b a r e s a a v i d t alting, og hver Gang det samme Guds Under at det blir n o g e t.

Paa Skuespillene har vi endnu kun havt én Prøve, og Scenen disponerer vi ikke over endnu. (Bare Søndag havde vi den.) Bispen (Wexelsen) ligger syg, Bispinden har i den Anledning trukket sig tilbage, Bispens Søster, Fru Jahn har faat Bronkit, Fru Antonie Løken, som skulde fortælle Inderøy-Historier, kan heller ikke, o. s. v. Es ist die alte Geschichte. Beau-Monden smiler. Og gaar lange Omveie for ikke at møde en Maalmand. Men – jeg ved af Erfaring nu, at slikt ikke har saa meget at si til syvende og sidst, og vi er ikke modløse. Gaver er der ikke kommet

faa af, og der blir som altid solidere Ting end paa vanlige Bazarer.

De faa Mennesker, som strir med dette her er rørende ivrige og sliter naturligvis Helsa av sig. Men det er f. Ex. næsten ikke muligt at faa Aviserne til at ta ind lidt om Marknaden. Endelig igaar fik Krokstad dem til at ta et lite Stykke endog paa Landsmaal. Bare Adresse-avisen nægtet at ta det uoversat. Vilde helst nægtet at ta det idethele; men saa er det Annoncene da, maatru. – Oh ja!

<side nr=57>

– Ja Tuften er en Mønstermand – hils ham tusind Gange! Gid han saasandt bare fik være frisk og Øinene holdt ud, han fortjener det.

Dersom du vilde sende et Par Bøger – og skrive i dem: til Maalmarknaden i Nidaros 1907 ogsaa Navnet dit, var det gjildt. Men s t r a x maatte det være.

– Ja nu faar jeg slutte for idag – nu regner det igjen og jeg skal paa Prøve helt oppe paa Gløshougen.

Hils Løland og vær selv hjertelig hilset!
Din Hulda.

Brev fraa Arne Garborg.

Labraatan 12/10 1907.

Kjære Hulda.

Dagane gjeng; no er det snart Miden av Maanaden. Men ein heil Maanad att! – Det er underleg livlaust i Huse.

Men no hev de teki til der uppe; og D u hev vel "Liv" nok! Gjev det no maatte gange so, at dei "fine" Trondhjemmerne" fekk so lite Hugnad av Finleiken sin som dei fortentar! – Naa; det skulde det elles svært mykje til. Og det hev vori laakt Aar i Trøndelagen . . .

– Her driv me paa med "Epli" (Jord-); i Morgo skal dei vera uppe, so sant VÍre held seg. Men i Ettermiddag hev det smaa-regnt, so det er vel ikkje trygt.

Med Løland gjeng det ned-yvi. Meir og meir Verk og vondt; Andenau og alt som vondt er; og mindre og mindre Næring og Svevn. Det er reint syrgjelegt, dette. Og Lungesjuka, som daa elles plar slokne burt rolegt og stilt? – Han

<side nr=58>

driv paa med Døyveraadir; hev visst og fengi ei linn Morfinblanding; men harde Dagar hev han, og Næterne er vel verre. Gudrun var der uppe og vakte i Nott; no er Diakonissa attkomi, som vel er, – so lengi det kann vara. Ein ny Prest (Kapellan Sommerfelt) som er komin, viste seg hjelpsam og greid her. –

– Og so hev eg berre mi siste store Synd aa tilstaa; ho er kannhende endaa større enn

Opstandelsen paa Trøan<fmark ind="1)">, men er daa ikkje so "fullførd" enno; og Tuften driv paa, at Du skal bli "spurd".

Klokkaren og Agenten for "Norske Liv" kom ein Dag – "passa paa, naar Du var burte", meiner Tuften – og spurde um det ikkje var so at Guten vaar skulde "forsikrast". So og so lempelege Vilkaar, o. s. fr.

Jau; eg visste med meg sjølv, at det var nok so; og di lenger me no drygde, di større vart Aarsutgifti; naar alt kom ihop, so torde eg kje anna: slog til. Trøysta meg med, at dette vilde tvinge oss til aa spara, leggje oss upp Mammon; og for Guten var det i alle Tilfelle ei stor Trygd; med hans Augo ein hadde kje Rett til aa lata det gange paa Uviss,a. 10 Kr. laut eg ut med i "Innskrivningspengar"; so fekk eg eit Brev, som Tuften skulde gaa til Doktaren med; so snart han der hadde vori, var alt i Orden.

Men etterpaa viste det seg, at Tuften brydde seg lite um heile Forsikringi. Og han fortalde, at Du brydde Deg kje heller um ho. Eg kom daa i mange Tankar; kannhende vart det stridt med 225 Kr. um Aare meir i "Skatt"; kannhende var dette vaaglegt Enden paa Visa vart, at eg lova aa skrive og spyrja Deg, og so skulde Tuften vente med Doktaren til Du hadde svara.

<fnote ind="1)">I Då han "kom til" å kaupe ein livandes ukse på auktion med' eg var burte.</fnote>

<side nr=59>

Og so fær du svara daa! Enno tykkjer eg deter vaaglegt aa inginting gjera; men Du er den

"praktiske" her i Huse; tala!

Alt gjeng godt – Matstell og all Ting.

Helsing fraa alle, serleg fraa

Gamlen.

12. 10. 07.

Løland døydde i Kveld. Stilt og rolegt.

Det er vondt aa ha misst ein so trugin Arbeidsmann og so store Arbeidsgaavur. Men naar so maatte vera, er her inkje aa segja; og som det no paa Slutten var, lyt ein vera glad for at han ikkje lid lenger.

Arbeide hans, og Minne, vil liva.

Brev fraa Hulda Garborg.

Trondhjem Tirsdag 15/10 1907.

Kjære Garborg!

Du kan tro jeg tænker paa Eder alle sent og tidlig, og jeg synes jo det er saa vanvittigt at jeg skal være borte. Det kan da være mangt at ordne, som jeg kunde hjulpet til med. Men helst vilde jeg kunnet hjelpe Loland selv saa længe han behøvet Hjælp. Nu – det nytter jo ikke at snakke om det mer.

At Nøglen til hans Skuffe – den midterste Skrivebordskuffe – laa paa Ovnens har jeg vel sagt, og der laa det Manuskript han bad mig gi dig til Gjennemsyn, samt Testamentet og Bankbogen og andet.

Ja ja – alt er jo gjort naar dette naar dig, altsaa –
– Livsforsikringen ja! De to Herrer var der da du var borte, og jeg var glad ved at kunne
<side nr=60>

sige, at du maatte bestemme det, da jeg ikke skjønte mig paa det. Jeg har altid rent instinktmæssig havt imod det – det er ligesom en saan græsselig usmagelig Ting for mig, at det at en af Dere to døde, skulde bringe mig Penge, at jeg naar nogen har nævnt det før i Tiden at f. Ex. du burde livsforsikre dig altid bare har skjøvet det fra mig og sagt Huf nei! Og saa er det det, at jeg tror det i Grunden er svært dyrt. Jeg skjønner ikke at man tjener noget paa det? Naar jeg kan, putter jeg lidt i Banken, er ikke det ligesaa godt? Det er saa uhyggelig mange Agenter og Agenters Agenter som tjener store Penge paa Livsforsikring – det er rent en Landeplage ligesom Handelsreisende synes jeg – hvem betaler nu alle disse Mennesker andre end de som lar sig forsikre. Slig har det altid staat for mig; men som sagt, min Modvilje er bygget paa meget lidet grundigt Kjendtskab til Tingen, og du, som altsaa baade før og nu har sat dig ind i det faar da selvfølgelig gjøre som du tror er klogest. Tuften har vel ikke andet Kjendtskab til Tingen han heller end det løse han har hørt af mig. Er det saa, at han selv faar godt af det engang, saa er det jo værdt at tænke paa. – Men, jeg tror heller jeg vilde kjøpe for 250 Kroner Jord om Aaret til ham. Nu er jo Spørgsmaalet om at udvide os dernede rykket os for Alvor ind paa Livet, og vi ma vel først og fremst tænke paa det? Det er jo et rent Existensspørgsmaal for os at faa Lølands Del af Eiendommen overdraget til os paa en eller anden Maade.

– Om alt dette skulde vi jo ha snakket sammen – det blir saa vanskeligt og kortfattet, naar man skal skrive.

Jeg undres paa, hvad Dag Begravelsen skal være. Om Brødrene er kommet, o. S. v.?

Imorgen haaber jeg Brev fra dig.

<side nr=61>

– Her har været saa raat Veir, at jeg harfaat mig en vældig Forkjølelse – daarlig Luft i Lokalet om Aftenen har ligesaa gjort sit. Mendet gaar bra. Iaften skal vi ha op en ny Dans-Fakkeldansen, og imorgen skal jeg vise frem Lysbillederne.

Seland er kommet. Han gjorde megen Lykke første Kvelden.

Ja saa faar Dere ha Adjø saa længe igjen da og mangfoldige Hilsener til Dere alle!
Din *Hulda*.

15. 10. 07.

Det var Toreslaatt og Stridregn i Dagmorgo,
daa eg vakna; eg vart liggjande og høyre paa
dette, Tankar som ofte elter meg i desse Tider,
tok til aa tumle seg.

Toreslaatt i Oktober; – den bakvende Verdi.
Men Tora slær mest aldri um Sumrane no; og
so lyt ho vel vera utum seg naar ho kann

Veike, veike er Rullingane; han eldest no, Gud
Thor; skal vel snart døy, han som alle gamle
Gudar.

Naah! Gudane fekk døy, berre me sjølve veks;
og i sumt veks me. Men i sumt veks me
vel helst ned-etter her i Norig daa visst.

Hev me ein Mann i Riksstyre lenger? Eller
var Oberst Stang den siste?

Eg var burt-hjaa Grannen i Gjærkveld, Maala-
ren Valstad; og me tala um mangt, – daa eg
fysst hadde set paa den nye Verkstaden hans,
som er makalaust ven, minner i stimt um dei
gamle smaae norske Bygdekyrkjune; og mykje
gamalt og fagert hev han fengi samla her. Eg
kom til aa minnast gamle Bennetter og Maalar-
verkstaden hans i den gamle Sola-Kyrkja; Folk
<side nr=62>

som desse skulde vera Grunnleggjarar for eit
norskt Kunstliv, som v a r t Liv, og ikkje berre
"Utstillinger" og "Forretning".

Men sistpaa kom me innpaa Landsens Vilkaar.
Og han fortalde meg mill. a. um ein Samtale han
hadde havt med ein norsk Officer, ein av dei
som t e n k j e r norskt; det finst enno slike.

Men dei er faae. Denne Officeren hadde sjølv
klaga yvi det: den store Mengd finn seg so lett
i ein Hanseat-Kaupmann til "Forsvarsraad". Det
er so faae som "trur" lenger.

I Røyndi hev me vel etter 1814 havt faae som
"trudde ". I 1814 trudde dei ikkje heller, paa
Norig daa. Det dei hadde av Tru var bygt paa
Danmark. Sidan vart Trui etterkvart bygd upp-
att paa svensk Grunn: Norig lét seg ikkje for-
svara utan paa "de svenske Sletter". Det var
den same framande Aand som reiste "Norig fraa
1905": so snart Samfeste med Sverig var upp-
gjevi, vart Sambande med Danmark knytt att, so
godt det lét seg gjera; tru paa Norig kunde dei
styrande ikkje meir daa enn fyrr. Og enno ligg
dei og strævar med "Neutralitet" og Framand-
trygd; ikkje paa seg sjølv, berre paa andre kann
det framandstyrde Norig stole.

Men den som ikkje kann stande paa sine egne
Føtar, han fell.

Den korriande Norigssogo teiknar seg uhyggje
leg klaart i det me no kvar Dag ser: veksande
Modløyse og Likesæle paa norsk Side; veksande
Rovmod og Væpning paa Svenskesida. Dei bryr

seg ikkje med aa dylja sine Tankar dessmeir, dei storsvenske "Brørane". Beint ut vert det sagt, det alle klaartenkte norske alltid hev visst: Karlstad-Semja var ei Fyribils "øre"-Soning for Sverige, – til dess den nye svenske Héren var so vidt i Stand, at den gamle svenske Tanken: heile Halvøyi svensk, kunde koma i Verk; so beint ut

<side nr=63>

vert det sagt, at ein ser kor lite dei trur paa norsk Kraft og Vilje til Sjølvverjing.

Midt under dette døyr vaar siste norske Hérførar. Dauden og Utvandringi paa den eine Sida, veksande Likesæle og Sjølv-Mistru paa den andre . . . Og "Stormagtine" fær meir og meir nok aa gjera kvar med seg. V a r han Profet, Vinje, daa han skreiv um "Runesteinen paa gamle Norigs Grav"?

Brev fraa Arne Garborg.

16/10 1907.

Kjære Hulda.

Sidste – udaterede – Brev modtaget (Du har vel andet at gjøre nu end at passe paa Almanakka). Tak.

Med Løland gik det saa pent som efter Omstændighederne muligt. Doktor Næss og den nye Kapellanen var hjælpsomme og fik arrangeret det, saa at han fik Diakonissen de sidste Dage; han havde da saa god Hjælp som det var muligt at skaffe, saa der er ingen Grund til Samvittighedsnag.

Næss var nedom mig Lørdag Aften og sa, at nu kunde der være Spørgsmaal om Timer eller om Dage, men Afgjørelsen var for Haanden, saa at hvis der var noget at ordne, saa var det paa Tiden. Jeg svarede at Loland havde ordnet sine Affærer i god Tid. Straks efter gik jeg op til Løland og fik en liden Samtale med ham; han var svag – aandede andpustent – men ellers rolig og klar; da jeg skjøjnte at det anstregte ham at snakke, tog jeg Afsked saa snart som muligt – han holdt paa mig i det længste, mulig i en Art Forudfølelse – med Aftale om at jeg

<side nr=64>

skulde komme igjen i Morgen. Et Par Timer senere kom der Besked, at det var forbi.

Han havde faat lidt Morfin og havde sovnet; sovet en Times Tid og vaagnet; sovnet igjen – og ikke vaagnet mere. Jeg priste i mit Hjerte den hellige Morfin, som gjør Døden til en ganske almindelig Indsovning, selv om den kommer i Utid. – I Dag har jeg været hos Rode og bestilt Krans, i Morgen 1/2 5 E. M. er Begravelsen (ved Asker Kirke); Samlaget fungerer for Anledningen som Begravelsesbureau. –

Det er altsaa endnu en Kjende mere stille

paa Labraatan end før (allerede Mandag E. M. kom Kisten med sine Alvorsmænd, som kjørte ham til Kapellet). Jeg saa ham to Gange før han drog af Gaarde; Ansigtet var fuldstændig roligt – sovende – og bare lidt blegere end ellers; der var ikke Tvil om at han var død med Fred – uden Præst eller Historier. Bortset fra det sørgelige ved en altfor tidlig afbrudt Virksomhed faar man saaledes sige, at der ikke er mere at sige. –

Det har været en ægte Asker-Oktober: Regn og Halvmørke om Dagen, Regn og Gravmørke om Natten; dette, i Forbindelse med de ekstraordinære Tilstande forøvrigt har gjort, at jeg trods alt har været glad for at Du var helt optaget paa andet Hold, saa Du ikke fik Tid til "Stemninger". I Dag lysner det, saa det kan se ud til, at den længe ventede og for mange saa høist nødvendige Eftersommer er i Anmarsch; gid det var saa vel. I alle Tilfælde kan Du nu med Ro ofre Dig for Dit nuværende Arbeid (som Du altsaa er den eneste som kan greie); og naar Du kommer hjem igjen, vil det ikke være længer til Jul, og Solvending, end at Du vil klare det med Lethed. Helsing fra oss alle og særlig fra Gammeln.

<side nr=65>

E. Skr.

Fik i Dag Rede paa, at der enda er 1000 Kr. igjen af Gjælden paa Labraaten! – Altsaa enda et godt Stykke fram!

Tuften driver noksaa hardt med Studeringer etc. Han hilser!
Hægstad (og Frue) var her ude og hilste; Tak!

Brev fraa Arne Garborg.

Labr. 18/10 1907.

Kjære Hulda.

Igaar tok vi da det allersidste Farvel med Løland. Det blev en rigtig "pen Likferd". Her fra Asker mødte jo ikke andre end "vi", og saa Valstads – jo det er sandt: O.! jeg saa ham i Kapellet, men trodde det maatte være mine den Dag særlig upaalidelige Øine som narrede mig –; men der var adskillige Byfolk (deriblandt Dr. og Fernanda Nissen og Rosenkrantz! – han husker ialfald paa at han er Vestlænding); og Kisten blev saa overdækket med Kranse, at man skulde ikke komme til at tænke paa den "ensomme" Digter. Pastor B. Støylen talte – meget vakkert og meget taktfuldt og paa udmærket norskt; siden holdtes en hel Række kortere (og tildels længere) Taler, alle paa norsk; og bedst (korrektest) norsk talte Bymænd (som Halvdan Koht og Advokat Voss); jeg kan endnu undre mig over, at ikke det rettroende Askerkapel ramlede af Forskrækkelse.

Jeg maatte – foruden vor egen – ogsaa nedlægge Forfatterforeningens Krans; et Farvel-Telegram fra Jonas Lie – tænk! Gamlen var kommen med, endog i denne Tid! – læste jeg ogsaa op; men vor egen Krans blev jeg nødt til at aflevere i Taushed; – i Tilfælde af denne Art er **<side nr=66>**

jeg "veik som et Kvinnfolk" – minst. Mauland – som ogsaa har været Lølands Lærer – talte godt, og fortalte en hel Del, som bragte mig til at forstaa Sider af Lølands Væsen bedre end jeg egentlig før har gjort. Det blev i det hele en rigtig "værdig Høitidelighed"; alle mine øngstelser her blev saaledes paa det glædeligste beskjæmmede.

Søndag kommer Gjelsvik her ud i Anledning af Testamentet; da faar jeg bl. a. høre – saadan foreløbig hvordan Stemningen kan være m. H. t. Salg af Jordstykket.

Og dette Spørgsmaal faar vel ogsaa Betydning for Spørgsmaalet om Tuftens Livsforsikring. Jeg skjønner godt dine Følelser mod den Slags Assurancer; det hører akkurat vor Tid til at gjøre selv det intimeste om til Forretning og Marked. Jeg kan ogsaa forstaa Tuftens Ulyst paa denne Affære; han har den sunde Ungdoms ørgjerrighed paa at klare sig selv saa snart og saa grundigt som muligt.

Det er ganske rart at tænke paa, at Du gaar der oppe og danser, mens vi holder Ligfærd, og at Du alligevel er mindst ligesaa likferdsstemt som vi. Hægstad har godt Mod for Marknaden der oppe; og det er vist som han siger: kommer først Trønderen, saa kommer han tilforladeligt. Du staar vel forresten snart paa Reise til Bergen?

Tout Labraatan hilser, særlig *Gammeln.*

22. 10. 07.

I Natt fér Hulda fraa "Trondhjem", der det synest hava gjengi uventande godt, til "Bergen", – der det ikkje burde gange laakare. Det k a n n turvast friskare Bør no snart, skal me vinne nokon **<side nr=67>**

Veg. Det er kje lett for desse 31 Smaafolk paa kvar sitt Nes aa vekse seg saman; det trengst Pengar so vel som Arbeidshug. –

– Paa Labraaten gjeng det smaatt. Eg masar med Reinskivingi av Faust (og stoggar kvar Stundi paa Knutar som eg ikkje hev greidt), og gjeng elles ikring og betalar Rekningar etter Løland. Og no er det røykt og skura der uppe, so no kjem me i Ro snart.

– Gjelsvik var her ute um Sundag og saag paa Testamente. Den Jordi Løland hev gjevi Samlage lyt vera Trygd, so godt ho kann, for eit Laan, Samlage hjelppte Løland til med; det var

ille ikkje minst for (Samlage og) Barneblade at han skulde døy no, – nett som det syntest vilja laga seg. Det er som "Magtine" vil vera imot oss helst. Men det trengst nok at me lærer aa tru paa oss sjølve i Staden for paa "Magtir"

.....
– I Dagbl. (og eit lite Bokhandlarblad "Krebsen") er Spursmaale um "norsk Literatur og norskt Forlag" endeleg komi upp; Provinsen tek til aa drøyme um Nationalitetsvyrdnad. Men dei heste "norske Forfattarar" kyter av det gilde og rauste danske Forlag, og sparkar helst etter Nygaard, som fører Orde for den "norske" Sak. Ein fær lite Tru paa ein "Nationalitet", – der Fleirtale av unge Bokmeistrar held seg til Utlände for Skuld dei "redebonne Forskud"; me norske skulde snart greide deim, var det ikkje det at snart sagt all vaar Ungdom rømer Lande!

D e t kann elles ikkje vara æveleg, – so sant me skal livva.

<side nr=68>

Brev fraa Hulda Garborg.

Trondhjem 20/10 1907.

Kjære Garborg!

Tak for Brev idag om Begravelsen etc. Ja saa er vi da rent alene paa Braatan. Jeg kommer til at savne den rare Skyggen som kom glidende paa Sokkelæsten ind i Stuen til mig om Vinterkvældene; han var nok vanskelig, stakkar, men alligevel – der kommer nok ikke mange bedre fra Bygderne Nutildags.

Godt at Begravelsen blev saa pen og hyggelig – jeg tænker mig nu ligesom altid at de døde er med og ser hvad der foregaar, og at alt som kommer frem af Venskab og kjærlige Tanker gjør dem godt paa et vis.

– Jeg reiser Tirsdag Kl. 12 (Nat altsaa) herfra med Olav Kyrre. Jeg synes jeg nu er overflødig her, og i Bergen venter man. Det er iforveien at der er mest Arbeide. Jeg vil da prøve at faa slippe hjem naar alt er sat i Gang.

Denne gang har det vært vanskeligere end nogensinde for mig at holde Humøret oppe naturligvis – nei, nu s k a l det være siste Gang.

Veiret ser godt ud, og jeg glæder mig til at komme ud af den fæle Luften oppe i Arbeiderforeningen om Kvælden og ud paa Sjøen.

Fuldt Hus hver Kveld nu.

I stor Hast.

Din *Hulda*.

24. 10. 07.

Denne Gretchen-Sogo i Faust, – det er eit Stykke Folke-Dikt. Der er sumt i det Gretchen

segjer, eller attum det ho segjer, som minner
um det uendeleg kvendeleg sanne i Folkevisa:

<side nr=69>

"eg tenkte aldri du brydd' deg um
aa narre meg s o m d u s a a g v a r u n g ."

 Dette "som du saag", det er Meisterstrøke.
Stakkars Halvbarne, som alle sine Dagar litte
paa Mor, Far og alle desse vaksne og halvaksne
som var so mykje klokare enn ho, – ho liter
ikkje minst paa denne Guten no; h a n vil daa
visst ikkje narre henne uppi noko gali; han s e r
ho er ung; honom maa ho kunne lite paa. Og
ho fylgjer han trygt. Til dess ho hev fylgt han for
langt. Daa rømer Fyren, og læt Barne liggje
der hjelpelaust.

 Sjølve den høg-vaksne Faust er ikkje betre.
Han skuldar paa Fanden eller kva han kallar det,
dundrar og deklamerar um, at han vil "mit ihr
zu Grunde gehn" o. s. fr.; gjeng so av og øyde-
legg ho, endaa han hev Mefisto, sin eigin klaare
Tanke, til aa segja seg Sanningi med bitande
Spott. Læt so Margrete gange til Helvite, –
sparkar kannhende imot litegrand, naar det er
for seint; flyg med Fanden til Blokksberg, og
vert sidan ein Fagnadmann, som Englar og alt
som vent og godt er frelser og ber til Gravi
med Kransar og Stas og Graat og fagre Talur.

 Det er som det so ofte hev vori sagt: Faust
er Menneskjetragedia.

 Gamle Jonas Lie kom inn-um her i Dag; eg
trudde eg drøymde. Men det v a r han. I Lag
med Son sin, Erik.

 Daa han her i fyrre Maanaden hadde misst
"Thommen", flutte han til Asta paa Horten; daa
visst forstod eg det so, at han vilde vera. der;
bu aaleine i det nye Huse paa Fredriksværn
kunde ikkje vera hugsamt. Men det hev vel

<side nr=70>

vori for "nytt" for Gamlen, alt paa Horten. So
var daa "Kitty og Harriet" **<fmark ind="1">** komne der ned; med
deim hev han (um eg skyna det rett) fylgt med
her inn til Hvalstad; og no var det Meiningi, at
han vilde til Fredriksværn att. Erik og Kona
hans skal vera med, so han ikkje vert reint
aaleine.

 Kor lengi d e t gjeng? – Gamle Jonas fær
knappt Fred no, fyrr han finn att Thommen. –

 – Han var vortin gamall. Bleik, graahærd,
med mindre Liv. Sat helst paa ein Stol. Han
ser svært lite, trong Hjelp, um han berre skulde
drikke eit Glas Vin. Mæle hadde veikna; Tankane
var det ikkje lett for han aa halde fast paa; han
gløymde lett kva det var han hadde tenkt aa
segja. Men han hadde enno sin gode glade Smil.

 Han vilde "se mig i min Hule"; og takke for

eit lite Brev eg hadde sendt 'n etter Lølands-Likferdi. Det var underlegt aa sjaa Jonas Lie gamall; gildt aa sjaa han, og serskilt huglegt at han hugsaa so paa meg; men det lagde seg yvi meg med ei serskild Tyngd, at den "store Tidi" vaar, den lakkar til Enden.

– Ser eg Jonas Lie fleire Gongir, tru?

Brev fraa Arne Garborg.

Labr. 24/10 1907.

Kjære Hulda!

Jeg skal hilse fra Jonas Lie, gamle Jonas Lie; han var indom her i Dag ...

Nei; det er hverken Drøm eller Digtning. Det er Sandhed simpelthen; og sjølve gamle Jonas Lie var det.

<fnote ind="1"> Kitty Kielland og Harriet Backer, dei gamle trugne venene til Lie-folket. *H. G.***</fnote>**

<side nr=71>

øldre. Blegere. Sad helst paa en Stol; Stemmen noget svagere; Tanken betydelig mindre livlig; slap af og til Traaden. Men det var Jonas Lie; han kunde endnu smile.

Jeg fik ikke rigtig Greie paa, hvordan han var kommet fra Horten og hid; spørge ligefrem vilde jo ikke rigtig falde sig. Han havde havt Besøg af Kitty og Harriet; kanske havde han fulgt dem indover? Han bad mig flere Gange hilse. Men hvad Erik fortalte ligefrem var, at nu vilde Gamlen til Fredriksværn igjen; og Eriks skulde være med. Han har da vel ikke kunnet trives paa Horten? Maaske blir Vanskeligheden, at han herefter ikke kan trives noget Sted, – før han finder igjen Thommen?

<side nr=72>

– Ak ja. Trist og vondt og rart er det. Men vist mangen Gang ikke saa slemt som det kan se ud.–

– Ja; nu begynder det at lysne: Du er kommen saa langt som til Bergen; da er det bare den ene Bask igjen; og saa har vi Jernbanen nu til at skyde Dig østover med en viss Fart; saa nu begynder det da at ordne sig. Gid det forresten kunde gaa mindst ligesaa godt i Bjørgvin som i Nidaros! – det trænges nok.

Og nu blir du den mest hovedstadlige af alle Norges Damer: er snart lige godt kjendt i alle dette rare vesle store Lands trende Hovedstæder.

– Din Dagbog kommer til at blive et meget mangfoldigt norsk-historisk Dokument.

– Her er det Opholdsveir; skyet, mildt. Kortere og kortere, mørkere og mørkere Dage. Alt gaar sin rolige jevne Gang; selv Stilheden ova'tuns begynder at blive tilvant. Der er nu vasket og desinficeret. Mor T. tog med sig et Par Ting af det Du har beordret brændt; hun mente

hun skulde nok faa desinficeret det; det skulde bl. a. ligge i Skogen og fryse udover Vinteren en Stund. Jeg mente, at naar hun havde saa vidt Rede paa Affærerne, saa maatte hun kunne ta de Par Tepper.

Tuften driver paa som før. Urokkelig. Jeg hænger over Faust som før – noksaa trut; men nu lider det. Ulykken er, at jeg har fusket mig ifra en hel Del Vanskeligheder første Gang; tænkte det greiet sig vel, men ser nu at – jah. Men jeg længter etter at faa ta fat med mit eget.

Anders Hovden er nedkommen med en ny Bog paa Vers igjen – – – g o d ! Vor første Versesmed er han.

Haaber et Par Ord snart. Hilsen fra tout Labraatan!

Din G.

<side nr=73>

25. 10. 07.

"S o l h ò v" heiter det nye Diktverke av Hovden; det er godt; visst noko med det beste og vaksnaste – og samstundes i god Meining yngste – han hev skrivi, endaa det er "Politik". Ho vil gjeva meg Tilføre til aa segja ymse Ting, so eg fær sjaa aa faa ihop ei "Melding".

Ho minner meg sterkt um dei Dagane i 1905, daa eg gjekk ned i Pillnitz og venta paa "dei Ting som koma skulde". Lengi hadde Mode vori skralt; eg trudde mindre og mindre at me greidde oss. Men – naar Naudi er størst Det utrulege hende. Eg fekk meg ikkje rett til aa tru paa det; det var for villt, for ulikt oss men eg laut tru. Var mange Dagar reint glad. Men naar eg fekk Hug til aa gjera Vers, so kjende eg, at Tvilen sat der inst inne likevel; eg fekk drygja til alt var avgjort, – tenkte eg. Og Dagane gjekk. Og det eine etter det andre vart avgjort.

Fysst det, at Norig i k k j e torde stande paa. sine eigne Føtar; det laut hava ein Konge, hekte seg ihop med ei Stormagt o. s. fr. Og sidan – Karlstad. Eg livde alt dette upp-att i Hovdens Bok. Endaa han er mykje yngre enn eg, og hev meir Tru, og kjem lettare yvi Karlstad enn eg orkar.

Men so mykje hev 1905–6 lært 'n, at han ser det nyttar ikkje med berre "Mod" og Vers og sterke Ord; hans Heim-Elsk hev drivi han inn paa same Vegen som eg er komin; i Grunn-tanken daa visst; Presten vert beintfram, av Kjærleik til Folk og Fedraland, – kristin! Trass i Paulus og Kyrkjelæra som han held paa, Jesus arbeider seg framfor han jamsides. Det lyt eg serskilt faa sett Strik under – paa lempeleg Maate. For det er spelegt for ein Prest i Kristi Kyrkje aa halde seg til Jesus.

<side nr=74>

Brev fraa Hulda Garborg.

Bergen, Missionshotellet, 28/10 1907.

Kjære Garborg!

Saa driver jeg da paa samme Leksen her.

Prøver paa Stevleik, Dans, o. s. v.

Det ser ud til at bli storartet her. Af Gaver kommer der daglig hele Ladninger. 2 Seglbaader, 15 Bunader, 30 Aaklær og Masser af mindre Husflidsgjenstande. Rusti dekorerer. Han laver Logen om til Bjølstadtune – du ved Bjølstad i Gudbrandsdalen. Og Skytningsstove og Bondestove o. s. v.

Der aabnes 1ste Novbr. med Brudetog som sidst, hvis da Veiret holder sig skikkelig. Her er nok saa bra nu.

Igaar var jeg ude i Urdi hos Rustis, ellers har jeg ikke været hos nogen endda. Jeg er saa stundesløs og kjed av at være paa Hotel og ønsker bare jeg kunde komme afsted snart. Men endnu maa jeg holde ut ialfald 8 Dage. Under hele Marknaden blir jeg nu ikke, det er vist. Aldrig har jeg slidt saa for at holde det gaaende. Selv danser jeg næsten slet ikke med – k a n ikke faa det til, es ist vorbei!

Undres hvordan Haven staar? – – – –

– – – – –

– – – Er Jonas Lie kommet til Hvalstad; det staar saa i Avisen.

Bjørnson har været vældig nu igjen. Men som sidst for uvorren ser det ud til. Jeg har forresten bare set et Telegram.

Gudrun skriver idag at der er gjort rent oppe hos Løland. Det var bra. Men tænk at Dere har saa trist Veir da – en fæl Tid i Kristiania-dalen dette.

<side nr=75>

Har faat Brev fra Elverum Seminar om Dans; men jeg kunde da med Sanden sige, at jeg var optaget fremover nu i lang Tid. Huf, ja – gid jeg bare var hjemme!

Lev godt da saa længe og mangfoldig Hilsen til hele Huset!

Din Hulda.

30. 10. 07.

Michelsen og Bothner er gjengne ut or Riksraade; Ministerie Michelsen hev vorti Ministerie Løvland. Av "Helsegrunnar" vart dette gjort no, eit Par Maanar fyrr Thinge kom saman.

Med same vart det avgjort, at Pehrson skulde faa truge seg til "Rett" til aa drive Røstvang-Gruva; Michelsen-Bothner røysta imot og berga soleis seg; men Saki vart underskrivi av Michelsen; dermed var Løvland og berga; d e t er no for Tidi norskt Ministerandsvar. –

I Gjærkveld var eg i Xia og var med paa det Møte der Henry George-Lage for Kristiania vart skipa. Det var ikkje mange til Stades i det Rome i Studentersamfunde, der Møte vart haldi; og av dei som var til Stades kjende eg ein: Trygve Kramer, som eg hev set ein Gong fyrr.

Men det saag ut til gode og aalvorsame Folk det som var møtt fram: Sakførarar, Ingeniørar, eit Par Bladmennar, eit Par Ungdomar, eit Par Damur, jamvel ein Prest; Tanken er vel so smaatt aat og fengjer.

Men nokon av mitt Folk saag eg ikkje; ingin Maalmann heller. Det er Vansken ved denne Saki: Bonden kjem seint til aa skyna ho. Kann-

<side nr=76>

hende ikkje fyrr det er for seint, **dvs.:** naar flestalle Bønder hev selt Jordi si – eller er drivne fraa Jordi.

Men stride fær ein so lengi ein kann.

Brev fraa Scehjøtt.

31/10 1907.

G.!

Nei, ved profetens skjæg! Skulde jeg hævne (jeg ser ellers af dit brev, at du ikke bruger ordet h æ v n e , men straffe; naa ja, det kommer jo næsten paa eet ud) mig paa nogen – hvad der neppe kunde falde mig ind – maatte det ialfald være paa nogen, som havde gjort mig noget ondt, og om du og Hulda havde gjort mig aldrig saa meget ondt, vilde jeg ialfald ikke hævne mig paa dere; og om jeg vilde hævne mig, maatte det da være paa en maade, som ikke rammede mig selv værre end dere! Naar jeg siger, at ordboka vil æde al min tid fra noget over midten af november til udgangen af oktober næste aar, er det ikke for at hævne mig, men det er den rene, sørgelige sandhed. Skal jeg faa gennemgaaet resten af manuskriptet i rette tid (til udgangen af okt. næste aar, maa jeg klare 15 sider om ugen; dette synes jo ikke at være meget, men for mig gaar det traatt, meget traære end jeg havde tænkt. Det ser ud til at bli vanskeligt for mig at bli færdig til næste aar), men jeg opgiver det ikke uden forsøg. Der findes chinin paa apoteket, ligesaa Finsens jerntabletter; men øinene nu i mørketiden!

Er du gal? rispende gal? tror du du er for daarlig selskabsmand? - - - - -

<side nr=77>

Du er vel ingen selskabsmand, men der følger godtokke med dig; jeg er en slet selskabsmand, og der følger illtokke med mig; det er værre.

Eet skal jeg indrømme; jeg er sinna paa dig, fordi du vil dø i 1911. Fastholder du det, anser jeg alt for at være forbi. Erklær paa ære

og samvittighed, at du ikke agter at dø; saa skal vi tales ved, og gjælder det da Homer eller noget andet sligt, so veit du det blir raad.
S.

Brev fraa Arne Garborg.

Labraatan 1/11 1907.
Kjære Hulda.

Næst Tak for Brev har jeg bare at melde, at her staar alt vel til: ingen Sygdom eller Daarligdom, trods evindeligt Regnveir (dog Ophold af og til, som i Dag), – og Faust I færdig og expederet. Nu er det bare et Par Smaating at greie, og saa skal jeg komme i Gang med "mit eget" igjen for en Tid; det kan være paa Tid.

Det er gildt at høre om Tiltag og gode Voner fra Bjørgvin. Hils spesielt Rusti; Bjølstad-Tune framifraa paafunne. Forhaabningsfuldt at høre. at Folk paa Vestkanten er saa med. At Du begynder at trøytne kan jeg forstaa; men sandt at sige misunder jeg Dig som kan gjøre Nytte; selv føler jeg mig saa elendig ubrugelig, saa snart det kommer til virkeligt Arbeid; – bare saadan en kjedsommelig Penneslikker!

Haven staar pent; og Tuften arbeider; det greider sig vist fint, saa vidt jeg forstaa; skjønt, det er jo sjelden jeg vinder saa langt ud at jeg faar se hvordan det gaar; – stutte Dage og skrale Augo og stødt mer end nok her paa Hy-
<side nr=78>
belen at kløre med. Jeg siger som Du: to Liv vilde enda være for lidet! –

S. er vist ikke i Lag; som Svar paa en Antydning om, at nu naar Faust var afskediget kunde man vel tænke paa nogen Mandage igjen, fik jeg den Besked, at nu kan han ikke befatte sig med andet end Ordboka før til næste November (1908). Ellers intet nyt. Jo det er sandt: i Gaar var jeg i Xania, enten Du vil tro det eller ei. Men saa var der ogsaa Begivenhed; Xia Henry George-Forening blev stiftet. Faa Folk og ingen Stas; "født i en Stald" kunde man sige (en Baas i Studentersamfundet); – kunde den med Tiden føre Frelse med sig, saa var det jo godt. –

– Ja Ivar, Stakkar. Stærk er han altsaa ikke; bare nu ikke han ogsaa lægger sig til at dø – i denne Dødens Tid! – Her er snart ikke andet end Begravelser.

Mit Brev om Jonas Lies Besøg her har Du altsaa ikke faaet? – Vær saa tapper Du kann; men jo før Du kommer hjem jo bedre.

Jeg skal ud nu og samle Bidrag til Mindesten over Gundersens**<fmark ind="1">**; duer dessværre saa lidet til sligt. Hilsener!

G.

3. 11 . 07.

Det vert gjort mykje Stas av Michelsen. Som rimelegt er, naar ein hugsar 1905. Han var Mannen, den Gongen. Den Mannen som turv-test, og ei rein Forløysing etter alle Juristane.

Men det var med Michelsen som det hev vori med Nordmennane lengi, og enno er: dei beste av deim. kann dette eine: vaaga eit Varp, og

<fnote ind="1"> Skodespelarane Laura og Sigvart Gundersen. – H. G. **</fnote>**
<side nr=79>

klara det. Men styre, og serskilt styre so stor ei Drift som jamvel eit Smaarike, – det lærer me vel ikkje fyrr me hev vori frie so eit Par hundra Aar. Og um Norig fær livva so lengi . . .

Tja; i Dag fortél Bladi at 4 Stormagtir vil "tryggje Neutraliteten" vaar. Det vil segja: at dei 4 Stormagtine fær same Magt yvi Norig som Sverig hadde. Men "4 Stormagtir", det vil segja den sterkaste av deim, – no for Tidi Engeland. Det er Stortinge som skal avgjera um Norig skal leggje seg inn under denne nye "Union"; men det er vel paa Fyrihand so stelt, at Stortinge ikkje hev anna aa gjera enn aa straa Sand paa.

Og i alle Tilfelle: Storting som Styre driv av all Magt paa med aa selja Lande. Naar dei hev haldi paa med det so lengi at mitt Folk er drivi til Byen og Amerika heilt, – so vert det for meg det same kven som tek Tuftine etter oss. –

– Faust I fekk eg skipa fraa meg for eit Par Dagar sidan. Og no hev eg teki til for Aalvor med "Heim att" (?). Som er Framhald og Slutt paa Rekkja "Fred" – "Læraren" – "Den burt-komne Faderen".

Det vert meir enn "Dikting"; det vert ei Bok for dei tie av Millionen som tenkjer; men det eg hev aa segja skal eg her faa sagt. So dette Arbeide gled eg meg serskilt til; og det um det vert aldri so vrangt aa faa Skikk paa.

Brev fraa Hulda Garborg.

Bergen 6/11 1907.

Kjære Garborg!

Det er næsten ikke muligt at faa skrevet et skikkeligt Brev. Om Morgen er jeg rent svimeslaaet, og om Dagen ellers gaar det med

<side nr=80>

Prøver og Omklædning og Programlavning o. a. Vi er aldrig i Seng før 12–1 og Luften oppe i Logen er fæl. Desuden Træk og Kulde, altsaa en eneste Forkjølelse hele Tiden. Alle hæse, slappe og trætte. Søndag tog de mest Livet af os. Jeg var paa Prøver næsten 4 Timer om Form. og saa to Forestillinger om Kvælden. Fra 5–7 og 8–11. Men saa kom der ind 3 300 Kroner bare den ene Dag. Det gaar idethele

udmærket. Vi tar hver Aften dobbelt Bazarpris – 50 Øre i Entre; men fuldt eller næsten fuldt alligevel. Søndag var Trængselen udenfor faretruende, og Dørene maatte stænges flere Gange. Mandag havde Rigsmaalsforeningen tillyst Møde og vi tænkte der skulde bli tyndt Hus hos os. Men det blev nok omvendt. Selve Morgenavisens Referent, som forresten er Hauge (der vistnok endnu er Maalmand), sa, at faa efterkom Formandens Opfordring om at melde sig ind, skjønt de skulde slippe at betale Kontingent og atpaa faa en Brochure af Bjørnson. Hele Mødet har tydeligvis vært en afgjort Fjasko. Idag flagges der svært for Michelsen, som kommer til Fjøsanger ikvæld. Han har frabedt sig den paatænkte Illumination – heldigvis for os. Det vilde vel tat Folk fra os den Kvæld.

Jeg prøver nu paa "Fjøsstellet", som skal op Fredag, og jeg slipper ikke herfra før de to Stemnedage, Lørdag og Søndag, er over. Men saasandt jeg lever reiser jeg Mandag den 11te herfra. Jeg kan ikke beskrive hvor træt jeg nu er af dette Liv!

Steinsvik er skral. Han taaler ikke at være paa Marknaden om Kvældene for al Trækken.

Jeg er nu spændt paa om jeg kommer med Banen. Tror det neppe desverre. Der skal bl.a. endnu bare være aabne Vogne, og det er selvfølgelig umuligt.

<side nr=81>

Ja nu maa jeg flyve igjen – adjø saalænge, og paa snarligt og godt Gjensyn!

Gratulerer med Faust!

Hils Tuften og Gudrun mangfoldig!

Din Hulda.

13. 11. 07.

Hev vori arbeidsufør eit Par Dagar; og no knip det um eg vert ferdug med dei tvo Arbeidi som no maa vera ferduge: eit Fyriord til den nye Boki av Løland, og eit Foredrag til – teologiske Forening. Fær spenne i det beste eg kann.

Fraa "Hovudstaden" kjem det Fraasegnir um veksande Forsvars-Nihilisme. Jamvel Mennar som eg fyrr trudde vel, legg seg paa den Lat-Putano. Ja-ja. Eit Folk som i Fredstid riv ned sine eigne Festningsverk, kann visst gjeva upp kva som helst. Og desse fleire og fleire, som for sitt heilage "Samvit" Skuld ikkje kann vera med aa forsvara Heimlande, kann sidan faa Lov til aa døy for Svea Rike eller det heilage Russland.

– Enno hev me daa att eit Par Skaldar som der er Manns Vilje i; no sist kom Sven Moren med ei fin og god og sterk Bok: Svartelva, der han talar rett tydelege Ord um "den nye Arbeidsdagen", men held Mode uppe enno. Eg lyt sjaa

um eg kann faa setja ein litin Strik under den Boki og; endaa no i Joleflaumen – –
– I Morgo kjem Hulda att etter si lange Uterd. Og det er som Live tek til att. I all denne Tidi hev det vori berre Blekk.

<side nr=82>

Brev fraa Fr. Bætzmann.

Kristiania 21/11 1907.

Hr. Arne Garborg.

Aftenposten for iaften indtog et Inserat, med Titelen "Vandalisme", som vedlægges. I Anledning heraf er af Hr. Swanstrøm (Alb. Cammermeyers Forlag) modtaget et Svar, der kommer i Bladet imorgen tidlig, og hvoraf Aftryk vedlægges.

Af Interesse vilde det nu være, at faa Oplysning fra Dem, om hvorvidt denne "Oversættelse" fra Deres norske Sprog til Dansk er godkendt af Dem, og om dens Benyttelse som Text til de Griegske Kompositioner sker med Deres Samtykke. Denne Oplysning skulde da være bestemt til Offentliggjørelse.

Tillad mig personlig at tilføje, at saa fjernt som jeg staar Maalbevægelsen, finder jeg dog, at den bør have sin Ret, og særlig at et norsk Sprog som det, De mestrer, her i Norden burde være forskaanet for "Oversættelses"-Litteratur**<fmark ind="1">**.

Med venlig Hilsen og Minder fra gamle Dage
Deres ærb.

Fr. Bætzmann.

23. 11. 07.

Myrke Dagar og svarte Nætar. Aare døyr, døyr, døyr.

Igaar fekk eg daa fraa meg det vesle Foredrage. Herre Gud, det er lite ein kann segja, naar alt kjem ihop. Dei unge Teologane saag elles godt ut; aalvorlege Karar, fyllte med sterke, varme Draumar, vil eg tru. Kor mykje vil dei **<fnote ind="1">**Garborg maatte tilsist leggje sak mot eit blad som dreiv og sette um stykke av han.**</fnote>**

<side nr=83>

kunna berga av seg sjølv fram-gjennom Vintrar og Vonbrøt og Kontordumbe?

– Hulda hev mykje gildt aa fortelja fraa Nidaros og Bjørgvin. Men all Stad er det Mil-lombrøyte. Det me skulde hava av Kultur er framandt; det som tek til aa vinne seg heim, er altfor mykje halvt, uferdugt, berre so vidt "paa god Veg". Det er Tøl me treng; og no vert me gamle – gamle.

I "Jolekvelden" – skulde etter mitt Maal heite Jolaftan – er eit godt Stykke av Vetle Vislie: Hug og Ham: nokre Heimlausingar gjeng og slit i ei Gruve i Havredalen og hev berre ei Von:

so og so mykje Brennevin til Jol. Stundom hev dei og eit Grand Tru: ein av deim hev set Kjærasten sin den Notti ho døydde. Og dei syng, paa halvsvenskt: Bonde var min Farfar og Husmann var min Far; men eg hev vore Gruveslusk fraa eg var vaksin Kar, ta mig tusan!" – Naar skal Folke vinne seg ut or dette øgyptarland? –

– Tru det beste og slite og slite Men det er det, at skal det vera noko Hjelp i Trui, maa ho vera heil, sterk – –

Stundom misunner eg Rasmus Løland, som fekk leggje seg til Kvile.

No er det elles, som vel er, berre ein god Maanad att av denne svartaste Tidi...

26. 11. 07.

Møsbygdi i Telemarki vert og sett under Vatn. Folke søkjer til Regjeringi etter Hjelp; tru det kann nytte? Hev me nokor Regjering? Og dei som set Møsstrandi under Vatn, er vel Utlendingar, d. v. s. Herrar?

– I Nordland ligg det ein Dal, "Rudmadalen", som kunde føde so mykje Folk som eit lite Dan-

<side nr=84>

mark. Den Dalen kunde Staten for nokre Aar sidan fengi for ein Smaaskilling: Kr. 240 000. Men fekk ein Mistanke um, at det var ein Stortingsmann som vilde tena Provisjon paa Handelen. Og Stortinget sagde nei Takk. Siden kaupte det eit lite Stykke for oppimot det same som det heile hadde kosta. Og vil det no ha meir, so fær det punge ut!

– – B. B. stend ned i Kaupenhamn og driv sitt norskdanske Maalstræv; gjer sidan noko som visst verre er: "talar Politik", fortél at me vil hava Integritetstraktat, av di det er "Grund" til aa tru, at Svensken vil taka paa oss! – Naa; Utlande vil smile, og segja "norsk Diplomati"; og um me vert eit Grand meir eller mindre til Laatt, kva kann det gjera?

– – Endaa ein Ting fortél Bladi: vaare tvo "nationale" Provinsteater ligg og søkjer Styrarar, og ingin melder seg. Og dei som beintfram fær Tilbød segjer nei Takk. Kva i Verdi skal det tyde? Er det ikkje Livskraft i den norskdanske Provinsialiteten heller? Kva tru Svensken ventar etter daa? – Uh; ein vert so raadlaust trøytt stundom.

"Det lagar seg vel paa ei Gjerd." "Me fær no sjaa daa."

– Leggje seg; sjaa aa faa sova.

30. 11. 07.

Noko vidare meir fraa Danmark, um B. B. høyrer ein ikkje; dei læt vel "Diktaren" laupe; eitkvart kann det vel og vera som dei ikkje bryr seg um aa rota upp i; "Fusk i Plukkfisken" er

det i all Diplomantik. –

– "Fri Presse" heiter eit nytt Vinstreblad, som Hulda hev vilja freista med eit Bil, – um
<side nr=85>

d e t skulde vera noko. For kor skal ein av?
Blad maa ein hava . . . um ein vert aldri so leid
deim.

I Kveld saag eg det fyrste der, som e g kom
til aa lesa; det var Nils Kjær, som vart utspurd
("interviewed").

Han skal upp no, denne Nils Kjær. Ibsen er
burte; B. B. eldest; Hans Kinck synest ikkje
vinne seg upp; Hamsun er vel alt eit Grand
sliten; *Kiærus faciet*.

Og han er kannhende ikkje verst. "Et Knippe
Lynild i en Regnkappe" baade Ljon og
ufaarleg; was will man noch mehr?

Visst er det, at han vert uppsett til Domar yvi
alle Ting, plent som ein B. B. Fraa seg sjølv til
Ibsen, fraa Statskyrkja til Dovrebana, fraa Filoso-
fien til Maalsaki, alt fær sin Dom.

Dette med Maale e r ikkje greidt. Maal vil
me kje ha; men me skulde vera liksom eit
Grand sjølvstendige au no; kóss tru ein skal
vride seg ifraa dette?

"Nationalteatret" maa ikkje faa Rikshjelp; det
kunde bli nationalt daa, "ødelagt af det fremmede
Platskademaal (?)" fraa Vestlande. Men attaat
skal me agte oss for "den danske Indflydelse".
Ja den nye B.B. gjeng so vidt, at han "næsten
skulde foretrække Landsmaalet, fremfor at vort
Sprog blir fordansket" (det danske maal "for-
dansket", d' er ikkje verst) – dersom ikkje dette
var "en retrograd Bevægelse" (svært norskt). Hja!
So finn han den frelsande Millomvegen. "La os
ikke være ræd for at sige Sola, Kua og Kjærringa.
La os føle os underveis til et nyt norsk Sprog!"
Det siste er fælt radikalt; Lars Holst hev daa
og sett Strik under det (det er Lars, veit eg?).

Ja, ja!

Kven veit? Den nye B. B, gjeng fraa p, t, k
til Sola og Kua; næste B. B. gjeng kannhende so
<side nr=86>

langt som til Draum, Bein, Røys; fær dei vera
"underveis", lengi nok, so –.

Det som er visst er, at Bygdine er i god
Framgang. Legg berre ikkje Svensken og Tysken
og Anglaren Lande altfor mykje under seg, so
skulde her vera Von. "Me fær no sjaa daa." –

– S. ser her ut att no um Maandagen. Det
hev vori eit Grand graatt millom oss i seinare
Tid, trur eg; men no lagar det seg vel!

6. 12. 07.

Siste Maanaden att. "Tid" er ein Talemaate;
det skynar eg meir og meir. –

– Dei faae norsklynde Blad som enno er att,

dei ser dette, at Lande vert lagt meir og meir under Utlendingsfot. Sume gjev seg til aa rope paa nytt Riksstyre. "Ned med Løvland, op med Gunnar Knudsen!"

Kannahende.

Dersom me ikkje alt er komne for langt. Dersom ikkje Stormagtine alt gjenom "løynlege Artiklar" hev lagt under seg det dei ser seg Bate i her, til Takk for at dei hjelpte oss lause fraa Storsvensken? ?

Me Folke veit ingin Ting. Naar det gjeld paa, ropar dei styrande "hald Kjeft!" til oss, og me held Kjeft; det er vaar minste Kunst.

"Folkefridom" er den tomaste Talemaaten som Fanden enno hev narra oss med. Det kjem ikkje Sanning i Orde, fyrr den nye Valmaaten som han Jyden Johan Pedersen hev tenkt ut, vinn seg upp. Men den hev, og vil meir og meir faa, alt det imot seg som no hev Magt, eller trur at det hev Magt; enno er det ikkje ein Kjeft som snur Øyro til den Ledi dessmeir. Og kjem den Dagen at Kapitalistar og Sakførarar vert nøydde

<side nr=87>
til aa høyre, so kjem det ein fiks Sakførar og "redigerar" paa Tanken eit Grand, so at me med stort nytt Stell fær alt med det gamle endaa.

Og George-Tanken? Vinn dei han fram i sjølve Engeland, tru? Overhuse er seigt; Pengevelde tviseigt. Og Fyrsteministeren ligg i desse Dagar og døyr; ser det ut til. Naa; kannahende hev han sin Ettermann ferdug; Engelskmennane plar vita kva dei vil. Men. Men. Men! Finst det Raad i Verdi nokon Gong, at Folke kann faa sin Rett mot Herrane? Er det ikkje Fanden som raar? Er Kristindom anna enn ein Draum, – Sanning og Liv berre for den eine utvalde av Ti-Millionen; og han vert krossfest? ? –

– "Lys over Land" heiter eit Bokverk som vil leggje fram for Aalmenta dei nyaste Granskingar i Sogu, Naturkunne, Velstandslære o. s. fr. Av det som er komi hev eg lesi Stykke um dei seinare Granskingane i Babylon og Assyria. Vitskapen er det einaste som denne Tidi hev; men me fær ikkje klaga: Vitskapen er ei Guddomsmagt, og Sanningi den rikaste av alle Draumar

14. 12. 07.

"Til Ende Aaret haster"; Skilnad paa Dagar og Vikur er her i det heile ikkje lenger. Ein Maanad er enno liksom eit Grand Tid; ein Time eller so; og eit Aar kann vera som ein Dag fyrr; snart naar eg vel upp-i den Alderen, daa det "ikkje er Tid", – det som dei gamle kalla øva. –

– Eg ligg og tingar med Aschehoug & Co. um ei Samlingsutgaave av Bøkane mine; ved det

vert eg drivin til aa "sjaa meg tilbake"; og det er – som det er.

<side nr=88>

Eg hev gjort mindre enn eg visste. Kvart Arbeid hev teki meg so heilt, og so jamt hadde eg Arbeid under Hendar, at no meinte eg det maatte ha vorti noko utav so mykje Mas. Og so er det berre . . . lat meg sjaa:

1) Fritenkjar; 2) Bondestudentar; 3) Mannfolk; 4) Fortelj. og Sogur; 5) Uforsonlige; 6) Hjaa ho Mor (Hos Mama); 7) Trætte Mænd; 8) Kolbotnbrev; 9) Fred; 10) Læraren; 11) D. b. Faderen; 12) Haugtussa; 13) I Helheim; 14) Fjell-Luft; 15) Knudaheibrev... – femtan Bøkar. Det er ikkje meir! – Det er ikkje mykje. Um det so vert 16, med den eg no tenkjer paa, men aldri kann faa taka til med ...

Tja! – Og av desse 15–16 Bøkane er tri skrivne paa provinsdansk; Arbeide lite og dertil kløyvt . . .

Ja ja. Eg var ein Mann fraa eit Millombrøyte. So vert ein eit Millornbrøyte sjølv. Uheil; brøtin; usamanhengjande.

Og nationalt ein Tvitoling: baade norskdansk og norsk. So vert ein inginting heilt. Millombrøyte.

Kva skal eg segja? Det er ikkje mi Skuld. Og eg fær takke til at eg naadde so vidt langt, Son som eg var av eit Folk som enno ligg paa Flytjing. Og som ikkje naar heilt heim fyrr lengi heretter, – u m det naar heim. Store Ting, mi Sann, at eg naadde so vidt!

Men . . . Naah!

– Verre er Spursmaale um, kva eg skal taka meg til i dei Aari som kjem. Lite paa at det vil koma nye Sogu-Emne, som fyrr, – det er i min Alder ikkje verdt. Minst for ein som liver som eg, og maa – og vil – liva som eg: aaleine og utanfyri, meir og meir aaleine og utanfyri. Mindre og mindre dreg "Verdi" meg, – denne vesle arme uferdige norske Verdi.

<side nr=89>

Og kva skulde eg elles finne paa? – Ja det er Homer. Honom fær eg freiste med.

Men berre Homer? –

Det kjem ille med no, at eg kann so lite. Og kva skulde eg kunna, so som eg vaks upp? Det einaste eg lærde var norskdansk; skulde bli ny Ibsen, maa-tru. Paa Aalmenskulen, Lærarskulen, "Fabriken" ... eg tulla med mangt og halvlærde sumt; men det einaste eg lærde var det som eg sistpaa fann reint verdlaust: norskt provinsdansk. Og det fær eg finne no. Skal eg koma nokon Veg med Homer lyt eg paa Skulebenken att – ein Mann paa snart tri Tjug Aar –; og elles ...

Det er George-Tanken som dreg meg og gjev meg Von. Med den skulde eg no arbeide. Og

no fær me endeleg – Aare komande – eit lite George-Blad. Men kva kann ein her gjera, naar ein kjenner so lite til Velstandslære som ein Student fraa Universitas Fredericiana Christianiensis? Og ein Mann paa tri Tjug, laakt underbygd paa alle Leidir, og no dertil med Augo som lite duger, korleis skal han kunna taka att det som her er forsømt? – –

– – Kvar Morgon naar eg held paa vaknar, hev eg ei myrk Stund. Eg kjenner meg gagnlaus, og vert modlaus og huglaus. Daa er det mi einaste Trøyst, at eg "skal døy i 1911". Tak det med Ro, din Tosk; til 1911 fær du nok aa gjera berre med aa faa ut dine 12–15 "Skriftir"..

Jolaftan 1907.

Snøen ligg alt i Høgd med Gjerdi: Mildt, myrkt, rolegt VÍr; i Dag endeleg ein klaar blank "norsk" Vinterdag.

Og no er det Jol. Fin Jol ser det ut til.

Den som berre var i Jole-Huglag! – For meg

<side nr=90>

Gamlingen er det so, at eg helst ynskjer Joli var vel yvi.

Slikt heng ikkje rett ihop. Men naar det er so, so er det so; og Grunnar hev det visst nok av. Ikkje tenkje paa det i Dag.

– Eg er endeleg komin i Arbeid med "den nye Boki". Det gjeng godt, enno. For enno er det berre aa skipa og skrive upp alle mine "Lappar", slikt som eg hev rabla ihop i desse siste Par Aari, ettersom Tankane kom drivande. Vanskane kjem, naar eg skal til med "Samanhenge", Sogu.

Noko større Sogti er det elles i k k j e. Det er Tankar. Tankar som samlar seg um ein Grunn- tanke, eit Grunnspursmaal. Det vert ikkje mange Lesarar eller mange, "Upplag". Men di eldre ein vert, di mindre tenkjer ein paa det. Sistpaa røder ein helst "med seg sjølv", eller skriv "Dagbok". Naa-ja; det er Dagbok-Formi eg nyttar au. Um Lag same Maaten som i "Den burtkomne Faderen." Kva Namn Boki fær veit eg ikkje. Kannhende "Guds Rike"?? – Det vert m i n "Gamallmannsvisdom" som vert nedlagd i desse siste Bøkane av "Fred"-Rekkja.

Skrive og tenkje nyttar elles so lite, at eg meir og meir misunner Mannen min, han Paal i Kvernhusheidi, som ikkje skriv, men arbeider: gjennomfører i sitt eigi Liv den Tanken han hev funni; det er det einaste. Men no sit eg her. Kann skrive og inkje noko anna; og er for gamall til aa lære og taka paa fraa nytt av. Kvar skal ein so av? Der eg sit fær eg sitja no; det er ikkje Raad med det. –

– Gamle Jonas Lie, – han hev vunni det som er aa vinne med Pennen; og han hev naatt

alt som er aa naa, like til ein høg Alder. Men Ro? – Det er rart aa sjaa som han flakkar, no daa han ikkje lenger hev Thommen til aa styre
<side nr=91>

Baaten sin. Stundom er han her og stundom der; no sist var han paa Vegen til Berlin, vilde bu hjaa Son sin der, Militær-attachéen. Men vart stansa i Kristiania hjaa yngste Dotter si, Fru l'Orsa; der held han seg no; og dei fortél at han "gjeng paa Kaféar", "ranglar med Ungdomen" – er "med". Seigt, seigt, seigt er Live; og underlegt, utrulegt, ikkje til aa skyna maa det vera for ei Kraft som Jonas Lie aa gaa der og vera gamall; han k a n n ikkje det! – Døy ung er visst betre.

Me vil freiste aa faa han her ut ein Kveld. Lokke han med Vosseøl – som Hulda hev feingi fraa Bjørgvin –; han vil like aa drøyme um gamall Vosse-Villskap og Vosse-Kraft. Og eg, som sjølv tek til aa eldast, vil vera med paa det so godt eg kann. Det som var, veit me; det som vert – er det pinsame, tvilsame Spursmaale, som me Gamlingar av og til maa leggje fraa oss.

– Ja, ja. Me søkjer kvar sitt. I Ungdomen dei unge, i Alderdomen dei gamle; Live er so rikt at det hev noko aat oss til kvar Tid.

Men ingin maa klaga so lengi han kann arbeide; – um det so berre er Skrive-"Arbeid"; ein innbillar seg at ein arbeider, drøymar at ein gjer Gagn...

*Brev fraa Jonas Lie***<fmark ind="1">**.

Eilert Sundtsgade 22, 27/12 1907.

Kjære Arne Garborg!

Varm tak for indbydelsen til 2den Nytaarsdag.

Den frister mig stærkt, men jeg gyser i aanden

<fnote ind="1">Ved fru l'Orsa.**</fnote>**

<side nr=92>

ved at se mig stedt i slige vidløftigheder, som den lange tur vilde paaføre mig nu i kulden. Du ved nok hvor inderlig gjerne jeg vilde mødt Dig, og talt med Dig om mangt og meget. Nu er det imidlertid uoverstigelige hindringer fra min helbred.

Tag saa begge, mine hjerteligste hilsner og Godt Nytaar!

Eders *Jonas Lie*.

25. 12. 07.

I "Syn og Segn" for Desbr. segjer Rasmus Løland sitt siste klaare, ærlege og sanne Ord um vaart norske Arbeid og um Stemneleidir i Bokheimen i seinare Tid; og daa han no "talar fraa Gravi", vert det mindre Rom for Sinne og meir for Ettetanke.

Han hev set gløggare enn eg her; og enno tykkjer eg at han dømer noko strengt stundom. Og sumt av det han segjer um "Malm" <fmark ind="1"> viser at han hev berre sitt Rogaland aa døme etter; Aust- (og Midtre) Telemarki hev meir av Stor-snobbeskapen fraa Viki enn me Vestlendingar veit um. Men i det heile er det klaart Syn og streng Sanning som i rolegt Aalvor fører Orde.

Vanskane ved aa skrive godt norskt kjem meir og meir upp, di lenger me arbeider: klaarare og klaarare ser me, kor bundne me er av det framande paa all Vis, og kor vondt det er aa vinne att Fridomen. Paa høg Tid er det at me fær ei dansknorsk Ordbok; det som enno trengst er ei norskdansk Ordbok, – og ein norsk Grammatik med greid Framstilling av Stile-Læra (Syn-taksen). Og desse Bøkane kjem, so sant me i det heile held oss uppe. –

<fnote ind="1"> Av Vetle Vislie.</fnote>
<side nr=93>

– Mot meg er Løland for snild; mill. a. er eg langtifraa so mykje til Maalmeistar som han synest vilja gjera meg til. Men noko hev eg lært, som me alle lærer naar me fær Tid paa oss; naar eg ser paa mine fyrste Bøkar no, maa eg døme deim likso strengt som Løland dømer sine. Anna var daa heller ikkje ventande med den Upplæringi me fekk. Den som veks upp med tvo Maal vert alltid maallaus; det hjelper ikkje um han kjem fraa dei beste Maalbygdir. ("Gula Tidend" hev "Skytningsstova u n d e r Marknaden" (ikkje yvi!), brukar Gamalnorskt "som" Kulturmaal (**dvs.** til); "h e v" Møn i (tykkjer) osfr. osfr.; og Lavik er fraa Eksingadal!). Det er langt fram. Men at der er Framgang ser me; og naar me dertil s k y n a r at det er "langt fram", so vil det bera meir og meir fram-yvi.

– Sumt av det Løland skriv minner meg um ei av mine Ungdoms-Sutir – som elles heldt seg lengi ut gjennom Aari –: eg var berre "den femte" millom dei norskdanske, og i det høgste "den tridje" millom dei norske; og sjølv sagt maatte eg naa upp til aa bli "No. 1 paa Kyrkjegolve"! Etterkvart lærer ein, at det ikkje er Nummere det spyrst um; Spursmaale er: um eg fær gjort det e g kunde gjera. Fær ein gjort det, so er ein god og trugin Tenar, "Numer 1", anten so ein hev fengi 10 eller 5 eller 1 Talent. Og vilde ein i Ungdomen gjerne hava Braak ikring Namne sitt, so kjem den Dagen daa ein trivst best i Stilla – og med den Tanken, at det berre er dei "faae utvalde", som kann fylgje med; ja sist-paa vert det meir og meir so, at ein arbeider berre for si eigi Skuld: skriv til aa faa Fred for sine eigne Tankar. Og det vert so reint utruleg det same kva "Nummer" ein hev millom Folk. – Naa-ja; so er det daa visst for søme. –

<side nr=94>

– Eg vart sitjande heime og arbeide igaarkveld, i Staden for aa gange i Jolegilde; det er vel fyrste Gongen det hev hendt meg, at eg hev vori aaleine paa ein Jolaftan. Men det gjekk svært godt. – "Ein vert gamall."

– Ja denne Joli! Det er den gamle Heidnings-Høgtidi, med Mat og Drykk og Slaasting og Dans; den nye Mann-Guden Kristus er innsett i Staden for den gamle Mann-Guden Tor; det er ikkje anna. Som vel er minkar det med Heidningdomen; det vert mindre med Braak og meir med "Fred paa Jordi og Hugnad med Menneskjom"
– meir og meir, fær me tru?

31. 12. 07.

So er me ferduge med det Aarstale au. Aarstali skifter og Verdi er si same. For oss, som ikkje er Born lenger, er "Live" inkje anna enn det me sjølve kann gjera det til. Og det er Innhalde av all Religion: korleis me skal leggje "Meining", Innhald, inn i Live. Denne gamle Sanning hev eg endeleg fengi Tak paa, so 30 Aar for seint.

Men betre seint enn aldri.

Mitt andre, store Livsspursmaal var Bonde-tanken: "Heimen", Heimlande o. s. fr. Det held au paa aa klaare seg for meg no. Mi siste Bok – vel? – vert mi Forløysning ifraa det; det som er sant i den "nationale" Tanken skil seg ut fraa det, som er berre "Sanning for Tid".

Eg trur eg skal faa sagt i denne Boki det eg enno hev aa segja. Sidan vert det Arbeid med

<side nr=95>

det som eg skulde ha bruka all mi Arbeidskraft til: at me maa faa byggje Jordi um fraa eit Hér-Læger til ein Arbeidsheim.

At ein skal maatte bruka Livetidi til aa lære si Stavebok! Med alle vaare "Bøkar og Blad", med alle vaare Kyrkjur og Skular! – Eg fær vera glad, at Skrivingi mi ikkje vert berre livs-varug Drivplukking.

For min eigin Part er eg no komin so langt, at eg stend heilt aaleine. Det er ikkje huglegt; men det er det einaste som høver for meg, aaleine som eg var gjenom heile mitt Uppvekstre.

Dei skil meg ut meir og meir alle. Det finst ikkje eit Lag lenger, der eg høyrer til; sjølve "Maalflokken" stengjer meg fraa seg best han kann, og det heile Flokken, den "radikale" so vel som den kristelege. Og det maa so vera. Eg fær vel etterkvart mine heitaste Uvenir der, naar eg no meir og meir lyt taka upp den einaste Tanken eg ser Framvon i – den som endaa

skulde kunne hindre Pengevelde i aa gjera
Menneskje, Arbeidsmannen, til Træl: den gamle
Tanken som George hev reist til Liv att. Og til
det vil inkje vera aa segja i dette "Odels"-Land,
som hev gløymt Tanken i Odels-Skipnaden.

Og George-Lage er so lite, at det visst ikkje
magtar aa faa ut so mykje som eit Blad. So der
vert eg "aaleine" nok for mi Tid.

Ein Ting er eg glad for: no, daa Bergensbanen
kjem i Gang, vert det ikkje so langt millom min
Austlands- og min Jærbu-Heim. Og med Aari

<side nr=96>

vert Jærbuen i meg sterkare og sterkare. Eg
kann daa drive mine "tvo Gardar" paa den
Maaten, at eg er paa Jæren tidleg um Vaaren
og seint um Hausten; og midsumars møtest heile
Huse paa Fjellsætri vaar: Kolbotnen.

Daa skal eg greide det, anten so dette norsk-
danske "Norge" vert danskt, svenskt, russiskt eller
engelskt, ja um det vert kløyvt millom alle dei
store (og smaae) "Magtine" som drøymer um,
kvar for seg, aa reise det etter-romerske Verdens-
rike.

Farvel, 1907!

<side nr=97>

1908

5. 1. 08.

Frisk, fin Snøvinter.

Eit fagert Land er dette, draumfagert um Su-
maren, eventyrfagert um Vinteren. Gjev me so
sant aatte og raadde det!

Men styre det kann me ikkje, og mindre og
mindre eig me det. Nettupp no i Joletidir vert
me paa nytt Lag minnte um dette.

Pehrsson og ein annan Utlending tek det som
er verdt aa taka i Fjelli; Utlendingar og Halv-
utlendingar tek Skogen, og legg under seg Elvar
og Vatskraft; med Bonden ber det til Byen og
Amerika; Jordi vert sett under Fabrik-Vatn og
Hypotekskuld; Lande, som me so vidt meinte
berga ut or det gamle tyskdanske Embættsvelde,
sig meir og meir inn under framandt Pengevelde,
som vil kunna traakke det endaa meir ned.

Riksstyre – "Høgre" og "Vinstre" um kvar-
andre – hjelper Utlendingen inn-yvi oss av beste
Magt; andre Embættsmennar tek etter. Folke
gjev upp og fér sin Veg. Av vaare (6–800 Blad
er det 2 eller 3, som læt Sanningi gjelde og
spyr kvar dette skal bera av; dei andre segjer:
lat skure; Fanden spare; Skitt!

No sist er det Folkehøgskulelæraren, "Maal-
mannen", Vinstremannen, Georgemannen o. m. m.
Ullmann som er ute og driv med aa selja Lande;
det er ei Bygd upp-i Øvre Telemarki som vert

<side nr=98>

kasta for Fefoten no – um ein vil taka Orde fé i si upphavlege Meining. Bonden skal ut og Pengeveide inn der uppe med.

Det var Bonden som no skulde ha "vunni"! Ja; i Striden mot Embættsvelde vann han. D. v. s. Bonden var Héren som Slage vart vunni m e d. Men naar Slage er vunni, er det Hérførarane som tek Vinningi.

Og so gjeng det her. I Staden for det Embættsvelde som i gamle Dagar piska med Svipur, fær Bonden no eit Pengevelde yvi seg som tuktar med "Skorpionar". Men det gamle Embættsvelde sit paa Kontore hjaa Pengevelde og øver seg i aa svinge Skorpionane.

Her er t. D. eit Pengelag, som ser sin Bate i aa leggje eit Stykke Bygd under Vatn upp i Rauland. No plar det gange lett vint med aa leggje Bygdir under Vatn i denne Tid; Bonden er helst glad han fær selja, so han kann berge seg burt fraa heile den norsk-danske Fridomen. Men i Rauland blanda Heradsstyre seg i Saki. Og sette upp eit Brev til Riksstyre med Innhald som so: det er ikkje godt for ei Fjellbygd at brukeleg Jord vert sett under Vatn; kunde ikkje Landsstyre hjelpe oss eit Grand mot dette?

Breve vart sendt den rette Byrokrat-Vegen: gjennom "Amtet". Der skal etter gamall Skikk slike Brev liggje so lengi til dei vert dumbute nok aat det departementale Kaos; og um det aldri so mykje her var ein Vinstremann som var Amtmann: Breve fraa Rauland v a r t liggjande.

Men ein Amtmann er Kantorgut hjaa Pengevelde; Ullmann læt daa Pengelage faa Greide paa Breve. Og daa Pengelage hev sett ihop Svare sitt, sender Kantorguten dette Svare til Heradsstyre.

Pengelage krev, at Bygdestyre skal halde sin Munn. Vil Bygdestyre halde sin Munn, so skal

<side nr=99>

Bygdi faa Pengar for dette, lovar Pengelage. Slik Framferd kunde Bøndar tru ikkje var lovleg; men den Filologen som er Amtmann i Brattsborg hev ikkje meint so; han fortel Heradsstyre kva Pengelage segjer, underskriv det Pengelage segjer, og krev Svar av Heradsstyre paa det som soleis er sagt.

Bygdestyre hev fraa gamalt visst, kva Bøndar kann vente av Ernbættsmennar; no, daa Embættsmagti berre er Kantorgut hjaa Pengemagti vert det visst ikkje betre; og at Riksstyre er Inginting mot Pengelage, ser det; lat skure, segjer det, og vél ein Utsending til aa "forhandle" med Pengelage. Men baade Bygdestyre og Utsendingen hev visst, at inkje var aa gjera naar "Magtine" hadde slegi seg ihop; Utsendingen var so trygg paa dette at han likso godt tok seg ein Rus den Dagen Møte skulde vera.

Daa vart Pengemagti fornærma. Ho drog seg inn i seg sjølv att, og vilde ikkje meir. Men Amtmannen vert moralsk og gjev Bygdestyre ein liten Skorpion-snert (gjenom eit Brev som han sidan sét i Blade): "Bygdens Udsending mødte op drukken."

Men! – Pengar er Pengar. Og Stortinge er ventande; Riksstyre kunde faa Grillur; best aa faa Saki avgjort; Pengelage kryp ut av Hyltra si att og blidkar seg. 500 Dalar byd det til Bygdevegen der uppe, beint ut. Og det fortél sjølv kor snildt det tykkjest vera, naar det byd desse Bøndane denne Drikkeskillingen. Amtmannen er paa nytt Lag – "uagtet nødig" – lydig mot sin Chef; nytt Amtsbrev vert sendt til Rauland med dei blanke 500 Dalarne tydeleg uppsette; og i Blade fortél Amtmannen, att eitt av tvo: anten svarar Bygdestyre paa dette og fær Klagebreve sitt att, eller so vert Klagebreve liggjande i Kaos paa Amtskantore; æveleg; det er h a n Mann fyri.

<side nr=100>

Skulde Bøndar ha Rett til aa klaga til Regjeringi yvi eit Pengelag? –

– Me veit kóss det gjeng. 500 Dalar er store Pengar i ei Fjellbygd. Og ingin i Heradsstyre vil vaage aa "taka Andsvare" for aa segja nei til ein slik Søm, helst daa alle veit, at Bøndar er rettlause i Lande. Pengelage vil daa etter all Von faa sin Vilje fram med Drikkeskillingen sin. Men Departemente vil takke Vaarherre og Ullmann at det slapp aa blande seg upp-i dette. Og Stortinge **<fmark ind="1">** – vil takke til at det fær tegja, det au.

– Held det fram paa denne Maaten, so vil det ikkje vara lengi fyrr me alle flirer aat den store Riksretten i 1880-Aari. Det var Stang-Selmer som hadde Rett; Norig skulde likso godt strakst vori lagt inn under Sverig. Det einaste me vinn med det som seinare er gjort, er vel at Lande vert kløyvt millom fleire Røvarar, naar Domedagen kjem; men det hadde ikkje vori verdt aa koste nokon Riksrett paa oss for den Ting Skuld!

Ja-ja. "Me fær no sjaa daa." Den som berre kunde halde Arbeidsmode uppe. – –

11. 1. 08.

Idag endeleg Korrektur paa Stykke um Løland (til den siste Boki hans). Det ser meg ikkje verst ut.

Og Brev fraa Formannen i det n. Samlag med Ja til eit Spursmaal eg hev sendt inn um Jordstykke hans Løland: eg skal hava Fyrsterett.

<fnote ind="1"> Sjå Stortingstidende for 1908, side **158–172**, fyrespurnad frå representanten T v e i t e n til chefen for arbeidsdepartementet um Rjukanselskapets regulering av Møsvand. H. G. **</fnote>**

<side nr=101>

Men – Samlage hev alt Bòd paa Stykke (4000 Kr.). Eg fær vone paa lempelege Betalingsvilkaar; Formannen meiner au at det maa kunna laga seg.

So er me daa rolege for det. Reint framande Folk inn-paa Tune, – det er ikkje greidt, slikt, um Folk er baade rimelege og snilde. Helst naar der er Born. –.

– Hulda er i Elvrom. Dansar og held Foredrag. Godt so lengi ho er i si fulle Kraft. Og denne Gongen vert ho daa ikkje so lengi burte.

– Ny Gjente hev me fengi – fraa Solør. Ho ser greid ut, og talar Solørmaal. Det er daa liksom litegrand meir heimslegt!

25. 1. 08.

57. – Ja-ja. Eg kann vel snart segja at eg er "vaksin". Og so fort som Aari flyg no, so vil eg snart vera gamall, – um daa ikkje 1911 skulde leggje ein Stein i Vegen, som det er meg spaatt.

Det er ikkje mange som hugsar denne Dagen min no; "Jesus Messias" hev frelst meg fraa mykje uklaart. Av Ungdomen var det ingin i Aar – jau; e i Telegrafhelsing –; og av dei "Gamle" berre eit Par trufaste: Jonas Lie og "Kitty og Harriet" fraa Paris-Tidi, og Ivar Mortenson og Steinsvik fraa Fedraheimsdagane og utetter. Og so nokre faa fraa "nyare Tid". – At det minkar m a a i det heile so vera; di eldre ein vert, di lenger kjem ein ut paa sine eigne Vegar og Viddir, der færre og færre kann bry seg um aa vera med. Me er som Greinir paa eit Tre: skyt ut av same Stommen, og veks meir og meir ut ifraa kvarandre. –

For meg krøkjer "Livsringen" seg meir og meir ihop: eg vert Jærbu att; Heime-Minni

<side nr=102>

sterknar; den "vide Verdi" vert det ho var: Draum, um elles denne Draumen ikkje er so vill lenger som i dei unge Aari. Eg er "paa Heimveg"; og glad er eg. Sjølv "Arbeide" hev vorti noko anna enn det var. Arbeide er det einaste eg veit aa drive Tidi med. Kann det so attaat vera nokon til Hjelp paa nokor Vis, so vil ikkje det vera verre. –

– Med "Den heimkomne Sonen" – eller kva det vert heitande – gjeng det smaatt; men ei Bok vert det vel. For eit Par Dagar sidan "tala" eg (um George-læra) i Student-Maallage; det er gildt aa sjaa, at den Tanken arbeider seg fram. Me hev og no fengi det fysste vesle Hefte av det fysste, vesle norske George-Tidsskrifte ("Retfærd"); det ser godt ut. Kramer er visst i det heile ein baade klaar og klok og greid Kar; i Ordskrifte i Studentlage var han med, og det han sagde lærde eg av. Advokat Solnørdal var

og med; eg laut gaa fyrr han kom med i Ord-
skifte; men eg rødde litegrand med han og hev
lagt Merke til han fyrr; det er ein stillfarande
men stø kar, som ein visst kann vente seg godt
Arbeid av; norsk er han og, som vel er.

Det vert George-Tanken ein fær "tru paa" no;
han gjev Rom og Rett og bergar dertil Fridomen.
At ban smaatt um senn tek til aa arbeide seg
inn, det ser eg mill. a. av eit lite Arbeid um
"Kommunal Grunnskatt" som Borgarmeistar Ber-
ner hev gjevi ut. Han fylgjer med, den Mannen,
og held betre ut enn eg, sant aa segja, hadde
venta. Kommunal Grunnskatt er eit fysste Stig,
som dei fleire og fleire Stadir tek til aa vaage;
me skulde daa og no til aa freiste so smaatt.
– Men . . . um Norig kann vinne seg upp or
det Hav av Skuld det hev søkt seg ned i; um
denne gamle danske Provinsen i det heile kann
avle fram Landsstyrarar . . . Me fær sjaa. –

<side nr=103>

– Den norske Striden logar upp att, etter som
det ser ut, og etter Fraasegnir fraa mange Kantar.
At den "norske" Tonen i 1905 og utetter var
Komediespél – som skulde gjera del norske
trygge og svæve deim –, er likso klaart som at
"Samlingi" – der so mange sprukne Vinstre-
mennar dreiv inn – var eit nytt "Høgrenumer".
Vinstre i Tinge klarar seg ut att no, liksom all
Komedienorskdóm aa nyo reiser sitt rette danske
Merke. Det maa til, dessverre! me er ikkje
komne lenger. Eg fær trøyste meg paa mi Jær-
buvis med, at det er ei Stund att til Domedag
enno.

– Og so i Veg att

6. 2. 08.

Alt og inkje hender; alltid det same upp att.

No hev dei slegi ihel ein Konge att, og dertil
ein Prins; um det er Rotrivarar eller Herrar som
hev gjort det synest uvisst. Og sliks Slag er
det; i Russland lagar Politie sjølv "Attentat" rett
som det er. Slike Gjerningar berre styrkjer Politi-
velde, som er ein annan Arm av den same Magti:
Pengevelde, maa-tru.

Folke vinn inginting; Folke vert flaatt av det
eine Herredøme som av det andre; for alle Herre-
døme er skiftande Hamar for Mammon. No
ligg den engelske Mammon og styd uppe det
gamle portugisiske Kongehuse; d. v. s.: det gamle
portugisiske Kongehuse er heilt i Kløane paa
(den engelske) Mammon; Mammon er den all-
megtuge.

Men Folke svelt og lid vondt som fyrr. Svelt
og lid vondt i sjølve det varme, rike Portugal.
For Folke er det sliks Slag kven som raader;
det einaste Folke kann hugge seg med er "Fre-

<side nr=104>

den **dvs.** at det fær svelte i Ro, og ikkje tarv døy for Kniv og Krut.

– Det er med Fridomsdraumar som med Messiasdraumar. Godt so lengi ein kann tru paa deim. Men den som kjem upp i Aari, han sit meir og meir raadlaus og undrast og stierer: Fridom, Framgang, Folkefrelse, alle desse fagre Draumane, – inneheld dei nokon Gong noko som er meir enn Draum?

Kongen er daud, Kongen live; gamall Urett er daud ny og verre livnar upp i Staden; er her noko anna aa halde seg til enn Jesu Tanke: du, kvar i ser, skal elske din Næste som deg sjølv?

– Full av Tvil og Strid og Modløyse arbeider eg med Boki mi og kjem meir og meir til det: Jesus er den einaste Frelsaren; det gjeld aa hjelpe kvar sin Næste so langt ein kann; i "Samfunde" raar Fanden, fraa den Dagen av, daa det gamle Brorskaps-Eden stengde seg.

Og so fær ein "arbeide" for Framgangstankar, Stræve og tru so godt som ein kann; for med Tru held ein Tru og Mod uppe; og kven veit Kven veit? Det er det sterkaste Ord for Tru som eg no kann finne. –

– Henry Sienkiewicz skriv til Namn rundt i Landi um den polske Saki, um kóss Preussen fer fram der nede; han vil ha sterke Ord fraa mange til aa lyne dei preussische Teufel ned med. Gud gjev eg kunde laane han ein Ljonstraale. Men eg er so underleg daud. Ord, Ord, Ord; kva nyttar Ord meir enn Dynamittbombur?

– Um eit Par Vikur skal eg til Drammen og preike Henry George. Her i Norig b u r d e han kunna koma upp. Og han h e v funni att den gamle Grunnen, den som ein skulde kunna byggje trygt paa Dersom Lande ikkje vert lagt under Mammons Hjul fyrr me kann vinne so langt. –

<side nr=105>

– Vinstre synest vilja taka seg upp att. Det er godt aa sjaa, at Folk ikkje gjev reint upp; og vil Vinstre fram, paa ikkje-sosialdemokratisk Veg – den fører ikkje heilt fram, um so "Revolutionen" kom –, so m a a det fyrr eller sidan same Vegen som det engelske Folkepartie.

– Amtmann Ullmann hev sagt fraa seg Formannsposten i George-Lage, som vel er. Og Heradsstyre i Rauland hev ikkje selt sin Rett for 500 Dalar, som endaa betre er. Men "Fri Presse" er selt til Pengevelde, – um det kunde hjelpe til aa skræme Folk?

9. 2. 08.

Fyrr skreiv Mgbl. og Aftp., at Russen tok oss, gav me ikkje Lande til Svensken; no skriv dei, at Russen tek oss, gjev me ikkje Lande til Engelskmannen; under ligg, no som fyrr, at "Bonden

er Fienden". At baade Russ og Engelskmann gjev Gaum etter det som soleis vert skrivi, det tenkjer ingin paa.

Ikkje for inkje hev Lande vori Provins i 500 Aar; seint vinn me yvi det, u m me vinn det yvi. Den einaste nationale Von er Jordskatt-Tanken. Og Smaafolk som dette norske skulde fyrst kunna samle seg um den. Kannhende vaare norskdanse skal lære Bonden dette no etterkvart, – ved aa leggje Lande for Kapitalist-fot? – Til "Land"-brukshøgskulen paa Aas skal eg og av no og preike Henry George; betre Prestar maa vel snart koma etter. –

Det eg hev fengi til av Forteljingar og Skil-dringar skal ut i Samling (Utval) no; det er fysst best, skriv Nygaard. Den "heimkomne Sonen" fær eg daa noko betre Stundir med; – han lyt vente til Hausten; og det vil vera vel; det er

<side nr=106>
ikkje lett Arbeid. Og for det fyrste fær eg nok aa gjera med aa sjaa igjenom mine gamle Ting; baade Rettskriving og Maal og ymist anna vil der vera aa rette paa. Honorare vert ikkje svært stort. Men til god Hjelp i desse alltid dyrare Tidir vert det.

Det hender at einkvar av Bror-Borni mine ser inn-um oss; det er vaksne Folk det au alt. Og gild Ungdom, etter alt eg kann sjaa.

Men dei talar norskdanst liksom Tuften. Me gamle med vaar Norskdom, – eldest**<fmark ind="1">**

Igaarkveld var eg i eit Maalmanns-Lag: hjaa Halvdan Koht. Me var tri som tala norskt – eller daa halvnorskt –; dei andre – 20 eller so – tala vanlegt provinsdanst. Me trøysta oss med, at Skulane vert norskare; det er og fleire enn fyrr som høyrer paa dei norske Fyrilesningane hans Hægstad og skriv norske Stilar (50 av 500 – eller er det 1000? –). – Det tek til aa svinge; og er me Liv lagi, so rettar det seg vel etterkvart. I alle Tilfelle er eg glad at eg vann fram til aa vera meg sjølv, og Son av mi norske øtt, for min Part.

Fraa Landsbygdine er mykje godt aa høyre, helst fraa Vestlande. Men so er det Spursmaale: kann del 31 Riki samle seg? Eller skal Lande kløyvast – i tvo eller tri? Det gjeng so mykje, mykje seinare med Austland og Nordanfjells enn med Vestland; og dei som skulde vera dei førande no, synest ikkje hava Draum um, kva det her kann gjelde.

<fnote ind="1"> Garborg tala sjølv alltid norskdanst heime. Berre når han var ilag med Jærbuar eller andre norskstalande gleid han over i Jærbumålet sitt. H. G **</fnote>**

<side nr=107>

Kjem det ingin likare, fær eg vel laga eit Foredrag um dette au; skrive nyttar ikkje stort.

Tri Talur fær eg faa laga etterkvart, til aa fara ikringum i Ungdomslagi med: (1. George;) 2. den nye (jytske) Valmaaten; 3. Maalformi; dei Emni fær eg bala med, so lengi det elles er nokon som vil høyre paa meg.

13. 2. 08.

Hulda er ute paa Danseferdir att; sist var ho paa Rena.

Det gjeng den galne Veggen med Bygdene der uppe; eit alltid mindre Faatal legg Jordi og Skogen under seg. Og Folke vert Daglønningar og Sveltarar. Det er den Djevledans som kallar seg Kulturen. Og det viser seg, at korkje Folke eller Landsstyre hev lært noko av den syrgjelege Sogo som me tek til aa sjaa Slutten av no i dei store Rikdomslandi. "Kapital! Kultur!" skrik Nordmennane, plent som det Skrike aldri skulde vera høyrte fyrr. –

– Med Boksamlingi mi hev eg Vanskar. Den J. A. som kom etter Litleré, hev att noko av "Kolbotnbrev" og "Hjaa ho Mor", og det vil han no gjera Skillingar av; eg fær vone at Nygaard greider 'n.

For alle Tilfelle hev eg teki til aa sjaa igjennom "Bondestudentar". Der er ikkje lite aa rette; Maale er uferdugt, og Formi stundom noko laus. Men Teikningi i det heile maa vera god; i minsto ser ho frisk ut for meg, som etter eit godt Kvart-hundra Aar mest heilt hadde gløymt Serdragi.

<side nr=108>

21. 2. 08.

Igaar var eg paa Aas – "Land"brukshøgskulen – og heldt "Foredrag" um George. Det var Folk nok for meg; men eg trur ikkje "Land"-brukshøgskulen brydde seg noko vidare um George-Tanken. – Sundag skal eg til Drammen.

Hulda er i Skien og strævar med Folkevise-dans til ein Maalmarknad dei skal freiste med der. Stort Mod hadde ho ikkje; det er ingin der burte ho kjenner; og Skien er ein Smaaby som minst av alt i Verdi vil vera det han er: norsk. Me fær no sjaa daa. At Hulda fær slite er vel trygt nok; men – i Skien, som so mange Stadir elles i seinare Tid, kann det gaa betre enn ventande. Og noko Gilde paa Aarmaalsdagen sin – i Morgo – fær ho visst ikkje. –

– Lista yvi mine "Skriftir i Utval" (skipa etter Innhalde) ser so ut:

- 1) Bondestudentar (1. Utg 1883; 345 Sidur).
- 2) Mannfolk (1886; 258 S.).
- 3) Hjaa ho Mor (1890; 375 S.).
- 4) Trætte Mænd (1891; 349 S.).
- 5) Uforsonlige (1888: 210 S.),
- 6) Fred (1892; 347 S.)
- 7) Læraren (1896; 227 S.).

- 8) Den burtkomne Faderen (1899; 99 S.).
- 9) (Heimkomin Son?) (1908; –
- 10) Haugtussa (1900; 220 S.).
- 11) I Helheim (1901; 272 S.).
- 12) Sogur (or Samlingane fraa 1884 og 1903),
- 13) Brev (Kolbotnbr. 1889; Knudaheibr. 1904).

Det er ikkje mange Bøkar etter so langt Arbeid.

Og endaa er den siste (Heimkomin Son eller kva ho vert heitande) ikkje halvferdug.

Eg fær trøyste meg med, at det som er nedlagt i desse faae Bandi er Live som det saag ut

<side nr=109>

for meg. Det eg maatte gjera hev eg gjort; um det er noko Gagn i det veit eg ikkje.

Etter mange Aars Gruvling og Graving og Strid samlar eg meg meir og meir um Paal i Kvernhusheidi og hans Kristindom. Noko sovori som han paa Lag skulde eg sjølv ha vori – og hadde vorti det, um eg hadde fengi ein friare Vokstr? –; gjenom Paal fær eg daa segja det eg tykkjest hava lært, denne Jesus-Tanken som ser ut som eit Paradoks, men inneheld den Sanning me kann finne: at ein vinn Live naar ein ofrar det.

– Det er ei Sanning som faae skynar og færre kann gjera til Liv. Men di lenger me kjem burt fraa ho, di meir vert Live berre Daude.

23. 2. 08.

I desse Dagar staakar Hulda i Skien, "dansar" paa ein litin Maalmarknad der. Ho hadde venta seg heimatt i Kveld, men skriv no, at det kann ikkje bli fyrr Tysdag. – Igaar hadde ho Aar- maalsdag paa Aakre saman med Jon**<fmark ind="1">** – dei er fødde den 22de baae –; elles er det "Prøver hver Aften og Eftm."

– Den politiske "Sæsonen" hev byrja att. Spursmaale Michelsen hev vorti til Spursmaale Løvland; d'er ikkje lett aa segja um noko er tapt eller vunni ved det. Snartsagt alle dei som "vinn seg fram" paa den politiske Veggen er Bøygar, og Løvland er ein av dei verste; er ingin Stad, men er all Stad i Veggen. Noko-so-nær like eins er det med dei politiske Fylkingar; ingin veit kvar ein hev deim. "Vinstre" hev elles ny-skipa seg no, og skulde vera greid Fylking; men nokor sterk Tru paa denne Fylkingen synest der ikkje aa vera. Som rimelegt er. Politik er den Skodde-**<fnote ind="1">** Garborgs bror. **</fnote>**

<side nr=110>

heimen der Bøygar vrid seg og vind seg og velter seg og kverv, er og er ikkje, men vev inn og syg ut Folke, meir eller mindre sterkt, men jamt og æveleg. Me fær finne det meir og meir, me au no, daa den store Framand-Faaren er glidin meir undan. –

– Ein greid Kar hadde me i seinare Aar: Georg Stang; hans Bautastein vert i Dag avsløra.

Meir enn nokon annan Mann paa lange Tidir hev Stang samla um seg alt som var av norsk Hug og Vilje i dette uttraakka Folke; men han døydde, og Karlstad-Mennane raa'r. Kjem me lenger? – Den Bautasteinen upp-ved Holmenkollen med Namne Georg Stang og det norske Minneverse vil elles staa der som ein Minnar og ein For-kyunnar og gjera godt, tala vekkjande og samlande til alt som er ungt; og kunde so Folke ein Gong faa mane alle Bøygane burt–

– Ei norsk Innskrift paa ein Minnestein i Holmenkoll-Skogen, – det skulde peike fram-yvi? Det er som eit vaknande Samvit i Folke som segjer, at vil det vera til, maa det samle seg, og samle seg um det som er vaart. So "fær me sjaa daa", og "tru det beste". –

– I "D. 17de" skriv Lundegaard fraa øgypti, at det Folke som der bur, det er det same som hev butt der so lengi me kann skilja og sjaa; 6000 Aars Trældom hev Fellahen bori og liver enno. Liver og er den han var. Magtir og Fyrstedøme og Kongehus hev skift; Fellahen hev træla under sine egne og under framande Herrar fraa Faraonar og Babyloniar til Romverjar og Britar; men han er sin same; hev for lengi sidan gjevi upp alle Draumar; tek Verdi som ho er.

Det minner meg paa ein Maate um det som Leo Tolstoy no sist skriv ifraa Russland. Ein ny Maate aa gjera Umstøyt paa, ein kristeleg Maate, forkynner han: Folke skal ikkje "reisa

<side nr=111>

seg"; det skal lata all Politik fara, skal berre i k k j e l y d e dei Herrane som raar paa ukristeleg Vis; desse vil daa, etterkvart som dei ser seg aaleine, bli nøydde til aa gjeva upp sine Herrekrav.

Tanken er fin. Og kann Folke nokon Gong samle seg um aa liva etter den Tanken, so vil han føre fram til det høgste: til ei Verd som arbeider i Fred og liver i Brorskap. Um Folke kann gjennomføre ein slik "Politik"? – Tolstoy trur, at Russefolke vil kunna. Og daa skulde Russefolke, gjennom uendelege Lidingar, kunna frelse Verdi.

Draumen er stor. Men det er den kristeleg Tanken; eg kjem innpaa den i "Heimkomin Son" med. Um han kann føre til Frelse for Verdi er eit Spursmaal. Men at han inneheld Frelse for deim som heilt kann taka han upp, er visst.

26. 2. 08.

Sæl er ein so lengi ein trur paa seg sjølv. Trur at ein gjer noko som der er Gagn i.

Naar dei vaksne Aari kjem og dei klaare Augo, so er ein ikkje trygg paa dette lenger. Det vert eit einaste stort Spursmaal alt. Hev ein gjort noko? Og var det noko Gagn i det ein gjorde, um ein gjorde noko?

Meir og meir vert det som eit Samvits-Agg i meg, at eg skulde vori Bonde. Hadde eg det vori, dyrka Korn, ysta Ost, kinna Smør, so hadde eg daa vori stød paa at eg gjorde noko til Gagns: skapte Mat aat svoltne Munnar. Det hadde vori nok aa harme seg yvi daa au. Borni hadde rømt til Amerika, naar dei var framfødde; det meste eg kunde avle gjekk i Bankar og Skatte-krevjarar; sistpaa sat eg kannhende sjølv paa mi Tuve nakin; men eg hadde daa gjort det som **<side nr=112>** stod i mi Magt. Og so var det ikkje so langt att til Gravi.

No sit eg paa mi Tuve – ikkje nettupp nakin, men med Fange fullt av Tvil. Mi einaste Trøyst er, at eg hev naatt fram til Jesus; paa Jæren hadde eg vel knapt naatt lenger enn til Hauge. Og gjenom Jesus hev eg naatt Moses og den gamle Bondetanken: Jordi er for alle, høyrer i k k j e den rike Mannen til. Kann eg faa vera med aa hjelpe den Tanken upp att, kor lite det so vert det eg kann gjera, so vil eg sistpaa endaa finne "Meining" i Live mitt.

1. 3. 08.

Augo er so skrale stundom, at eg vert liggjande lange Stundir um Morgonen med "kalde Umslag", fyrr det vert so vidt Skikk paa deim at eg kann koma upp. Der ligg eg daa og drøymmer.

Helst er eg paa Jæren. Paa Myrar og i Markir, paa Haug eller i Heid; det er "gamle Dagar" som vil upp att, naar ein vert gamall. Eller gamle Spursmaal vaknar; men no er dei rolege mot dei fyrr var. Eg veit at det finst ikkje Svar paa deim; og eg veit, at det finst ikkje Raad for dette; og so finn eg meg i det med ei Ro som eg fyrr vilde ha dømt umøgeleg.

Snodigt er det og, at ein kann taka slikt rolegt. I alle Smaating gjeld det gamle: alt hev sin til-rekkjande Grunn. Berre naar me kjem til Stor-spursmaale, Grunnspursmaale, fær Pipa ein annan Laat: daa er alt grunnlaust. Verdi er den ævelege Skodda, som æveleg rullar seg ihop i Heimar og æveleg sprengjest sund i Skodde att. Alt: Formir, Ljos, Liv, Aand, veks fram utan Grunn, strider seg gjenom endelause Tidir fram til det høgste utan Grunn, frys til Is og sprengjest til **<side nr=113>**

Skodd att utan Grunn, vekkjest til nytt Liv naar det so kann høve, – utan Grunn; upp att og upp att æveleg, Amen.

Men dette som me kallar det aandelege i oss: det er kannhende ei høgare Tilværereform, som bergar seg inn i eit nytt Tilvære-Rike, naar Form og To kverv? Tjah. Det er ei Tru. Sømme meiner det er meir enn Tru. Men "Aand", det er berre ei Verksemd i det som me kallar To, segjer dei

fleste; denne Verksemd er utenkjeleg for seg sjølv . . . –

–Det som er visst er, at di eldre ein vert, di rolegare tenkjer ein paa dette. Ein er glad ved at ein hev vori til, og hev set dette gaatefulle "Livsens" Spél. Ein kunde nok ynskje aa faa meir Greide paa dette Spele, faa Tak paa kva det er som "ligg under". Men med dei aukande Aar er det ein Tanke som dreg med veksande og visst alltid veksande Magt: Tanken um Kvila. Det "ævelege", – det er Verdi i si endelaue Skifting som er endelaust det same; Meiningi i mitt Liv er det eg sjølv kann gjera ut av dette Live. Og sistpaa kjem Kvila, – som er Sæla.

– So drøymmer eg naar eg ligg der og ikkje "kann vera med". Og heile mitt Liv, og alt mitt Stræv, Tankar og Draumar og alt eg "vilde", kverv burt i uendeleg Ro; eg hugsar det ikkje lenger.

5. 3. 08.

Skinande skirt og blankt; Marts-Sol yvi Ny-snø; øventyr. Berre inn-yvi Hovudstaden ligg "Kristianiaskodda" som vanleg.

Men eg hev lòti flytja Skriveborde mitt. Det hev stadi framfor Vindaugo i Vinter; og det var

<side nr=114>

godt nok. Men no vert det for godt; Augo tòler ikkje all denne Sol-snø-glansen. Eg hev gjeng ufør fleire Dagar no. Men Live er ikkje Liv utan Arbeid; vert mindre og mindre Liv med dei veksande Aari. –

– Aa faa Skikk paa mine "Skriftir i Samling" vert ikkje so beint. Nygaard sender Fyrilegg um ei Samling i 7 Bolkar; men det er vel villt; eg hev svara med eit nytt Fyrilegg; men det kjem kannhende vel mykje i Strid med Forretningskrave: jamstore Band, som tek seg ut i Bokhylla. No "fær me daa sjaa".

– Ein Ting er eg glad for; Bøkane mine hev lite med Mote aa gjera. I sjølve mi naturalistiske Tid laut eg laga mi Form sjølv: hadde liti lesi og slett-ikkje sett meg inn i den franske Naturalisma. Sidan, daa meir romantiske Emne kom upp, skreiv eg paa Vers som det vilde falle for meg, eller freista med ein "folkeleg" Vismanns-stil som i D. b. Faderen; Tanken var i det heile: Emne og Form maa samsvara.

– Dette er daa og den einaste Lov som stend fast.

Elles skifter "Motane" mest som andre Modes de Paris. Eg veit ikkje kor mange nye Stilar me hev havt fraa den Tidi daa eg var ung; no hev me dei tvo alra-nyaste: Haukland paa sin Kant og Nils Kjær paa sin; denne siste skal endaa, etter det eg ser i Bladi, endeleg ha funni paa aa gjeva det som alt Balzac og Zola freista

med aa faa fram paa si Gjerd: "Livet".

Motar trengst i Aandslive som elles. Motar og "Konkurrence"; paa den Maaten vert alt drivi fram som kann koma fram, og det so fort at Folk ikkje vert leide. Ein Maalar fortalde meg her ein Kveld, kóss det skifter og braaskifter med "nye Idear" i Maalarkunsti; no skal det t. D. berre vera Farge; Teikningi s k a l vera laak helst. Det er vrangt for deim som ikkje kann

<side nr=115>

"fylgje med", her som i all Kappelstrid. Best farne paa Lengdi er vel elles dei som fylgjer sin eigin Veg, – so sant dei daa hev ein "eigin Veg" aa fylgje. Spursmaale for meg vert um eg det hev havt; eg hev meint det sjølv; men det vil vise seg. Var "min eigin Veg" berre ein Draum, so er Arbeide mitt ein Draum det med, og vert gløymt minst likso fort som Arbeidaren. –

– Millom det eg i det seinste hev lesi er ei Sogu – av Sven Lange – um Jesus for Pilatus; det er fyrste Gongen eg ser den Sogu fortald reint "menneskjelegt" og "historisk". Jesus er her ein litin vanleg jødisk Folkeprofet; og pint og jaga att og fram millom Magt og høgare Magt tek han seg ikkje noko serskilt ut. Hovudpersonen i Sogu er elles Kona til Pilatus; Spursmaale Jesus vert for Pilatus eit Spursmaal um aa gjera Kona si til Lags; for Kona – som er med Barn – er Bøni for Jesus ei Grille, eit Hugskot; til Slutt bryr ho seg mykje meir um noko ny Stas enn um denne Folkeprofeten.

Anatole France fortel i "Den hvide Sten" (dansk Umskrift) fraa den fyrste kristne Tid som ein Kulturmann fraa vaare Dagar vil fortelja, naar han er heilt ukyrkjeleg. Paulus er "en meget grim, skævbenet og surøiet Jøde fra Tarsus", som talar "meget daarligt græsk"; ("han havde i det hele aldrig talt med et dannet Menneske"; "Apostelen Paulus var for en (romersk) Proconsul hvad en Marabut er for den franske Civilguvernør i Algier); og i det heile: "disse Jøder nede fra Havnen er meget uvidende," og veit daa ikkje aa forsvara si Tru med anna enn "Spark og Næveslag". I Rom no vilde Paulus ikkje kjenne att noko av sitt; og "i London, Paris, Genf, vilde han forgjæves søge efter Disciple"; han vilde ikkje skyna korkje "Katholikerne eller de Reformerte, som omkap citerer hans virkelige eller

<side nr=116>

formodede Breve". Naar han saag, at Menneskesonen enno ikkje var komin, so vilde han "sønderrive sine Klæder og strø Aske paa sitt Hoved". Um Jesus veit me inkje. Han var "en n a b i og den siste av Israels Profeter"; "de moralske Grundtanker som gaar under hans Navn, skriver sig i Virkeligheden fra den Sværm af Hellige, der gik rundt og profeterede paa Herodes' Tid".

Det som er visst er at den evangeliske Moral ikkje er "Brud med Livet og Skjønheden", for di um han hev lati seg nytte til det med. Den "kristelige" Moral gjev den moralske Grunnlov, – den aalmenne moralske Grunnlov; ikkje meir, men ikkje mindre heller.

(5. 3. 08) Kveld.

Eg maa faa meg nye Brillur att; dei gamle vert for veike. Eitt Stig i Senn ned-yvi; ja-ja. Skrike nyttar ikkje.

– No, daa eg var ute paa Kveld-Turen min, kom eg til aa tenkje paa noko som eg saag Johs. C. Bull skreiv i Dagbl. her ein Dag, um "Materialisme" og slikt-noko, som mill. a. Frithjof Nansen vart skulda fyri, av di han ikkje trur paa den gamle Dualisme.

Me fær vel freiste aa faa innført Orde "Monisme" i Staden for "Materialisme". Aand kann ingin neite; men at Aand og To sistpaa heng ihop, hev sams Grunn, maa vel vera greidt; og anna kann det ikkje vera Tale um no for Tidi.

Grunn-Emne, "Tóe", inneheld Emni til alt, til aandeleg Kraft so vel som til likamlegt Liv – det maa ein daa tru, um ein vil hava Einskap i Tilvære –, desse høgste Emni – til Liv og til Sjæle-Kraft – hev dei enno ikkje kunna ettervise; og endaa mindre kann dei forklare aande-

<side nr=117>

leg Kraft av dei materielle Serskapar ved Tóe. Men i denne Tid; daa Granskingi grev so djupt, og vinn seg inn paa det eine "nye Land" etter det andre, er det vel minst verdt aa gjeva upp Voni um nye Tolkingar av det som dei fyrr kalla "Materia".

–Det er Synd for alle desse som gjeng og slitst i desse gamle Motsetningar. Var eg skikkeleg inne i Emne skulde eg skrive um det; men – det kjem alltid dei som skriv.

Men var eg ikkje so gamall og augneskral, so fekk eg nettupp no taka til aa lesa att, – og det for Aalvor!

16. 3. 08.

Ny Riksraadsspreng. Løvland gjengin. Honom er det visst ingin Saknad i. Men um Gunnar Knudsen greider det? – Me "fær no sjaa daa".

Dei "moderate" vil ikkje stydja 'n, ser eg. So vil han maatte liva paa Sosialdemokratane, – um han det vil og kann. Og vil han ikkje det, – naa, "Forretningsministerium"? Inginting? Eller Løvland upp-att? Uvisst aa vita. Men det som vert klaarare og klaarare er, at me er ein Provins som ikkje klarar aa styre seg sjølv, – enno paa ei god Stund daa visst. – Arme Norig. –

– I Dag hev eg skipa av Garde fystsste Sen-

ding av "Skriftir i Samling" til Prenteverke. For-
underleg lett hev eg teki det med Formi i minefysste Arbeid, so der er mykje aa stelle
paa; men er det i det heile noko Gagn i det eg hevgjort, so kann eg gjerne taka Arbeide.

Eg les Homer med Schjøtt att. Det vert eit
godt Arbeid i den – knapt ljose – Tidi som
no kjem; der er slik Kvile i det. Homers Tid

<side nr=118>

var – med all sin Hérstrid – Fred og Helse
mot den Nervefeber me no liver i. –

– "Mi Tid" driv paa og døyr. Den siste som
er slóppi er Fru Thaulow **<fmark ind="1">** – Numer ein; ho hev
klara eit ikkje lett Liv paa ein Maate som krev
Vyrndnad.

Ja, ja; sæle dei som slepp, – naar dei er
ferduge. Og ho var ferdug. Men fann visst ikkje
det sjølv etter det som vert fortalt; og det er vel
Spursmaale: um me sjølve finn at me er ferduge
nokon Gong?

Eg kjenner meg trøytt; og hev lite Mod. Men
i denne vesle Heimen min trivst eg; veks meir
og meir fast der; skynar meir og meir, at der
hev eg mitt sanne Liv; den vil eg daa vel mindre
og mindre kunna sleppe.

Naa; det er godt at kvar Tid hev sitt. Og
Dauden, – den greider me og, naar so langt lid.

Brev fraa "National-Demokraten".

Kjøbenhavn den 17/3 1908.

Hr. Arne Garborg!

Overrettsagfører Johan Pedersen i Aarhus har
henledet vor Opmerksomhed på nogle Artikler,
som De har skrevet i "Dagbladet" (Maj 1907)
om Flertalsstyre og Samstyre: Vi vilde gerne
bede Dem gøre os den øre at behandle det
samme Emne i "National-Demokraten"? – Des-
værre tillader vort Budget os ikke at give noget
Honorar, men vi tager med Tak mod Bidrag fra
alle, der interesserer sig for Sagen! –

<fnote ind="1"> Ingeborg Brandes, fysst gift med målareren Fritz Thaulow. H.G. **</fnote>**
<side nr=119>

Hoslagt medfølger nogle Nr. af "N.-D." samt
Udkast til Program for "Det nationle Fremskridts-
parti". Vort Mål er først og fremmest at dæmme
op for og råde Bod på Dekadencen i dansk Poli-
tik, at skabe lykkeligere Tilstande indadtil og
mere betryggende Forhold udadtil! Vor Devise
er: "For fri Valgret og Samstyre, for social og
national Retfærdighed!" – Det vilde glæde os
meget, om De og Fru Hulda Garborg sympati-
serer med vor Sag og vil støtte denne ved nu
og da at sende os Artikler om Samstyre eller
andre sociale Emner!

Med Tak for eventuelle Bidrag.

ørbødigst

Det nationale Fremskridtsparti,

Paul Visby.

19. 3. 08.

Gunnar Knudsen hev greidt det. Me hev eit nytt Styre so lengi det varer.

Vinstrestyre. Som med eller mot sin Vilje vert meir og meir stats-socialislisk. Me tek til aa "koma med i Kulturen" no; med i Sjøgangen Kapital–Arbeid.

Og i den kjem me til aa baske, til dess me lærer den gamle Sanningi som George sette upp. Og me er – etter ein Tanke som alt er komin fram i Tinge om Skatt paa sers verdefull Jord – so smaatt paa Vegen. Er me Liv lagi, so vil Pengevelde rett snart lære oss, at det gjeld aa finne Raad mot Uraad. Dei Folki som gjennomfører det gamle Visdomsbød : du skal elske din Næste som deg sjølv, vil berge seg gjennom Sjøgangen inn i trygt Farvatn.

Den som liver, fær sjaa!

<side nr=120>

– Dei gamle Riksraadane fær att sine fyrre Embætte eller andre av dei beste; eit Par – Seminaristar – hev vorti Amtmennar; det er nok godt likevel, at Lovi um Jurist-Eksamen for Amtmennar er avteki. No er Sven Aarrestad Amtmann i Nedenes!

– Det gjeng upp og ned i Verdi. Sven er komin lenger enn eg; og det skal vera han vel unnt. Men lengi maa det ikkje halde paa med dette at Straumen gjeng burt fraa Jordi!

Som vel er tek Bøndane sjølve – paa Vestlande – til aa skipa Jordbruksskular, billege og greide Arbeidsskular utan "Agronom"-Stas. Det er noko av det eg ser mest Von i no.

Jordi, – den vil halde ut, jamvel naar den utanlandske Pengemagti hev tømt Fjelli vaare og skapt eit fullkomi europæiskt Arbeidarproletariat. Sonesønne vaare, eller deira Sønir att, fær frelse Lande ut att av denne nye – siste? – store "Landeplaga".

24. 3. 08.

"Skattane veks"; det er den gamle Visa.

For i Aar skal eg betala Kr. 313,54 til Herade og Kr. 75,90 til Staten = Kr. 389,44. Det er snart 100 Dalar i Skatt for ein Bokmann som dertil er Maalmann. Inntekti hev Likningskommisjonen sett til 3 900 – ikkje 4 000 fullt, for det kunde eg leggje Merke til og klaga –; det skulde vera Kr. 1 500 umframt Rikshjelpi. I det siste Aare hev eg knapt tent Kr. 500 umframt. Men klaga kann visst ikkje nytte; endaa no kunde det snart vera Moro aa freiste, kannhende.

Det som visst er, at Straffi for aa vera til, den vert strengare og strengare. –

<side nr=121>

– Kontrakti um mine "Skriftir i Samling" er no underskrivi. Skriftine er: Bondestudentar, Mannfolk, Hjaa ho Mor, Trætte Mænd, Uforsonlige, Fred, Læraren, D. b. Faderen, Haugtussa, I Helheim, Sogur (or "Forteljingar og Sogur" og "Fjell-Luft" + "Ein Fritenkjar"), Kolbotnbrev, Knudaheibrev – og so den Boki eg arbeider med no, "Heimkomin Son" vert ho vel heitande. I Løn skal eg hava 20 % av Utsalsprisen for heile Upplage. Eg fær tru at dette vert so vidt at eg kann greide Tilvære for meg og mine i nokre Aar – med Statshjelpi og det Hulda tenar attaat –; men di eldre eg vert, di meir skynar eg, at Folk som eg, dei bør i eit Land som dette svelte i hel; me hev ikkje Raad til aa halde slike Bokmakarar, – enno daa visst. Aa gjev eg hadde siti paa Garborg! –

– Det norske Samlag er 40 Aar gamalt i Aar; tenk, det er ikkje meir enn 40. Torkell Mauland hev skrivi Sogo um desse Aari i siste "Syn og Segn"

Smaatt og stilt hev det livt, dette Lage. Men litegrand hev det fengi gjort endaa. Og det hev teki seg ikkje so reint lite upp i dei siste Aari, det hev Rikshjelp og arbeider mill. a. med aa faa ut norske Skulebøkar og ein norsk Bibel. Dei tvo fyrste Mosebøkane (ved Seippel) er no komne; Arbeide gjeng ikkje fort, men Maale er godt, det beste Maal som visst enno hev vori skrivi. Gode Utgaavur av gamallnorske Skriftir med ny-norsk Umsetnad vert utgjevne; det er og eit gildt Arbeid.

Det minner um mykje og mangt aa lesa denne Samlags-sogo. Ikkje minst for meg, som gjenom Samlage fyrst kom inn i det norske Arbeide; eg var endaa 5 Aar med i Styre, ser eg (Formann eit Par Aar, **1877–78**, etter Berner). Eg fekk ingin Ting gjort der, men "Meiningi var god";

<side nr=122>

umframt Heimskringla
kom eit Hefte Folke-
visur (meir vart det
ikkje; Moltke Moe var
med), ei Samling Folke-
Eventyr, eit Par Dikt-
ingar paa Telemaal; ein
Freistnad med
"gudelege Smaabøkar"
paa norskt dovna snart
burt (Moltke Moe og
Ivar Mortenson skulde
gjera Arbeide); Tanken
var min; eg var tru-
skyldug den Gongen
og meinte at me paa
den Maaten skulde faa
Bonden med. Det einaste eg trudde eg hadde gjort

i Samlage (etter mi Formannstid) – aa faa ut Skriftine av Vinje – er ikkje komi paa Lista yvi mine Verk; Uppskriftine fraa dei Tidir er burtkomne. Men det gjer det same, naar Arbeide er gjort. Mot Schjøtt har Mauland gjort noko-so-nær Rett, etter-som eg kann sjaa; det var paa Tidi.

So mykje hev dette vesle Lage i det heile ikkje gjort (hev gjevi ut 100–130 Bøkar og Hefte); det fær, som Mauland segjer, trøyste seg med at Viljen hev vori god, og at Samlage hev gjort si Nytte berre ved aa vera til. – Halvdan Koht skriv til Slutt um "gamle Samlagsminne og Sam-lagsmennar"; det er godt skriv, og alle Namn er komne med (so vidt som eg kann sjaa), fraa Vinje–Werenskiold–Sars til Karl Johan Nilsen–Hallvard Johansen–Hølaas–Fjørtoft. Ikkje minst fortentar Koht Takk for det han skriv um Hølaas; denne gilde, rare, støde Trønderguten hev i det seinste vori altfor mykje gløymd.

<fnote ind="1"> Statsrevisor Andreas Hølaas, seinare Fut i Setisdalen.

H. G.</fnote>

<side nr=123>

– – "Ja, ja; me stræva so godt me kann, at Norig seg upp skal yngje;" han bør vel ein Gong koma, "den rette Mann," som skal med full Kraft paa norskt Maal syngje: men med smaae Stig gjeng det fram, paa Bonde-Vis.

27. 3. 08.

Glup er Tyskeren. I Bokvegen ikkje minst. Millom alle dei gode og hendige boklege Ting han hev er det ei "Sammlung wissenschaftlich-gemeinverstøndlicher Darstellungen aus allen Gebieten des Wissens" (B. G. Teubner, Leipzig); kvart Band kostar 1 Mk. og er aa faa serskilt; ei heil Boksamling er alt komi no av desse greide hendige Mark-Bandi. Dei handlar um alle Ting, fraa "Wesen u. Wahrheit der Religion" til "Statistik", "Bakterien" o. s. fr.; eit Band som er sendt hit hev til Titel; "Henrik Ibsen, Bjørnstjerne Bjørnson und ihre Zeitgenossen"; Bokmeister: B. Kahle.

Det er ei greid og – etter det eg enno hev set – i det heile paalitande Bok. Ibsen og Bjørnson hev tvo Kapitel kvar; me andre (Lie, Kielland, Fru Skram, Hans Jæger, Chr. Krohg, Garborg, Hamsun) hev eit Kapitel ihop; men Mannen fær utruleg mykje med paa Sida, og legg seg serleg etter aa faa fram Tankar og Synsmaatar hjaa deim han skriv um.

Han er ikkje noko urimeleg mot ein stakkars norsk-national heller. Han gjev meg nok "ein gløhendes H a s s gegen das Dønisch-Norwegische in Sprache u. Kultur," og like eins "H a s s gegen die Zusammenkopplung mit Schweden" og "I e i d e n s c h a f t l i c h e Liebe zum norw. Volksthum"; men Herre Gud; det er Hass og Liebe som skal til i nationale Spursmaal etter europæisk

Meining, so um det er inkje aa segja.

<side nr=124>

Det læt seg ikkje neite: eit Folk vinn paa alle Kantar ved aa vera stort. Der kann ein Tysker for ei Mark faa Greide paa alt som vitande er i kva Emne som helst; og for 20 Mark fær han eit Repetitionskursus i heile Samtidskulturen. Men me Smaafolk og Fatigfolk, – ja me hev inkje sovori. Me lyt lære Tysk me, skal me faa vera med.

Naah! kva Raad er her. Me som kann lære Tysk, me fær lære Tysk, og umsetja til norsk det som Folke her treng, og fær elles lite paa at Folke hev Tidi for seg, so det kann vekse og rikne. Men veks det ikkje, so minkar det av, døyr burt, veks inn i større Folk (som det amerikanske); det vil ikkje vera meir aa segja um den Ting. Naar alle strider for Live det dei kann, so vinn dei sterkaste og legg dei andre inn-under seg, – ét, til dess dei sjølve vert etne.

– Men. naar eg les um at eg hev "Hass", eller er "leidenschaftlich", – so sukker eg med meg sjølv; gjev det var so vel. Det maa visst til. Og det at me norske hev so lite Leiden-schaft her, – det spaar oss vel ikkje berre godt. Men ein fær vera som, ein er, og sparke i Veg som ein kann; naar ein høyrer med til eit so lite og so kløyvt Folk, so vinn ein vel sjeldan lenger enn til den Bøni fraa Evangelie: eg trur, Herre, hjelp mi Vantru.

Sterk i Trui hev eg nok aldri vori; og det hev vel gjort sitt til, at eg stundom hev vorti "leidenschaftlich"; det galdt aa døyve Tvilen ned. Med Aari veiknar Tiltake, og Tvilen fær meir Rom; men so vert ein meir "langsynt", og stolar paa,, at slike Spursmaal vert ikkje avgjorde paa ein Mannsalder. Det som det for oss som for andre Smaafolk gjeld um er aa faa trygde Live vaart; kann me det, so er det ingin Grunn til Vonløyse. Men no hev me sumla burt 100 Aar med Svenske-

<side nr=125>

strid; og no skal me igjenom det Pengevelde som dei lengst framkomne hev stridt yvi det verste av (Engeland?); nokon lett Bask vert det ikkje; og um serskilt mitt Folk, Bøndane, kann koma med i rimeleg Tid

– Sjølv er eg gamall. Spursmaale ligg for meg som eit Tankespursmaal; Stridskrafti veiknar; eg er mindre og mindre "med". Det er stridt aa vera so gamall naar ein berre er 58 Aar; men det heng vel ihop med, at eg hev havt so mangt og mykje aa stridast og slaast med. Eg laut sprengje for hardt paa; og daa kjem han snart, Alderdomen, med sitt gode og sitt mindre gode.

Til det mindre gode høyrer minkande Arbeidskraft. Og minkande Livsmod. Mine "laake

Ridir" kann vera stride no; i desse Dagar hev eg havt ei av deim. Daa er det so, at eg ofte knapt kann vinne meg upp um Morgonen; kva i Jøssu Namn hev eg uppe aa gjera.? ?

– – Gjev eg var Bonde! – so hadde eg daa eit Arbeid som eg v i s s t e det var Gagn i. So tenkjer eg tidt. Men skal eg so tenkje meg um, so tvilar eg paa um eg hadde dugt til Bonde heller. Og Enden vert, at eg duger til ingin Ting. Eg hev berre ei Raad: finne paa noko aa arbeide med, som kann taka Tankane....

29. 3. 08.

Igaar hadde Det norske Samlage sin 40-Aars-Dag.

Det er ikkje eldre. Men det hev arbeidt seg inn, so ein kann ikkje tenkje seg det burte, kann liksom ikkje hugse den Tidi daa det ikkje var til.

Men det er berre 40 Aar gamalt. Det er ikkje meir enn 50 Aar sidan Aasen og Vinje og i det

<side nr=126>

heile dei fyste norske Nordmennane gjekk her og livde og arbeidde. For denne gløymiske Tidi er 40-Aars Minne alt gamle.

Mange hadde møtt upp. Men av 40-Aars-Karane var det berre nokre reint faae, 4–5 eller so, dei andre er burte, eller daa spreidde hit og dit ikring. (Ein, Schjøtt, sat elles heime og var krimsjuk; – han er mest aldri ute no). Fleirtale av deim som møtte var yngre og reint unge; sume eldre var med som er unge her i Oslo, som Mauland – den andre Jærbuen som hev siti i Samlagsstyre – og Jørgen Løvland (som igaarkveld hadde lagt all politisk Stas av seg og var berre ein norsk og norsk-talande Mann; det var reint Livsvon aa sjaa Karen att so vidt folkeleg!) – Der var og Folk som eg i k k j e hadde venta aa raaka i Det norske Samlag, soleis Chr. Brinchmann fraa "Aftenposten", ja Erik Vullum – Stakkar, han glid visst meir og meir ut av all Dans --; so var det mange greide Gutar som eg ein Gong hev kjent, men som i seinare Tidir er komne heilt ut av min Veg; nokre Tingmennar var der og (eit Par Præsidentar mill. a.); men Fleirtale var ny øtt, Ungdom, Karar og Kvende; det saag ut til gildt Folk, og dei eg raaka paa tala norskt, stundom fint norskt. Det var eit gildt Møte for ein gamall Samlagsmann; andre Greidur var det no enn paa vaare smaae Aarsmøte upp-i Studentersamfunde i gamle Dagar. Og endaa er det underlegt med det: 57-Aars Augo ser annleis enn 27-Aars . . .

Det vart tala, baade mykje og vent; H. E. Berner fortalde fraa den fyste Samlags-tidi (daa Samlagskarane og Skandinavane stundom hadde Møte samstundes i "Samfunde", Skandinavane i den store Salen, dei norske i eit lite Kòt jamsides;

og naar desse norske gjekk um Kvelden, stod Skandinavane oppstelte i Rad utanfyri og glodde

<side nr=127>

og flirde; – det er berre 40 Aar sidan!). Gjelsvik minte um dei norske Regjeringsmennane som ein Gong i eit Regjeringsdokument skreiv, at me hadde meir enn nok av Kjærleik til, Tru paa, Hug for det nationale o. s. fr. No vilde jamvel den stridaste Høgrestyrar agte seg for slike Ord; og alle rimelege Regjeringar hev iminsto ein Kyrkje-raad som finn seg i, ja kannhende er glad i norskt. Av dei fraafallne, vert serskilt Aasen og Vinje nemnde; det var som "Fedrane saag att paa Jordi"; og "kjende dei ikkje att" Samlage so maatte det vera av di det no saag so mykje gildare ut enn i deira Tid.

Helsingar kom fraa mange, baade Lag – millom deim Knudsen-Maallage – og einskilde fraa alle Kantar, alt ifraa Trums. Noko av det som gjorde meg best aa høyre var noko som vart meg fortalt fraa Telemarki o. a. St. um norskt Skulemaal som vinn seg meir og meir inn; det viser seg daa og, som ventande var, at Borni lærer lettast og best danskt au, naar dei fær det tolka paa sitt eigi Maal. Det er med det som med all Maal-Læring.

– Rolegt og stilt og fint gjekk det fraa fyrst til sist, utan Toddy og utan Braak som stundom i gamle Dagar; Hugnad var der visst lel, – um no ikkje serskilt eg var i mitt Høgtids-Lag. Sist-paa vart det Dans; norsk Dans og Folkevisedans og Vals – til fint Felespél av Olav Mo – og Valsen heldt paa, daa eg rusla. –

<side nr=128>

At det "gjeng fram" er visst. Og det norske Folkemaale maa vinne seg heilt fram, – so sant Folke sjølv kann halde seg uppe.

– Nettupp i desse Tidir ser det ikkje noko framifraa ut; me hev ikkje Svensken lenger til aa halde oss saman, og so driv me kvar vaar Veg; Stortinge er firkløyvt og kann snart ikkje halde uppe eit Riksstyre. Men me lyt no vel lære, veit eg? –

Samlande Tankar og styrande Mennar . . . det er vel det som seinst veks i slikt eit sundkløyvt og framandstyrt Folk; men etterkvart maa me skyna kva som trengst, og lære?

Galenskap; Hugsjuke

Stride Vilkaar byd dette Lande Folke sitt; ser-
leg er det hardt paa Lengdi for deim som skal
slite si Tid i tronge Bygdir eller paa einslege
Fjellgardar.

Sinnssjukdom er her daa nok av. Stundom er
det gudeleg Ørske, som kann herje heile Bygde-
lag; stundom er det beint ut Galenskap, som kan
slaa ut paa alle fæle Maatar; og svært ofte er
det Hugsjuke av ymse Slag, Tungsinn, Sjølvleid-
skap, Livsangest. I Dag fortél Bladi um ein
Mann uppi ein Avdal, som vart galin og drap
ein tri Aars Gut med ei Øks; i Morgo er det
ein som hev gjort Ende paa seg av Sut for Ut-
koma eller av Rædsle for Helvite . . .

– Eg gjeng sjølv med sovorin Sjukdom i Blode.

Enno hev han aldri fengi Magt. Men med Alderen
synest han auke; det hev vori ei Tid no, daa eg
ikkje so sjeldan hev komi til aa minnast Far min.
Det er som han sktilde vilja "koma att". Som
han skulde vilja draga Son sin etter seg.

<side nr=129>

Verst er det um Morgonen; daa er det stundom
at eg ikkje er Mann for aa vinne meg upp, –
fyrr det kjem so vidt at eg endaa mindre er
Mann for aa liggje; daa vert eg "pint" upp. Og
det varer lengi fyrr eg kjem i Arbeidslag. Hjar-
teklembd og huglaus gjeng eg og vrid meg; agtar
eg meg ikkje, so kjem det Sukkingar og Stynjingar
mest som eg laag paa ein Pinebenk; eller eg røder
høgt med meg sjølv, so eg støkk og mest tykkjest
høyre han Far; og det som er det verste: hjarte
like sæl og leid er eg av alt; alt eg tenkjer paa
piner eller tyngjer meg, og alle eg minnest
ingin kann hjelpe meg; Spursmaale er berre um
eg kann klara aa v i s e m e g roleg, s j a a ut som
ingin Ting var. Med alt dette er Vite like klaart;
det er berre Hugen som er sjuk; men den kann
vera so sjuk, at eg stundom heilt skynar Far
min.

Eg hev havt mange slike Morgonstundir i
seinare Tid; og det som gjer meg uroleg er, at
Arbeidshugen meir og meir synest dovne. Fyrr
hadde eg alltid Arbeide aa berge meg med, um
Hugen var myrk; no bryr eg meg i slike Stundir
minst av alt i Verdi um Arbeid; kva Arbeid eg
tenkjer paa, – det er berre meiningslaust og
keidsamt. I Dag tenkte eg med Uhug paa sjølve
den Boki eg arbeider med – og uferdige Bøkar
plar daa alltid halde Hugen fast –; og jamvel
no, daa eg er komin noko-so-nær i mitt vanlege
Lag att, tenkjer eg paa Boki mi utan Arbeids-
glede.

Det er ei Rid; det gjeng yvi att. Fyrr eller
sidan. Men dette at Ridine kjem att og kjem att,
og vert verre, fær meir Magt og held lenger paa,
det er uhuglegt; vinn eg ikkje yvi det, so kjem

den Dagen sidan eller fyrr, daa eg er heilt arbeidsufør, og dermed ikkje livsfør. Og kvar skulde eg daa gjera av meg? Denne Kroppen med si

<side nr=130>

Bondehelse trass i ymse Smaaplaagur, – den slepp vel knapt fraa Leiken so snart som i 1911.

Naa. Eg er nøydd til aa halde meg uppe. Og det ein er nøydd til, det kann ein; dessutan, naar det knip, so kann ein arbeide utan Arbeidshug med. Umskrivar-Arbeid og sovori; det maa eg kunna greide kóss, det gjeng og kóss det snur

4. 4. 08.

Det tek til aa vaare. Snøen tiner; Lufti er graaleg og linn.

– Fraa "Hugsjuken" er eg gjengin inn i ei linnare men likso meiningslaus Smaapine: Kjæld i Kroppen ("Forkjøling"). Det er so lite at det er mest ingin Ting: men endaa er det nok til aa døyve baade Arbeidshug og Arbeidskraft; og – noko av det eg minst skynar –: Handi vert so ustø; eg kann mest ikkje føre Pennen.

Arbeidsmannen som rømde fraa sitt Arbeid lyt taka si Straff. Eg skulde sìti paa ei Husmannsheid paa Jæren (og dyrka Jordi aat komande Pengeherrar); so hadde eg vori mykje mindre stakkarsleg.

No fær eg vel til med "Gymnastik" i Staden; – den som ikkje vil gjera noko til Gagns, han fær taka sitt Straff-Arbeid. Og no er det ein Danske som hev funni ut eit lempelegt Straff-Arbeid: 15 Minuttar Kroppsrørslur (med ein litin Kroppsvask) um Dagen skal gjera det. Han hev arbeidt seg upp paa det sjølv fraa ein Krusling til ein Kraftkar, og mange andre hev røynt det; det rimelege ved Tanken er at det ikkje er det minste Grand Stas- eller Uppvisningsgymnastik, men berre det som trengst for Stogufolk til aa

<side nr=131>

halde Kropps-verke i Gang. Og so kann ein sidan auke paa, um ein vil bli Ovkar.

Det er skralt nok, at me her i "Kjæmpers Fødeland" skal maatte lære Kropps- og Helse-kunne fraa Danmark; me var slike svære Karar mot "Jutane" ein Gong. Men me kjem etter i alt: hev lært tysk Kontor-Kultur fraa Danmark og fær no takke til, at Danmark gjev oss Lækjeraadir mot den Armodi me paa den Maaten hev dregi paa oss. Den vanlege "Sport"en er for deim som kann drive si Tid med slikt, og ikkje for oss vanlege Krakkslitarar.

– Danskane er i det heile i merkeleg Framgang. Me hev sumla burt 100 Aar med Svenskestrid, Maalstrid og onnor Fyribuing til eit folkelegt Liv, og er enno ikkje komne lenger enn til

aa stræva med aa gjennomføre den "Parlamentarisme" som dei mest framkomne Landi no hev freista og ser ikkje fører fram; no skal me og, sist av alle, taka til med Storpengvelde og all den Uhyggja, som fylgjer med det. Men me fær sjaa aa "fylgje med", til dess me kjem so langt at me veit Veggen sjølve; og hev Danskane fyrr ført inn-yvi oss mykje framandt Skrap, so er det ikkje meir enn rimelegt at dei no lærer oss eitt og anna som det er Gagn i. Og det er Gagn i mykje av det som kjem fraa Danmark no.

M. Hindhede lærer oss soleis ein ny – i Røyndi vegetarisk Matskikk, som før det fyste er so mykje billegare, at jamvel Folk med 500 Kr. um Aare vil kunna liva paa Folkevis, og attaat so mykje helsesunnare – som t. D. Japan- og Kinafolk er meir livsglade enn dei nerve- og sinns- og mage- og bløresjuka og pessimistiske Europa-halvville. Eg hev aldri vaaga meg til aa tru paa Vegetar-Læra; ho var ikkje vitskapleg; no ser eg, at den gamle stive europæiske Lækjekunna er nøydd til aa "burtforklaare" slike Ting som at

<side nr=132>

Gong paa Gong vinn Vegetarar i Prøvur der det gjeld um aa halde ut; i Amerika hev dei gjort Freistnadar med Herfolk, og Utfalle vart det same; i det heile: den europæiske Halv-Villmannstid lid imot Enden, anten det so sidan vert Europa eller Asia som tek Heims-Styre dei som liver fær sjaa. – I Boki hans Hindhede og finn eg Opplysningar som synest høve for det eg hev røynt og meir og meir røyner; og det skulde daa ingin Mystik turvast til aa greide vaare mange Vanskar med "Livsmeining" og slikt; me liver so at me vert sjuke, og so svartnar alt for oss, som ingin kann undrast paa.

– Lange, lange Villmannstidir hev Europa havt; etter 1789 hev me ein Halvkultur som maa vinne fram til heil; og daa kunde endeleg den store Arbeids- og Samarbeidsfreden koma, som skulde gjera Jordi fraa ei Slagtarbu og eit Sjukehus til ein Mannheim?

8. 4. 08.

Fyrr slost Nordmennane med Sverd; no held dei paa aa ordkjegløst. Ikkje minst i Bladi fører dei Krig; i det seinste er det helst Vestlendingen det gjeng ut yvi; han er Eskimo; jamvel i Maalblad fær han av Austlendingar høyre at han er "sur" o. s. fr. Men Vestlendingane flirer med seg aat den "tunge" Austlendingen. Kløyve Skallane paa kvarandre var det dei norske Villmennane alle Dagar vilde; ein Gong lyt dei vel vinne lenger. Men det gjeng ikkje fort.

Eitt og anna gjev Vonir. Austlendingar kjem med paa norskt Maal; og naar dei kjem so langt, ser dei at dei er norske, og at alle norske er

same Folke. Ein Nord-Gudbrandsdøl, Tore Ørjasæter, sender meg ein Diktsamling: "øttar-Arv";

<side nr=133>

i sjølve Titelen ligg noko av den austlandske øttekjensla; og Guten skriv eit Landsmaal som er reint vestlandskt i Formine; fær me Tidi paa oss, so finst me vel til Slutt.

Noko framifraa er det med denne Tore Ørjasæter: han er Bondeskald; priser i sine Kvad Bonde-Arbeide; eit av Kvædi heiter beintfram: Yrke-Onn paa Odelsjord. Og det gjev Mod. Det var i det heile det me helst skulde vente av Austlendingen: Sjølvkjensle. Vestlendingen hev mykje baska med for smaae Kaar, so Tilvære hev vorti for tungt og trongt; Sjølvkjensla, den aandelege Helsa, hev veikna, og dermed Huguen til Heim og Land. Austlendingen er noko betre farin; og i det nationale skulde han daa kunna bli Fyrigangsmann. Men Vestlendingen vil arbeide seg upp etter kvart, – um elles ikkje Politiken legg Lande reint øyde.

– Ja den Politiken. No held dei paa aa vippe det nye Riksstyre, jamvel fyrr det kjem i Arbeid.

Um det i det heile nokon Gong vert Skikk paa norsk Politik? – Halvdanske mot (halv-)norske, Austland mot Vestland og Nordland mot Sudland, og no dertil meir og meir Arbeidar mot Arbeids-herre og Husmann mot Gardmann; kann me vinne yvi alt dette Krangle, fyrr den Dagen kjem daa Storsvensken treng til aa e r ö f r a N o r g e til Hjelp mot Smaasvensken?

– Di eldre ein vert, di meir vert alt berre Spursmaal.

E. Skr. 9. 4. 08.

Regjeringi stend – med Hjelp av nokre av Halvhøgre ("Moderate") og Sosialistane.

– Til so lengi!

<side nr=134>

10. 4. 08.

Etter Løland hev eg dessverre vorti Medstyrar i Bokmeistarlage (var Varamann fyrr).

Der hev eg ingin Ting aa gjera. Men Tidspill vert det alltid; og Tidspill som eg berre fær Uhugnad av.

Eg var i eit Møte i Gaarkveld; det som særskilt var uppe var eit gamalt Spursmaal; og eit vonlaust Spursmaal.

At me er ein Provins, det viser seg ikkje minst i alt som kjem Bokheimen ved. Og i slike Spursmaal vert Stortinge so reint syrgjeleg Amtsting.

Det rette var, at det gav ein nokorlunde rimeleg Sum um Aare – 10 000 Kr., um øra skulde vera berga – til Bokheimen, og so ikkje brydde seg meir med det; Kyrkjestyre saman med Bokmannslage fekk skifte ut desse Reiseskillingane.

I Staden for det, so, gjev Stortinge no for Tidi 3 – tri tusund Kr. um Aare, og vil sjølv vera Over-Nemnd til aa avgjera kven som skal faa "Hjelp" av denne Tiggarskillingen.

Og rett som det er, so er det eit Kvinnfolk som smeikjer seg inn hjaa Folkerepræsentantane og fær Storhopen av desse Skillingane: 1 500 Kr. um Aare, – eit Kvinnfolk som hev so lite med Literatur aa gjera som Raad er. Og so sit alle dei andre Stakkarane og svelte, daa, maa-vita.

– Me er Provins, og livver mest paa Danmark.

Men no tek Danmark og til aa sjaa surt til dei norske Provinsdanskane; desse er ikkje so velkomne i det gamle Heimlande som dei var. Sjøelve den Kristianssandsdanske V. K. fortalde uhuglege Ting fraa si siste Danmarksferd. Danskane reknar oss ikkje rett med; og før Danmark er det mest um aa gjera no aa vera til Vens med Sverig. Men norske kann vaare stakkars provinsdanske ikkje vera; so stend me kløyvde som

<side nr=135>

fyr, og døyver kvarandre; og nokre uvedkomande Fyrar i Stortinge som ikkje hev Draum um Literatur, steller med oss plent som dei vil; det er ingi Raad med det.

Um me nokon Gong kann samle oss? Eller um me skal halde paa aa krangle, og slaast, og svelte kvarandre og pine kvarandre, til dess Svensken kjem og tek oss? ? –

– Berre Spursmaal, her som i all Ting. Bokmennane drøymer elles um aa faa i Stand noko Kveldsmoro til aa tena eit Grand med; men dei veit, og vedgjeng: "vi er upopulære" . . .

– Den 1ste Mai skal eg preike um Maale i Filolog-Lage. Eg fær vel halde fram Samlings-Tanken daa, dette Livsspursmaale, um me nokon Gong kann samle oss...

15. 4. 08.

Eg sit og gjeng igjennom "Mannfolk".

Det hev ikkje vorti "Bok". Og eg ser kor det hev seg: Emne hev bødi meg so imot, at eg ikkje her rett hev kunna taka det aalvorsamt.

Denne Trollkjerring- og Trollbukkedansen yvi dette Gate-Blokksberg – eg vilde sjaa det menneskjelege attum; men det troll-ville og troll-løglege vart for sterkt; mest heile Tidi fortél eg med ein Halvfliur um Munnan.

"Fri Elskhug" – naah; ein Mann som Georg Jonathan maatte kunna greide det, – dersom han fann "den frie Kvinna". Læt ho seg finne; nyttar det aa drøyme um henne? – Svare vert i "Mannfolk" den gamle Visa: Form-øgteskap med løynt Fleirgifte er det einaste. Georg Jonathan vaagar sjølv berre aa tala um Framtidi til Slutt. Eg hev ikkje anna aa trøyse meg med enn det

<side nr=136>

vanlege: dei faae utvalde; Spursmaale vert: kann dei paa Lengdi klara det?

Og so hev eg falli tilbake paa Bondefolke, det Folke som lïver i jamt Friluftsarbeid. Paal Haave er her som i alt anna mi Von, – um han kann vinne seg gjenom Helvitdraumane og bli den gamle Kraftkaren. Daa vil Bygdine kunna gjera Motstand lengi mot alle Bysjukdomar. Og etterkvart lærer By-Ungdomen sjølv Manndom – Turning o. s. fr. vert Mote; sistpaa fær me ein ny Samfundsskikk som gjev Rom for tidlege øgteskap . . . Kjem dette snart-nok, so bør "dei utvalde" kunna halde ut.

Spursmaale blir eit medicinsk og eit økonomisk; Bøkar som "Mannfolk" vil lite nytte; og sterkare Bøkar vil gjera meir vondt paa ein Kant enn godt paa den andre; "Naturalisme" vert i dette Spursmaale berre ei Naudbergning i Tidir naar Samfundsgjætarane hev fengi dult Spursmaale ned. – Og ei slik Tid hadde me, daa borgarleg "Romantik" hadde raadt Grunnen so lengi. –

– Halvdan Koht skriv til meg um mine Landsmaalskvæde; han hev alt i alt funni berre 19; det ser so smaatt ut, at eg undrast paa um det kann vera noko aa tenkje paa.

22. 4. 08.

Sterkare og sterkare kjenner eg det: eg er Son av Far min.

Betre skulde eg no kunna fortelja um Enok Haave og Angesten hans. Eg hev trøysta meg med at eg burde klara det betre enn han, av di eg ikkje hev noko Helvite. No skynar eg, at Trui paa Helvite vel heller paa ein Maate hev vori ein Studnad: hev tvinga Sjukingen til aa halde seg uppe i lengste Lag. Men . . .

<side nr=137>

Naa; den asiatiske Trui paa fleire Tilvære, som heng saman gjenom Karma, kunde vel paa ein betre Maate tvinge ein Sjuking til aa halde seg uppe: di betre han heldt seg uppe, di snarare slapp han ut av denne underlege Fella som hev fanga oss, og som me kallar Live. Men for gamall er eg til aa faa nye Truir inn i Hug og Blod; og den asiatisk-Nietzsche-ske Tanken um den ævelege Ringen, den segjer berre, at den som gjer Ende paa seg i Dag, vil gjera Ende paa seg um tie Millionar Aar att, og vil halde paa med det fram-gjenom alle øvur; men strider han imot, so vidt at han klarar seg, so vil han halde paa med det og fram-gjenom alle øvur; men dei Aarmillionane daa han kviler, vil han ikkje vita meir um enn me veit um ei Natt med djup Svevn.

Alt er berre Gaate. Og det som for den friske gjev Livsmeining, det er for den sinns-sjuke tome Ord.

23. 4. 08.

Campbell-Bannermann daain. 72 Aar gamall. Han var ikkje av dei store, men av dei trugne og gode, som stundom fær gjort mest. Men Gladstones Kraft og Livetid kunde han turvt, um han skulde vunni so langt som George-Mennane vel hev ynskt og vona. No spyrst det um dei hev nokon aa setja i Staden hans.

– Likferdsklokka gjeng, dagstødt. Alle døyr, – so nær som dei som s k u l d e døy, og dei som b u r d e faa sleppe.

<side nr=138>

26. 4. 08.

Steinsvik skriv i Gaar um mine fysste Arbeidsaar (i "Fedraheimen" o. s. fr.) paa ein Maate som friska meg reint upp: eg maa endaa ha gjort eit Grand Gagn i mi Tid. Um ein daa elles skal tru at dette Folke hev Livskraft, so der er noko Gagn i at det vaknar . . .

E g var ikkje Mannen til aa gjera Verke; ikkje Ivar heller. Men eg tok til, og han heldt fram, til dess den Mannen kom som endeleg var den rette, den usliteleg seige, han som maatte til, um dette Folke endeleg ein Gong skulde kunna bli vekt og samle seg: Steinsvik sjølv.

Di meir eg tenkjer paa det, di meir ser eg, at han nettupp hev alt det som her maatte til, millom det og mangt som eg ikkje hev kunna like, men som eg tek til aa skyna var naudsynlegt. Han maatte vinne yvi mangt som eg for min Part lika best hjaa han, og han maatte arbeide seg inn i sjølve Trui paa Pengevelde; han maatte reint ut selja seg til Fanden . . . ?**<fmark ind="1">** og med sine makalause Gaavur, med den høgste Stilkunst, som naar det knip attaat kann skrive Fillemaal og prente Fantemaal, og med eit Tølmod som var seigare enn Aalskinn og Dævelskap og det vonde sjølv, med stort og smaatt forunderleg blanda, men med ein Vilje som heldt ut um det so var det ævelege Helvite, – med desse reint serskilde Gaavur som ein aldri skulde kunna tru samla paa ei Hand, gjorde han det som alle banna paa var raadlaust; rauk eit Par Gongir men reiste seg roleg som inginting var og berre heldt fram; dreiv fraa seg den eine etter den andre av oss som han skulde havt Hjelp av, men heldt ut like **<fnote ind="1">** G. meiner ikkje, at Steinsvik hev selt seg for pengar. Men S. var fysst anarkist, gjekk so meir og meir over til å tru på privat-tiltak og privat-kapital, og var i m o t Garborgs jordpolitik. H. G. **</fnote>**

<side nr=139>

godt greider ikkje han dette Arbeide, so greider ingin det, det skal eg døy paa.

Og at eg hev kunna vera honom til Framhjelp, og at eg, med Hjelp av mange gode Gutar, heldt ut til han kunde koma i Veg, det vert daa eit

heilt Livsverk. Kann han vera like usliteleg seig, enno i eit halvt Tjug Aar, – so undrast eg paa, um ikkje det verste skal vera yvi stridt.

Eg kjem visst meir og meir i Slagsmaal med n, – um eg elles vinn stort meir. Men meir og meir skynar eg og, at til aa vekkje Nordmannen upp fraa dei daude var han, og han aaleine, Mannen.

28. 4. 08.

Eit Telegram i Bladi fortél at Mor er sloppi. Sjølv hev eg inkje høyrte.

Det maa vel vera sant, so uventande det kom. Og naar eg inkje hev høyrte, so kjem det vonleg av, at det hev gjengi rolegt, so ingin hev visst av noko serlegt, fyrr ho var avsovna.

Eg vil tru det.

Etter eit langt Liv – 76 Aar – som ikkje hev vori berre lett, og no daa Krafti minka og minka, so det vel hev vori lite anna enn Sengi aa halde seg til, hev vel Kvila helst vori velkomi. Venta paa Kvila hev ho lengi gjort; og sist tok ho Avskil med meg serskilt paa baee Vonir. Eg trudde ikkje paa dette; ho saag alltid noko veik, men elles i Grunnen godt ut; ho vilde greide det nokre Aar enno etter mi Tru.

Men naar so skulde vera, so hev ho visst ikkje havt mykje imot det. Ho hadde denne gamle rare Mannen sin, som var baade beinsam og snild; og av Heimfolke sitt fraa Raugstad og Malm(h)eim hadde ho enno ein og annan att

<side nr=140>

(Systerborn); men av sine eigne hadde ho ingin, anna enn paa Gjesting ein Hende Gong. Elles var det eit og anna Amerikabrev aa liva paa; og um dei var kjære, so vart dei vel ikkje so mange.

Paa Garborg hadde ho si lengste og – gjennom lange Aar paa Slutten – tyngste Tid; sidan hev ho klara seg rett godt; og aa koma til Heigre hev visst for henne vori som aa koma heim att. Paa Sandnes hadde ho det og rolegt og godt; Ufred eller Uveriskap var det paa ingin Kant; ho var roleg og til Freds all Tid, so langt som eg kunde sjaa og skyna. At Borni var fraa henne farne fann ho seg i, naar ho visste dei hadde det godt.

Ho høyrde til det gamle gode trugne Bondefolke paa Jæren, som var heime der, og lika seg i sitt Arbeid, og var fornøgde; ho hadde inkje av det urolege, sjuklege, som høyrer Fars-øtti mi til. Ho skapte alt det som lét seg skapa av Heim aat oss; og paa hennar Helse og rolege Hug-Lag er det me liver, um so stundom det sjuklege fraa Garborg-øtti vil upp. Mykje, mykje hev me aa takke henne fyri; meir enn me veit, og meir enn ho visste sjølv.

Kvil i Fred, Mor. –

– Og no er det ingin att av mine gamle. Eg er sjølv den eldste av Eivind- og Knuda- og Aadne-folke paa Garborg no. Dei gamle døyr, og dei unge vert gamle.

2. 5. 08.

Igaarkveld "tala" eg i "Filologisk Forening". Um Maalsaki. Det eg sagde vart vel mot-teki.

Etterpaa tala Dr. Scharffenberg. Han tala godt. Den nationale Tanken var Voni her som hjaa

<side nr=141>

andre Folk. Men han hev studera Statistik, og han lagde fram Ting som ikkje var hyggjelege aa høyre.

Folke er sjuklegt og veikt, ikkje minst Ungdomen. I den kraftigaste Alderen, fraa 20–25, døyr det syrgjeleg mykje Folk her – paa Manns-Sida verst –, ikr. ein Gong til so mykje som i dei andre Nordlandi. Og med Krafti elles er det – som det viste seg i 1814 og 1905: me fer upp som em Løve og dett ned-att som ein Skinnfell; skvettne Tilsprang, og so Avdovning.

Han tala lengi og aalvorsamt um dette. Og det han sagde var – i Grunnen det same som tyngjer meg so tidt, endaa eg ikkje hev Tal for det: at me er eit trøytt, utlivt Folk. Eit sjukt Folk, som kjenner at det skal døy, og som daa ikkje bryr seg um anna enn Presten og hans Trøyst for døyande.

Men ein fær tru at det er eit "Millombrøyte". Ein Svartedaude som me vil vinne yvi ein Gong. Her er mykje Sjukdom og Stakkarsdom; det er visst. Men Framgangsteikn er her og; deim trur eg Scharffenberg lagde for lite Lag paa. –

Etter Sch. skulde Riksmaalslagi upp, Yngvar Bruun. Men daa laut eg paa Heimveg. –

– I Kveld bér det vest-yvi. Eg fær fylgje Mor til Gravi.

12. 5. 08.

Heimkomin fraa Likferdi. Som var stor, og rett fager. Ein Metodistprest tala, og kasta Jord paa Kista (Mor var i sine seinare Aar Metodist); Likfylgje var paa 25 Hestar, fortalde dei. No kviler ho Mor trygt etter ein lang og ikkje lett Livsstrid; at bo ikkje hev havt det berre huglegt i dei seinare Aari heller skynar eg av noko eg sidan

<side nr=142>

(paa Aakre) fekk høyre, og som var ... ille jærsk. Naah! Lat det kvile. Men at ho kunde greide soveri so rolegt, det viser, at ho sjølv hev høyrt meir heilt til det "gamle Jæren" enn eg hev visst; og eg skynar, at eg aldri heilt ut hev kjent dette gamle Jæren. Lite, lite kjenner me Røtane vaare og den Jordi der dei vaks. – Det var ikkje stort att av Mor no; men Andlite var vent

og rolegt; ho kvilte trygt og godt, og hev no Fred æveleg. Og alle Spursmaal sloknar; og naar me Borni – som alt tek til aa eldast – naar me ein Dag fær fylgje henne "aat Jordi" for Aalvor, so sloknar sjølve Minne og alle Spursmaali. Sjølve det "store Spursmaale" sloknar. Kvi var ho? kvi var me? – ingin det veit. –

– Paa Vegen aust-yvi att var Jon<fmark ind="1")> og eg innum paa Nordheim og paa Garborg, og saag, og rødde med, det som enno er att av vaar Ungdom og Barndom. Ein losnar ifraa det meir og meir di eldre ein vert: men endaa er det so underlegt aa raaka det att; den Kjensla som likevel heile Tidi var sterkast i meg, var Lengtingi etter den Freden som alle mine gamle no hev funni; eg totte eg var vortin so reint aaleine no. At eg enno hev ein Heim vart ikkje rett Liv for meg att, fyrir eg kom heilt burt ifraa Jæren. – Og det er berre innanfor Gjerdi her paa Labraaten at eg kjenner meg heime.

– Um ein elles kann tala um Heim i ei heimlaus Tid. Det eg her raaka fyste Dagen, var ein Ungdom som er ute og leitar etter sin Livsveg, eit ungt Kunstnarpar som fiktar for Live mot Sjukdom og Armod, og eit aldrande Par som var paa Høgdi og midt i Striden i si Ungdoms-Tid, men no driv baatlause for Vind og Baarur . . <fnote ind="1")> Garborgs eldste bror. Dei andre var i Amerika då som no. *H. G.* </fnote>

<side nr=143>

Og hjelpe kann ein ikkje; lyt berre takke til so lengi ein fløyter seg uppe sjølv. Hu. Tru dette kloke Menneskjedyre aldri skal kunna vinne so langt som til aa greide berre sine minste Spursmaal?

13. 5. 08.

Prof. Renault skal tala um Haag-Verke i Nobel-Salen no Maandag kjem, og "Det norske Storting's Nobelkomité" hev sendt meg "Adgangstegn".

Eg er hindra. Men ein lyt vel tru, at Haag-Verke er leit Stig paa Vegen fram, um det aldri so mykje er Russland som hev fengi det i Gang, og um dei andre Stor-Røvarane er med aldri so lengi.

Men det er berre eit lite Stig fram. Naar me Smaalambi gjeng i Freds-Lag med Rev og Skrubb, so vil ikkje det hjelpe oss lenger enn til dess Rev og Skrubb vert so svoltne at dei kjem til Lags um aa gløype oss.

Eit Freds-Arbeid til aa tru paa kjem ikkje fyrr George-Tanken er gjennomford, slo alle Folk kann faa Jord og Liveveg heime. Haag-Møte og Freds-Nemndir kann berre lære Folk aa skyna Freds-Tanken; men um det berre er eit Fyri-Arbeid,

so maa vel det au til.

– "D. 17de Mai" skriv um den veksande norske "Post"-Sykja: det vert alltid fleire Postar, men Søkjar-Tale veks mange Gongir so fort. Denne "Post"-Vegen fører til den visse Undergang. Me maa attende til – d. v. s. fram att til – det gamle. – Ja det er visst! Naar me berre kunde faa upp-att det gamle. Men det slepp me vel, so lengi det Pengevelde raader som D. 17de, no hev slik Tru paa.

<side nr=144>

– Hender det ein Gong, at eg les Stortingsforhandlingar, so ser eg at det ber same Vegen no som fyrr: kvar Gong noko kjem upp som krev Studnad eller Retting, so veit "Samfunde" berre ei Raad med det: nye Embættsmennar. Sjølve Boki hans Bjørn Evje, "Under Loven", kjem berre til aa skapa nokre nye Direktørar, eller kva Namn dei fær. – Kva skal ein vel gjera?

I det heile: Utgiftine veks og veks, og Inntektine minkar, ved di at Folk meir og meir gjeng "Post"-Vegen, naar dei daa ikkje rømer Lande. Kor lengi skal det vara, fyrr me lærer aa sjaa?

14. 5. 08.

Eg fær Spursmaal i Dag, um eg vil skrive noko i "Julehilsen". Det vil segja at "Jolekvelden" ikkje kjem i Aar. Nei, nei. Koht skal paa Utferd, og meir enn ein Mann til kvart Arbeid hev me ikkje, – og ikkje, det heller.

Det maa koma seg um nokre Aar, – no, daa me hev fengi fleire norske Skular.

Det er kaldvori (enno ligg det ei Snøfonn i Nordhalle her og der!), men Arbeidsvír; og eg var ute og sette Eple Morgons-Ykti. Kvilte so Middag eit Bil, og freista paa att. Men var for trøytt. Ille skral er eg vortin. Og so er det denne lange Innesitjar-Vinteren. Ein veiknar reint burt.

Paa slike Dagar kann eg skyna Bonden, som lengtar til Byen. Naar eg sjølv gjeng Bymann, og er keid og leid, og ser paa Bonden som hev eit Arbeid som han v e i t der er Gagn i, so misunner eg 'n; men naar eg sjølv stend paa Bondearbeid, og ser paa Bymannen som gjeng fin og fjong og liksom dansar gjenom Verdi – no gjeng han her i Asker og ser etter Sumar-Hus –, so

<side nr=145>

kjenner eg so vel kor rimelegt det er at Bonden ovundar denne Herremannen som ikkje synest hava anna aa tenkje paa enn Moro og kvite Handkragar.

Underleg er Verdi stelt. Herremannen misunner Bonden, og Bonden misunner Herremannen; leide seg sjølve er alle. Er det nokon annan Maate aa faa deim nøgde paa enn aa lata deim baae faa freiste baae Slagi: Kropps-Arbeid

o g Landsarbeid? Eller daa stelle det so, at dei baae k a n n faa freiste baae Slagi? – Eg er rædd, at fær me kje stelt det soleis, so gjeng det gali til Slutt med baade den eine og den andre. –

– Den "Ungdomen" eg raaka her daa eg kom heim, var Arne Hatlestad, ein staut, modig Kar, som er ute og vil finne seg sin eigin Livsveg. Uklaar og uferdug er han, og ikkje greid aa skyna; men ei framifraa Song-Røyst hev han, og med den vil han eikorleis vinne seg fram. Men vanlege Vegar vil han ikkje gaa, og er vel for gamall til det og: han hev berga seg hit fraa Vestlande (yvi Sunnmøre, Trondheimsbygdir, Øyterdalen) med aa syngje i Ungdomslagi. Men han hev vel fengi ein Tanke um, at dette kann ikkje vera nokon Liveveg; og Hulda – som kjenner han fraa Dansemøte i Bergen – hev dertil stræva med aa faa han til aa skyna at han i alle Tilfelle treng til aa lære ikkje so lite enno, fyrr han kann koma nokon Veg. Ho fekk han sistpaa til aa fara til Bestum og finne Thv. Lammers; og det var godt gjort. Lammers hørde Guten kveda; og daa han det hadde høyrte, og fekk vita kor som elles til stod, baud han seg til aa gjeva Guten Songtimar fritt; han hev skyna, at her var den Mannen som kunde taka upp, og føre vidare fram, Folkevisesongen. Det er godt gjort av Lammers dette; kunde ein

<side nr=146>
no berre tru, at det aa kveda Folkevisur (og danse Folkevisedans?) kunde bli noko til aa liva av . . .

Kunde me endaa faa eit norskt Teater. Men utrulege Ting laut hende, skulde eit slikt koma upp i Hatlestads Tid. Ivar Mortenson – som synest livne upp-att paa Vesl'-Hamar – hev sett fram ein Tanke um norske Samlingar og Festar (med Song og Spel) der uppe paa "Sandvigs-Haugen"; – um det der kunde bryggje upp til eitkvart? Paa Austlande maatte det helst vera; og Vesl'-Hamar er Hovudstad for sjølv Gudbrandsdalen . . . Ivar Mortenson er ein Drøymar; men kunde han her bli sanndrøymt, so var ein alltid eit Stykkje paa Veg.

– Den som var ung. Men eg kjenner meir og meir at eg er gamall; det vesle eg kunde gjera hev eg gjort; det høgste eg enno kann drøyme um er aa setja um Homer; eg kunde vel og setja um nokre Spelstykke; men Pennen, stakkar, er min einaste Arbeids-Reidskap.

Og so er eg so underleg trøytt. Trøytt og lite modig. Eg vrid meg, berre det kjem eit Brev; det er vel i det høgste ei Innkalling til eit Møte. Eller um det kann vera eit Manuskript. Og det eg mest bryr meg um kann eg minst gjera med; eg veit for lite, og duger for lite til aa lesa. Og Sjukdomen hans Far tyngjer stundom sterkt.

Eg tek og til aa skyna at Aari vert mange; det som held Live uppe i meg no er Tanken paa Huse mitt meir enn Tanken paa Lande. For at eg ikkje kann "frelse Lande" veit eg no; det maa frelse seg sjølv det, skal det bli frelst; kann eg greide meg sjølv og mine, so lyt eg takke alle Gudar.

So er her daa ikkje anna aa gjera enn det gamle norske: vente, og "sjaa". Og so setja Eple, – etterkvart som Ryggen sterknar.

<side nr=147>

20. 5. 08.

Ikkje fyrr er Vinteren og Vaarsøyla yvistridde, – so kjem Lirekassa. Ei og tvo og tri for Dagen. Lirer av heile sitt Repertoire utanfor kvar Dør – fire og fem Gongir paa Rad; den einaste som fær skjussa dei burt er – Gudskjelov – Hulda**<fmark ind="1">**. Men eg sit her med Hendane for Øyro og vel-signar dette Heimlande mitt, der inkje trivst anna enn Ugras.

Og elles stend eg og slæst med Ugrase upp i Hagen vaar. Det er huglegare Arbeid: for um Ugrase er uendelegt, so fær ein daa Ende paa det ein fær Tak i. Men Arbeidskrafti vert det mindre og mindre med; altfor mange Aar hev eg siti paa Skrivekrakken. Dess glupare er Son min, – Gudskjelov. –

– Den 17de var reint roleg her ute. Folke mitt var i Byen um Ettermiddagen og "var med"; men so vidt som eg kann skyna hev dei ikkje havt svært mykje Hugnad.

"Folkefestar" i kapitalstyrde Land ja-ja: det vert Dansemoro, for deim som kann vera med paa den.

22. 5. 08.

Med "Jordarbeide" mitt gjeng det smaatt. Eg vert so snart trøytt; det er vel "Aari". Ja ikkje Aari i seg sjølv; etter gamal Jærbu-Rekning skulde eg vera i mine beste Aar no. Men Aar og Innesitjing saman, det gjev Stakarsdom.

Med mi gamle Møde held det ut: Versegnaale.

I Dag hev eg vori ridin av eit gamalt Kingovers:

"Hvis Hjertesuk har du forstødt? hvis Raab har **<fnote ind="1">** Dei var ikkje vonde å "skjusse". Ein liten skilling og eit ord um "sjukdom i huset", so rusla dei snildt og stilt. H. G. **</fnote>**

<side nr=148>

Gjensvar savnet?" (eg kunde nemne eit Døme, eg for meg!) "hvo er fra Naadens Alter stødt, som har det ret omfavnet?" ("omfavne" eit "Alter", hutetu!) – no stend det her; so no er eg vel kvitt det.

– Hulda strævar med Visedans i Bondeungdomslage; Renault vil sjaa denne nationale Dansen. Men den norske Ungdomen vil heller danse "Enke"-Vals- det er berre 8–10 Stykkje dei

hev fengi ihop; og dei fleste av deim kann ingenting. Men Hulda er seigare enn eg kunde vera; ho held ut trass i alt; og ho plar alltid klara det. Hadde me berre eit halvt Tjug slike!

Men faae hev me; og dei faae som er, dei trøytnar av aa slite paa all denne Daudstokken. Hadde me ikke denne uslitelege Steinsvik, – naa, og so eit Par til, so somna heile Maalsaki. Mi gamle Rædsle: at me er eit Folk som døyr og ikkje eit som vaknar, – den vil upp rett som det er; og um eg døyver ho ned, so vinn Trui seg sjeldan so vidt upp at det er noko Hjelp i ho.

Steinsvik skriv godt mot den framande Kapitalen som vil leggje Lande under seg. Men det endar vel med at Høgre og Sosialistane slær seg ihop og sel Lande; og daa er det vel berre ei Von for det som enno er att av mitt Folk: Amerika. Um daa ikkje det au snart stengjest.

Denne gjæve Jyden, Johan Pedersen, tenkjer paa aa koma til (Sverig og) Norig og tala um "Samstyre"-Tanken; um nokon skulde vilja høyre paa honom? av di han er dansk? - Ei liti Von er det. Men at me ikkje sjølv hev ein einaste Mann – dei gamle er for gamle, eller dei trøytnar og misser Trui –, – ikkje ein som hev ein Tanke aa samle Folke um! – Er det ikkje Dauden som kjem, so er det ei ny "Nott", veit eg. –

<side nr=149>

– Eg strævar so smaatt med "Heimkomin Son", naar eg hev ei Stund. Jens Eide er tvilande og utrygg og vert meir og meir meg sjølv; Paal Haave er kristin og bygdenational og tek Verdi som ho kjem, slær seg til Ro med aa koma til Heimegarden att (gjenom ein Systerson) og med aa gjeva Keisaren det som høyrer Keisaren til, likesæl um det er Rom-Keisaren eller Russe-Keisaren. Men den Bondevoni som Henry George hev reist, maa eg sjaa aa faa med; det gjeld berre um eg kann finne ei rimeleg Form for det.

Men aa faa dette gamle adelsdraum-ridne Folke til aa høyre paa Henry George? Eg trøyster meg eit Grand med Syskenbarne mitt, han Per Tallaksson Raugstad; kann slik ein Jærbu koma med, so – -. (Han hadde høyrte Ullmann tala um dette, fortalde han, og ynskte at det "kunde verta nogo av det.") Og i alle Tilfelle: den Voni ein hev fær ein halde paa. –

– I Engeland kjem det vel til aa gaa endaa tyngre med George-Tanken no, daa Campbell-Bannermann er burte. Det er i det heile ei Nedgangstid; ikkje ein stor Mann i noko Land, berre store Pengehaugar og stor Naud, Ihel-Eting og Ihel-Svelting; sjølve Roosevelt, – naa, stor, men ikkje stor nok . . . er det likevel Japan og Kina som skal skapa Framtidi?

Brev fraa Olav Nygard.

Ørsta 24/5 1908.

Hr. Arne Garborg!

Mi hjartelegaste takk for di De vilde lesa "Leid-
ulv Lidarhaug", og segja Dykkar tykkje um det.

Det vart meg eit storhende, ein merkesdag,
denne fraasegni Dykkar. - - -

<side nr=150>

Eg gjekk heime,
halve mili fraa bygdi,
saag syner, verkte i
saknad og onnestræv.

Aar etter aar seig
yver meg. Det var
forsett, eg kom ingen
veg, stod i same laas
og band. Mine hug-
leiksfynster vart til
graatande daude-
dømde born som tigga
um liv. Men dei seig
ned hamlause, lik
oskefaan, og la seg
yver meg som eld-
myrja, til eg seig ned i den djupaste hola, sveite-
sprengd og svidesprengd. Det var ei æsande gror-
tid, med vaarskuring og voksterfløg.

Ei gild tid var det likevel. Og daa det
stod i siste skora, so var løysingi der. Takk
have Andr. Austlid; han hev vori meg ei ovgild
hjelp.

Men no er eg sessa i eit klype att. Spelbygg-
jing hev eg ingi greida paa, og lite og inkje
veit eg av det eg hev mest trong etter. Til aa
læra noko i skuleveg hev eg ikkje pengemagt
til, so eg lyt slaa i hel alle slike sviv.

Det hev kome for meg, at fekk eg vera ved
eit teater, so vilde det vera ei god beining. Kann
eg faa eit tenarrom paa teatret, so mykje eg kann
liva av det; lat meg so vera "golvsopar" eller
kva som bydst, naar berre eg fær setja meg inn
i spelhøve og spelkrav.

Eg lyt orsaka for di eg bryr Dykk med ei bøn;
men eg veit ingen annan aa gaa til.

Vil De høyra etter eit slikt rom paa National-
teatret til hausten?

<side nr=151>

Det er kann hende eit vaaga paafynster dette.

Eg hev ingi greida paa teaterstell, og veit ikkje
kva dei krev. Men no veit eg kje annan veg
aa venda voni i.

Med høgvyrdnad

*Olav Nygard***<fmark ind="1">**

25. 5. 08.

Igaarkveld var me hjaa Grannen vaar, Maalaren Otto Valstad i Gilde, stort Gilde, til Vigjing av den store vene nye Maalarhalli hans. Mest alle Gjestine var Maalarar, Karar og Kvende, og Maalarfruvur.

Gilde, fagre, glade Folk. Arme som norske Kunstnarar, men glade; glade so lengi det gjeng; og serskilt glade naar dei kann slaa seg lause ein Kveld, og gløyme alt som det ikkje løner seg aa hugse. Eg vert so glad i slikt Lag; dei skaper Fest ikring seg, desse Folk; det er noko so reint annleis enn med alle oss andre, serleg med oss grinute Bokfolk.

Men daa eg kom heim, og hadde lagt meg, taag eg og tenkte paa all denne all denne Rikdom paa Kunstnarar i eit armt og gledelaust Land, eit Land som korkje hev Sans for Kunst eller Raad til Kunst, men som avlar Kunstnarar i Bataljonsvis Aar um anna. Gode, ærlege Kunstnarar, med Gaavur, um vel for det meste ikkje med "Gaavur nok" ... Kva skal Enden bli paa dette?

<fnote ind="1"> Olav Nygard, den gåverike norske skalden som døydde strakst etter Garborg. – Garborg skreiv til Vilhelm Krag, som dengongen var chef for Nationalteatret, og Nygard fekk fribillettar, men ingin "post". Han kom og budde hjå oss, og vart seinare med i "Det norske spellaget" saman med brorson sin Lars Marselius Nygard, no skodespelar ved "Det norske teatre". *H. G.***</fnote>**

<side nr=152>

Kunstnarar, Bokfolk, Boklærde, med "ikkje Nok" Gaavur, ikkje nok Upplæring, uferdige, halvferdige, i æveleg Strid med halvsmæe og heilsmæe Kaar, ofte med den grinande Armod; ein her og ein der vinn seg so vidt opp at han ikkje beintfram svelte; dei fleste ja du store Gud, kvar vert det av dei fleste?

Eg vert so modlaus naar eg tenkjer paa det. Her sit eg med ei Rikshjelp paa 600 Dalar um Aare og veit endaa ikkje rett koss eg skal greide meg; men alle, alle, alle desse, heile denne veksande Her av Kunstnar-, Diktar-, o. s. fr. -Gaavur . . . kóss i Verdi kann det gange? Kóss kann det hange ihop? Eg vert i mine eigne Augo til ein Røvar og ein Tjuv med mine 600 Dalar; gjev Fanden hadde mine 600 Dalar, so eg og kunde svelte ihel; daa var eg alltid trygg paa at eg ikkje gjorde nokon Urett . . . um det elles ikkje var noko vunni ved at ein til svelte ihel . . . uh.

Og her stend eg reint fast. Ikkje so mykje som ein Draum um Revolusjon er her aa fjuske seg fraa det med; det er berre nakne grinande Sanningi aa sjaa beint i Augo.

Eit Drøymarfolk; eit Fantefolk; kva Raad er her med det? Var det endaa ikkje denne æveleg veksande Mengd av Drøymarar; var det endaa

so vel, at Drøymaren lærde det han kunde liva av, og berre drøymde i Fristundir men me er Flogvit alle ihop; store Geni; kann ikkje fara med slikt smaatt som aa tenkje paa Maten; hu; Filisterdom, Armodsdom

Og Gaavur hev me alle ihop. Gode Gaavur, fine Gaavur, berre ikkje store nok; berre ein og tvo av Millionen hev Gaavur som er store nok, so store at det vilde vera noko tapt um dei ikkje vann fram; alle me andre naah, kann gjera godt, brukelegt Arbeid kvar paa sin Kant, og det **<side nr=153>**

kunde turvast alt; men det er ikkje noko som er um-aa-gjera; me gjorde likso mykje, og meir, Gagn med aa arbeide Sko eller dyrke Jord-eple. – –

– Armod, Armod – vil æveleg fylgje eit Drøymarfolk. Lærer me nokon Gong aa sjaa paa Live med vakne Augo – f y r r det er for seint? – for aa faa Augo upp naar ein er 50–60 Aar, som eg og mange andre, – det er det ikkje stor Hjelp i.

Det hev vorti Kveld i Dag au. Lat meg leggje meg, og takke til at eg kann sova. Det er berre det som vert meir og meir meiningslaust: at eg kvar Morgon skal vakne . . .

28. 5. 08.

Straalande Sumar; mest altfor varmt; storfagert. Kann dette vera aa stole paa?

Alt igaar var det so varmt at det var stridt aa staa i Epleaakeren. Og endaa hev eg ikkje so lite Arbeid att. Skal dette halde paa, fær eg arbeide um Kveldane.

Huse er burtleigt fraa 1 ste Juli til 15 August; i den Tidi skal me liggje i Kolbotnen. Og eg set mi Von til, af eg kann koma i Arbeid der; det vilde elles sjaa smaatt ut med den "heimkomne Sonen". Og til Hausten skulde eg daa til Knudaheio og plante Skog . . .

Den som berre kunde faa Mode upp att: det er det det gjeld um mest. Skulde Fjell-Luft enno kunna hjelpe? – Gjev det var so vel.

Av eit Ordskiye i Tinge ser eg, at paa den norske Underoffiserskulen kann ein Gut faa Straff, naar han kjem til aa tala norskt, tala sitt eigi Bygdemaal. "Vinstre"-Forsvarsministeren hadde inkje aa segja paa dette, og i Tinge vart det **<side nr=154>**

berre so vidt nemnt. Me er under dei danske; og Forsvarshugen synest vera so skral – som rimelegt paa denne Maaten kann vera –, at Storsvensken visst vert meir og meir modige. Fleire Ting tyder paa det. Kóss det daa skal gange?

– Nikolai Lundegaard skriv eit godt Stykke um Fossane i "D. 17de", her kunde Grunnskatt

hjelpe, viser han; – hev me ein Mann millom dei styrande som vil skyna ein slik Tanke?

30. 5. 08.

Straalande Sumar; heitt som i Helvite; Lirekasse-Laate, Lirekasse-Laate

Med Vaarvinna er me ikkje ferduge. Men i denne Hiten kann eg ikkje vera ute; og Husbond sjølv – "Unge-Mannen", som no er 20 Aar – maa til Byen mest kvar Dag og høyre sine Fyrilesningar ... huff.

– Fraa "National"-Teatre høyrest det nytt: dei tenkjer paa aa faa upp "Liti Kersti" **<fmark ind="1">** . Nationalteatre "hader" nok det nationale Tungemaal; men Framanddomen kjenner seg so vidt sterk no, at han kann spela seg litegrand med "norske Dialekter."

Fraa mange av Landsbygdine høyrest der Framgangsbød: norskt vert godteki til Bruk i den norske Folkeskulen! – endeleg. Dette tyder eit historiskt Vende, – so sant det held fram, og so sant som det held seg. Men langt fram er det i alle Tilfelle; det er nok altfor visst.

So langt som til eit norskt Teater vinn me ikkje i vaar **Tid<fmark ind="2">**. Ein Hende Gong vaagar der **<fnote ind="1">**Songspel av Hulda Garborg, seinare spela av "Det norske teatre". **</fnote>**

<fnote ind="2"> "Det norske teatre" i Oslo vart opna i 1912. – H. G. **</fnote>**
<side nr=155>

seg fram eit lite norskt Spelstykke; men vert det oppført paa eit norsk-danskt Teater, so vert det spela so, at noko Liv fær det ikkje.

Olav Nygard fraa Ørsta paa Sunnmøre – han er kannhende ein Spéldiktar. Men no er han fullvaksin Kar og hev enno ikkje sét eit Teater. Det viste seg paa det Stykke hans som eg las, og som elles viste so gode Gaavur.

No skriv han, stakkars Guten, og takkar; Domen min hev vorti honom "eit Storhende", "ein Merkedag". Og no v i l han ut.

Han "gjekk heime", fortél han, "halve Mili fraa Bygdi; verkte i Saknad Aar etter Aar seig yvi meg". Men " det var forsett; eg kom ingin Veg; stod i same Baas og Band. Mine Huggleiksfynster vart til graatande, daudedømde Born som tigga um Liv. Men dei seig ned ham-lause, lik Oskefaan." Det er vel Sogo aat mang ein Landsgut. Til dess han paa den eine eller den andre Maaten gjev seg yvi.

Han "vil ut". "Spelbygning hev eg ingi Greide paa," skriv han, "og lite og inkje veit eg av det eg hev mest Trong etter." Men Skulevegen er stengd, han hev ikkje "Pengemagt".

So hev han fengi ein Tanke: um han kunde faa eit Tenar-Rom paa eit Teater! Golvsopar eller kva som helst, berre han hadde Maten, og so fekk setja seg inn i "Spelhøve og Spelkrav".

Han tenkjer seg, at det er "eit vaaga Paafynster, dette"; men han veit ikkje "annan Veg aa vende Voni". Og til meg vender han seg, med Lov-
prising som dei gamle vende seg til sine Gudar;
trur at eg kann hjelpe 'n.

– – Lirekassa, Lirekassa.... eg held ikkje
ut. – –

Naah; det hjelpte aa stengje Vindauga; han er
ikkje komin nære nok enno; og kven veit
i denne Varmen gjeng han knapt Bygdi rundt,
<side nr=156>
men held seg til Storvegen; og daa vert ikkje
Pina so lang.– –

– Ja denne Olav Nygard, Stakkar. Han inn~
biller seg, som alle Landsgutar, at i Byen maa
det vera betre Rom; der er det daa so mangt
Slag, og alt trengst det Folk til paa Lande
hugsar ein aldri, at um det i Byen er mange
Hòl, so er det endaa mange fleire Tevlarar um
kvart Hòl, Tevlatar i hundra- og tusundtal, fleire
og fleire di lenger ned ein kjem; til slikt som
"Golvsoapar"-Postar er det for det fyste heile
Hérar av Kvinnfolk, Kvinnfolk som dertil hev Hus
aa forsyrgje, eller daa visst "ein litin" for
kvar ei – ein – som kann faa ein slik Svelte-
post, er det hundrad paa hundrad som heilsvelt,
tiggjar, stél o. s. fr.... den store ævelege Raadløysa.
Hu; eg minnest den Tidi daa eg sjølv gjekk og svalt;
og no er det so mykje verre som alle "Forhold"
hev vorti "større". . . og for Bonden dertil som
"Trui paa Bonden" minkar – –. Vil Bonden
fram, maa han meir og meir, som alle andre,
lære aa hjelpe seg sjølv trampe ned ikring
seg og trampe seg sjølv fram; me er i det kapi-
talistiske Helvite. Denne stakkars Olav Nygard
er oppvaksin so langt ifraa Folk, at han veit
ikkje dette enno.

Den einaste tenkjelege Raad maatte vera at
"D. 17de" kunde turve ein "Golvsoapar" – –

Kveld.

Lirekassa var ikkje so strid i Dag; og so
mange Lirekassar som vanleg hev det ikkje vori
heller denne Vaaren. Det er kannhende den
nye Lausgangarlovi som skræmer litegrand, –
so lengi det kann vara?

Men . . . um Laurdagskveldane livnar Bygde-
musiken: det er "Trækspillet" som tek til aa laate,
<side nr=157>
med sine Messingtonar som skjær, og si ævelege
Fjerting i "Bassen". Og stengje den "Musiken"
fraa seg er reint raadlaust. –

– Det er so heitt um Dagane at det berre er
paa Kveldsida eg kann vera ute og arbeide lite-
grand. Og inne sit eg bundin; Augo er so
skrale at eg kann lite skrive og slettikkje lesa.
Men Hulda hev teki til aa doktere paa deim

no, so det vert snart likare. –

– Gamle Fredrik Bætzmann skal slutte i "Aftenposten" no. I mi fyste Tid sat han i "Brogata", i Dagblade; noko "Politik" hev han vel aldri havt, aa kalle for. No skal han til Rom.

Dei norskdanske slit sine Dagar i Norig, til dei kjem paa Pensions-Sida. Daa rømer dei til Kristiania, – eller – um dei ser seg Raad – heilt ut av Lande. Norig no er ikkje anna enn dette magre beite for so og so mange tusund norske Provinsdanske.

Me norske, stakkar, – me fer til Amerika. Norig sjølv . . . er i Strid med seg sjølv, um det skal leggje seg heilt – eller kannhende berre halvt – inn-under halv- og heilframande Pengeherrar.

– Noko Nummer av "Retfærd" hev eg paa tvo Maanar ikkje set eller høyrte gjeti; tru det alt er inngjengi? **<fmark ind="1">**.
Lader oss alle bede.

2. 6. 08.

Svensken vil hava "Valdgift" vedkomande eit Grensespursmaal. Ei Øy som fyrr hev høyrte Norig til, men som det no bur nokon svenske Fiskarar paa – attaat dei norske – skal inn **<fnote ind="1">**Nokre Dagar seinare kom Dubbelhefte. **</fnote>**
<side nr=158>

under Sverig; og gjenom Valdgift trur dei at dei skal faa det fram. (I Overhuse var det elles ein av dei rette gamle Storsvenskane, som helst hadde vilja at Sverig skulde taka seg fram, med Studnad i den gamle gode Neveretten).

Det er som dei s ø k j e r Krangel, vil halde Ufredstanken livande millom Landi her. Mi gamle Mistru til 1905 ny-vaknar ikkje so sjeldan.

1905, ja. Storsvensken var komin so langt med den nye Hér-skipnaden sin, at no visste han at han snart raadde oss; og so tenkte han, at naar den Dagen kom, so var det best aa staa fri, ikkje hava nokon "Union" i Vegen for seg. Derimot vilde det vera godt aa hava eit Norig som hadde "brøti" Unionen, og som det svenske Folke difor vilde vera upp-arga paa. Storsvensken stelte seg daa i rette Stundi so, at han var trygg paa aa faa sprengt Samfeste (eller faa Norig bøygte); so hadde han Vegen fri, naar ein Gong hans Dag kunde koma.

No hev han det som han vil. Det er berre aa halde Uhugnaden uppe millom dei tvo Folki, og so aa agte den rette Stundi, naar Stormagtine er høveleg burtbundne med sine eigne Ting – eller um det elles kann laga seg; – daa slær han til, og tek so mykje av Norig som han bryr seg um, eller som han vert samstelt med dei andre Røvarane um; det vil vera full europæisk-

Kultur det, skulde eg meine.

So ser det meg meir og meir ut. Gjev det var Sjukdom; men det vaagar eg ikkje aa lite paa.

Og det som er det verste: kann ein vente at Norig aalvorsamt vilde verja seg i eit slikt Tilfelle? – Hér-Øvingane vert nok ikkje avlyste i Aar. – Men Sosialistane vaaga aa røyste imot deim; og dei ventar daa vel aa faa mykje av Folke med seg paa slik Politik? Kannhende fær

<side nr=159>

dei og Rett i dette? Folke kjenner seg ikkje sers heime under sitt norsk-danske Styre; kunde ikkje eit svenskt vera mest likso godt? – Og i alle Tilfelle hev ein Amerika? ? –

– Spursmaal, Spursmaal vert alt. Og paa slike Spursmaal kann ein ikkje arbeide. Men Svar paa Spursmaali er ikkje aa faa.

Eg fær vel trøyse meg som han Paal i Kvennhusheidi: norske er me, anten Styre er danskt eller svenskt; og kor som er, so er me fysst og fremst Menneskje . . .

– Det er ikkje greidt. Naar eg stend her ut i Hagen og arbeider, og ikkje høyrer anna fraa Jordine ikring, eller fraa Vegen, enn norskt provinsdansk – og stundom eitgrand norskt Herkemaal, som v i L vera norskt provinsdansk –; naar eg dertil tenkjer paa, at det gjeng meir og meir ned-yvi med Velstand og Magt hjaa Folke mitt, og det vel og i dei Bygdine der den norske Tanken er mest uppe (Framgangen paa Jæren er for lite aa rekne med, er eg rædd) – og eg hugsar, at det enno er berre Fjordeparten av Landsbygdine som hev fengi norskt inn i Skulen, – so kann det sjaa meg uhyggjelegt ut: er Framanddomen alt so sterk, at sjølve den norske Tanken maa koma til aa sprengje Lande? Kunde i alle Tilfelle Sverig gjera seg Von um det, rekne paa, at Sud-aust-Norig vilde gange inn i Sverig likso lett som ein Gong Bohuslen? – Resten av Norig vart so kannhende kløyvt millom dei kristne Brørane Engeland og Russland? –

– Sjukdom. Eg fær tru det. Og elles, for verste Tilfelle, tala med han Paal trøyse meg som han, endaa eg ikkje hev nokon Vaarherre.

<side nr=160>

13. 6. 08.

Ein Lurtone fraa den store Verdi:

– – "Schreiben Sie doch ein vergnøgtes Lustspiel ø la Gustav Wied; so etwas hat Erfolg. Die Leute wollen lachen und sich nicht den Kopf mit Problemen zerbrechen. Je lustiger oder alberner, desto besser!"

So skriv ei literær Dame fraa Berlin til Hulda no. Og det er i det heile "Tonen i Kommissionen". Fraa Goethe yvi Filosofane og

Nietzsche kjem dei hoch-civilisierteren Germanen til det same som det gamle Rom: eta og drikke, for i Morgo døyr me. Je alberner desto besser.

Men Folke slit, svelt, hatar og trøyster seg med Helvite. Lasarus hjaa Abraham og den rike i Elden, det er det sanne Folke-Evangelium. Jens Eide i "Heimkomin Son" er au komin til det. –

– Eg er ferdug med "Mannfolk" og held paa med "Hjaa ho Mor". Det var den Boki eg laag og stræva med ned i Diesen am Ammersee og i Førstenfeld-Bruck, sjuk og lite modig; men det brann Eld inni meg daa; og Boki hev vorti mykje betre enn ventande.

So kjem "Trætte Mænd", der mi Tid for det fyste gjev upp og freistar med Tru att; og det eg no skriv skulde vera den komande Tidi, – det i den, som det skulde vera Von i. For skral og trøytt som eg sjølv er veit eg, at det som hev Livsvilje er det som held seg uppe.

Og skulde det koma til det at Europa gjev upp Livsviljen – i Frankrike ser det serskilt uhuglegt ut –, so fær me berre den gamle Sogo upp att: Rom fell, og Folk fraa Asia tek endaa ein Gong Magti.

For oss, som daa søv trygt i vaare Gravir, vert elles det sliks Slag. Aah! den som ikkje

<side nr=161>

var so likesæl . . . eg sèt her og skriv um Daude og Dom, men held rett som det er paa og sovne; fær taka meg ein Kvil.

15. 6. 08.

Ivar Savala hev vorti Ivar Mortensson no, ser det ut til.

Han hev flutt til Veslehamar-Lillehammer. Der hev han no skipa "Det norske Gilde", som "hev til Fyremaal aa fremja norsk Kulturvokster or heimleg Rot og samlar seg serleg um Maihaugen og Haaballsvaka der" – "har til Formaal at fremme norsk Kulturvæxt av heimlig Rot og samlar sig særlig om Maihaugen og Haaballsvaken der." Ivar er Formann, Frk. Signe Larsen er "S e k r e t æ r" (og ein doktor Konow "K a s - s e r e r") og skriv norsk Provinsdansk med Moltke-Moe-Staving. Det norske vert vel berre eit Stas-Maal, av same Slag som "Haaballs v a k a"; det norske vert Musæum, som den Maihaugen, det "norske Gilde" "særlig samlar sig om".

– Ja ja. Me fær no sjaa daa. Lillehammer burde kunna bli Veslehamar; det spyrst berre, um Gudbrandsdølen ikkje er for mykje Snobb vortin? ?

Til aa vigje den fyste Haaballs-"vaka" hev Ivar vilja hava B. B.; det skulde vera stor Forsoningsfest. Men B. B. hev sett Breve hans – og Nei-Svare sitt – i "Morgenbladet".

I D. 17de hev I. M. sett inn eit kyrkjelegt Hyrdingsord, som burde kunna "samle". Me fær no sjaa daa.

– For meg kjennest det som ei Kvile, at eg er komin so heilt utanfyri; men um Ivar duger meir til Førar enn eg? – Gjev det var so vel. – Men Førargaavur er det smaatt med i denne 500-Aars Provinsen, Gud betre oss.

<side nr=162>

Wergelandsfesten igaar var fin, ser det ut til.

Av Talarane var Gunnar Heiberg og – underleg nok – Vullum svært gode. Knut Hamsun tala for Bjørnson. – No, 100 Aar etter Wergeland, er dei likaste av oss komne burtimot so langt som han. Hadde han sjølv livt no, hadde han vori so langt fyri oss, at alt som vitugt er hadde samla seg og kasta Stein etter han, eller tagt han ned.

Det er ikkje annleis.

– I Stortinga viser det seg, korleis me hev det nationalt.

Høgre og Sosialistane gjeng saman um aa halde Lande forsvarslaust mot Sverig, som so tydeleg viser og segjer oss kva det tenkjer paa. Og Vinstre er ikkje Fleirtal; me hev ikkje noko Fleirtal; i Lande er ingin samlande Vilje.

"Kulturfolke" vaart vil no som fyrr heller inn under Sverig enn det vil sjaa eit norskt Norig reise seg. Og Sosialistane og Fredssauine er paa ein Maate likesæle. – Men Bonden –, ja; han vert vel au meir og meir likesæl. Likso godt svenske Herrar som norskdanske.

Dei 10 Aari me hev Fred med Sverig, vil snart vera til Endes. Til daa hev me vel fengi gjort Ende paa Resten av Georg Stangs Verk. Og so sloknar vel Draumen um det nye Norig?

Brev fraa H. E. Berner.

Oslo 21/6 1908.

Kjære Arne Garborg!

Tak for Laanet av indlagte "Selvstyre fra Neden" av O.Sagfører Johan Pedersen, som jeg ogsaa tidligere har læst noget av. Det gleder

<side nr=163>

mig at hans Forslag kommer til Drøftelse ogsaa heroppe, og jeg er Dem varm Tak skyldig for at De har ringt sammen til et Stevne, hvor man kan rope "Ned med de gamle Partiorganisationer og deres Trældom!" og "Leve den personlige Frihed, det personlige Ansvar, det sande Folkestyre!" Det er nu mange Aar siden jeg skrev i Sigurd Ibsens "Ringeren" nogle Artikler "Folket i Valg!" **<fmark ind="1">** som i Virkeligheden var et Kamprop mod disse gamle morkne "Maskin-Organisationer" med deres væmmelige "Fetischdyrkelse" av Parti-programmerne og det som skjulte sig bak al Humbugen: det tøilesløse Magtbegjær av disse pro-

fessionelle Taburet-Politikere. Men jeg stoppet op, fordi jeg ingen Gjenklang fandt hos vore dumme Politikere, fordi Unionsstriden optog Alles, saavel de ærlige og oplystes som de politiske Spekulanter og deres uvitende Mobs Tanker og Interesser. Ak ja! jeg har paa min Samvittighet, at jeg har talt og skrevet alt for lite i Grunden; jeg har ikke havt Tid til at præke Evangeliet i U t i d e ogsaa! Det har været for meget, som jeg skulde ha gjort, og Resultatet er blit at jeg er bleven gammel uten at have faaet gjort det jeg skulde.

Nu ja! Det har derfor gledet mig at De har ropt paa mig og bedt mig være med i det nye "Selvstyre"! – Men jeg vil da med det samme bekjende, at likesaa overbevist som jeg er om at vort nuværende politiske Maskineri ikke duger for et frematskridende politisk oplyst Folk, at her maa reises et nyt Samlingsmerke – likesaa tvivlende staar jeg likeoverfor Spørgsmaalet om Johan Pedersen har fundet den fyldestgjørende **<fnote ind="1">** Mit Forslag om Forholdstalsvalg fra 1882 (?) likesom mine Forslag om Folkeavstemning (Referendum) hviler ogsaa paa den Tanke, at redde den enkeltes Frihed fra Partityraniets Aag. Men Forholdstalsvalg er ikke n o k. **</fnote>**
<side nr=164>

Løsning; og særlig maa jeg protestere mot den – som det synes mig – plebiscitariske Tanke, at hver Repræsentants Stemme i Forsamlingen vejer med netop det Antal Stemmer, han er valgt." Det blev en Diktator, en Usurpator ø la Napoleon III, som da kunde gaa ut av Valgene. Men Pedersens eget Utgangspunkt fører efter mit Skjøn hellerikke til slikt Resultat. Men det kan jeg ikke nu faa Tid eller Leilighet til at paavise. Men det faar jeg kanskje til Høsten, naar Møtet blir. Til dess skal jeg tænke lidt nærmere over Saken, kanskje ogsaa faa Høve til bedre at klare mine egne Tanker om Tingen. Men under enhver Omstændighet tror jeg det er bra, at man roper Folkestyret til Kamp mot de gamle Avgudsbilleder og slaar dem ned. – Med venligst Hilsen til Dem og Hustru.
Deres hengivne
H. E. Berner.
E. S.

De faar undskylde at jeg – og det endog efter at have læst B. B.s Tale i Fredriksstad – skriver paa "Riks". Av og til skriver jeg jo paa Norsk og. Men til en slik Norskemester som Dem tør jeg ikke skrive paa en saa daarlig Norsk, som jeg desværre maa pine mig med.
D. S.

21 . 6. 08.

Dore Lavik drøymde vel ein Gong store norske Draumar. Men Rom og Raad til norsk Kunst

hadde Norig ikkje; so Mannen laut vel helst vera glad han fekk døy no.

Men B. B. kjem heim og tek upp-att Maalstriden sin. Han kjenner paa seg, at her er noko
<side nr=165>

nytt i Framgang, og so freistar han aa tyne det med aa kalle det gamalt. Og norskt er noko som "ikke kommer Handelsfolk, Industridrivende og Embedsfolk ved".

Dette siste hev han altfor mykje Rett i; det som skulde vera norsk Overklasse, kjenner seg svært lite "vedkomande", naar det gjeld norske Spursmaal. Og dersom norskt ikkje kjem den norske Overklasse ved, og naar Folke meir og meir finn det heimlaust og uhuglegt i Norig? –

I Stortinge gjeng Høgre og Sosialistane i Lag mot det norske Forsvare; Lande s k a l liggje opi og tru paa sine Karlstad-Papir. Som daa og Storsvensken vil. Um **6–8** Aar, naar Karlstad-Papire hev vorti Do-Papir, og det norske "Folke" ligg i Strid med seg sjølv, som eit kløyvt Folk maa gjera, – so kjem Domedag?

– Den Tanken tyngjer meg stødt, og tek Arbeidshugen fraa meg. Eg er gamall; det er vel det. Sæle dei som fara fær! tenkjer eg, kvar Gong eg høyrer eit Daudebød.

Men . . . berre 58 Aar – –

Strindbergs "Svarta fanor" kom eg ut med i Dag; det er ei myrk Bok – og skal i sine Ting vera ei heller leid Bok; men berre Likferd er det ikkje heller. Strindberg drøymmer paa sin Maate um Visdomssteinen: ventar seg store Ting av (ein ny) Kemi; og det religiøse stig ikkje lite sterkt fram: denne Gongen nemner han Kristus oftare enn Swedenborg. Han skal i det heile ha vorti noko som ein heimkomin Son; – det er lengi no, sidan eg las noko av Strindberg. Her tykkjer eg han er seg sjølv heilt ut.

Ein Ting lagde eg Merke til: han ræddast fyri, at framand Pengemagt skal leggje Lande hans
<side nr=166>

under seg; det er den same Rædsla som liver i alle smaae Folk no for Tidi, men som dei ikkje gjerne talar um. For oss norske, som ventar oss kva-som-helst av Storsvensken, er det rart, og paa sin Maate uhuglegt, aa minnast um, at Sverig au er ei Smaatmagt, – som berre stend so lengi Stor-Røvarane ikkje kann bli samstelte um aa kollstøyte ho. Den som kunde gjera seg minste Tanke um, kor lenge Villmannskapen skal raade i dette hoch-civiliserte, christliche Europa!

Skal Soli koma fraa Aust? – Japan hev lært, Kina held paa aa inn-øve den europæiske Slagtekunst: k a n n dei lære den, – og sistpaa slaa dei europæiske Villdyri ned, – og endaa halde

sin Freds- og Arbeidskultur, sin sant menneskje-
lege Kultur, uppe? Eller f er Fanden i deim au,
naar dei hev l ert aa bruke Kniv? Og endar so
denne Heimsalderen – som kannhende alle
Helmsaldrar? – med, at Kulturfolki hakkar kvar-
andre til Korpemat; og se, tek det til paa nytt
med Adam og Eva i Paradis? ? ?

Eg er komin so langt no, at eg er glad, naar
eg ser at det ikkje er Brev til meg i den Posten
som kjem; er der noko, so veit eg at det er eitt
av tvo: ei Rekning eller eit anna Krav, t. D. um
aa lesa igjenom eit Manuskript. So eg kann
enno, hava Glede av Posten, og hev det meir og
meir: sjeldan f er eg Brev no.

Og Bladi les eg, av di eg maa "fylgje med"
og sjaa, at det aldri hender noko, men at Verdi
jamt og st dt glid ned-yvi paa den Vegen som
f rer til Undergang. Jamvel alle vaare "store
Frarnstig" f rer dit, – som dei no vert utnytta:

<side nr=167>

dei  yder eit Faatal med veksande Rikdom og
Fleirtale med veksande Naud. Og at Folk aldri
l erer, det ser me serskilt godt. Norig no: det
str var av all Magt med aa vinne seg inn i det
same Helvite som meir framkomne Folk str var
likso hardt med aa koma seg ut or. At alle
Folk meir og meir l erer aa hjelpe seg sj lve
med Fabrikvarur, – me ser det ikkje; held paa
og dr ymer um ei Fabrikdrift som skal l va av
Utf rsle heretter som fyrr. Vaar einaste Von er,
at Galinskapen kann daa vel ikkje naa alle Bygdir,
daa visst ikkje like fort; naar daa "Kulturen" ein
Dag hev sprengt seg, so vil Folke byrja paa nytt
Kapitel endaa ein Gong, – um det daa ikkje er
utsliti.

Men er det utsliti, so kjem Finnen att. Eller
Russen. Eller nye Folkevandringar fraa Asia tek
til. Live v i l l va; Vaarherre maa skyna Grunnen.

27. 6. 08.

Norskt er "det Sprog som ikke er vort", skriv
dei som no raader i Lande. Det norske provins-
danske er "det naturlige Udtryk for al vor
Tanke".

For oss norske er det provinsdanske det Maal
som ikkje er vaart. Og norskt er "det naturlige
Udtryk for al vor Tanke".

Men Magt er Rett, – so lengi til Retten kann
bli Magt. So lengi Striden stend skulde daa baee
Partar lempe seg. Men Magti vil vera Rett so
lengi ho kann; um Retten kann vinne Magt,
that is the question.

No ser det ikkje verst ut.

<side nr=168>

Det er so varmt um Dagane no, at eg er mest
arbeidsuf r. Og med Mode er det meir enn

smaatt.

Tru det kann hjelpe aa koma til Fjells? Det er smaatt med Trui. Men det gjeld aa halde seg uppe; det er Skyldnad aa halde seg uppe. .

18. 8. 08.

Attkomne fraa Fjelle.

Me hadde ei god liti Kvilestund der, 6 Vikur i alt, um det elles var rett mykje Regnrusk, og helst noko kaldvori, daa visst for meg som laut sitja inne og skrive mest jamt (og endaa ingin Veg kom).

Av gamle Kjenningar raaka me Savalguten og hans Folk; dei kom fraa den store Sigeren i Vetl'-hamar, ikkje lite trøytt, og vilde til Bør-sjøen. Men Ivar hadde teki ein kald Styr, og vart liggjande paa Kolbotnen i 8 Dagar av ein Styng i Ryggen; han er langtifraa sterk :enno. Og kann ikkje lære aa skyna at han er veik; so det vil vel taka Tid, fyrr han kann vinne seg heilt upp att. Men med Sogu-Gransking driv han som fyrr, og er komin langt paa Veg; det er den norrøne Folkevandring fraa Asia upp gjennom Russland og vest-yvi til Norig han i det siste hev arbeidt med (i Samanheng med Edda-Umsetnaden); og no er han, reint mot alle Vonir, komin innpaa P. A. Munchs Tanke um Innvandringsvegen att; han fortalde ymist um dette, som høyrdest forvitnelegt. Gjev han kunde naa fram; men Vilkaari der upp-i Bygdine er ikkje gode for Arbeid av det Slage. –

– Elles vert det meir og meir Byfolk i Fjelle au no; det er snart ikkje tryggare i

<side nr=169>

Skogen der uppe enn det er her nede. So at eg, som meir og meir eldest og hev mindre og mindre aa snakke um, eg fær vel helst halde meg til Knudaheio. Berre det ikkje var desse endelause Vegane! Og so all denne vonlause Turistskreid all Stad, so at det krevst meir og meir Mod, naar ein skal vaage seg paa Utfærd! Men her paa Labraaten vert det verre enn verst: Bygate kvar ein snur seg. Det er all right, all right, – berre eg var vel derifraa . . .

<side nr=170>

Brev fraa "Radikala klubben".

Floragatan, Stockholm 7/9 1808.

Hr. Arne Garborg.

Fru Hulda Garborg.

Hørmed får jag på radikala klubbens vögner inbjuda eder att deltaga i radikala konferensen, som skall börja antingen d. 7de eller d. 9de oktober og vara omkr. fyra dagar. Konferensen skulle omfatta deltagare från Norge, Danmark, Finland och Sverige. Det var först meningen att

afhålla den i sept., men då det under sommaren föll sig svårt att få tag i folk, så blef den uppskjuten.

Afsikten er att få öfverlögga med hvarandre i olika frågor samt att i vår mån motverka den nationala isolering, som gjort sig merkbar sedan 1905. Det skall ej verkas för nogon nyskandinavism, men för ett naturligt samarbete och samförstånd genom att man helt enkelt tröffas.

Offentlige föredrag skall hållas i ømnena: stat, skola och kyrka från radikal synpunkt och i jordfrågan, hvarefter skall följa enskild diskussion. Enbart enskilda. öfverläggningar hållas i ømnena: Militarism och antimilitarism samt radikalernas stöllning till partierna. I dette siste ømne fråga vi om ej Arne Garborg ville ge oss en redogörelse för Samstyreidén. Det har varit frågan om att Johan Pedersen skulle komma hit men han har ej tid i oktober. S a m s t y r e s a k e n m å s t e j u fram i dette sammanhang. Dessutom veta vi att ni tønker mycket i jordfrågan, ør intresserad i religionsfrågan både Arne Garborg och Hulda Garborg. Ni måste komma båda. I mån af utrymma erbjuda vi våra hem. – Crichsells komma från Lund, Redaktör Løken från Trondhjem; antagl. Dr. Scharffenberg från Kristiania.

<side nr=171>

Ni trøffa åtskilliga svenskar från olika delar af landet; från grannlønderna komma nog blott ett fåtal.

Med hopp om o m g. svar med aktning och med ett vølkomen.

Anna Lindhagen.

Brev fraa Schjøtt.

11/11 1908

Gode G!

Tak for brev. Skjønt min tid er yderlig knap, vil jeg nøyte mig aa svare et par ord, forat du ikke skal tro jeg har givet midlandsmaalet paa baaten. Nu endnu mere end før maa midlandsmaalet holdes oppe. Vi k a n ikke flytte landsmaalet helt ned paa flatbygda. Det har været sagt, at du med dit midlandsmaal har sat dig mellem 2 stole. Det er kanske sandt; men mellem de 2 stole staar der en solid krak af go norsk malm, og du risikerer ikke at bli sittendes aleine. Men mer herom mundtlig.

Hils!

S.

20. 11 . 08.

Endeleg ferdug med "Heimkomin Son", som sluttar "Fred"-Rekkja. Dermed er Bokverke mitt fullført, – det som fraa fyrsto var upplagt daa

(og eit og anna Innskòt som ikkje var paatenkt, men som "kom").

"Heimkomin Son" er ein litin Ting, men hev kosta mykje baade Tid og Arbeid. Mangt og mange Slag skulde med, og Formi var mest ikkje finnande; eg kunde ikkje gjera Paal Hòve til Dagboksskrivar, maa-tru. No hev eg greidt det

<side nr=172>

paa ei Vis; det er alltid godt nok aat eit Publikum som ikkje les meg. Eg hev peika ut den Leidi som eg trur det maa gaa, um det skal bera fram-yvi; og dermed fær eg vera nøgd. Det er ikkje alle som vinn so langt.

– Og no vil eg "kvile" i Homer eit Par Aar.

Der er Fred hjaa dei gamle; og hev Profeten fraa Nasaret gjevi meg Kvile for mine gamle religiøse Spursmaal, so skal Homer gjeva meg Fred for sosiale Spursmaal og Tvilsmaal, – til so lengi.

Elles er alt med det gamle: rolegt og stilt. Nett som eg meir og meir maa hava det. Helst skulde eg like og bu i Knudaheio; men naar eg rett skal tenkje meg um, er det nok best nett-upp som eg no hev det; so sét eg meg ingin Stad fast, men vert verande fri. Og di eldre eg vert, di meir skynar eg at det er so eg maa ha det, um det ikkje nettupp i seg sjølv er best. Men den som er oppvaksin utanfor Live vert ein framand i Live all Tid. Og eg kjenner meir og meir, at eg maa vera aaleine, trivst best med aa vera aaleine – med mine eigne, og so gjerne ein Kjenning eller tvo –; i Lag og Flokkar kom eg ikkje til Gagns med jamvel i del Aari daa eg lagde meg mest etter det.

At eg fær mitt gamle Bokskrivar-Arbeid heilt ifraa Hendane – samla og gjennomset, og i so god Skikk som eg kann faa det – vil gjera mykje til aa gjeva meg Ro. I det beile er mine Stridstidir til Endes. Heretter vert det aalment Kulturarbeid, som kjem til aa draga meg mest; og so er det dei store Samfundsspursmaali eg maa fylgje med i. –

– Hulda arbeider baade meir og betre no enn eg; i Haust hev ho fengi ut tvo gode Skaldeverk: "Sigmund Bresteson" (som "Natio-

<side nr=173>

nalteatret" tenkjer paa – i dansk Umsetnad! –) og "Mann av Guds Naade" – ei god og full-sann Skildring fraa ei Fjellbygd (Mannen av Guds Naade og Huse hans hev me kjent godt). Og no er ho ferdug med eit historisk-sosialt Arbeid som gjev mykje nytt for oss norske Heimfødingar, ikkje minst for meg; alle dei "nye Tankane" me ligg og baskar med, det er dei gamle gode menneskjelege Tankane som vann seg upp etter den lange Villmannstidi og samla seg til heilt Livssyn og Samfundssyn hjaa gamle Jean Jacques. Det er

eit gildt Arbeid, dette; og det vil gjera mykje godt, – um Folk er so langt komne at dei kann lesa det.

– Med det norske Arbeide gjeng det stødt og fint fram; Takk have ikkje minst Bjørnson og hans Motstræv, som eggjar og driv oss utruleg, helst no, daa me hev fengi ein so god Mann som Løvland til aa setja upp imot han. Denne Løvland hev eg aldri trutt noko større paa; og i Politiken var der lite Tak i han; men han hev bøtt for mange Syndir no etter han kom upp or den politiske Myri. Og paa Joleborde i Aar vert dei norske visst ikkje dei veikaste; eit Par gode nye Namn er au komne upp.

Det som det spyrst um no fram-etter, det er Samfundsøkonomien. Kann Folke halde seg uppe under det Pengevelde som tek Magti her no, daa det er paa Attring i den store Verdi? – det er Spursmaale. Og til det er her ikkje anna aa svara enn at me fær no sjaa daa. Ille er det, at Bøndane er med i Attstræve hei, – ikkje minst Austlandsbøndane.

Men dei kann lære.

<side nr=174>

7. 12. 08.

"Heimkomin Son" – som Nygaard hev prenta med stor Skrift, so ho vert meg til eit Grand Pengehjelp – hev vorti vel mot-teki i "D. 17" og i "Socialdemokraten"; det kann bli rart aa sjaa, kva Storblads-Domarane vil gjera. Dei hengjer seg vel i at ho er ei Preikebok.

– Og det er ho. Men det skulde og skal ho vera; soleis fullfører ho det Verke som vart opna med "Fred".

– No bér det i Veg med "Trætte Mænd" i Samlingi. Denne Boki er noko drjug. Men det hadde kosta Tid aa arbeide ho um, og det er Spursmaal um eg no kunde finne att Tonen. Ho gjev elles denne Dekadenten fraa 80–90-Aari godt, etter alt eg enno kann sjaa.

Men mange Tingarar hev Samlingi ikkje fengi, høyrer eg, – og minst av Maalfolk. – Slikt hender i denne Verdi!

– Eg trøystar meg med, at Hulda arbeider seg upp. Boki um "Rousseau og Nutiden" vert serskild forvitneleg.

10. 12. 08.

Bokflaumen veks og veks. I Jolemaanaden hev Bladi snart ikkje Rom til anna enn Bokmeldingar, og knapt til deim heller.

Me hev so mange Diktarar no, at eg kann ikkje hugse Namni lenger. Og alle er dei Geni; og alle skriv dei kvart Aar den beste Boki. Eg fær berre eit Faatal av desse Bøkane sendt, men vinst endaa ikkje med aa lesa deim alle.

Mindre og mindre Lesemod fær eg au. Faae

av alle desse Bøkane kann gjera sin Lesar anna enn trøytt; og les ein mykje, so vert ein sjuk; Live sjølv – som Bokane "skildrar" – vert noko reint
<side nr=175>

uvedkomande, noko som ein berre kjenner seg hjartans leid av.

At det veks upp ein trøytt Ungdom i ei slik Bøktid segjer seg sjølv; med slik "Kvile"-lesnad etter ein samanhengslaus Skulelesnad maa Ungdomen bli som han blir: aandeleg nòmin.

Me fær setja vaar Von til den Ungdomen som minst les, um dette er ein aldri so stut, Tanke for ein Bokmakar. Elles er eg, sant aa segja for min Part so boktrøytt, at eg skriv knapt meir; eg fær drive mi Tid med aa umsetja Homer, Shakespeare og slikt som eg veit er verdt aa lesa um elles denne romansprengde Ungdomen no vel minst greider det som er verdt aa lesa.

Men alle desse Diktarane som veks upp og veks upp, og diktar og diktar, kva Veg skal det bera med deim? Det maa ende med eit Bokmanns- og Kunstnar-proletariat, som saman med alt det andre Proletariate gjer Lande til eit Fantebøle; men so? – Naa-ja; Amerika held vel ut i mi Tid; og sidan . . . ein ny Samfundsskipnad? – so kvar kann liva av sitt Arbeid? –

Og sistpaa vert me vel so vaksne at me ser, at alt er skrivt fyrr, og at me kann nytte vaare Fristundir hetre enn til aa hengje yvi Bøkar?

20. 12. 08.

Eit Vinstreblad i ein Smaalensby hev bedi meg skrive nokre Ord um George-Tanken; Vinstre det, nede vil freiste aa taka den Tanken upp.

Det kunde vera paa Tidi. Eg hev sendt ein litin Stubb, og dertil – i Privatbrev – sagt, at Vinstre bør taka upp George no, um det vil klara seg mot Sosialistane. Mett um Bladevaagar aa taka upp Stykke mitt – so spakt som det er –, naa; me fær sjaa daa.

<side nr=176>

I alle Tilfelle er det godt, at Tanken vaknar. Og no, daa "Samlings"-Skodda blæs burt, bør der kunna bli – ein litin George-flokk, um ikkje anna, i Stortinge.

– Fraa Kaupenharnn les eg (i D. 17de igaar), at B. B. hev trøysta "Politiken" i den norske Saki: han trur han hev døyvt Maalstrævet no.

Stakkars Gamlen; trudde han det sjølv, so fekk han vel endeleg Ro. Men det varer vel ikkje lengi.

Nei; B. B. døyver ikkje Maalstræve. Ikkje um han so fær alle del lærde Skulane med seg. Men misser Folke sitt Livsmod, so døyr baade Maal-saki og meir; og her ligg Arbeide no meir enn nokon Gong: faa upp Vilkaar, so Folke kann liva i Lande sitt. –

– Med det store Eidsvollsminne, som dei hev tenkt aa faa reist i 1914, gjeng det so smaatt, at Nemndi tenkjer paa aa lata Arbeide liggje til so lengi.

Eg kunde ikkje halde det urimelegt. Eidsvolls.- Verke var ei Lygn, som sjølve Provinsdanskane. ikkje trur paa lenger; trass i den Grunnlovs.- paragrafen som gav Borgarrett fysst til "alle som ere eller have været Embedsmænd", braut det norske Folke seg inn i det norskdanke Rike og fekk gjeva Borgarrett til alle; og um den Retten ikkje er so mykje verd, med dei Røysteretts- Reglane, me enno lyt hjelpe oss med, so hev han daa sprengt det danske Embættssvelde fraa Eidsvolls. Men Folke paa si Side hev havt ein altfor lang og tung Strid mot "Eidsvollsverke" til at det enno skulde bry seg um aa gjera Stas for det; Skattar og Avgiftir er dessutan no so store, at det er ikkje meir enn so vidt vanlegt Folk greider seg, baade i By og paa Land. Det skulde vera Pengemagti, som brydde seg um eit Eidsvollsmerke; men den norske Pengemagti er mis-

<side nr=177>
nøgd av fleire Grunnar, no mill. a. av den Grunnen, at Lande ikkje vil selja seg til den utanlandske Pengemagti. I alle Tilfelle: det som i Embættstil heiter det norske Folke er so langt ifraa aa vera eit Folk, at det hev svært lite Grunn til aa reise nokon Stein av dette Slage enno.

– Eg held paa med ein litin Stubb til det austlandske Maalblade som lengi hev vori tenkt paa, og som no skal koma, – hev i alle Fall fengi sin Bladstyrar. Det er Samlings-Tanken ein fær halde fram . . .

27. 12. 08.

Fint JolevÍr, men kaldt. Og lite Snø. Ute laakt Føre: glatt. Dermed stilt paa Vegar og i Bakkar: korkje Ski- eller Kjelkeaking. Igaar fint og blankt; i Dag graatt, med aukande Blaastr.

Det er full Vinter; og Kalden vert verre aa greide di eldre ein vert. Eg driv paa med Lesnad, men kjem ikkje langt med det heller.

Jolaftan var me heime og aaleine; det lika eg godt. Joledags (Middag og) Kveld hadde me nokre Gjestir; det og gildt. I Dag reiste Hulda til Valdris – skal vera Dansemeistar og Spelstyrar paa ein litin "Maalmarknad" –; gjev ho no berre klarar denne Kalden! –

– Ketil Motzfeldts "Dagbøger" hev eg pløgt igjenom; det er lang og ikkje morosam Lesnad (for det meste); men igjenom vann eg; det var paa ein Maate aa friske upp att mi eigi "politiske Tid".

Med alt som kann vera aa segia paa Tilstandi no, so er det ein stor Ting aa vera komin ut or Svenskeklemba; det kann ein alltid trøyste seg med.

Det er (Halv-)Danskane vaare som hev berga oss fraa aa bli Svenskar – til so lengi. Dei

<side nr=178>

tok det for braatt, vilde gjeva Svensken Magti for snart; det var det, maa tru, at dei sjølve var framande. Hadde dei ikkje det vori, so hadde dei vel kunna faa Svensken til aa taka det med Ro endaa i eit halvt hundrad Aar eller so; og daa hadde visst Svensken havt oss. Etter Oskar den fyste var me langt komne i den Trui paa svensk Brorskap, som hadde fengi oss til aa somne av um ikkje so svært lengi.

Men Vendingi kom i 1860; og det var for tidleg.

Det skyna ikkje dei gamal-(norsk-)danske (ytste Høgre). Etter Dalmann-Anckarsvørd i den svenske Riksdagen kom (den umvende) Fr. Stang og hans Fylgje i Norig; dermed vart det Strid, so me fekk ikkje sova i Ro lenger. Men Stang & Fylgje skyna ingin Ting; dreiv paa med sin nye Unionstanke, so at me vakna (i 1872 og 1880); sidan heldt Høgre og Svenskane oss i jamn Uro, so me ikkje fekk leggje oss til Ro att; sistpaa dreiv Svenskane det so vidt, at sjølve Høgre saag at so fort kunde det ikkje gaa; og halvt imot vaar Vilje og til vaar eigi store Forundring vart me i 1905 sprengt ut or Samfeste.

Endaa so seint som i 1884 var det Svenskar som skyna at det norske Høgre dreiv for fort paa til at det kunde gaa godt; men desse kloke var for faae og hev dregi seg undan eller vorti skotne til Sides.

Motzfeldt var av dei gamle konservative: heldt fast paa Kongedøme og Samfeste av all Magt, men meinte at Folke (gjenom Storting) skulde hava sin Rett det au (naar det ikkje kravde for mykje daa, som t. D. norskt Maal i Norig). Han hev daa mangt aa segja paa ytste Høgre;. men paa "Sverdrup & Co. " ser han med vanlege Høgre-Augo, um han elles dømer rolegare; alt i 1873 raadde han Kongen til aa lata Sverdrup

<side nr=179>

skipa Riksraad. Mangt hadde gjengi annarleis, um Kongen den Gongen hadde havt so mykje Vit. Men, Stakkar, det var ikkje greidt; han hadde enno Borgarblod i Aarune sine og laut fysst og fremst gjera grefvarne til Lags: det gjekk daa som det maatte gaa.

"Sverdrup & Co." hev ikkje vori berre store, og gjenom Motzfeldts Brillur ser dei svært smaa-vorne ut; men med ein sterk og i Hovudsaki godt samstelt Bondefylking attum seg greidde dei Striden so vidt, at me vann oss beilt ut or Embættstyre (Byraakratle) og kom inn under Tingstyre (Parlamentarisme), det me i den Tid trudde var Folkestyre.

Det var elles eit Stig fram, det au; og daa me

dertil hev fengi aalmenn Røysterett, so skal det mykje til, at me somnar av att. Men mange store Spursmaal er uløyste enno; og serleg vil det vel heretter spyrjast kóss det kjem til aa gaa med Bonden, han som fyrr "var" det norske Folk. –
– Motzfeldts Dagbøkar, som gjeng fraa 1854
– daa Schweigaard og Ueland var dei førande
– og (i Fyrstningi med eit og anna Sprang) til 1889 – daa Emil Stang lagar sitt fysste Raad –, gjev Minningar fraa ei Tid som berre ligg 20 Aar tilbake, og som endaa alt høyrer Sogo til. Ketil Motzfeldt, som eg gjerne høyrde paa – og ofte lo aat – men lite forstod i dei Aari daa eg stundom sat paa Stortingsgallerie, stend for meg no som eit gamalt Minne; hadde ikkje denne Boki komi, so hadde han vel snart vori gløymd.

29. 12. 08.

Endeleg er det ein Paulus-Teolog ute etter "Heimkomin Son" (i eit lite Blad upp-i Trums) det var ikkje for tidleg.

<side nr=180>

I det heile hev Boki klara seg betre enn eg hadde venta. Men det er som det er: for dei ukjyrkjelege held eg meg for mykje til Nasaræaren, og for dei kyrkjelege held eg meg for lite til Paulus. Dermed er eg utanfor Flokkane. Og eg kjenner meir og meir, at det er der eg høyrer heime.

Men eg hev gjort det eg kann til, at Nasaræaren og Paulus kann klaare seg ut fraa kvarandre att; like eins er det ein stor Ting, at ingin lenger vaagar aa nemne Helvite. Me er dermed paa Veg burt fraa den millomalderske Villmannskapen. –

– Gjerne tek eg mitt Rom utanfor Flokkane (endaa det kunde visst turvst, at eg hadde vori Førar). Det eg mindre likar er den Kjensla som meir og meir fær Magt i meg: at no hev eg gjort mitt; no burde eg faa "gaa og leggje meg". Eit Folk som skal fram, treng ungt Folk og sterkt Folk, Lovgjevarar og Profetar; men eg vert meir og meir gamall og dekadent; alt vert Spursmaal for meg.

Men eg fær slaa meg til Ro med Umsetjar-Arbeid. Homer, Shakespeare og andre av desse Allheims- og Alltids-Aandir, – det vert Spursmaal etter deim i Norig au ein Gong; og daa vil det vera godt um Maale hev vorti oppøvt til aa tolke deim. Og slikt Arbeid kann høve godt for ein Gamling, serleg i eit Land, der alle unge sjølve er Homer, Dante, Shakespeare, og soleis ikkje kann arbeide med Umsetjingar.

– Mine Spursmaal um vaar Framtid fær eg døyve; deim er der ikkje Svar aa faa paa kor som er. Svenskane er ute ender og daa; her um Dagen saag eg – i eit lite norskt Smaabyblad – eit nytt svenskt Ynskje um aa faa Norig

kløyvt (Sverig skulde ha Stykke fraa Trondheim og nord-yvi; det var vel mill. a., Narvik, Fyren tenkte paa). Men Svenskane er ikkje faarlege; <side nr=181>

det er dei store Røvarane som raar. At elles slikt vert uppteki i norske Blad utan eit Ord det viser at me hev vant oss uhuglegt til denne Tanken: at me er rettlause.

Men kva skal Smaafolk gjera? – Me hev lengi trøysta oss med at me v a r noko ein Gong; all Fant trøyster seg med det. Sjølve vaare gamle Herrar Danskane er so langt komne. Ei dansk Bok eg kom til aa lesa ("Peder Ox" av Troels Lund) trøyster seg jamvel beint fram med, at Danmark hev vori Stormagt ein Gong: "Peder Ox skapte Danmark-Norge til Stormagt". "Hans (**dvs.** Peder Oxes) Plan, Danmark-Norges Herredømme paa Havet, stod sin Prøve og vilde efter al menneskelig Beregning have kunnet bære Rigerne en lang Stortid igjennem, hvis ikke Chr. IV, overmodig ved Lykken, havde brudd med Peder Oxes Tanke": "Fred med Sverig, Enighed i Norden."

Sjølve Norig fær her vera med paa ei Vis; dei hev mjukna ikkje lite, vaare gamle Herrar, fraa den Tidi daa det heitte: "ingen Nordmand er til; alle er Borgere av den danske Stat". Men det er berre "Danmark og Sverig" som skal halde Fred; det er Danmark (med Norig vedhengt) og Sverig som er "Norden". Og for Sverig er det like eins: Norden er Sverig (med Norig vedhengt, eller so og so mykje av Norig underlagt) og Danmark.

Det skulde kunna vera Vonir for "Norden", um det ærlegt kunde vera tri; for at tri heng betre ihop enn tvo er sjølvsgagt. Men so langt ser dei ikkje. Ja Svenskane skynar ikkje so mykje som det, at eit kløyvt Norig vilde vera Inngangen til eit kløyvt Skandinavia. Den norske Havstrandi fekk ikkje Svensken noko av; vart ho skift, so vart ho skift millom Russland og England. Og daa fekk Sverig det ille trongt. <side nr=182>

Ulukka er, at dei store fiktar for Tilvære som me; og Ende paa Striden vert det ikkje (utan daa sers store Ting skulde hende), fyrr ei av Magtine legg under seg heile Europa. Men daa vert det ikkje heller Fred, utan Vinnaren er Mann for aa gjera Europa til eit nytt Sambandsrike. So mykje Magt og so mykje Vit hev ingin, og fær ingin, so langt fram som me kann sjaa; og so vert det denne same ævelege Kappvæpning, til dess Asia au hev lært europæisk Krigsvillmannskap. Daa vert det ein Domedag som ingin no kann spaa um; – sæle me, som ikkje tarv sjaa dei Dagar!

– Ikkje for det: me hev nok av vondt aa

sjaa paa no au; so Sæla vaar bør me visst ikkje tala høgt um. Og gamle Aar gjeng og nye kjem, og alt er det same og det same. Og helst versnande. Eg vil grava meg djupt ned i Homer.

31. 12. 08.

So; no er det siste Dagen i dette Aarstale.

Dagane gjeng og Aari glid. Og alt det me likar kverv og kjem burt; men det som held ut er Mødur og Vanskar. Og vondt og leidt og stygt og fælt. I Verdi er det Pest og Krig og Svelting og Jordskaking – 1908 sluttar med ein rein Domedag ned-paa Sicilia, verre enn den som gjorde Ende paa Pompeji o. s. fr. –; og i Kvarmanns Liv er det Smaamødur og Storsutir jamt og samt, so at ein berre fær slaa seg like-sæl og lata det skure, og trøyste seg med at ein Gong vert det Fred; Dauden kann me tru paa. (Um me elles kann det?)

Storsutir er me enno frie paa Labraatan, Gudskjelov; men Smaa-Mødur naah! lat meg nemne ei; for den er ny: Ved-Naud. Alt som

<side nr=183>
finst av Trevare gjeng i Fabrikane no; det som vert att til aa brenne vert daa baade lite og laakt og dyrt; faa skikkeleg turr Ved vert vel snart raadlaust. Like eins dyrnar (og laaknar) Kol og Koks. Ubeint vert det daa aa klara seg i dette Langvinter- og Hardvinter-Lande.

Det vert meir og meir Frjosing, som det meir og meir er Svelting. Her som i heile den kristelege Kulturheimen; Hutetu for Kristindom og Kultur!

I alle Storbyar aukar Mengdi av arbeidslause. Og av Sveltarar, som er dei arbeidslause + alle del som ingin Uppteljar fær Tal paa, dei som løynsvelt, og so all den Endeløysa som halvsvelt. Ville og jamt villare vert Tilstandi.

Meir og meir ramlar daa au alle "moralske" Gjerde; i eit Samfund som liver paa Urett vert Uretten Rett. Og byggjer upp si Verd jamsides "Retts"-Verdi. Me fær meir og meir eit fullt samskipa Brotsmans-Samfund: her um Dagen las eg um eit stort Fantelag i Amerika, som hev Skular til Upplæring i Steling og Draap, liksom me hev vaare Arbeidsskular; stela og drepa vert Vitskap og Kunst som aa handle og krige. Og denne Tjuve-Kulturen veks. I desse Dagar hev dei t. D. kunna brjote seg inn og stela Gullstas i Kongegravine i Roskilde Dóm; og det hev dei gjort so Fint, at Politie med alle sine fine Nasar stend reint oppraadt. At det ein Gong vert fullkomin Ufred millom Røvarar og Hærfolk um Bankar og andre Million-Kjellarar, det tarv ein ikkje vera Spaamann for aa spaa.

Krig paa Kniven millom lovlege og ulovlege Røvarar, det vert siste Kapitel av vaar kristelege Kultur. Vitskapen er for alle; Tjuven hev sine

Vaapn-Smiur so vel som Borgaren; og han fær meir og meir sin Hér av Vaktir og Forsvararar. Det vert snart ikkje stort annan Skilnad paa Røvar og Borgar enn at Røvaren er meir ærleg: <side nr=184>

freistar ikkje som Borgaren aa dylja si Skam med Fikeblad av Lovpapir.

Alle Samfundsfrelsarar stend raadlause. So lengi dei er Faatal dømer dei strengt og lovar godt; men fær dei Magti, kann dei inkje gjera. Georg-istane skal ha fengi god Skikk paa eit og anna Nybyggjar-Samfund ned-i Australia; men naar desse Samfund veks til? ? – Den kloke Jyden og Sakføraren Johan Pedersen – som sjølv er George-Mann paa ei Vis – segjer, at George-Skipnaden kann føre til verre Urett enn den som nokon Gong fyrr hev vori uppe; han meiner vel, at Herre-(Røvar-)Naturane kann taka seg Magt yvi Verdsetnaden av Jordi og dermed meir enn fyrr leggje ho under seg.

Me trur i det lengste at det maa finnast ei Raad til aa faa stengt Ormen ute or Paradis. Men desse Frelsar-Tankane som vaknar fraa Tid til Tid – er det kannhende berre liksom Morfin-Dròpar, som den sjuke fær til aa lindre Verken med? Og kvar Revolusjon kann vera um Lag som naar Sjukingen fær vendt seg i Sengi so ender og daa: det kjennest betre med same; men snart maa han snu paa seg att? – Soleis ligg daa øtti og vender og vrid seg; og kvar Vending kallar ho eit Framstig; men det er berre det same og det same upp att; smaae Kvilestundir millom harde Pinslur; og det einaste som gjeng fram er den Sjukdomen som sistpaa skal leggje ho i Gravi?

Naa. Um so var: det er godt alt som kann lindre. Det er Hjelp berre i den Ting aa kunna t r u paa betre Dagar.; og naar den Trui sviktar, so maa Folk tru paa betre Dagar i ein annan Heim; me fær nok enno i lange Tidir vera glade til at Folke hev Kyrkja aa trøyste seg til. –

– So er det ein ny Sving rundt um Soli daa; Farvel, 1908!

<side nr=185>

1909

3. 1. 09.

Endaa ei teologisk Melding av "Heimkomin Son" – i "Stille Stundir". Svært rimeleg. Segjer berre, at eg ikkje er rett i Trui "enno". Ein Ungdom paa 58 Aar hev Tidi for seg, synest Meldaren aa meine; i alle Fall er det hyggjelegt at ein Teolog kann sjaa noko godt i ei Bok som berre held seg til Jesus. –

– Alle Blad er fulle av Jordskjelven paa Sisilia; det er fælt aa lesa.

Men alle Magtir tenkjer paa Hjelp, som vel er. Og Trui gjer ingen Skil lenger; dei kappast

um aa hjelpe baade Katolikar og Protestantar og Tyrkar. Ja Sultanen gjev meir enn Paven (1000 Pund mot 1000 Lire), og sender attpaa eit Hérskip til Hjelp i det store Flytjingsstræve. Det er i Grunnen rart. Alle desse Magtine kunde kva Dag som helst skjote større Byar enn Messina i Knas; men for Naturmagtine skjelv dei og vert hugmilde.

I Tilfelle som dette kann Brorskap dessutan løne seg; det er slik Kappestríd millom Landi no, at det hev ikkje lite paa seg aa vinne "Sympati", – iminsto likso mykje som den og den Grannen. Ja Brorskap kann vera Privatspekulation au. Eit Hamburg-Hus (ei Amerika-Line) hev sendt eit Skip til Sikiløy med Mat til 1000 Menneskje for 8 Dagar; og det kann draga etter <side nr=186> seg; Spekulantane maa au kappast. Soleis vendest stundom jamvel det vonde til godt.

Paa Sikiløy er det uhuglegt. Hérmennar med Bajonettar paa Byrsom skifter Matgaavune ut; dei svoltne stormar fram i vill Ørske og er reint spelege. Men i Røysine etter Byar og Landsbyar ligg fyrrverande Eigarar og rotar saman med Tjuv og Fant etter det som kann vera aa finne millom Kalk og Stein og Lik av Verdsakir.

Mange hundrad Aars Arbeid ligg nedramla og nedgravi; eit Byggverk som Katedralen i Milano ligg i Grus, med sine Millioii-Rikdomar neddyngde i Steinrøysi (sæle dei fatige!). 0. s. fr.

Ja, ja. Alt er Faafengd. Det gjeng den Vegen til Slutt med alt Manns-Storverk: det ramlar, rotnar, brenn. Sidan eller fyrr. Av alt det herlege, Forn-Tidir hev skapt, stend det ikkje att stort anna enn eit Par Pyramidar; av hellensk og romersk Kunst er det berre Leivingar att; og no kjem Radi til Millomalders storverki. Desse bør elles enno kunna halde lengi ut, so sant Europa kann klara seg yvi til si nye Tid utan Umstøytar eller nye "Folkevandringar". –

– "Den gamla herrgårdsallén" av G. af Geijerstam las eg i Dag; det er ei Skildring av svenskt Herregardsliv fraa Fyrstningi av det 19de Aarhundrade. God Bok.

Folk i den Tidi hadde ei Livstru og dermed ein Grunn aa byggje paa; dei var daa tryggare enn me, rolegare. Meir Born var dei paa ein Maate; og Borni hev Gudsrike. Sidan hev me vorti mindre og mindre Born, og kjem daa meir og meir i Helvite.

Men att-ende kann me ikkje koma; skulde me liva i den Tid, so vilde me lengte etter vaart Helvite att um Lag som me no lengtar ut av det. Me fær tru at me er i eit Millombrøyte, og at me vert verande der, til dess eit nytt Livssyn og ein ny Livsskikk kann faa fest seg.

<side nr=187>

Men Fedrane fraa Fysstningi av fyrre Aarhun-

drade stend oss so vidt nære at me skynar deim; dei er paa Overgang til vaar Tid (den individualistiske). Her i Boki hev me jamvel ei Maja, som paa sin Maate minner um Nora (so ulik henne som ho er: mindre dramatisk, men meir menneskjeleg). Gamle Faste Lotta derimot høyrer heilt si Tid til, og er daa trygg og glad og fornøgd; ho vert reint rædd, daa Maja kjem med sin nye Tanke. Men Maja vert sjølv gamal; og daa kjem Ungdomen med Synsmaatar som for henne er nye. Og ho fær ein Tanke um at det alltid er so: kvar ny øtt ser paa sin Maate. Men nettupp det hjaa Ungdomen, som dei Gamle "för-fasa sig öfver, det tycker de öndå om" – i Grunnen.

Det er fint set, dette.

Gamle og unge er i Strid. Men det maa so vera. Var dei ikkje det; fann ikkje dei unge paa anna enn dei gamle alt hadde gjennomført, so somna Live.

Alderdom og Ungdom er usams som Føtane paa den som gjeng: den eine stig alltid framum den andre. Og paa den Maaten hjelper dei det heile fram. (Eller attende, naar det maa bera den Vegen). Med den Striden hev det daa ingin Faare; – og her er visst Tanken i "D. gl. herrgårdsallén".

– No er me komne so langt i Individualisme, at det er Strindberg som er den rette øgteskaps-Skildraren: øgteskapet vert meir og meir ein Strid, som fører til eit Barn eller tvo, og so til Skilsmaal. Dette maa vera ein Overgang – eller ein Klasse-Sjukdom –; eller so er det "Upphæve til Enden".

<side nr=188>

– – –<fmark ind="1">

den reine vinn heil Mannskraft og Mannshøgd. Og berre for den reine vert Kjærleiken det han kann og skal vera: "Lykken i hele sin Fylde er Renhedens Løn."

Ein k a n n halde seg rein. Elskhugsdrift er ei Naturdrift; men ustyrlig er ho ikkje; ho læt seg tøyne. Det er Tilfelle jamvel i Dyreheimen, naar Vilkaari krev det; men Mannsviljen kann naa fullt Sjølvstyre. Laake Vilkaar og Sjukdom kann gjeva Drifti for mykje og Viljen for lite Magt; men oftast er det rang Tru paa ei ustyrlig Drift, eller og lat Vilje, som gjer at Ungdomen ligg under i denne Striden. Med ein fast Vilje som trur paa seg sjølv kann ein klara seg; og til Styrkjing for baade Vilje og Kraft, som og til Døyving av sjuke Dragingar, nemner Wegener mykje og mangt, ikkje minst kropslegt Arbeid, det han i det heile skriv baade mykje og godt um. Men ein maa arbeide med Hug, skal det vera Hjelp i det; "det lykkelige Arbeid gjør rig," um ein er fatig; men "det glædeløse

Arbeide gjør os fattige, selv om det indbringer Millioner". Og at huglaust Arbeid ikkje hjelper mot Drøyning, det veit eg.

At Spursmaale um Kraft til Reinleik kann vera eit Spursmaal um (aandeleg og) kropsleg Helse er ein Tanke som kann hava meir aa segja enn eg fyrr hev tenkt; og at Ungdoms Reinleik vil vera ei god Raad mot eldre Aars Hugløyse og Livsleide er rimelegt. Sterke Folk med friske glade Born ikring seg vil alltid hava noko aa "liva fyri".

Wegener vender seg til Ungdomen sjølv; han veit, at her er ikkje Foreldre lenger, og at Skulen er moralsk magtlaus for det meste. Og Boki

<fnote ind="1)"> Eit blad manuskript – eller meir – vantar diverre her. *H. G.* **</fnote>**
<side nr=189>

hans bør kunna kveikje Mod hjaa Ungdom med Livsvilje; mykje av Ungdomen, serleg i Storbane, er alt so aandeleg helselaus, at for den er det lite Von.

Helse og Kraft gjev Livsmod og Livsglede, so sant Folk hev so vidt Velstand at dei kann liva; det er daa Helse og Velstand me maa arbeide fyri, naar me vil "frelse Verdi", – det eine med det andre. Og kvar fær stride serskilt med det, som han for sin Part trur det gjeld fyrst um. Ein Gong vinn daa Verdi fram, – um det elles er sant at ho "gjeng fram-yvi".

10. 1. 09.

Ein ny Sjukdom kjem upp: me vert lese-trøytt.

Fleire og fleire skriv. Og dei skriv betre og betre. Og stor-gode Bøkar hopar seg upp i aukande Mengd. Ein les og ein les. Forundrar seg yvi alt dette gode; og mykje er betre, og det meste best, og sumt so og so mykje betre enn best; sistpaa sit ein der og heng. Trøytt og leid; eit Grand elgin, som ein skulde ha eti for mykje feitt eller søtt, eller drukki for mykje Toddy.

Men kvar Haust er det uppatt det same. Berre alltid meir og meir. Og ein sjølv tølur vel mindre og mindre. Visst er det: ein kjenner seg meir og meir "fyllesjuk". Her er vel ein av Grunnane til, at det jamt og samt kjem upp nye Maatar, som skiftar som Skræddarmotane kvart Aar; og det hjelper alltid noko; men snart "kann" ein Skiftingane au: um det er det same paa ein annan Maate, so er det fyrst og fremst det same; og sjøelve Emne, "Live", – ja visst er det uendeleg rikt; men i all endelaus Smaaskifting er det

<side nr=190>
au i Rot og Grunn det same og det same; det ser ein meir og meir di eldre ein vert.

Eg trudde eg var ferdug med Jolehausten for denne Gongen. Fleire Gongir hev eg trutt det.

Men kvar Gong viste det seg, at endaa laag det ein litin Bokhaug att; og det same viser seg i Dag; men no vinn eg ikkje meir. No fær det vera.

Bokflaumen veks; og det kjem han vel til aa halde paa med. Alle kann skrive no. Og alle les; lærer daa snart Maaten og Makselen. Like eins hev alle Emne: "Live". Og Gaava kjem til fleire og fleire, ettersom det vert meir og meir aalmenn Skuledaning. Den Dagen kjem, daa kvart Menneskje skriv minst ei Bok, men dei fleste tie; og daa Skrivemaskinane vert allstødt betre, so tarvst det snart ikkje Prenting lenger: kvar Forfattar diktar og prentar samstundes. Det kunde bli mykje aa lære av all denne Literaturen, – dersom det ikkje var det, at me lyg so, naar me skriv. Og me maa og skal ljuge, um me so ikkje vil; sjølve Moralen krev det.

Men daa kjem den store Trøyttleiken. Me kjem til aa røme lang Veg, berre me ser ei Bok; eg kjenner det paa meg alt, – serleg i Jole Tidir. –

– Fraa politiske Møte ser eg, at George-Tanken so smaatt held paa aa arbeide seg inn.

Samstundes arbeider Sosialdemokratie. Desse tvo Magtine kjem til aa drive kvarandre fram-yvi; og sistpaa lagar det seg vel. Meir og meir ubrukeleg vert den gamle Skipnaden; fleire og fleire gjeng arbeidslause i Storbyane, og meir og meir utrygt vert Live all Stad; det vert mindre og mindre Ro til aa sove. –

Ein Storbonde skriv og fortél, at han maa laane Pengar til aa faa ei av Døtrane sine paa – Handelsskulen; huff. Ja-ja.

<side nr=191>

Kannahende er me paa rett Veg likevel. Kvinna bør bli Handelsmann, Lærer, Embættsmann o. s. fr., og Mannen hør slaa seg paa Hand-Arbeid. øgteskap vert det snart ikkje Tale um; kvart Kvende som vil hava Barn skaffar seg eitt paa annan Veg; Mennane, som mindre og mindre bryr seg um Born, daa dei sjeldnare og sjeldnare fær noko aa gjeva i Arv, – dei greider seg paa sine Maatar ...

– Til dess ein ny Dag renn.

12. 1. 09.

Ljost, Fint Vír, rolegt og mildt; og dette held paa og held paa; utruleg lempeleg norsk Midvinter.

Men elles er me i Norig. Birkebeinar og Baglar med Øks mot Øks – eller no Penn mot Penn –, det er som det hev vori.

Den politiske Striden er mindre hard enn fyrr; det vert so mange Flokkar no, at Hate kann ikkje faa samle seg som det gjorde i Svenske-tidi. Dess meir samlar det seg i den gamle nationale Krigen millom Vikværing (Provins-

danskar) og Heime-Nordmann; Maalstriden vert jamt heitare.

Riksmagtine hev meint at dei skulde kunne semja "Innvandrar"-Flokken med det norske Folke smaatt um Senn gjenom Skulen; men nei; Vikværingen skrik upp: me vil vera danske som me hev vori. "Nationalteatre" – det norsk-danske Provinsteatre framifraa – kann ikkje spela paa norskt og vil ikkje lære; ei Forretning (eit Trygdslag) som hev teki til aa bruka norskt, vert ettersett med forgiftige Pennar i dei rett-truande Vikværbladi, o. s. fr.

Stakkars Nordmann, han fær finne seg i det; kvi sleppte han Dansken inn-yvi seg? Og kvi

<side nr=192>

er han slik ein Snobb som han er? – det flyt norskt Blod i mest alle vaare Provinsdanske no for Tidi. Det er berre den norske Snobbeskapan i deim, som reiser seg i Hat mot denne Norskdomen som vil gjera seg fri, – endaa dei Kravi han set til deim ikkje er store.

Eg trur som fyrr, at me skulde gjort endaa mindre Krav – inkje Krav. Provinsdansen skulde fengi havt sine danske Skular i Fred; me norske skulde berre reist vaar norske Skule, og etterkvart nokre norske Millomskular og eit norskt Gymnas (med Upplæring i danskt som i andre Framandmaal) jamsides dei provinsdanske; og Høgskulen burde ha fengi fleire og fleire norske Lærarar jamsides dei hine. Og so skulde kvar Bygd og kvart Fylke havt Rett til aa krevja norske Embættsmennar, etterkvart som det vart slike aa faa. Paa den Maaten hadde det gjengi smaatt med den norske Framgangen i Byane; men Byane livar av Lande; og naar Landsfolke var norskt opplært, vilde Byane au etterkvart bli norske; – det kjem knapt til aa gange stort snøggare no.

Men dei styrande i Tinge hadde for stort Mod; dei trudde me var komne lenger enn me var; og aa snu no vil ikkje vera beint; me fær daa baske med denne Borgarkrigen, til dess – naa, me fær tru at Sverre vinn. –

– Stortinga er møtt upp; det hev sitt 3dje Aar no att, – det veikaste. Og veikt er det i seg sjølv. Nokon Framgang er ikkje ventande – so nær som i Utgiftir og Skattar –; men sitt eigi Verk maa det kunna halde uppe, fær ein tru.

– Dei demokratiske Arbeidarane hev havt Møte paa Gjøvik. George-Tanken var framme, og er komin med i Programme au, litegrand; um det syng Aft. upp, i den glade Tru at slikt maa skræme alle Austlandsbøndar.

Og det kann vel hende.

<side nr=193>

Pengemennane gled seg i Panteskuldi; gjenom den er det dei som hev Magti, yvi Jordi som yvi Arbeide. Og Magti raar.

Sosialdemokratie veks. Men Pengemagti ræddast ikkje større for det heller lenger. Ho veit, at etter Fela med Sylvstrengine lyt Arbeidaren alltid til Slutt danse. Og noko Magtmisbruk tarv Pengeherrane ikkje fæle fyri. Det er dei som raader yvi Krigsmagti; knip det, so er det berre aa skjote ned; i det heile lærer dei av Russen i denne Tid, at det gjeld berre um aa bruka Kniven – –.

Vert dette Røvarhide til ein Mannheim nokon Gong, skal tru?

14. 1. 09.

Or den snøgraae Lufti glid Snøen tett, tett, Jordi vert meir og meir ei Snøfonn.

I Bladi Fiktar Kain og Abel, Kapitalen og Arbeide. Det er full Ufred; dei bryr seg knapt med aa dylia det lenger. Og det gjeng vel no som det alltid gjekk: det er Abel som vert drepin.

Det Folke som arbeider s k a l svelte; det er all Herremagt samstelt um. Pine ut av Folke alt som læt seg utpine, og nytte det som er, utpint til Bate og Hugnad for Herremannen og til Framhjelp for hans Kultur, – det er i Røyndi det einaste Statsfyrimaal.

Broderskap er ein Dratim. Naar Smaafolk vinn seg upp-millom dei styrande, so vert dei au Herrar. Og alle Folkefrelsar-Tankar, – "gjenomførde" vert dei til Hjelp for Herrane, liksom sjølve Jesu Tankar for Kyrkjeherrane.
<side nr=194>

16. 1. 09.

Lars Eskeland finn "fast Grunn" i Kyrkjelæra: Jesus hev vist oss Maale; Paulus hev vist oss Vegen. Det er den kyrkjelege Paulus-Kristendom, tillempa etter Grundtvig.

Men jamvel dei Kyrkjekristne vedgjeng meir og meir, som Eskeland her, at "Godleiken og Rettferdi maa raade yvi Live vaart"; det er "eit ubøygjelegt Krav; det er ei guddomleg Lov". At Kyrkja hev "havt lett for aa gaa i Teneste hjaa Verdi i Staden for hjaa Gud" er sant, men hev lite paa seg; det er berre den "ytre Kyrkja", dette gjeld. Den heilage aalmenne Kyrkja (= "den usynlege Kyrkja" hjaa Pontoppidan) "hev alltid vori livande", er "Salte og Ljose i Verdi"; og "Live og Ljose" fraa den er det som skal lære oss "den fullkomne Godleiken". I Bergpreika "syner Jesus oss Himilen sjølv, med all si Sæle, med heil Kjærleik og heil Reinleik og heil Fred"; han viser oss det "som me er etla til aa vera"; det er "det rette Mannaliv" han hev vist oss der, "det einaste rette" men naar han byd oss liva dette Mannaliv, so maa me gaa til Paulus.

For "framfor all denne Herlegdomen" (Krave

um aa liva etter Guds Vilje) "vert me so fatige" "at me veit ingi Raad". Sjølve kann me ikkje halde den Guds Lovi Jesus tolkar; fær me ikkje Hjelp, maa me forkomast"; men "Krafti og Hjelpi finn me utanum oss". "Var nokon fullfrisk," so kunde han liva etter Jesu Bød; men "me er sjuke", og maa daa, "so sant me skal naa fram", finne "ein annan Maate aa koma fram paa" enn den Jesus hev vist oss; me maa halde oss til Paulus og hans Soningslære eller, som Eskeland segjer, til deri heilage aalmennelege Kyrkja; han agtar seg vel for aa nemne Paulus. Han hermer ikkje noko Paulus-Ord dessmeir, men held seg

<side nr=195>
til Orde fraa Johannesboki: "so elska Gud Verdi" o. s. fr.

Men i dette ligg det eit halvt Framstìg. Meir enn halvt er det ikkje; "me kann ikkje reinse oss sjølve; Jesus maa gjera det; han maa gjeva oss Kraft til aa gaa den Vegen han gjekk" (gjer han ikkje det, so kann me taka det med Ro!); men "Lovi hev ikkje komi burt", og "reine maa me vera, heilt ut"; Jesus kjem upp jamsides Paulus, og den store Sjølvmotsegjing klaarnar.

Boki inneheld elles ymist som kann hjelpe sin Lesar-Ring fram-yvi.

26. 1. 09.

Di eldre ein vert – eg er 58 no – di betre likar ein aa leggje seg um Kvelden, og di mindre Hast hev ein med aa koma upp um Morgonen. Ja er ein "morgongrettin" som eg, so vert ein berre arg naar ein vaknar, og ser at det dagast, so ein lyt upp att og baske med alt dette som ein so tydeleg ser er berre inkjevetta.

Sameleis med den "siste Svevnen": i Ungdomen likar ein ikkje aa tenkje paa den; og ei Uppvakning maa ein tru paa, "elles vert alt meiningslaust". Og so tenkjer ein ut gjenom heile Manndomen, meir eller mindre hugfast og klaart. Men etter som ein eldest vert Uppvakinshugen mindre heit; og di meir ein trøytmar, (di meir er det Kvila sjølv ein gled seg til. Vakne att, kva skulde det vera godt for? Ein tykkjest have livt meir enn lengi nok. Berre naar ein "vert Barn att" (kjem i Barndøme) kann ein faa det med Uhug til aa "leggje seg" for godt, og med Draumar um ein Morgon etter Dauden. Men sistpaa legg ein seg gjerne, og vil berre kvile; sovnar av utan Tanke paa meir.

<side nr=196>

Ein maa daa kunna tru paa Kvila, og paa at Kvila skal vara; det er daa visst den einaste Sæle-Tanken eg no sét Pris paa.

Det kunde nok vera godt aa "vinne lenger fram", og faa meir Greide paa Liv og Tilvære enn jordisk Visdom kann gjeva. Men sjølve den

Tanken fær med Aari mindre Vigt. Ein tenkjer som so: er det ei Meining, so kjem ho vel upp ein Gong; me trøytt maa faa kvile.

"Spirits"? – Den amerikanske Bibelgranskaren Chr. Russell hev funni ut, at dei Aandine som Spiritistane manar fram er Djevlar! – I det eine som det andre Tilfelle: noko visst er ikkje funni fram der heller. Me kann rolegt halde oss til den gamaltestamentlege (og gamal-folkelege) Trui paa Kvila enno ei god Stund, tenkjer eg.

Og den gamle gjev gladeleg alle sine Himil- (og Helvit-)draumar for den eine store Von: Kvile fraa Strid og Stræv og Spursmaal og fraa heile den raadlause Gaata som me kallar "Live".

Brev fraa Johan Pedersen.

"Ro", Aarhus 6/2 1909.

Kære Hr. Garborg!

Jeg har nu Bevis for, at det gamle danske Landsbystyre hvilede paa Enstemmighed (egentlig Samstemning) ligesom Landsbystyret hele Verden over. jeg kan derfor nu sammenknytte Samstyret med den ældgamle universelle Styreform, og Betegnelsen det universelle Samstyre er derved fuldt begrundet og ikke længer blot en flot klingende Betegnelse, som den derimod med nogen Grund kunde siges før at være.

Samstyresagen er derfor nu bleven et saare betydningsfuldt Led i "Bondekulturen", hvad der

<side nr=197>
glæder mig meget, og da D. u. S. nu idag er vedtaget, vilde jeg gjerne bede Dem oversætte D. u. S.s Love til Norsk (Maal) saaledes, at De med Deres Navn som Oversætter tillige garanterer for Samstyresagen i Forhold til de norske Maal-mænd.

Jeg beder samtidig Johan Hansson om at oversætte Lovene til Svensk, og det første Skridt er da gjort til et, som jeg haaber, gavnligt Samarbejde til det store brede Folks Genrejsning.,

Jeg antager, at De synes, at jeg er en gruelig paatrængende Person, og det er for saa vidt ogsaa rigtigt; jeg har ikke Tid til at være anderledes; men jeg tænker ogsaa, at De indrømmer mig, at jeg ikke har naaet saa lidt i de sidste Par Aar.

Tilgiv meg i al Fald og modtag min bedste Tak og Hilsen til Dem og Frue.

Deres

Johan Pedersen.

6. 3. 09.

Færre og færre er det ein kann "tala med" – tala ut med –, di lenger ein kjem upp i Aari. No hev eg snartsagt ingin.

Men til "Dagboki" kann ein tala ut; det er

alltid ei Hjelp. Og den finn seg i alt, er like tølmodig kor ofte ein segjer det same upp att.

Eg skriv til Prof. Logernan i Dag og takkar for Stykke hans um Maalstriden ("Samtiden" sist); det som til Slutt er S a k i, det kann eg minst nemne til ein Utlending.

Saki er, her som elles, den, at Folke ikkje raader sin Lagnad. Folke er ikkje fritt; "Sjølvstyre" er det nyaste Namne paa ei gamal Lygn.

<side nr=198>

"Folke" styrer seg aldri "sjølv". Det er Herane som styrer, anten so dei er væpna med Sverd eller med Millionar.

Det er Millionane som gjev Herremagt no. Og Folke trælær. For innfødde Pengeherrar heime; for framande Pengeherrar um det fér til Amerika. Den Fridomen som vert sett upp i Lovparagrafar, er Trollstas og Lygn all Stad; Synkverving. I Amerika som i Russland, i Sveits som i Norig, er det, som Meistaren sagde: "Herane som brukar Magt yvi Folke"; og all Stad hev Folk og Herrar det kvar paa si Vis vondt.

Fri, "stor", Herre vert ein, naar ein friviljukt er Tenar og Træl; det er den Sanningi me aldri lærer aa skyna. Og som ein gløymer, so snart ein gjev seg til aa lesa den Helvit-Posten som me kallar Blad. Eg irnaa t. D. ikkje skrive Norskt i den Tanken at Norskt skal "vinne"; eg maa skrive det av di det er mitt, og til Bate eller Hugnad for andre som held det for sitt; "vinn" det daa, so er det godt for oss; vinn det ikkje, so er det av di me skal døy; og døy er inga Ulykke.

Berre naar eg hugsar det, kjenner eg meg fri. Eg tek til aa skyna han Far, som i si sterke Tid sagde Bladi fraa seg; i Bladi liver den Djevelen som hev Magti no; og det er nok ein av dei verste Djevlane.

8. 3. 09.

Aa, desse Provinsdanskane vaare.

Fyrr "forstod" dei ikkje norskt. So sagde Tinge: no skal de faa lære aa forstaa det; og det paa Riksskulane. Daa vert dei reint sinna. Nei! segjer dei; ikkje paa nokon Maate! me vil ikkje! – Læt no Staten seg skræme til aa gjeva

<side nr=199>

etter, so vert det snart det same uppatt: vi forstaaar ikke; og naar nokon vil lære deim aa forstaa: nei! vi vil ikke.

Det er den ville Farce. Men Farce vert ein so snart lei av.

Eg trur enno det hadde vori best som eg (og visst mange) tenkte: aa fengi ein norsk Millomskule med Gymnas for deim som v i l d e vera norske, og lati dei andre baske med sitt provins-

danske til dess dei sjølve kravde Upplæring i norskt. No eru tveir kostir, ok er hvergi goør: drive paa med Lovtvang (som Skulane vil vride seg unda tölleg godt; studera Tjuvar er sløge); det vil føre til Uhugnad og Hat; – eller gjeva etter for dei lovause Krav; daa hev Stortinge misst Resten av sin Vyrndad.

So sant som det daa ikkje, samstundes med at det gav etter, sette upp den norske Millomskulen med Gymnas som det (visst) skulde ha sett upp fyrst, og dertil gav Fyriskrift um, at dei norskt opplærde skulde hava jamgod Rett til alle Postar, men fysste Rett til Postar der Folke kravde norskkunnige Embættsfolk.

Knip det ein Dag, fær ein faa framsett den Tanken.

25. 3. 09.

Likferd i Grendi. Ei Gjente slokna av Tæring.

29 Aar gl.

Det vert meg fortalt, at ho i det lengste hadde haldi uppe Voni um aa faa liva. Men sistpaa bytte ho gjerne Voni um Live med Vissa um Kvila; ho slokna i Ro.

Det er vel det vanlege. Denne Livsdraumen heng ein ved i det lengste. Men den Dagen kjem, daa ein rolegt og gjerne døyr.

<side nr=200>

Ein gamall Kjenning er slokna i det seinste; i unge Aar var han svært modig, med sterk Livsvilje og heite Livskrav; mangt røynde han, men i det heile gjekk det 'n godt; paa Verdi saag 'n meir og meir rolegt og tølugt; i dei siste Bøkane han skreiv søkte han helst eldre Tidir, Bestefars-tidi eller so: Gustaf af Geijerstam. Eg kjenner paa meg: at han hev vori sæl no, daa han kom til Kvile.

Ein Kjenning fraa seinare Tid, Oskar Nissen, Doktaren, hev alltid vori glad i Live, og alltid og paa ymis Vis vori med; no ligg han paa Dia-konheimen og døyr: Lungune veike, Hjarta snart ubrukelegt; skal han sova, maa han ha Morfin; Dauden ventande kvar Dag. Men han er roleg; "hans Mod og Taalmod er uden Grænsen," skriv Fernanda til Hulda paa eit taaremerkt Brevkort; det er Kvila som kjem, og um han er aldri so glad i Live, – den er endaa velkomi.

Stubben "Syv Saligheder" i "Trætte Mænd" er det sannaste eg hev skrivt; men den aattande og fullkomne Sæla hadde Gabriel Gram endaa ikkje fengi Syn fyri: Sæle er dei daude; – for dei hev fengi Ro. Naar ein lærer aa sjaa det, so kjem den Hjartefreden ein elles kann ha drøymt um; men so er ein au gamall.

Det er det eg no er. Og vel er det, um elles det med kann ha sine Vanskar.

Eg er so gamall, at eg tek til aa skyna all

Gamalldom. Fyrst og fremst Gamallmanns-Kjærleiken til Pengar: Gamlingen kjenner at han veiknar, og at han meir og meir treng Ro; og det einaste han daa kann stole paa er Skillingen. Folk bryr seg ikkje um han lenger; hans eigne Born ynskjer han or Vegen; han veit det no; og forstend det; det er noko som maa so vera; men med Pengar er han trygg. – For det andre Gamallmanns-Konservatismen han hev set nok

<side nr=201>
til aa vita åt alle Draumar er Draum. Likso godt hava det me hev, og lempe paa d e t her og der; det veit me daa kva er. Det dei drøymmer um no vert ikkje betre enn det me drøymde um i min Ungdom: det same paa ein annan Maate; mangt verre; Livslovine er dei same æveleg; det nye er berre Utanpaa-Plagg, som kann vera umaklege nok, fyrr ein fær vant seg til deim.

Det me i Ungdomen kallar Framstìg, det er sublektivt: me lærer aa sjaa annarleis paa Verdi, di meir me veks til. Og den Framgangen som i k k j e er subjektiv, det er – som vaar eigin Framgang, – ein Vokstr. Ein Vokstr som for kvart Folk (og kvar historisk Alder) er som for kvart Menneskje: Framgang til dess Høgdi er naadd; so Stillstand eit Bìl (som det ser ut), – og so Nedgang. Den Tanken kvart Folk hev um aa naa "den ævelege Sæla" – ein Stordom som held seg –, den er so mykje aa lite paa som det israelitiske Messias- og Gudsrike.

So ser det ut for den gamle; og so ser det meir og meir ut for meg. Den einaste "Meining i Live" ligg i det: aa vera til Hugnad eller Hjelp for deim "som er med ein paa Vegen" – eller um nokon kann tru fast paa, at hans Verk vil vera til Hjelp for deim som etter kjem –; "Framgangen" (Vokstren og Nedgangen) kjem i alle Tilfelle.

Men – ein kann vera ein av Reidskapane for Framgangen? – Det er me alle, mindre eller meir, ofte nok paa den Maaten me sjølve minst tenkte

Naar ein ser dette, so fell Ro paa ein. Ein kann sjaa – eller tru aa sjaa –, at den og den Vegen ber fram-yvi, at det er den me skal (eller at det og det Arbeide, den og den Skipnaden, høver aat Folke no, eller snart); og ein kann

<side nr=202>
daa tala um dette til deim som er med ein paa Vegen; høyrer desse paa det ein segjer, so likar ein seg; men vil dei ikkje høyre, so Herregud! Kannhende tek eg i Miss; men ein vil daa likso gjerne ha sagt det ein tykkjest sjaa; hev ein Rett, so kann det vel alltid eikorleis vera til Framhjelp.

– Men i alle Tilfelle gjeng Verdi sin Gang.

Brev fraa Johan Pedersen.

"Rø", Aarhus 1/4 1909.

Kære Hr. Arne Garborg!

Deres Breve er mig altid til stor Trøst og Hjælp, og jeg takker Dem for Brev af 7. Marts. Desværre gaar det kun smaat med Arbeidet for at faa Sagen fremstillet i en Række sammenhængende Artikler; men desuagtet faar jeg næsten hver Dag Beviser for, at Sagen, gaar fremad med raske Skridt, saa at den sikkert vil slaa igennem inden alt for lang Tid, hvis jeg kan holde ud.

I samme Retning forstaar jeg ogsaa den Op-
position, som begynder at vise sig inden for "Sam-Styre", og da den dertil er baaren af Intelligens, er jeg glad ved den. Kravet om Samstemning i Stedet for blot Flertal til Afgørelse af de fælles Anliggender, er naturligvis i sig selv saa grov Konfekt, at man ikke kan forlange, at den skal glide uden videre; men man kommer nu til at døje den alligevel.

Den økonomiske Side er fremdeles Achilleshælen. De, der har Samfundsfølelse og Intelligens, har normalt ingen Penge, medens omvendt de, der har Penge, savner Samfundsfølelse; men derved er jo intet at gøre. Ogsaa paa dette

<side nr=203>
Punkt er det et lille Lyspunkt at anmærke. I Januarkvartalet er indbetalt og anvist saa meget i Styreløn, at alle de andre, der har skreven deri omtrent har faaet deres Trykningsudgifter refunderede (undtagen mig), og det er jo helt godt. Ogsaa til Dem er der anvist nogle faa Kroner, som De bedes modtage som Udtryk for, at De anerkjender Lønningstnaadens Berettigelse.

Med Hilsen og Tak for den moralske Støtte, som De er for mig er jeg

Deres

Johan Pedersen

3. 4. 09.

Sol, Snø, linnblaa Himil; mildt, stilt, vent. Det reine Himilrike.

Men eg sit og heng yvi mine Papperblad. For "noko maa ein gjera".

Gjev eg var so mykje til Kar som Son min. Han er ute og steller med sitt Hagebruk, han, kvar Stund han er heime; midt i Snøen stend han og strævar, legg Sengir av Hestemøk med Glas-Tak yvi, og fær det eine etter det andre til aa vekse og gro. Det er det einaste sanne Meimeskjeliv; Adam i Paradis, Gullaldren . . .

Men eg høyrer til i Jønaldren. Verre enn det: eg høyrer til i Papiraldren.

Me forgjengst av Papir. Lagar, og smyr til,

Hestelass etter Hestelass, Banevogn etter Banevogn av Papir, som sistpaa gjeng i Do-Kassa. Det er ikkje meir. Og det freistar me aa kalle Liv. Huff.

Ja-ja. Eg fær endaa takke til at eg hev denne Skrivestogo mi; naar eg er komin i Ro her, so Kann e daa gløyme meg burt, um ikkje anna. Ja stundom innbille meg at eg gjer noko.
<side nr=204>

Og so er det den sæle Natti. Daa eg søv meg burt fraa all Ting. Og nyt paa Fyrihand den store Kvila. Eg tek til aa skyna dei gamle Truine no. Sæla, det var den fullkomne Freden, den trygge, draumfrie, endelause Svevnen . . .

Mine gamle Framtidsvonir, Messias-Draummar eller kva dei helst skal heite, – naa; der er Hjelp i deim med. Eg veit nok no, at det einaste me kann gjera er aa skapa rimelege V i l k a a r for Liv; Live sjølv maa kvar for sin Part skapa. Og Vaarherre veit, um me Germanar duger til aa liva, um me duger til anna enn aa slaast, hoggast og rivast og tyne kvarandre. Men det fær vera som det kann. Det er andre øttir som duger til aa liva; dei kjem i Staden vaar, naar me hev gjort Ende paa oss.

– I alle Tilfelle: eg sit og klarar med Samfundsspursmaal. Det er den nye danske Tanken um "Samstyre", som hev teki meg no; denne Juten Johan Pedersen h e v her funni noko som det er Gagn i. Det er det gode gamle Samstyre fraa "Gull-Aldren", tillempa aat vaar Tid; fær Folke Tak paa det, so vert det Herre yvi seg sjølv att, og kann daa etterkvart faa Samfunde umskipa, so det vert livande i for alle.

Herrane er imot det; dei vil hava sin gamle Fridom til aa røve; og Folke skynar det ikkje; Folke trur heller paa Sosialdemokratie, som synest so endefram og greidt: berre skifte likt, so fær alle det dei treng. Men Sosialdemokratie fører til ny Cæsardom; og ny Cæsardom fører til . . . ei ny asiatick Innvandring. Det var kannhende ikkje verst? Mongolane er livsglade og arbeidsglade og kann halde ihop; held ihop og strævar og baskar som Maur; høver visst best til aa eige Jordi. Men Herregud, – so lite livsglade som me Germanar er, so vil me endaa gjerne vera med; og kunde me no endeleg smaatt um Senn
<side nr=205>

vinne yvi alle Viking-haattar og slaa oss paa Arbeid og Samarbeid, – so kunde me med vaare gode Hovud drive det vidt, skulde ein tru.

Danskane er glupe. Sosialdemokratie er der alt komi so langt at det fær freiste seg; er Herrar yvi Kaupenhamn, og vil vel snart ha vist kor mykje det vinn; økonomisk peikar det helst den galne Vegen med det. Attaat er Henry George-Tanken sterkt uppe. Fekk dei no Samstyre, so

kunde dei ymse Samfundstankane møtast, og gjennom Ordskifte og Samfreistingar koma til Lags, so Lande utan Umveltingar kunde koma inn paa rimeleg Framgangsveg.

Me norske er enno Vikingar; me vil slaast. Eg er den einaste som eit Par Gongir hev nemnt Samstyre-Tanken her; han naar ikkje fram til Folk; del vert ikkje so mykje som sinna. Me kjem ikkje med paa anna enn slikt som gjev Braak og Krig, – daa visst ikkje i denne Manns-alderen.

Men av det som gjev Braak og Krig hev me nok. No er det Maalstriden som set Lande meir og meir i Loge; det er vel den som fysst maa bli avgjord. Og so arbeider Sosialdemokratie seg fram smaatt um Senn; det er det som kjem til aa halde Liv i Samfundsspursmaali no ut-etter. So det vert god Tid til aa stelle baade med Jo-Han Pedersen og Henry George.

Det er vondt aa vera so gamall at ein ikkje kann vera fanatisk. Rett som det er vert eg sitjande her med Pennen i Hand reint arbeids-ufør: alt vert upp i berre Spursmaal, gamle, likeglade, flirande Spursmaal, – eller ikkje so mykje som flirande: trøytt . . . Men so tenkjer eg: det er det unge som skal spyrja; me gamle, som veit at det ikkje nyttar aa spyrja, skal arbeide; – driv paa det vesle du vinn, Gamlen!

<side nr=206>

9. 4. 09.

Var i Gaarkveld paa Provinsialteatre og saag "Bjørnefjell" (dette Stykke av Hoprekstad som hev fengi Namn ved di at "Nationalteatre" hev vist det fraa seg), framsynt ved Spelarar fraa Bergen.

Det vart godt spela; serleg var tvo av Figurane gode: Skarven og – noko mindre – den unge Gjenta.

Stykke hev god Taleføring. Og elles mykje godt. Men er berre stuslegt. Ikkje ein Skjemt; ikkje ein Laatt; knapt nok ein Smil. Vert Folk so gjennom sture no ut-yvi Bygdom?

Men eit Sveina-Arbeid er Bj.fjell. Altfor mykje vert fortalt i Staden for framstelt, og Stykke er ujamt i Gangen og ikkje fast bygt. Ei Rad Bilæte helst. Heilt tekin var eg sjeldan.

Hoprekstad maa kunne vekse. Eller m a a t t e kunna vekse, um me hadde eit norskt Speltile; Mod hev han, og eigne Augo aa sjaa med. Berre han no ikkje held seg for Meistar alt. –

– Lite fær eg lesa i denne Tid; det er smaatt med Stundir og endaa meir smaatt med Lesehug. Det vert lite anna enn aa kikke i eit Blad; ja og so kann det vera eit Stykke i ei Tidskrift.

"Tilskueren" hadde sist eit godt Stykke um Danmarks Forsvar. Han som skriv ser klokt og

klaart paa Tingen. Der kann berre vera Tale um aa forsvara sin Neutralitet; og Hjelp er der ikkje aa lite paa. Det gjeld daa um, at det vert so vidt dyrt aa taka Danmark, at det for Røvaren ikkje vil løne seg aa gjera det Arbeide.

Ein god Ting er det, at Øyresund og Storebelt er for grunde for dei store Mordmaskinane som no kjem meir og meir i Bruk; berre Lillebelt kann Tyskland no bruka. Det vil daa au grava Eiderkanalen djupare, so det kann lite paa den.
<side nr=207>

Alle gamle "Truir" sloknar. Den kalde Sanningi kjem upp: kvar maa klara seg sjølv. Kann han kje det, so er det Dauden, i Morgo eller ein annan Dag.

– Men um ein kunde naa so langt som til The United States of the World? – Ikkje det heller vilde sløkkje alle Sorgir, etter som ein annan i same Hefte trur. Me er ikkje so ferduge med Malthus som Georgistane meiner. Folke veks snøggare enn Matmengdi; gode Tidir aukar Tale paa Munnar, so Matnaudi fyrr eller sidan kjem. Det vert aa velja millom tvo vonde Ting: Malthusianisme eller Yvi-folking. Og daa er Yvifolking det minst vonde. For Malthusianismen er Dauden beintfram, som ein meir og meir lærer av Frankrike.

Eg trur endaa at me kann trøyste oss med den aalmenne Lov: at gode Livsvilkaar gjev mindre Barnemengd enn laake. Det ser ut til aa vera ein "Tanke" i dette: di vandare Livsvilkaar, di meir strævar Naturen med aa tryggje seg mot Utdøying. Eller det kann vera det, at naar Armodi vert for stor, so hev Folke berre denne eine "Livsgleda", og vert dertil meir likesæle: held seg til det dei hev, og læt Vaarherre syte for Borni. I alle Tilfelle: di betre Livsvilkaar, di større Livskrav. Og di større vert Andsvare med aa faa Born: di fleire Born, di mindre vert det paa kvart av deim ved Arvskifte. Dette hugsar Foreldri, etterkvart som Aari sig paa, og det, saman med ymist anna, gjev at dei meir held seg til Gledur som der er mindre Vaagnad ved.

Det som er visst er, at faae fær nok; meir vil meir; fornøgde vert Folk aldri. Ingin harmar seg meir yvi at han ikkje fær nok, enn den som hev nok. Aukande Velstand gjev i k k j e aukande Barnetal.

<side nr=208>

Men her er Knuten for den som tenkjer paa Menneskje og ikkje berre paa Samfunde: at me aldri vert fornøgde; at ikkje Velstand heller gjev Ro, og Rikdom endaa mindre. Her er det me maa lære av Jesus. Vinne er til Slutt aa vinne yvi. Midt i Verdi maa ein vinne yvi Verdi; er ein komin so langt at ein hev det ein treng, so

fær ein sin siste Strid: Striden med aa lære aa forstaa, at "sæle er dei fatige".

– Denne Nasaretprofeten hev like eins set klaart i eit anna Spursmaal som no held paa aa tulle Folk burt: Kvinne-Spursmaale. Klaarare enn baade Buddha og vaare nyaste Vismennar hev han set, at Mann og Kvende s a m a n er Menneskje; øtti er baae tvo, eller ho er ikkje.

Mennane er Tenkjarar, Hérmennar, Uppfinnarar.

Kvinna f ø d e r desse Tenkjarar, Hérmennar, Uppfinnarar. Utan henne hadde me korkje Buddha, Zarathustra eller Jesus, korkje Aristoteles, Galilei eller Darwin, korkje Alexander, Cæsar eller Napoleon, korkje Homer, Dante eller Shakespeare, korkje Fulton, Stephenson eller Edison; ho hev sin fulle Part i alt.

Sønir som ikkje ser dette er Dekadentar; Kvinnehat er eit Nedgangsmerke. Men dette Nedgangsmerke hev si Rot i eit anna som er verre: Kvinna vanvyrder seg sjølv; vil vera Mann; bryr seg mindre og mindre um aa vera Mor. Ein kann trøyste seg med, at ho i denne Tidi vert t v i n g a til aa leggje seg etter Manns-Dygdir; naar betre Tidir kjem, so vil ho vinne sin kvinnelege Sjølv-vyrndad att, og Mannen vil paa nytt knefalle for Eva-Madonna.

Me fær tru det. Held det paa med den Avkjøning ho no er upp-i, so er øtti vaar dømd.

Og kannhende er denne øtti dømd? Japan-Kina arbeider seg meir og meir upp; og buddhistisk Missjon vert drivin yvi all Verdi – paa ein mykje

<side nr=209>
vitugare Maate enn dei Kristne driv sin Missjon –; skal Asia paa nytt taka Heimsstyre?

Europa slitst og rivst og bikkje-bitst; Europa er det Rike som er usams med seg sjølv; korleis kann det Rike stande?

Ved Kveldsborde fekk eg høyre at det er Langfredag i Dag. Det hev eg i heile Dag ikkje havt ein Draum um.

Alt dette kyrkjelege kjem so reint burt for meg. Det høyrer heime langt upp-i Millomalderen ein-kvar Stad; kva hev eg med det aa gjera?

Underleg gamall er eg; fleire Hundrad-Aar hev eg livt. Eg er upvaksin i Pietisme-tidi; hev sidan gjenomlvt Rationalisme-, Romantik-, Positivisme-, Dekadence-Tidine, den eine etter den andre; held no endeleg paa aa fotfeste meg i Røyndomen, sjaa Live som det er og byggje mine Tankar paa det; og det vert rolegt og klaart og stilt) i meg som ikring meg.

Langfredag . . . Ja det var noko, det au ein Gong. Ein heil Eventyrdag. Lidings-sogo vart lesi – ho var ein Time lang minst, og det var ei Sogu som tok meg; eg var i Jerusalem; var med fraa Getsemane til Øvstepresten, fraa Øvstepresten

til Pilatus og Herodes, fraa Domssalen til Golgata, fraa Golgata til Gravi, som eg elles visste skulde opne seg att i Overmorgo; so det hadde ikkje noko paa seg, større; det var Eventyr; men det store var, at dette Eventyre var sant, og at det heldt fram utgjenom heile Bibelsogo og ut gjenom Verdi og Tidine alt til Domedag, daa Eventyre heilt skulde faa Magti.

Ei long Sogu fekk Profeten fraa Nasaret. Live hans var stutt og Dauden hans tung; men so vart han Eventyr. Gleid fysst inn i den israelitiske

<side nr=210>
Messias-Sogo. Kom sidan inn i eit europæisk Eventyr; der vart han Oskeladden som frelste Prinsessa – øtti – fraa Stortrolle – Satan –, og for det vann henne og halve Kongerike. Ja Gamlekongen, Vaarherre, han vart etter den Tid avsett, aa kalle for; Oskeladd styrde noko-so-nær aaleine.

Desverre; det var berre Eventyr. Stortrolle lîver sidan som fyrr, ja helst verre enn fyrr, og Prinsessa sît og lusar det og fær ikkje gjort anna. Sjølve Kyrkja er berre ein Sal i det Fjelle der ho er inn-teki, eit Soverom der ho jamt og samt drøymmer upp-att Draumen um den galilæiske Oskeladden; men so maa ho upp att, og inn og luse Trolle sitt.

Kjem ho nokon Gong ut? Eller skal me alle Dagar bli sitjande i denne Bergskorta og luse Satan-(Mammon-)trolle?

16. 4. 09.

I Dag drog Hulda til Tyskland. Ho vil liggje ned-i Rothenburg ein Maanad eller so og skrive; det er eit Arbeid ho hev tenkt paa i lange Tidir; men her heime hev ho 19 Handverk, og kjem daa ingin Veg med det ho sjølv skulde gjera.

Og godt er det at ho fær koma ut. Det maa daa bli eit Grand Kvile i alle Fall; ho hev vori heller veik i det seinste. Men aa faa gjort eit Drama – eller berre Upplag til eit Drama – paa 3–4 Vikur . . . –

Det siste ho fekk gjort fyrr ho reiste var: Sigmund Bresteson paa norskt Provinsdansk aat Provinsialteatre. Dei treng eit "Folkestykke" der til Aars att; og naar det er ein Skilling aa tena, so maa det vera med alt anna som det kann; eg tenar mindre og mindre, og aa lîva vert

<side nr=211>
dyrare og dyrare; – kva Veg det skal bera skynar eg ikkje rett. Arbeidskrafti vert burte med Arbeidshugen; Stræve mitt med aa halde uppe Trui paa at eit Menneskje kann gjera noko i Verdi, – det vert meir og meir faafengt; d'er "Alderdomen, maa-tru". So det er nok godt aa ha ei Kone som hev Arbeidshug og Livstru . . . og ein Son som er eit reint Ideal, mest altfor

mykje Ideal; bryr seg b e r r e um Arbeid
og so hev ho daa no, millom so mykje, mykje
anna elles, umsett Sigmund Bresteson. –

– Eg skal til med eit Stykke um Jonas Lie's
"Troll" (aat "Tilskueren"). Emne er forvitnelegt
nok. Berre eg kunde faa meg sjølv "upp". Alt
som læt seg segja um Live o. s. fr. er so syrgje-
leg gamalt.

Og at Trolli raader er so endelaust sant. Det
er so sant at ein maa vera ung, um ein skal
orke aa segja det. Jonas Lie fann ei ny og god
poetisk Form for det; for meg gjeld det no aa faa
det sereigne i hans Synsmaate fram: eg fær freiste.

Men Troll er her nok av; "Live" er ein Troll-
dans. Og naar ein raakar ut for deim som ikkje
klarar seg mot Trolli, – so veit ein kor mykje
det nyttar aa skrive um Troll. Her um Dagen
møtte det upp ei av vaare største Kunstnarkraftir
her, – ei av dei største for nokre Aar sidan;
no var ho ikkje attkjennande. Og Hulda kunde
sidan fortelja meg, at under den Trøya ho gjekk
med hadde ho inga Skjorte – – –

25. 4. 09.

Nytt Snøfall. Jordi heilt kvit att. Og Himilen
graa og stur. Men s o maa vel Vaaren koma.

Hulda er i Beyenburg ved Barmen. Hjaa Folke
sitt: Alfhild (Frenning) og Mann hennar Hein-

<side nr=212>
rich Erfurt, "Fabrikbesitzer. Alt der nede er
berre godt: Kjærleik; Velstand; eit lite friskt
vent Barn. Fint og fagert hev dei det heime
(eit Stykke utanfor den verste Fabrikrøyken –
Eimen fraa dei kemiske Fabrikane der nede et elles
upp Steinen i Kölln-Domen, vert det sagt); og
Kokke og Innegjente hev dei, og Barnegjente med
Eksamen i Barnestell fraa eit Institut. Og alt i
Huse gjeng etter Klokkeslætt og prenta Reglar
(Hustavlur!). – Det var so, Folk skulde ha det, ja.

Etter siste Breve skal Hulda i Morgo fylgje
den andre Systerdotter si, Harriet, til Bonn; so
dreg Hulda til Rothenburg. Sidan skal ho og
Harriet med Heinrich paa Automobilferd til Am-
sterdam, Haag, Delft, Haarlem . . . ein litin Køyre-
tur! Nye Tidir. – Setja seg i ei mjuk Vogn og
fara Verdi rundt, fri baade Eimbaatar og Jønn-
vegar, – det kunde vera noko! – Ja ikkje for
meg. I min Alder vert ein hjarteleg roleg. –

Der nede er det Sumar alt. Kann no berre
Hulda koma i Gang med Arbeide sitt . . .

– Med "Troll" kjem eg ingin Veg. Eg hev
skrivi um dei fyrr; og nokon ny Maate aa taka
deim paa finn eg ikkje; og skrive det same upp
att kann det ikkje vera Meining i. Og i det
heile: skrive . . .

Det legg seg yvi meg meir og meir: skrive er
meiningslaust. Det kann vera godt for ein sjølv,

so lengi ein treng til aa klaare ut Verdi og Live for seg; men naar ein er ferdug med det hu, dette fæle aa liggje og "v e r a Forfattar"! – Gjera noko til Gagns skulde ein; og so kunde ein skrive i Millomstundir; det vert meg for kvart Aar meir klaart.

Men naar ein hev livt paa Blekk og Papir i 30-40 Aar, so er det for seint; og naar ein daa ikkje fær døy heller
<side nr=213>

Brev fraa Arne Garborg.

Hvalstad, Norge 28/4 1908

Kjære Hulda!

Gratulerer med at Du er kommen til Ro. Du har havt det gildt nok i Beyenburg; men – komme i Arbeid, komme i Arbeid; det er jo det som maa til. Og saa faar vi haabe Du faar det roligt og godt i Rothenburg.

Mit forrige Brev blev sendt til Bonn; men det ordner sig vel? – Det vil forresten ikke være farligt; noget "Nyt" var der vist ikke.

Noget var der forresten, som jeg blir mindet om ved et Spørgsmaal i Dit sidste (af 25de, hvorfor Tak!) – dette med "Troid" altsaa. Jeg kommer ingen Vei med den Troldskapen. Det samme som jeg har skrevet før kan jeg jo ikke skrive om igjen; og noget nytt . . . Jeg har læst samtlige Troid om igjen. Men jeg er vel for gammel; de bider ikke paa mig; vækker ialfald ingen nye Tanker. Og om f. Ex. "Skogen" kan sætte mig paa et og andet, saa er det Sociologi, "Politik", som jeg ikke kan kjøre op med i den Forbindelse. Og som det i det hele er liden Mening i at kjøre op med. Saa sidder jeg da der. Fattig og elendig; men hvad skal jeg gjøre?

I det hele – naa; om det er "Alderdom" eller "Vaarknipa" skal jeg ikke kunne afgjøre; men jeg "gider ikke", det er vist. Jeg ved hvad der kan siges om alting, og at det naturligvis ikke nytter at sige det; alle Mennesker siger sig det vel selv, naar de blir passelig gamle; og det er ikke Spor af interessant, bare saadan ligegyldig-trist: hvorfor skulde man lave Ord om saadant. Som sagt: forhaabentlig Vaarknipa . . .

I senere Aar har jeg af og til rablet op et og andet som mulig kunde fortsætte sig til "Dag-
<side nr=214>

bog" ; for det hender oftere nu, at jeg har et Slags Skrivetrang uden Spor af Adresse; det er ikke noget som skal "siges" til nogen; snarere er det Alderdommens Tilbøielighed til at "snakke med sig selv". Nu skulde jeg jo være i min "bedste Alder" – opimod 60 –, saa det kan vel ikke undskyldes som Alderdom heller; men

– for Tiden kan jeg ikke samle mig til mer.
Jeg faar vel gi mig til at haabe paa en "ny
Ungdom"?

"Ellers alt vel" – fremdeles. Vi har havt
lidt Eftervinter, et Par Snedage; men nogen
Kulde er det ikke blit, og Sneen tiner væk igjen,
saa det flyder og renner i alle Veier. Det bør
bli tidlig Vaar denne Gang.

Det er bra at Du har faaet Korrektur; jeg be-
gyndte at undres paa den nu. Og gid det nu i
alle Maader maa komme i Gang med Arbeidet!
– Du lykkelige Menneske, som har saa meget
Du skal ha gjort!

Tuften er enten i Byen eller i Haven (om
Søndagen stundom hos Wentzel), saa den Mand
ser jeg sjelden. Mit eneste Sammenhæng med
Tilværelsen formidles ved Schjøtt, som kommer
ruslendes om Mandagen og losser sin tildels nok-
saa betydelige Last af ørgrelser etc. samt læser
Græsk og tar et Par Drachmer; drager saa til-
syneladende noksaa lettet til Byn igjen. Jeg skal
naturligvis hilse. Han driver paa med Forarbei-
derne til den norsk-danske Ordbog, men ser eller
hører intetsomhelst fra Deptet. Jeg har en egen
død Følelse af at alting her i Landet sovner af;
men det er vel bare Alderdommen (Vaarkniba).

Steinsvik har skrevet en diger Artikel Kapita-
lisme i sidste "Syn og Segn" (som i k k e havde
noget om Rousseau); det er ganske rart at huske
at han har været Anarkist en Gang. Nu gjælder
det bare at skabe Kapital; Folket faar greie sig
<side nr=215>

som det kan; det kan vi ikke ta noe Hensyn til.
Jeg begyndte paa en Artikel imod ham; men saa
blev jeg kjed. Det blev bare dette samme gamle
selvsagte at sige op igjen og op igjen; – og
s a a ung er jeg ikke længer.

Det er ensomt og rart her nu; det føles jo at
Husets Frue er borte. Men Gudbevars, Signe
er grei og flink, saa der er intet at klage over;
og en Maanedes Tid forsvinder snart. Alligevel
er det som Du skulde ha været borte et halvt
Aars Tid eller saa; – dette som vi kalder Tid
er vistnok bare noget subjektivt, som Filosoferne
siger.

Haaber at høre fra Rothenburg snart. I mine
interesseløseste Stundergrubler jeg stundom paa,
om der kunde være noget Sted i Verden hvor
der kunde være noe Slags Mening i at reise hen;
men – hjemme blir nu bedst lel da.

Hilsen fra samtlige og særlig fra
Gammeln.

26. 4. 09.

Hulda er i Rothenburg (an der Tauber). Bonn-
Ferdinand slapp ho; gamle Frenning tok Dotter si med
seg til Nizza og Rom og Neapel. – For Hulda

var visst det berre vel.

– Med meg er det som fyrr. Dei siste Par Dagane er gjengne med ein "George"-Artikkel mot Steinsvik (som fyller vaar arme Maal-Literatur med "Kapitalisme"); og no, daa eg ikkje veit noko anna aa taka meg til – Vaarvinna kjem ikkje paa dei fyrste 14 Dagar, um Soli er aldri so blank og varm –, fær eg freiste aa setja illeg noko meir inn i George: til no hev eg vel mykje livt paa berre Grunntanken.
<side nr=216>

Brev fraa Arne Garborg.

Labraatan 1/5 1909.

Kjære Hulda!

Første Mai! Nu dages det. Rigtignok driver det paa med en Mellemtning af Regn og Sne, og Luften er temmelig sur; men det kan da ikke vare saa længe nu, faar vi tro.

Tak for Brev fra Rothenburg! – Gud ved, hvor det egentlig ligger. Men Du har altsaa passeret Frankfurt am Main – huff jo, den husker jeg nok. Og kort har, ikke Reisen været, at dømme efter Billetprisen. Men Hovedsagen er at Du er godt aufgehoben. Og Rothenburg er altsaa et rent Ideal af en By, efter alt hvad jeg kan skjønne. Speeielt for en gammel Mann, som trøytar mer og mer av Verden og burde kunne komme til Ro i noget saadant passelig fjernt og gammelt. Men Du har vel Ret. Hvordan Stedet kunde virke i Længden, ved man ikke. Og **4–5** Kr. Dagen bare for Existensæn blev for dyrt for en Maalstræver. Heldigvis har vi det godt som vi har det". Og blir vi kjed af Stationsluften af og til, saa har vi jo baade Fjelle og Sjøen; "det var Synd aa klaga".

Nu spørs det da, aassen det vil gaa med Arbeidet. Naturligvis er det bra at Du hviler Dig godt ud; naar Du saa er kjed af at drive, gjør Du paa en Par-tre Uger Underverker.

Den vesle Gasthofen kan jeg misunde Dig. Og spise paa hvidskurede Træborde i en Bierstube – deutsch Hygge er noe for seg sjøl. Og i Rothenburg er man vel nogenlunde tryg for Skandinaver? Og saa gamle vakre Smaahuse med smaarudede Vinduer – aah. Der bør Du kunne komme til aa føle Dig "under Bodhi-træet:" paa Din Maade. Sydtysk Hygge er det eneste som endnu kan lokke mig saa smaat.
<side nr=217>

Kunde Bonn bli noget for Tuften – om han en Gang skal ud, – saa vilde det bli ganske anderledes hyggeligt end dette kjedsommelige Berlin; saa det bør vi huske. Men sligt er jo ikke til at bestemme. Naar han skal ud, saa er der en udmærket Professor i hans Fag netop i

Berlin, ialfald et rent andet Sted end i Bonn;
man faar ta Verden som den ramler.

– Ude af Stand til at "finde paa noget" holder
jeg paa at pløie Henry George; maa faa helt Tag
paa den Mand. En flink Danske har forresten
nu fremstillet hans Samfundsøkonomi i en liden
knap og grei Bok til Kr. 1,75; den faar jeg
koste paa mig, desformedelst at George naturlig-
vis har skrevet ud fra amerikansk-engelske For-
udsætninger, som i mangt er forskjellig fra vore.
Forbandet ærgerligt er det jo, at man bestandig
skal komme ind paa Ting som ikke lønner sig;
men naar Vorherre har skapt en slik, saa er det
vel ikke noe Raad med det.

Kunstnerne søker Stortinget om Bidrag til en
norsk Malerskole (ja det nævnte jeg vel sidst).
Mons Breidvik skriv og takkar meg reint varmt
for den Stubben j e g skrev i "D. 17de"; kunde
det no berre hjelpe. Maalmennene i Tinget vil
vel ikke være synderlig oplagte (Eilif Petersen i
den nye Michelsen-Forening, Erik Werenskiold
rasende antimaalsk, Chr. Krohg o. s. v. o. s. v,
ligesaa); desuden er Statens Mjølkeku vist saa
sørgelig udmalket som det bare er møgeleg Raad;
– hu, denne evindelige Fattigdommen. Men
sosialisterne gaar med for at udmærke sig frem-
for Bønderne, og kan saa Flertallet af Høire
samle sig, og Byvenstre gaa med, saa –

"Ellers alt vel". Hilsen fra samtlige og sær-
lig fra
Din G.

<side nr=218>

11. 5. 09.

Fint og blankt, um ikkje just varmt. Snøen
mest burte.

Schjøtt fortalde igaar, at Direktøren for And-
vake – det norske Forsikringslage hev spéla upp.

Forretningsfolk er me Nordmennar ikkje. Og
minst me Maalfolk. Det er med snaude Naudi
me enno – paa eit godt halvt hundra Aar –
er komne so langt at me hev eit Par Smaablad,
som ein kan segje "gjeng" – og det som skulde
ha vunni lengst, det hev ei Sogu som ikkje er
berre hugleg –; kor lengi dei kann klara seg
veit eg ikkje. Og den "Arven", Maalsaki fekk
etter Ingeniør Størmer – det skulde i denne
Tidi vori ein god Arv: Fossar –, den fær me
vel ikkje høyre meir til –. ("Boets Kurator"
skreiv til meg 19/11 1907, at "Udsigten til at
Størmers smukke og patriotiske Tanker i nogen
Grad" (meir kann det ikkje vera Tale um) "kan
blive virkeliggjort, er efterhaanden bleven ad-
skilligt større end det fra først af saa ud til";
sidan hev eg ikkje høyrte meir. Og daa hadde
Bue alt vori under Kurator i – 6 Aar – minst.)
Av Bokhandlararar hev me havt ein; han hadde
kannhende kunna arbeidt seg upp; men so kom

Dauden. Alle andre Maalmennar hev vori, og er, Fantar, naar dei daa ikkje sit paa Riksløn. Og finst det ein Maalmann som eig noko, – so er han ikkje Maalmann. Han er meir eller mindre "interessert", eller meir og mindre Spekulant.

Lite Forretningsvit hev me i det heile. Det skal staa mykje Pengar inne i Sparebankane. Men Nordmennar som kann bruka Pengar og tena Pengar, og som til Slutt ikkje spelar upp, – finst det knapt fleire enn at ein kann telja dei paa Fingrane.

Den norske "Pengemagti" vedgjeng sjølv dette. Alle vaare Pengeblad krev, at alle Dørrir skal bli

<side nr=219>
sette upp for den utanlandske Kapitalen, sjølve kjenner dei norske seg for veike (og ukunnige, veit eg) til aa faa eit Forretningsliv i Gang.

Rimelegt er det vel, at Stortinge ikkje hev visst aa stelle det paa beste Maate heller for eit norskt Forretningsliv. Juristar, Bøndar, Teologar, Lærarar – det er i det heile Stortinge; og kjem det stundom ein Kaupmann paa Tinge, so høyrer ein sjeldan gjeti at han gjer noko av seg i sitt Fag. Det einaste "praktiske", som Stortinge i seinare Tid driv med, er det ein kann kalle den nationalc Fatigkasse-Tanken: i Staden for aa stelle det so at kvar Mann sjølv kunde tryggje sin Alderdom vil Staten no sjølv gjera seg til Alderdomsforsikringskasse. Det er som Folke gjev upp. Det er ikkje Liv og Arbeid det spyrst um; det gjeld aa "sikre sin Alderdom". – So fér daa Ungdomen fraa Lande au helst. Eller bergar seg inn i "det visse": Umbød og Embætte.

Finansfolk hev me ikkje meir enn me hev Statsmennar. Og snart hev me ikkje noko Riksstyre heller. Stortingi sit i 3 Aar, Regjeringane sjeldan so lengi. Me byter Tingmennar og Riksraadjar jamt; og det same vert det. Folk vert daa au meir og meir like sæle. Fleire og fleire slær seg til Sosialdemokratane um ikkje av Tru paa Sosialdemokratie, so av endaa større Mistru til den Raadløysa som no raar.

"Betre i andre Land" er det visst ikkje heller. Eg veit knapt eit Statsmannsnamn i noko Land. Og den Tanken som all Stad døyver alt er Krigs-Tanken. Det er Alderdomstryggjing paa ein annan Maate. I det heile: Verdi vaar fær Gamalmanns-lage. Det er berre sine Pengar ho bryr seg um; det einaste Spursmaale vert: korleis Samfunde skal gøyme og tryggje sine Pengar. At det sumlar si Eign burt med alt dette Tryggjingsstræv, det gaar det ikkje til; Verdi er so gamal at ho gjeng i Barndøme.

<side nr=220>
For 25 Aar sidan spaadde Henry George: kann ikkje Verdi bøyge seg inn att under si gamle Velstandslov, so vil Domen snart vera fallin; og han nemner mangt, som peikar paa den Leid.

Verdi h yrde ikkje paa den Profeten meir enn paa dei gamle; men det var alltid so: di mindre ho h yrde, di n rare var Domedag.

Den som l ver f er sjaa. Eg steller med "Den burtkomne Faderen" no um Dagen (det trengst eit Grand Utfylling, so det kann bli fullt Samanheng millom den og "Heimkomin Son"); og eg finn eitt og anna der som er meg sannare no enn daa eg skreiv det. Og naar Paal H ve i "Heimk. Son" bryr seg noko meir um Tankane hans Jens Eide enn fyrr, so er vel Samanhenge det, at han au er komin i Tvil; kjenner paa seg, at her er eitt og anna som held paa og losnar i Grunnane. At nye Tidir er i Kj mdi er visst; men kor mykje av det gamle som maa  ydast fyrr det nye kann gro, – det er Spursmaale.

15. 5. 09.

Hulda vart ikkje gamal i Rothenburg. Ho lika seg der; men det vart kaldt, og ho kom ikkje i Arbeidslag, og so bar det paa Heimveg. Fysste Brevkort: fraa N rnberg, der ho m tte Fru Hauptmann (No. 1) og "rangla" med henne; so vest- og upp-yvi til Holland; andre Brevkort: fraa Walporzheim (Weinhandlung "Zum St. Peter", der ho "rangla" med Erfurt og Alfhild; ho meiner at der vilde eg trivast; 3die Brevkort: fraa Barmen; bo hev havt "Automobiltur langs Rhinens vakreste Str g og ind i Vinlandet: omkring "Ahr" til det ber mte Eifel ved den belgiske Gr nse; 4de Brevkort: fraa Haag, der ho kom midt upp-i den store Folkefesten for den nyf dde Kron-

<side nr=221> prinsessa og – i Lag med Frl. Meijboom<bmark ind="1"> – haddde det sv ert gildt, endaa det var knapt nok ho fekk Hus for Notti (Byen var stappfull og  r av Glede; kann Folk enno gleda seg yvi ein Tron-Erving? ? – for Hollendingen var denne Tronervingen dertil ei Trygd mot politisk Fortysking); fraa Haag Dagen etter med elektrisk Bane til Rijsvijk (til Frk. Meijboom). Storgildt hev ho havt det; men no lengtar ho heim. Det er det beste; – berre no ikkje Hvalstad-dalen vert altfor still for henne. –

– Det hev sn a eit Par Dagar; i Dagmorgo var alt kvitt. Fram-yvi Fyrimiddagen tinte Sn en av att; so sn a det ei Stund, – og tinte att. No er alt Land gr nt; og um her ikkje nettupp er varmt, og um Sn fonni upp-under Skogen enno ligg, – no er det Vaaren. –

Steinsvik hev svara paa det siste George-Stykke mitt i D. 17de; han er grettin; eg f r med so mykje Snakk; segjer han. Eg er glad for Svare, um det ikkje inneheld stort (det er elles Merkt "I", – um det kann vera Meiningi at han vil halde fram); det vil gjeva meg Tilf re til aa taka upp att eitt og anna. Men so lyt det

vera Slutt for i Aar; Val-Preikune hev alt teki til upp-yvi Lande.

– Og no tek "Vaarvinno" til. "Sedja Eple" er nok gildare enn aa sitja her og blekke ut papper. Og at baade Maalfolk og Vinstrefolk er ferduge med meg er godt; eg kjenner meg fri Mann. Var eg berre ikkje bundin ved dette Stipendie, eg trur eg flutte til Bayern eller Tyrol, – so langt att-i den germanske Millom-alderen som eg kunde koma. "Den gamle lengtar etter Fred

<fnote ind="1">Frk. M., min fyste hollandske umsetjar. *H. G.***</fnote>**

<side nr=222>

26. 5. 09.

Igaar var Tuften 21 Aar. Fullvaksin Kar. "Myndig" Mann. Utrulegt. Og kva gjer det, um det gjeng atterut med oss gamle, naar alltid nye øttir rykkjer fram?

– Ei ny øtt rykkjer fram i det heile, – paa "Maal"-Sida med, endeleg. "Syn og Segn" lovar godt under sitt nye Styre; siste Hefte inneheld – umframt "Rousseau" av Hulda – fleire gode Ting.

Serleg forvìtin las eg eit Stykke um Ung-Sosialistane (av ein ny Mann, med eit rett nytt Maal-Namn: Edvard Bull – kannhende av Tunsberg-Bull'ane?); dei hev eg fyrr ikkje kunna faa nokor Greide paa, korkje av Borgar- eller Arbeidarblad. No ser eg, at der er Meining i deira Arbeid au, og baade Vit og Mod i Karane. Og so "borgarlege" som dei "gamle" Umveltarane no vert, er det berre rimelegt, at desse unge maatte koma.

Ymist nytt dukkar upp; soleis den gamle "Teosofien". Ein ny Teosof-, "Kristus" hev missjonera i Xia eit Bil; og det stend Mynt att-um: dei norske Teosofane skal faa ei Tidskrift; "Kring-sjaa er kaupt, og Marta Steinsvik skal vera Styrrar. At Teosofi (og Buddhisme?) rykkjer fram er eit Tidvarsl; Europa tek til aa eldast. I Norig med vil det vera ymis Ungdom no, som heller slær seg paa Nirvana-Drøyming enn paa Samfundsspursmaal; "Trui" hev vorti "veik hjaa mange". Og kven kann undrast paa det?

– For meg vert Profeten fraa Nasaret meir og meir Føraren. Kvar maa gjennomføre "Gudsrike" i sitt eigi Liv; men til aa halde uppe Mode, særleg hjaa dei unge, trengst Trui paa ei komande ljøs Framtid, eit "Gudsrike paa Jordi". Og betre Tidir vil – eller daa visst kann – koma. Men kor som gjeng – Sosialdemokratie ender vel i

<side nr=223>

eit nytt Cæsardøme? Eller um George-Tanken vinn tru han vinn fyrr Pengeherrane hev fengi snutt han til etter sine Hovud? Etter "Land Values" hev ein engelsk George-Mann alt paa vist, at George-Skipnaden vil bli ikkje minst til

Bate for Pengemennane – kor som gjeng vil nye Tilstand skapa nye Krav; den gamle Folke- draumen um eit Gudsrike vert aldri soleis "sann- drøymd" at alt vert "Fred og Ro", d. e. Still- stand; med all Framgang vert det alltid Spurs- maal aa svara paa. Men det som alltid og under alle Vilkaar er visst er, at den vinn Fred som hev "Gudsrike innantil i seg" ; dei fatige e r sæle, som Paal Høve hev lært. D. v. s. dei fatige som hev Arbeid; serleg dei som hev Jord aa arbeide paa. Og so langt maa ein vel – heretter som fyrr – kunna koma?

31. 5. 09.

So skulde vel Sumaren kunna taka til! Men enno er det svalt ute og mest kaldvori inne. Best aa staa i Jordeple-Aakeren, – endaa der vil det gjerne bli hosta varmt att.

Men Blomar sprett og Fuglar syng. Og Sol bryt fram gjennom Sky Mitt Barneyanskje vaknar: den som var Fugl! –

– Teosofane driv paa; dei vil "taka Lande". Ei Tidsskrift skal dei faa (hev – med tyske Pengar – kaupt "Kringsjaa"), det skal vera halvt paa norskt og halvt paa norskdanst; millom Med- arbeidarane skal eg au vera med, – so lengi det kann vara.

Formaale ser godt ut. Ein skal arbeide seg fram-yvi til "Menneskehedens universelle Broder- skab uden Hensyn til Race, Troesbekjendelse, Kjøen eller Farve; det vil "fremme Studiet af sam- <side nr=224> menlignende Religion, Filosofi og Videnskab" (?) og "udforske endnu skjulte Naturlove og Menne- skets skjulte Evner"; under dette siste er det vel at den teosofiske Mystiken gøymer seg. No fær me sjaa. Vert det for mykje "Mystik", so vinn dei knapt langt her i Lande.

Den "teosofiske Kristus" (Dr. Rudolf Steiner) er (etter Rich. Eriksen) ,den clairvoyante dybt- skuende Mystiker nøie forenet med den klare videnskabelige Tænker"; han hev skrivi um "Welt- und Lebensanschauungen im 19ten Jahr- hundert", um Goethe, Nietzsche, Höckel, Ludw. Uhland, um ,Wahrheit und Wissenschaft", "Philo- sophie der Freiheit", "Grundlinien einer Erkenntnis- theorie", "Lyrik der Gege~art", "die Erziehung des Kindes" o. y. a, og so um "Einweihung und Mysterien", "Re-inkarnation und Karma", "Hvor- ledes erhverves Kundskab om høiere Verdener" (umsett); no held, han paa og gjev ut "Die Ge- heimwissenschaft". Til Dansk hev me no fengi umsett ei Bok av han um "Kristendommen som mystisk Kjendsgjærning"; den hev eg nettupp lesi. Han er godt inne i den gamle Mysterie-Kultus, som me finn att hjaa alle gamle Folk me kjenner, ikkje minst i Hellas (Sokrates, Plato; seinare

Philo - Logos-Tanken i, mykje kjem her fram som Skulelærdomen ikkje veit um. Og Samanlikningi millom Buddha og Jesus kjem til dette Endemaal: "B. har i sit Liv vist, at Mennesket er Logos, og han vender tilbake i denne Logos, naar det jordiske i ham dør. Jesus er selv personlig bleven Logos; i ham er Ordet bleven Kjød. Saaledes blev det, som fra den gamle Mysteriekultus afspilledes i Mysterietemplets Indre, gennem Kristendommen opfattet som en verdenshistorisk Kjendsgjerning. – For den kristne Menighed blev Mysterievisdommen uløselig knyttet til Jesu Personlighed."

<side nr=225>

Jesus-Sogune vil ikkje vera ein Biografi meir enn Buddhallegenden. "Man tog ikke sit Stof fra Historien, men fra Mysterietraditioner." Desse var ikkje alle Stadir eins. Men so mykje Samhøve var der, "at Buddbisterne fortalte sit Gudmenneskes Liv næsten nøiagtig paa samme Maade som Kr.dommens Evangelister fortalte om deres". Dei fire Evangelistane hev aust av "fire forskjellige Mysterietraditioner" ("om Gudssønnens typiske Liv"). Dei tri fyste Sogune hev aust av "Mysterietraditioner som har lignet hinanden"; den fjerde er gjennomtrengd med "Ideer som minder om Religionsfilosofen Philo", "er fremgaaet af de samme mystiske Traditioner som Philo ogsaa har staaet nær". Ein kann daa tru, "at Begivenheder som i Evangelierne fremstilles som Kjendsgjæringer, ingenlunde derfor gjør Krav paa at opfattes som historiske, men snarere maa opfattes som mystiske, som Tanker der udspringer fra forskjellige mystiske Traditioner".

"Underet" er "Oplevelser der har tildraget sig paa et høiere, et aandelegt, Tilværelsestrin" det er daa sjølv sagt at del ikkje læt seg skyna "ud fra den fysiske Naturlovmæssighed". Lasarus-Sogo er aa tyde ut fraa Jesu Ord: ,eg er Uppstødo og L i v e" – h a n er den Uppstødo Lasarus hev røynt; det er "Orde" som hev vorti til Liv i Lasarus; at Lasarus er "uppstadin" vil segja: han er fødd paa nytt. (Plato brukar eit Bilæte som inneheld det same). Lasarus hev, i Mysterie-Maal, vorti ein "innvigd". Jesus hev "foretaget Livsforvandlingens store Under paa Lasarus i de gamle Traditioners Aand".

Jesus vilde "give alle Visheden om det som i Mysterierne blev beskrevet som Sandhed" og soleis "hæve den til et høiere Tilværelsestrin". "Kr.dommen skulde være et Middel hvorigjennem alle kunde finde Veien." (Jesus vilde "søkje aa frelse

<side nr=226>
dei burtkomne"). "Guds Rike" skulde bli meir "uafhængigt af de ydre Mysterieceremonier"; det var ikkje her eller der, men "innantil i dykk".

Johs. Opinberring er heilt igjenom Mysterie-

visdom. "Det er en Indvielse som bliver Johannes til Del." Men det er ikkje ei Innvigjing i den gamle Mysteriemeining; "Kristendommen skulde ikke være for de faa udvalgte," men "for hele M.skeheden", for alle som "hev Øyro aa høyre med". "Johannes Aabenbarings Mysterium er, at Mysterierne ikke længer skal være lukkede. "

"Kristendommen er fremgaaet af Mysterierne."

(Millomled: Essæar- og Therapeutarsamfund.)

"Dens Visdom fødes selv som et Mysterium i Apokalypsen; men" – "den enkeltes Mysterium skal blive et universelt Mysterium". Mysterium vert det, "et Mysterium som ikke aabenbares nogen som Erkjendelse, men alle som Trosindhold".

– Der er mangt aa lære av denne Boki. Men det mystiske vert meg verande mystisk; og kor lite eg veit: Skoddeheimen lokkar meg ikkje.

I det teosofiske "Kringjsjaa" vert eg ingin gamall Mann<fmark ind="1)"> – – –

"Me braakar og balar og vil vinne Verdi; men er til Slutt glade at me hev den vesle Flekken paa Kyrkjegarden "trygg".

6. 6. 09.

Eg er ferdug med George-Striden i "D. 17de" og dermed fri dei "verdslege Spursmaal" til so lengi. No driv eg med "Vaarvinna" og anna

<fnote ind="1)"> G. kom aldri til å skrive noko for dette nye Kringjsjå. Men den gamle songen hans um Ole Bull vart

prenta i eit av dei få hefti som kom ut. H. G.</fnote>
<side nr=227>

jordiskt (hev heile tvo Arbeidsmennar umframtuftent og meg sjølv); og naar det er fraa-seggjort tek eg Homer med meg og dreg til Knu-daheio.

Eg lengtar etter Homer. Live i dei gamle Tidir var Fred og Fest; no er det Kav og Krampe. Ein treng Kvile fraa det jamt og samt. –

– Ivar Mortenson (Myrom, Gardmann og Boksmed, skriv han seg no paa Helsingskorte sitt) var ut-um her i Dag; han driv paa med sin praktisk-teologiske Eksamen. No skulde han ned-um Steinsvik og tala med Fru Marta; Skjegge hans er heilt graatt; men han tala paa gamall Savalgut-Vis um sin Ungdom. Til Lærar hev han den norske Bernt Støylen; og fleire og fleire Prestegjeld søkjer um norske Prestar; um Ivar vert det visst heiltupp Rift. Det er kannhende Teosofien som hev hjelpt Ivar: berga han ut-yvi visse teologiske Vanskar med si "aandelege Fortolkning"? – I alle Tilfelle er det godt at han slepp burt ifraa Einabu, der tvo gamle ligg og sjuknar og sjuknar og aldri fær døy. –

– Eit heilt lite Lag vart det i Kveld; millom

Lagsfolke var ein svensktalande Anglogerman(?) Børgel, som ventar aa bli Professor i nordlendske Maal i Oxford, og som kann Islandsk, Dansk og Svensk og no vil lære eit norskt Bygdemaal – meir enn Bygdir er det norske Norig ikkje enno. – Men i Framgang er me; Maal-Tanken fær Tak; fleire og fleire skynar at han er "europæisk".

8. 6. 09.

Igaar drog Hulda til Eidsvoll; skal "danse" og halde Foredrag paa Ungdomsskulen der uppe – aatte Dagar i eitt. Sidan er det Veslehamar – <side nr=228>

Dans, Foredrag, Komodie –; godt so lengi ho greider det. Sterk er ho ikkje lenger; og nokon som kann taka Arbeide etter henne viser seg i k k j e. –

– Um Ettermiddagen var Schjøtt her. Det var siste "Homer-Maandagen" i Sumar; han og Frua skal ned til Borre i Aar.

Han hev fengi Pensjonen sin no: Kr. 2200 um Aare, ikkje fullt 200 Kr. Maanaden; "feite Pensjonar" skal ingin lenger tala um. Og at Stortinge ikkje hev anna enn snaude Pensjonen til ein Mann som Schjøtt, – det er "norskt" paa sin Maate. Men andre 2 200 hev han fengi i "Stipendium" for Arbeide med den norskdanke Skuleordboki; enno i eit Par Aar vil han daa hava si Overlærer-Løn. – Og so kjem Smalhans.

17. 6. 09.

Fyrisumar; Fest. Hagen kvit av Blom; Kirsebærblom og Apallblom kvitnar gjennom Lufti som Skyir; gjeng dette godt, so vert det Alde til Hausten baade aat Tjuvane og aat oss.

Eg hev baska med "Vinna" og fikta med Gullbosten; Varmen hev vori i stridaste Lage; eit Par Dagar laut eg krabbe i Kraa: Hovdaverk og Ule; er ikkje van med denne stille, endelause Solsteiken. Krigen med Gullbosten stend enno; men no er Ranunkeltidi endeleg i Kjømndi. – Synd, all den Jordi som ligg her no, og som me so svært lite fær nytte! –

– i "Politiken" held Danske og Provinsdanke paa og slæst imot oss norske; det er litegrand "nytt Kapitel".

Me er i 3die Vending no, av det historiske Skjemtespel som vert kalla Norigs-Sogo. Naa; fyste Vending var elles aalvorsam nok, og stund- <side nr=229>

om, serleg mot Slutten, syrgjeleg; det er seinare at Løgje hev fengi slikt eit Rom. No fær det Magti.

Det norske Folke er lite med. Det er Heime- og Utedansken som held paa med sitt gamle Stræv: denne Land-Skanten, som er for litin til aa vera noko sjølv, men kunde vera ein god Studnad att-under den danske Kulturen, – denne

Landskanten m a a ikkje faa slaa seg til i den Tanken at han er norsk, og at han skulde liva for seg sjølv. Den eine Dansken gildare enn den andre – no sist Edv. Brandes – er ute og viser, kor meiningslaus den norske Tanken er; "os Danske kommer jo dette ikke egentlig ved; men –" o. s. fr. Og provinsdanske Bokmakarar, som skjelv for sin Liveveg, dei bannar oss norske av fulle Lungur. Norig hev vori danskt i 500 Aar, og so skulde det ikkje v e r a danskt!

27. 6. 09.

Imorgo skal eg til Vetlehamar og preike.

Preike kann eg ikkje; og "Fest"-stas og Tilstellingar sét meg ikke i Lag. Men tala i ei av dei gamle Gudbrandsdalsstogune paa Mai-Haugen hev eg inkje imot, og fær gjera det so godt eg kann; Amen, Sela.

Det er um denne endelause Maalsaki eg skal leggje ut endaa ein Gong. Det historiske Samanheng med alt sitt Laatteløggje, og dei gode Vonine no. – Vonir, ja; visst er her Vonir. Det er berre det eine store Spursmaale som her ikkje er Svar paa, og som ingin hev Mod til aa reise –: at Sverig væpnar paa harde Live, og me ligg og slæst um Hærskipnaden, som søme plent vil ha umskipla, um Formir og Strid um Smaatull, og aldri (etter Georg Stang) ein stor Tanke . . . kor lengi gjeng det?

<side nr=230>

For Folk som eg er der ikkje anna aa segja enn: det gjeng til det gjeng sundt; eller det sleng til det kjem i Veg att. Og so fær det skure; det visse er Gudskjelov, at eg sjølv gjeng min Veg, um ikkje i 1 9 1 1 , so daa visst um tie eller i verste Fall tjuge Aar; og dei Aari held eg vel ut, veit eg?

30. 6. 09.

"Lillehammer"-Ferd i yvistadi.

Det var elles ei gild Ferd. Eg raaka fleire gilde Gudbrandsdøllir, og det er staute, støde Karar, Gutar som held ut og ikkje misser Mode. Framgang er det elles au i seinare Tid; paa fleire Stadir er Skulen komin betre i Veg enn ventande skulde vera.

Men Vetl-Hamar, Stakkar, er "Lillehammer". Nokre Adjunktar er "Kulturen" der og raar Byen; ingen Lillehamring vaagar aa møte paa ein Maalmarknad no. Det er ikkje so greidt; Kong Bjørnstjerne frisknar til att no um Dagen; og Domedag kann daa naar-som-helst vera ventande. Det hjelper knapt at Byens fyste Mann, Grosserar Lunde, er med; han kann gjera som han vil, han, men det kann ikkje Smaafolk. – So smaatt hadde eg ikkje tenkt at det kunde bli i Gudbrandsdalen.

No var det helst Sundagane, Marknaden hadde aa stole paa; daa kjem det Folk fraa Landsbygdine. Um Kveldane elles møter det upp ein Flokk so vidt at det greider seg – daa Utgiftine er smaae – og so vert det elles Utlutingi av ymse gjæve Gaavur som kjem til aa gjeva mest av seg.

Til Foredrage mitt hadde elles eg Aahøyrarar nok; og so gild Tale-Hall som Lunden paa Maihaugen hev eg aldri havt. Og dei Sanningane

<side nr=231>

eg lagde fram um 17de Mai 1814 og den seinare norske Sogo vart aatgaadde. Me er vel snart so langt komne at dei historiske Lygnine me hev livt paa kann bli dreivde burt, so me ser kva det danske Norge er for ein Tale-maate.

– – – Men um me kann vinne yvi dette danske Norge, fyrr andre Framandmagtir kjem?

Det einaste me hev aa lite paa er, at Røvarane er f l e i r e, og at den eine ikkje unner den andre stort. Men Sverig (som no hev havt Tsaren til Gjest!), og som driv paa med Væpning, so at fyrr eller sidan maa det faa einkvar til aa betala all denne Stasen so snart den næste store Ufreden (millom Engelland og Tyskland?) bryt ut, – so kjem Sverig til aa halde seg ute. Og me vil endaa ikkje ha fengi vaart Hærstell i Stand. Men det danske Norge vil lengte meir og meir att-ende til Sverig att, di meir det norske Norig vaknar. – – –

– I Danmark fær det danske Norge so mykje Studnad som Raad er og vel so det; sjølve "Tilskueren" tek inn norskdanke Landssvikarstykke av simplaste Slage. Norderlandi, som hev si einaste Von i Samhald og Fred, er under same Vaabøn som den europæiske Verdi i det heile: er usamde med seg sjølve. – – –

4. 7. 09.

Tuften "hjula" til Veslehamar igaarkveld, d. v. s. til Jaren, der han tek Bana; so er han framme til Middag. Nye Tidir! Mindre og mindre av Fraastand lenger. – – –

Eit lite og dertil kløyvt Folk det er ikkje greidt. Me fær berge oss paa vaar gamle Vis:

<side nr=232>

Bokskrivarar fær faa Embætte eller Umbød som ikkje øyder sin Mann heilt. Mykje vil paa den Maaten gaa til Spilles; men Fatigfolk hev ikkje Raad til aa vera Økonomar.

– I det heile: dette med Bokskrivning. Her um Dagen sat eg i Stipendie-Nemndi att (det verste Arbeid eg hev); hutetu enn alle desse Søkjarar, heile denne jamt veksande Flaum av Søkjarar; og færre og færre av desse Namni kann eg segja eg kjenner. No er Bevilgningi naadd upp til Kr. 6 000 att; men . . . Naa ja. Eitkvart

Namne er der. Men upp-imot Helvti av Pengane
vert utskifte i Smaalutir paa 500 Kr. til "Arbeids-
hjelp" naar ein berre alltid kunde skyna kva
Hjelp der er i "Arbeide"! Og der stend all
denne Flokken i veksande Rad; av dei unge som
eg hev mest Von um naadde berre ein so langt
som upp-i Varamanns-Rekkja Di lenger eg
sît i den Nemndi, di meir tvilar eg paa, at det
her vert gjort noko godt; men kvar skal ein av,
kvar skal ein av – –

– Per Sivle var ein av deim som ikkje naadde
fram; no hev han fengi sin Bautastein. Og det
er nok vel paa ein Maate at me pyntar Gravine
aat deim som me slær ihel . . .

Per Sivle vart eg aldri kjend med. Eg raaka
han fysst paa "Studenterhjemmet"; daa var han
nok gudeleg. Sidan gjekk Vegane vaare meir og
meir til kvar sin Kant; eg vart "Europæar" og
Maalstrævar, og han vart Sverdrup-Mann i den
Tidi daa Johan Sverdrup gleid meir og meir
saman med Jakob Sverdrup. Noko heilt fekk
Sivle aldri gjort; det var som han ikkje fekk
samle seg. Men Skald var han, kvad ender og
daa eit Kvad som der var baade Aand og Malm i;
og soleis kvad han seg fram, so han vart kjend;
kvad Fedrelandssongar paa danskt og Sogukvæde
paa (halvt) Vossamaal; men um han hadde

<side nr=233>

tvo Maal, so hadde
hall "eitt Kvæde, og
det var Norig"; og
ved det vart han, med
alt som i Vegen laag,
ein Folkeskald. Og
det vesle han fekk
skapt vil liva.

No stend Steinen
hans der burte, og
det er godt; den bør
kunna vise Vossin-
gane, som Vestlen-
dingane i det heile,
deira norske Veg.
Mykje Kraft er der
I Folke der burte,
kann ho berre faa samle og klaare seg og –
det som det ikkje minst gjeld um – finne
Arbeidsmark og Byggjegrund her heime.

14. 7. 09.

Um Sivle skriv og syng alle vaare norske
Blad.

Ja-ja. Noko so sundbrøti og halvt som Sivle
var og vart – med Dikting paa halv-vossisk og
halvdansk, og med politiske Freistnadir som ikkje
naadde høgge enn til Sverdrups Gamalmanns
"Bondepolitik" – noko slikt sundbrøti og halvt

er det "norske Folke" med no. So det kann nok altfor vel høve. – Og so dette gamle: steine Profetar og byggje Gravir aat deim . . .

– Agdenes-Forhøyri hev dei haldi paa med so lengi – Forhøyri for aalment –, at eg for lengi sidan hev slutta aa lesa all den Jammersdom. No er der eit Par norske Blad som krev,

<side nr=234>

at heile dette Bøle som er Offiserar paa denne "Forsvars"-borgi vaar, skal utan Naade bli avsette.

– Um eit Par Dagar fér eg til Jærs; her er so varmt at eg orkar inginting. Jønnvegsferdi yvi Fjelli hev eg lite Mod paa; alt vert meg vanhelga av desse Turistane. Og mykje anna gruvar eg fyri. Paa Jæren er eg ikkje trygg heller lenger. Men Knudaheio er vel den likaste enno.

Og denne Bergensbana lyt eg ha set**<fmark ind="1">**

Bergen 18. 7. 09.

Ferdi yvi Fjelle, under Snøfjell og gjenom Snøfonnir, var herleg, so det lønte all "Bane"pinsla (med Vognir fulle av Lærar-"indar" og Turistar, og Solsteik, og Trøyttleik) og friska meg upp. So kom Nedferdi til det eventyrlege Bergens-Vestland, herlegt aa sjaa. Til Bergen vinn Ferdi seg ikkje fram fyr midnettes.

Ingin Baat fyrr – næste Kveld Kl. 10. Eg gjekk og dreiv – i Byen og inn Kalfarvegen –; det var fint Vír og fagert; storfagert. Bergen sjølv er ein ven By, med Merke av at han hev Historie; han er i det heile mykje meir til Hovudstad enn dette ferske og uferdige "Christiania".

Um Ettermiddagen leitte eg – med mykje Stræv – upp "Urdi", der Maalaren Olav Rusti bur. Det er elles ein gamall Herregard (med stor Hage og Huse i græsk Stil); eg tenkte ikkje at ein norsk Maalar kunde bu so stormannsleg. Hjaa honom vart eg verande i fleire Dagar (Rusti teikna eitt nytt Bilæte av meg, og Fru Rusti – **<fnote ind="1">** Garborg hadde alt frå ungdomen drøymt um og gledd seg til denne bana. *H. G.***</fnote>**

<side nr=235>

som og er Maalar; fødd i Karlsruhe; hyggjeleg Dame og gaaverik – maala meg); i Fristundir dreiv me ikring ute, naar Víre var godt – var mill. a. paa Fløyfjelle; eg hev aldri skikkeleg vori i Bergen fyrr, berre fari der igjenom – og hadde mange huglege Stundir. Sistpaa ein Kveld saman med nokre av dei førande "Vestmennar" og eit Par andre; der er Arbeidshug og Dug, og Liv og Mod i Karane. Desse Bergensdagane gjorde meg godt.

Keisar Wilhelm laag paa Hamnen eit Par Dagar (med eit Hærskip og fleire Torpedobaatar); Kong

Haakon kom (med Bana) og helsa paa han; det var alt privat og gjekk – av i Bergen aa vera – utruleg stilt; ein Aabit i Fløyfjell-Restaurasjonen var det einaste av meir offentleg Stas. Ymist vart meg fortalt um Keisaren og hans Smaafolk-Kjenninger i Byen og paa Øyane; han kjem godt til Lags med desse greide Folk, som segjer "Keisar, Far" i Staden for "Dokker Maje-stæt" det var hyggielegt og morosamt aa høyre, men – naa, um der ikkje kann vera eit men??

Knhh. 30. 7. 09.

Det vart haade Upphald og Sol (med eit Heng fraa Nordvest, og litin Høy-Terre); eg tok den gamle Vegen nord-yvi til Thime (der eg var inn-um paa Kyrkjegarden og saag paa Gravsteinen hans Far, som no er heilt yvi-vaksin av Lauv der han stend, tett inn-under Nord-Gjerde ["ned og nord gjeng Helveg!"]); so bar det til Bryne, og Dagen etter, Olsokdagen, til Klepp.

Der er mykje gildt aa sjaa mest all Stad nord-etter: Myr er utgravi og Jord oppbrøti, og nye Gardar vert bygde baade her og der. Jæren veks, i Velstand og Venleik og Folkemagt, – til

<side nr=236>

dess Bonden, der Mohr, hat seine Arbeit gethan, og Pengeherrane legg Jordi under seg, til Lysthagar og Veideskogar. Som vel er, vert ikkje det i mi Tid.

"Folke"-høgskulen (liksom det skulde kunna vera Høgskular for anna enn Folk! Det er Tyske-maale som gjennom det danske hev lært oss au aa knote) er gildt bygd; han ligg som ein Kongsgard uppe paa Klepps-høgdi, med Utsyn yvi Land og Fjellheim i Aust og Aarrevatne og Have i Vest; herlegt ligg denne Aalmenn-Høgskulen. No er det Landsmaals-Skeid for Lærarar der (dei skal lære norskt, som dei visst vel treng; millom Lærarane er so gode Karar som Torkell Mauland og Jens Tvedt); og til aa halde Høgtids-Tala (um Olavsminne) hadde. dei fengi den fysste norsk-talande Presten i Amtet: Presten Solheim fraa Jelsa, ein greid og gild Kar.

Eg kom noko seint; han var mest ferdug med Tala. Men godt og greidt norskt tala denne Presten; ein høyrde at norskt var hans Tunge-maal, og skyna, at han tala til norske; me tek til aa koma so langt, at me kann kjenne oss heime baade i Kyrkja og i Skule og paa Festar no. Eg var med ein Gong i Olsok-Lag; mine beste norske Vonir fekk Magt i meg.

Um Ettermiddagen tala ein ("forbya") Gjesdøl (Son av ein Gjesdalbue); for 40 Aar sidan drog han til Amerika og hev vori Professor ved ein norsk(-dansk)-luthersk Presteskule der, og hev vunni seg eit teologiskt Namn som er kjent her heime med: Sven Oftedal.

Han hev so finbygt eit Andlit og so fint eit Lag, at ein ikkje skulde tru han var det han er: Bror av den djerve, heller noko grovlagde L a r s Oftedal. Og minst hadde eg venta av ein norsk-amerikansk teologisk Professor at han skulde hava norske Tankar; men av det han sagde lærde eg **<side nr=237>**

paa nytt Lag, at det helst er ute ein Nordmann skal bli norsk.

Sven Oftedal fortalde um sine Maalrøynslur for so eit halvt Hundradaar sidan. Han var Stavangergut og tala Stavangernorskt til vanleg; men paa Skulen var det streng Bokdansk; det han der lærde vart daa som noko for seg, utan-um Kvardagslive. Sidan kom han til Telemarki og var Huslærer; og daa han alltid hev havt baade Hug og Lag til aa bli kjend med Folk, kom han snart inn i det vanlege Live der uppe, og fekk Greide paa tvo Ting: 1) at Folke livde sitt eigi Liv og heldt Embættsfolk og Byfolk for Framande, som del helst smilte aat; 2) at Folkemaale var eit Maal for seg sjølv, so at Embættsfolke og hitt Folke m a a t t e bli skilde og framande. Nokor Raad for dette saag han ikkje, og nokon "Nation" kunde han ikkje skyna det kunde bli av desse tvo Lag som stod saa raadlaust framande mot kvarandre; han misste Trui paa det nye Norig det hadde vori tala og songi um, og drog til Amerika. No, daa han etter 40 Aar var komin heim att so vidt at han hadde kunna setja seg inn i dei nationale Vilkaari som dei i seinare Tid hadde vaksi fram, hadde han fengi nytt Mod; Nordmennane var paa Veg til aa vinne att sin Nationalitet, ved aa vinne att den fulle Rett for Maale sitt. Kor langt me her alt var naadd saag han best av den nye norske Bibelumskrifti (ved Seippel); han las upp Sogo um Josef (Genesis) i denne Umskrifti – og las so godt at det visst var fleire enn eg som vart vaate i Augo av aa høyre denne gamle Sogo, som me alle meintest kunna so godt –; og sidan tala han so vitugt og varmt um vaar norske Sak, at minst hadde eg venta slikt av ein teologisk Professor fraa Amerika. Me kom i Samtale og rett godt til Lags; han tala ikkje Teologi (syntest vera heller **<side nr=238>**

trøytt av dei mange og lange og alltid veksande norsk-amerikanske Kyrkjestridsmaal), – sagde seg vera meir Filolog enn Teolog, og vilde gjerne at me skulde raakast att; eg skal finne han att i Stavanger um 8-14 Dagar.

No sist hadde han vori eit Aars Tid i Grækarland; han hadde lært Folkemaale og Folke der nede aa kjenne og fortalde ymist um kor smaatt det stend til i det nye Hellas, med all national Uppgløding: Folke er heilt utanfyri, der um Lag som ber i vaare fysste "nationale" Tidir. Eit

Millomalders Folkedikt fraa Kreta – som no ikkje er stort meir vyrdt i Hellas enn t. D. Draumkvæde var vyrdt i Norig alt til den siste Tid – hev Oftedal serskilt lagt seg etter aa granske; han hev skrivi um det paa græskt i eit græskt Tidskrift og sagt Hellenane sterke Sanningar, av di dei læt slikt liggje og berre drøymer um det gamle Hellas; um dette og um Tilstandi dernede skal det vera gildt aa faa vîta meir; dei hev mangt der nede som er Aathug verdt; soleis hev dei Stevleik, "Folkevisedans" og ymist som minner um vaar eigin Millomalder. Og eg kann fortelja honom eitt og anna, soleis um sumt av det som Ivar Mortenson trur aa vera komin etter um græsk og gamallnorsk Samanheng i eldre Tid.

Høgskulestyraren tala eg ymist med; det er ein gild og greid Kar med god Vilje. Og meir enn andre her i Lande hev han teki upp Arbeide med aa binde Bonden meir fast til Heim og Jord, med all den Aand og alle dei Tankar denne Skulen skal gjeva: han hev skîpa ei Jordbruksklasse ved Skulen sin, med Rettleiding um slikt som Bonden serskilt treng um aa vîta i sitt Arbeid; dei som vil, gjeng der og fær ymis Kunnskap um Jordbruk; det vil kunna gjeva mang ein Ungdom betre Rotfeste i Heimejordi. Noko av

<side nr=239>
same Slage kunde turvast for Gjentur, til Hjelp mot all denne By-Upplæring, som Riksskular med Frøknir til Lærar-"indar" øyder all gamall Lands-Livemaate med; det vert i det heile ikkje Skikk att paa Bondelive, fyrr Bonden sjølv skaper seg dei Skular han treng, – til Studnad for den Heime-Upplæring, som meir og meir maa koma upp att.

Eg fær sjaa um eg kann faa skrive eitkvart um dette i eitt eller anna norskt Blad; um me arbeider med Tak og Taarn, so maa me meir og meir hugse Grunnane. – Aa, den som kunde noko meir! Og som var noko sterkare i Trui! Skular som den paa Klepp, – dei hev ymis Søknad; men det er ikkje meir enn so vidt dei greider seg; Staten hinkar Byvegen, og Danske- og Svenske- og Tyskevegen, alt det han kann; men Heimevegen . . . hev det gamle Danskevelde ei Mistru til, som det seint vert Raadbot fyri.

Knhb. 3. 8. 09.

Det eg heile Tidi hev ræddast fyri, det tek vel no til aa koma.

Krangle um Grisebødane var berre ei Fyrbuing; dei vilde faa Nordmannen til aa tru at Svensken hev vorti ein ærleg Mann etter 1905. No gjeng han eit Stîg lenger; men det er utrulegt lite han krev; berre ei norsk Sokn vil han hava lagt til Sverig.

Næste Gong vert det eit Prestegjeld. Og so eit Provastdome. Og so eit Amt. Med lange "Fredlstidir" inn-imillom. Han hev studera Norigs Sogu no; han ventar at dette skal gaa likso lett som for Danmark aa gjeva burt Herjedalen, Jemtland, Baahuslen og dei norske Øyane i Skotskesjøen, eller som det i 1 8 1 4 gjekk for dette same

<side nr=240>

Broderland aa tjuve til seg Færøyane og Island.

Og Svensken reknar betre no enn han gjorde i Samfeste-Tidi.

Etter 1905 hev Nordmennane ikkje styrkt sitt Forsvar; dei veit kva som fyrr eller sidan maa koma, men vil ikkje hugse det; ligg og slæst Aar etter Aar um ein Hærskipnad. Og um me hev havt ein Georg Stang, og hev ein Lowzow og mange andre gode Karar, so hev me vaar Agdenes-Skandale au, og anna som inkje godt spaar. Naar Svensken no kjem so pynteleg og vitug og krev berre ei Sokn, so er det altfor rimelegt at Nordmannen segjer som Per Gynt i Dovrehalli: "Skit, lat gaa; det er daa ikkje verre." Og naar han hev gjort slikt ein Gong, gjer han det sidan lettare.

Det verste er, at naar Sverig legg ut med eit slikt Krav, so maa det hava Avtale med Stormagtine. Soleis, at naar t. D. Svensken hev fengi ei Sokn, krev Russland eit Amt, og sidan meir og meir, til dess han naar Nidaros. Daa segjer vel Engeland Stopp, og tek sjølv Kristianssand og Bergen, og i det heile Vestlande.

Det er urimelegt, at slikt skulde vera avgjort so snart etter 1905, og eg vil i det lengste vona at "D. 17de" maa taka denne Meldingi i seg att. Urimelegt er det au at Russland kann gaa med paa aa styrkje Sverig. Men . . . naar det sjølv fær eit Fylke, so kann det vel unne Svensken ei Sokn; og tru paa Stormagtine gjer ingi Smaamagt lenger no, – utan Norig? ? –

Me er eit Bondefolk. Uendeleg truskyldigt. Tek ein Bonden paa rette Maate, so kann ein faa han med mest paa kvasomhelst.

<side nr=241>

8. 8. 09.

Det er nok rett med det nye Svenskekrave. Og eit norskt Vinstreblad hev alt kravt Valdgift. Den 3die Valdgifts-Saki fær me daa alt, paa desse faae Aari.

Og Domstolen gjev oss pene Ord og gjev Svensken Rett. Det er han nøydd til, skal Fred haldast!

– Aa du Komedie som heiter Verdi.

Knh. 10. 8. 09.

Rett fin Byferd; Regnvír inn-imillom, som vanleg. Og fulle Banevognir, med Riksing og

Barneskrik. Eg berga meg inn i ei II-Vogn paa Heimvegen.

Raaka Professoren; han køyrde meg ut paa Ledaal-Kanten, der han held til hjaa Brorson sin, Bladstyar Oftedal (ein litin stillfarande Jurist, som i heile sitt Lag minnte svært lite um Far sin). Ven og hyggjeleg Bustad var dette; tekkjelig Kone; eit Par friske, men ikkje mykje braakande Born. Ledaal ligg no midt i Byen aa kalle for! det er Byane som veks.

"Samtale", som mest vart Einetale av Professore. Eg trur elles han gjer som eg bad 'n: skriv i Stav. Aftbl. um sine Røynslur og Synsmaatar i Maalvegen. Sjølv tenkjer han mykje paa sitt nygræske Studium; det Stykke han sjølv hadde skrivi paa Nyhellensk um Skaldeverke fraa Kreta (Fraa Millionaldren) var prenta i eit græskt Tidsskrift no. – Verdi veks meir og meir ihop: ein norsk Amerikanar lærer Hellenar aa studere hellensk Bokheim!

– Fotferd ut um Sanddal – Grønking og Vokstr og Nybyggjing mest all-stad –, um Madla (som dei no skriv og uttalar "Malle", det rette Namne

<side nr=242>

m a a ikkje upp) til Hinna; fint aa gaa, og Havrsfjorden tek seg serskilt stemningsfull ut i denne Graavírsdagen. Oftedal er heilt utan Embætte i Amerika no og skal liva berre av Pennen sin, – etter at han hev ofra eit Liv og samla Millionar til denne Presteskulen der burte. Men like modig er han for det.

Tala mykje um at det galdt aa faa Folke til aa tru at Norskt kann vera Gudsord so vel som Dansk; me maa faa gudelege Maalfolk. Eg trøysta oss med vaare Landsmaalsprestar. Ja, ja. Men ein ny Profet; ein Kyrkjebyggjar, maatte til. Han hadde tala med mange som ikkje hadde det minste mot Maale; "men alle Maalmennar er Fritenkjarar!" hadde dei sagt; og daa kunde dei ikkje bruka norskt i Skrift eller Tale. – Eg smilte. Prestar kjem nok! – Fritenkjar løner det seg lite aa vera, maa-tru. Han var amerikansk fri for Fanatisme, men amerikansk praktisk; "Kristendom maa til!".

Me skildest vel forlikte; han lova aa sende meg noko av sitt nyhelleriske Skaldeverk i Umskrift. – Hadde me slik ei amerikansk Arbeidskraft!

– Eg skrangla til Thime; gjekk derifraa til Undheim; det vart myrkt no aa gaa Bergknausen upp-yvi so Nattetid.

I Døri fann eg ein Lyngdusk med eit Papir; der stod Vers paa norsk dansk med "Tak for hvad du gav", med Bøn: "Gud giv den "trætte" Ro" og "Vel mødt en Paaskemorgen! – Jesus selv han kaldte os af Dødens Mørke ud" o. s. fr. Underskrivar: Lærarinne fraa ein Austlandsby (ho høyrer

til Kolonien paa Nærbø). – Tjah. "Dødens Mørke" er eg elles ikkje rædd lenger. –

– Fraa Mauland var Brev (paa Stasjonen), at Skulen paa Kleppe (Lærarane) vil gjera ei Ferd hit og sjaa ut-yvi Jæren, no i Overmorgo, um
<side nr=243>

VÍre vert godt. Eg hev bedi deim velkomne, fraa meg og alle Knudaheitroll; og um det regner i Dag, so kann det difor vera like fint i Overmorgo. –

– Brev fraa Hulda. Alt vel paa Labraatan. Dei ét kvar Dag Bær og Grønt og fiktar med Ugrase. – "Harriet og Per og Frenning"**<fmark ind="1">** skal til Kolbotnen. Dei unge hev godt Mod paa Huse

– – –

Der er godt i Stand der uppe: Hulda – alltid modig! – hev endaa fengi upp Aare i Stogo mi au no. – Strid med ein Danske hev ho um Retten til Fordansking (i Norig) av Hauptmanns Teaterstykket (Krag vil hava eitt upp no); med Pengar for Bladskrivning (og noko av Løni for Rousseauboki) hev ho klara Sømaren for Tuften og seg. – Med slik Kjering kann tilmed ein Maalmann greide seg! – Eit Fagnadbød: stakkars gamle Fru Mortenson **<fmark ind="2">** hev endeleg sloppi. Det jamnar seg sistpaa alt. –

– Mykje Høy er innkomi paa Jæren i desse Dagar; ein og annan hev visst alt fengi inn. Eit Par gode Dagar til no, – so vil denne hardaste Aarsstriden vera yvistadin.

Knh. 16. 8. 09.

Kom heim i Kveldingi etter Finnøy-ferdi. Gild Ferd var det, um VÍre helst heldt seg regnlegt; det er vent paa Finnøyno – grøne Gardar og Høgdir med Bjørkelidir; nedst den blaae blanke Fjorden med alle sine Øyar, og i Aust dei fine **<fnote ind="1">** "Bryggermeister" Chr. Frenning, var gift med eldste syster mi, Martha Elida, som døydde fyste året eg var gift. "Harriet", eldste dotter hans, gift med ingeniør Per Simensen.**</fnote>**

<fnote ind="2"> Ivar Mortensons mor. *H. G.* **</fnote>**
<side nr=244>

Ryfylkefjelli; eg var upp-aa Høgdi (Sør-Høgdi) igaar og saag meg ikring; dessverre RegnvÍr, so eg saag ikkje vidt; men ein fin Heim er det der inne –; sjølve Ungdomsskulen – dette greide norske Namne bør me faa innført i Staden for desse halvtyske "Amtsskole" og "Folkehøiskole" –, "Rygjabø", ligg framifraa vent i Solbakken nedmot Fjorden.

Styraren, Aamund Salveson (Bjerkshimbue fraa fyste Tid), er ein stød, sterk, roleg Kar; men baade Styrke og Ro trengst; han hev meir enn nok aa gjera. Som alle Arbeidsfolk hjaa oss.

Det var fysst "Elevstemna" ; mykje staut og ven Ungdom; gjev han kann halde seg i og paa

Lande! Endaa meir Ungdom kom etterkvart, med Eimbaatar, "Automobil"-baatar og Seglbaatar; der var Ungdom fraa heile Ryfylke, fraa Harding-grensa til Kar(m)sund. Og der var Møte med Foredrag, Forhandling, Tale og Song; jamt og sterkt Frammøte, og fin og folkeleg Framferd; all denne Ungdomen førde seg so godt at det var ein Hugnad.

Med meg var det ikkje rart; eg var krimfull og fekk ikkje skikkeleg upp det vesle Mæle eg hev, og eg hadde ein full Sal med Siderom aa tala fyri: langtifraa alle kann ha høyrte meg. Men der var so stilt at ein kunde høyre ei Naal falle; det gjekk daa so godt som det kunde gaa. – Meir og meir skynar eg kor ille det er eg ikkje hev øvt upp det vesle eg hadde av Talegaavur; men Orsakir nok hadde det; og no er eg for gammal. – 3 nye Diktaremane raaka eg, som bad meg um "Gjenomsyn", tvo norske og ein norsk-dansk; det er i det meste Lage av slikt; det vert so mange Vonbrøt. Men det maa vel til? –

Ein ung Bondestudent raaka eg, ven Gut, godt Hovud etter det eg kunde skyna; han "rikka" og sette si Von til eit "sterkt fornorsket Rigsmaal";

<side nr=245>

hadde elles vorti "næsten omvendt" av aa høyre Foredrage mitt; i sine Skulegut-aar hadde han vori "fanatisk Maalmann". Mykje Ungdom gjeng og tumlar soleis no; anna ventande er det vel ikkje.

– Paa Heimvegen fraa Bryne fekk eg køyre med ein Ungdom fraa Sikvaland (Son hans gamle Retzius, – oppkalla etter ein Preikebok-forfattar –, no daain, fekk eg høyre); han fann at mange Maalmennar dreiv hardt paa, og var nøgd med meg som meinte at ein fekk ikkje sprengje hardare paa enn at Folke kunde fylgje. Kom so eit Grand innpaa Spursmaale um Trui; det var mykje der han ikkje greidde, sa han; og han vart glad daa eg lova aa laane han "Jesus Messias". Han er den andre Jærbu-Ungdomen som hev tala til meg um slikt; Jæren er vel i ein Overgang her au, veit eg. Og vel vilde det vera. – –

– – Som eg sat med dette, arbeidde det seg upp til eit UvÍr av det store Slage; lange Tidir er det sidan eg saag noko soveri.

Attum eit graa-kvitt Skyforheng, nedst nede sundsprengt i Flagur, øvst uppe fest til Himilen ved ei ljós lang Line fraa laagt i Sudvest til høgt i Nord, myrkna det fram ei blaasvart Skytyngd som dulde alt: Hav og Himil var hurte; eg saag inn i Nivlheim, i Naastrand, i det ytste Myrkr.

Lange bleike Lion braadde fram fraa Sud til Nord, laagt nede, milelange, som braa-svinga Sverd; glima og blaablenkte alt i eitt; døyvde Toredyn i endelaus Rulling, ut og fram og burt og av, med no og daa eit tyngre Brak, fyllte Myrkheimen med Jøtunrædsle.

Stilt og smaatt drog denne Myrkheimen seg
attum sitt Forheng inn yvi Land, dyliande meir
og meir av Jord og Himil. Nedbygdine kvarv;
Midbygdine kvarv; Risabakkar og Garborgsaas
kom burt; Tjensvoll- og Tunheimsbakkar sokk
ned; eit svært Regn tok til aa falle, trafsande
<side nr=246>

fløymande; det rann som breide Bekkir ned-yvi
Glasi. Ljoni kom nærare og vart kvassare, glima
bivrande inn gjenom Glasi og blenkte mot Stogu-
Veggine; Torebraki tyngdest; det skok og skrall
upp-i Lufti som av mjølneslegne Jøtunhausar som
brast; lange skakande Rullingar fylgde Aasryggir
og Bergbrunir; Fjell-knausar syntest braa-ramle;
det kom Grunn-Smellar so Stogo liksom seig
under Foten. Og det fossa og fløymde med
Regn som i ein ny Siflaum; alt der ute fløymde
og flaut, blenkte, braka, brast; Verdi var ned-
senkt paa Havsens Botnar.

Halvrædd og halvglad stod eg og stirde paa
denne Domedag; eg livde upp-att mine Barn-
domsminne fraa "det vaada Aare". Og eg sagde
med meg, i eit Mod som eg ikkje sjølv forstod:
enno er ikkje dei gamle Gudar daude.

Brev fraa Arne Garborg.

Knudaheio 16/8 1909.

Kjære Hulda.

- - - -

For Brev at 6/8 har jeg at takke; nu fore-
kommer det mig forresten at jeg svarte paa det
før jeg drog til Finnøy. Jeg er noksaa spændt
paa, om Du kan faa Kolbotnen solgt – og an-
bragt paa saa gode Hænder: vi kunde vel paa
lempelige Vilkaar faa leiet det igjen (før Jagt-
tiden), om det var en Gang vi vilde hilse paa
Savalen igjen? – men det vil vel være vanske-
ligt, om f. Ex. Frenning vil saa langt op. –
Hvordan det gaar med Griselda og Folmer-
Hansen **<fmark ind="1">** faar jeg vel høre i næste Brev.
<fnote ind="1"> Eit lite mistak av hr. F. H., som snart vart retta.
Eg hev i 30 år havt retten til umsetjing av Gerhart
Hauptmanns verk for Norig, og umsett 8 av deim for
ymse teater. *H. G.* **</fnote>**

<side nr=247>

Det er storartet at Du har klaret Ferieutgifterne, og utroligt at der kan være blit Penger
at tjene for norske Ting i "Morgenposten"; Verden gaar
rundt. - - -

Jeg skal klare mig med det jeg tog med (200
Kr. fra Aschehoug & Co.). – Med Arbeidet gaar
det smaat. Regnveir og Reiser hindrer Ude-
arbeidet; og Tiden "inde" har hidtil gaaet med
hovedsagelig til en og anden Bladkorrespondence
(der blir flere Blade nu, og de fleste af dem
trænger Hjelp), samt til Brevskrivning (og Kor-
rektur og Manuskriptgjennemgaaelse). Og "Mad-

stellet" tager sin Tid, selv om det sjelden blir mer end to "Maaltider" om Dagen.

Jeg savner nok øgyptens Kjødgryder paa Labraaten mer end en Gang; men que faire?

– Paa Byturen igaar traf jeg igjen en gammel Kjending – nu Gaardbruger og Skolemester –, som meget pent bad om Tilladelse til aa faa være til Hjælp med at sætte istand Knudaheio – plante o. s. v. Folk ser at det gaar smaat med mig; men de synes at "en sleg'e Mann" bør bu et Grand Fint; det kommer ofte Fremmede her op og vil sjaa Knudaheio (nu forrige Uge havde jeg f. Ex. hele Lærer-Maalkurset fra Kleppe, og næste Søndag kommer de jæderske Ungdomslag; det passer mig jo bare saa maatelig; men –); kortsagt: man synes her bør bli penere. Og, saa vil man hjelpe mig med at faa lagt Vei. Jeg er rørt (og lidt flau over at jeg ikke har greiet de Affærer selv); no fær me sjaa daa.

Alt Folk spør etter "Kòno"; jeg kan med Sandhed sige at Du har andet at bestille end at gaa her og lage Mad. – – –

Helsing til Labraaten!

Din G.

<side nr=248>

Kn. 19. 8. 09.

Eitt og anna gamalt kann enno dukke upp.

Eg var inn-um hjaa Lensmann Nordheim fyrr eg tok paa den siste Byferdi; han hev gjevi Nordheim fraa seg til Sonen og sjølv kaupt seg Grunn og bygt seg Hus lenger nede og vest, nedimot Jønnvegsgarden, tett attmed Frøylandsvatne, Huse er romlegt og rett hyggjelegt (med fint Utsyn fraa eit Loftsglas inn-yvi Vatne til Kleppe-Strandi og Njaa-Skogplantingane o. s. fr.), og mykje av Jordstykke upp-brøti og godt stelt; og Lensmannen gjeng med rett store Draumar um ein Bekk som gjeng gjennom Jorde; den vil han demme upp, og so byggje Sagbruk o. a.; um han tek til aa graane, so hev han sin same Arbeidshug; og eit Gognbyggjar-Hovud hev han alt ifraa Barndomen.

Men millom det han fortalde var der noko som serskilt feste seg i Minne mitt: Martin Johan Mathiassen, Fanteguten, gamle Kjenningen min, han driv enno ikring. – – –

– Som eg no sit her i Dag og skriv, ser eg ein Mann koma ruslande nedanfraa, med eit lite Ryggskrin og ei lang Fiskestong. Noko etter bankar det; eg ut; der stend denne Mannen med Skrine og Fiskestongi; "Goddag, Garborg", sa han. Eg saag paa Fyren: ikkje verst klædd; rett stort raudt Skjegg som var aat aa kvitne; eit noko rukkut men friskt Andlit; Augo som eg mest skulde kjenne; eg stirde eit Grand; det v a r Martin Johan Mathiassen.

Han syntest vera i rett godt Lag; fylgde inn,

sette seg og svalla. Han vilde upp-yvi til Sikvaland: elles hadde han teki Fiskestongi med; det var Fisk uppi søime av Votni her uppe. Bymann var han no (og tala fint, – med litegrand Avslag daa han hørde reint Jærbumaal); elles var han aaleine; Kona var daai; Borni vaksne eller

<side nr=249>
so burtimot, og burte, søme til Sjø, andre i Tenest; ei paa Fantestig, og ei "hjaa godt Folk" ; til Hausten skulde ho bli konfirmera. Men han trivst so som so med denne Einsemd; og "noge av Fantanaturen" var enno i han; ender og daa laut han ut og svive. Han sat og drøste ei god, Stund; kom innpaa gamle Dagar og Venskapen vaar daa; rødde um meg og mitt Hus og mitt Arbeid no; minte um daa me sist møttest i Kristiania; sidan hadde han fari Lande rundt alt til Trondhjem, fraa By til By, og halde sitt Foredrag um Fantefolke. – – –

Sistpaa kom han innpaa det han vilde. Han hadde gjevi ut ei Bok um Fantefolke (hjaa "P. T. Mallings"); den var utseld no. Mangt og mykje anna hadde han Tid etter Tid skrivi upp um dette Folke sitt; ikkje so lite vart det naar det vart samla ihop; og elles var han ikkje ferdug enno. Men skrive kunde han ikkje; ja han skreiv paa ei Vis, naar han kom "i Stemning"; men naar han ikkje var i Stemning kom han ingin Veg, og kunde minst faa skjøpa ihop det han hadde skrivi, so det kunde bli Bok av det; no vilde han beda meg hjelpe seg med dette. Eg kunde gjera ut av Uppskriftene hans det eg vilde, nytte det eg fann nyttande og hive det eg ikkje fann Bruk fyri; Boki fekk eg vel helst gjeva ut sjølv; men han laut faa nokre "Procent" etter som eg rimelegt kunde Finne. Det skulde vera som ei Historie yvi dette Fantefolke som no heldt paa aa døy, var aat aa bli uppsogi i "det norske Folke"; og han fortalde kva han helst hadde lagt seg etter aa samle.

Eg svara som eg meinte: at eg gjerne vilde sjaa Arbeide hans, og at eg daa fekk avgjera kva det kunde bli til: um eg sjølv kunde gjera noko ut av det, eller um eg kunde hjelpe honom med aa faa det forma i hans Namn; dette slog han

<side nr=250>
seg til Ro med og takka. Labba so i Veg med Fiskestong og Ryggskrin upp-yvi mot Sikvalandsfjelli.

Det var som mi Fortid hadde spøkt for meg. Og i Grunnen var "Carolus Magnus" sin same, um han no var ein Mann paa sine gode 60 Aar. Noko stødare var han i sitt Lag og si Framferd; han tala au um, at me baae no hadde teki til aa "gaa ned-etter"; og ikkje eit "oppbyggelegt" Ord var no i hans Munn; han sagde endaa beint og greidt, at naar me no snart laag i Jordi, so

"var det ikkje meir"; han hev havt noko betre Greie paa meg no enn daa me sist møttest i Kristiania. Men hadde han fengi ein Dram eller tvo, – so hadde han vel vori heilt ut sin gamle. –

Knhb. 25. 8. 09.

Det gamle Jæren saag upp-um meg i Dag gjenom 83-Aaringen Ola Taarland.

Det var altfor stor øre, helst daa Gamlingen er skral paa den eine Foten, so han krabbar seg fram paa tvo Stavar; eg skynar mest ikkje korleis han hev kunna greide dette siste Stykke Fjellveg med Gjerde og Staaltraadgjerde, Tuvur og Stein. Men han reknar meg til den gamle Jæren, og vilde upp og sjaa um meg.

Det var han sjølv som tala; fortalde og fortalde i Einingi; hadde so endelaust mykje som vilde fram. Han hugsar 8 Prestar i Haa og 7 i Lye, og sjølv hev han vori med i mykje og mangt, i Eksis fraa gamle Dagar, i Heradsstyre fraa gamle og nyare, i økonomiskt og anna Bygdeliv; fari vidt hev han og, hev vori i Kristiania, Trondhjem o. s. fr. (reiste med Sjuklingar som

<side nr=251>
skulde paa Daarekista, men nytta Høve til aa sjaa seg um); eg skyna han tyktest hava spila si Rolle godt; det einaste han var misnøgd med var at Sønine var farne fraa Garden – ein er i Amerika (i de siste 4 Aari i Wien) og studerar Lækjekunna –, so at Garden hev gjengi til ein Verson, – ein som berre hev gift seg inn i øtti.

Han er av dei gode Jær-Bøndane fraa gamall Tid, tok endaa Overfrakken av seg og viste meg at han gjekk i den gamle Jærbunaden (Stutt-Trøye med Sylvknappar i Trøye og Vest, ikkje ulik Hallingbunaden – som eg kunde vise han –; Trøya gjeng berre noko lenger ned i Live og hev fleire (og mindre, runde) Sylvknappar. Far gjekk i ein slik Bunad – Trøye og Vest av blaatt Klæde – det fysste eg kann minnast; men so kom desse keidsame "Sekkine"). I denne Bunaden hadde han endaa teki seg av; det er fysste Gong eg raakar paa so mykje Bygdenationalkjensle paa Jæren.

Han er av dei gamle i det au, at han liver heilt her i Verdi, og hev heilt nok med den; det var dette heilvaksne og aandeleg helsesterke som gav dei gamle slik ei Kraft og slik ein trygg, glad Heilhug; dei var m e d, dei, i det dei livde i.

Han bad meg sjaa inn-um naar eg kom til Taarland; det skal eg gjera mill. a. av di eg gjerne vil sjaa Kona hans; han viste meg eit Fotografi av henne med (Kabinett! Ikkje noko Knusling); og det var eit sterkt, strengt, aristo-

kratiskt Andlit; mangt aa staa i hev denne Kona havt; men bøygt seg eller gjevi seg hev ho ikkje. Den som kunde skrive Sogo um eit Par slike Folk! –

– Regn, Regn. Upphald inn-imillom; so rigner det att. Mest Smaaregn; men alltid so vidt at
<side nr=252>

det er ufysi aa "gaa paa Torv og Stein" ute. No fær eg vone paa September, – um ikkje den skulde koma med ein GodvÍrsbolk.

Knhb. 1. 9. 09.

Det er Hausten att. Aari glid: og det er det dei skal.

VÍre ustødt, men i det heile betre; eg er ute og "arbeider" eit Par Smaayktir um Dagen (vert skamleg snart trøytt; og saarhendt er eg, so no er det ikkje meir enn eg godt kann halde Penne-skafte); smaatt gjeng det, so eg vinn vel ikkje langt i Aar heller. Men no maa eg sjaa aa faa heim Takstein, so den kann koma paa, um ikkje meir.

– Paa Ferdi raaka eg mill. a. Lensmann X.; han er ute paa Stortingsfriing no att. Han som Aa. og A. og kva dei heiter.

Det er ærleg Sak no aa segja at ein vil til Tings; og det skulde rett vera. Men denne europæiske "parlamentarlske" Stortingsfriing, det er noko Humbug daa.

Det er som med all Friing og Gifting: "Søta mi" fyri og "no sít du heime og steller Huse" etter Bryllaupe. Men Søta mi er glad for ho hev Friarar; og kor ofte ho vert narra, møter ho jamt upp paa nytt Lag. Kva skal ho anna gjera, Stakkar?

Friarane bélar kvar paa sin Maate. Ingen hev noko serskilt aa bera fram; ein held seg til Vinstre-Saklista, ein riv ned paa Vinstre-Saklista; ein er "moderat" – nei no heiter det "frisindet" – Vinstre og er baade med og mot. Men alle kausar og klappar dei Søta si; og ingen er i Tvil um, at det er Garden – 3 Dalar Dagen og Kristianialiv Aare rundt – dei bélar etter.

<side nr=253>

Alt er greidt. Men det er som Giftarmaal etter Friar-Lysing i Bladi: all Draum, all Tru, all Glans er burte; alle veit at det er Garden det gjeld. Det som gjev Leiken Spaning og i det lengste lokkar Folke med er, at i Røyndi er der likso mange Brurir ("Parti") som det er Bé-larar, men berre ei av desse Brurine vert gift i Aar; kven av deim som skal naa so langt er daa alltid eit Spursmaal. Og for Bélarane eit stort Spursmaal; mange Pengar; og Herreliv i Kristiania i 3 Aar!

For Lande er det noko-so-nær det same kven som vinn. Styrer Høgre, so vert inginting gjort

(dette kann elles til sine Tidir, som no, vera gali nok); er det Vinstre som kjem til Magti, so vert det m e s t ingin Ting gjort; i alle Tilfelle vert det tala endelaust og "nedsett" endelaust med Nemndir; baade det eine og det andre løner seg godt – for dei som er med. Men Folke baskar og arbeider, og held dermed uppe baade Lande og alle desse Talarar, Nemndir, Embætts- og Umbods- og Stortingsmennar o. s. fr.; men det liver Mannsalder etter Mannsalder i den urikkelege Trui at det er Stortinge med sine Talarar og Nemndir som held uppe Folk og Land. "Saa blir de alle" hjertens "vel tilfredse"; men ein fær endaa ikkje ynskje at det skal gaa "saa i denne Verden stedse".

Naa! "kóss det gjeng og ikkje gjeng, so gjeng det daa eilels"; denne gamle Folkevisdomen er det einaste eg trur paa snart. Det er fælt at so mange skal svelte og lide vondt; men di meir vondt dei lid, di fyrr slepp dei – og fær kvile i "Abrahams Fang" –; og er det ikkje det som sistpaa er "Meiningi" med Live? – Kyrkja hev Urett; men som Verdi no er stelt hev ho endaa Rett.

<side nr=254>

Knhb. 10. 9. 09.

Det tek til aa gardast i Knudaheibakken so smaatt; Gjerde som laag halvt um halvt nedrapa, er uppsett att; det er ikkje so høgt no; men øvst, i Staden for all den smaae Steinen som helst rapa, er det sett eit Staaltraadgjerde, som kunde halde Geitar ute. No trengst det berre ei (Jarn-)Grind til Køyreveg-Lede og ein (Tre-)Port til Gonge-Lede (som ber til Heidar) – og dei kjem snart –, so sit eg heilt "Herre" paa Tufti.

Og so er det Vegen. Og so Skogen. Og so meir Skog? ? –

– Brev fraa Hulda i Dag. Regn i Asker au. Og svært Stræv hev dei havt – og hev dei – med Hagen (ikkje minst med Kaale, som ein leid Mark hev lagt seg aat). Men mykje Eple. Og Kjellaren full av ymist godt, ikkje minst Syltety, som Hulda er Meistar til aa laga; og eit Anker Bærvin er avlagt til Gjæring Midt i vaar Armod er me Herrar, ved di at me hev **3–4** Maal Jord og (ein Gut som) kann nytte deim – og ei glup Husmor.

Um Sal av Kolbotnen inginting.

14. 9. 09.

Skral Arbeidskar er eg i det heile; og no, daa eg eit Par Dagar hadde gjengi paa Torv og Stein, so vart eg saarhendt. Reint ubrukeleg. Tok daa likso godt ei Byferd.

Det kunde og so mykje heller gjera, som det Godvíre me hev venta paa i heile Sømar, ende-

leg kom. Storfin Indian summer; so fint som det berre kann vera i September, – serleg i Fjelle, og endaa meir ved Have; mest her der me hev baade Hav og Fjell. Sjeldan saag eg

<side nr=255>

"Storstogo so reinskura", og Verdi so himilsk, som denne Laurdagen, daa eg strauk nord-yvi – den gamle Veggen, so eg kunde faa sjaa fritt ut-yvi, ut yvi Jæren og ut yvi mitt Liv –; det bar fram-um "Foss-bruno" og "Kyrkjo", og inn yvi Njaa-Heio; paa Njaa, hjaa Endre Lende, vart eg liggjande med Notti.

Der hadde eg det huglegt. Dei nye Husi – reiste etter Branden i Fyri-fjor er godt innbudde; fraa Garden ser ein inn-yvi Serigst(ad)-Vatne til Frøyland (som med sin store Jønnvarefabrik hev vorti noko nytt, um langtifraa gildare); no gjeng det jamvel "Naftabaat" yvi Serigstvatne – fraa Frøyland til Klepp Stasjon – huff! Godt og vel, godt og vel; men det er ikkje mitt Jæren lenger. Berre Orstadbakkane kjende eg att; men so samanhengslaus kann ein vera: der gjekk eg og drøymde um den Skogen som um ikkje for lengi maa gjera denne svarte Heidi grøn, – forvandle den au til "ikkje mitt Jæren".

Same Draumen maa ein drøyme um denne lange laage Fjellgarden. Men glad var eg, at dei gamle Fjell i Syningom daa endaa var eins aa sjaa; – eg tek til aa eldast. Alt er her Minne; der stod den gamle "Gravhaugen" – uhorveleg mykje større enn dei største Pyramidar – lyngklædd til Topps som fyrr; og lenger inne reiste seg, plent som i Barndoms Dagar, det fine "Altertavle"-Berge.

Paa Sandnes var ingen heime (av deim som eg søkte); rimelegt nok: slikt Paradis-VÍr etter so lang ein Graa-"Sømar". I Byen søkte eg Jens Tvedt likso faafengt; men so hadde eg daa no – til Fots fraa Knudaheio til Byn – helsa paa det som var att av gamalt, og set – med meir eller mindre Hugnad paa det som er nytt. – Byggje kann det nye Jæren ikkje; laanar seg berre Hus fraa By-Stykki, som laanar, so godt dei kann, fraa Stavanger.

<side nr=256>

Maandags-Morgonen gjekk eg – ut "Egenæs-veien", fram-um gamle, Kiellands-Garden, Ledaal (ned-rivin som snart alt gamalt, hu! alt vert so ferskt) – til "den andre Heimen min", Sanddal. (Som elles aldri vart nokon Heim for meg; det eg hugsar er den Tidi daa eg og Isaksen (gav ut og) prenta "Lærerstandens Avis" (!) paa Lofte der. Godt Folk (Ryfylkingar) bur paa Garden no; dei tok vel imot meg, og var greide og norske, so eg lika meg godt; og ærendslaus fór eg ikkje.

Men ørende mitt var: aa faa i den gamle Garborgs-Klokka, som enno – Takk have Bror Jon stod i ei Kraa i Storstova paa Sanddal (og

venta paa meg). Med ymist Stræv fekk me pakka baade Klokke og Klokk'-hus so vidt inn, at det greidde seg; so tok Sonen i Huse (Mannen var ikkje heime) Hest og Kjerre og kørde baade meg og Klokka til Byn; no ligg ho paa Bryne og ventar paa Skjuss til Knudaheio.

18. 9. 09.

Klokko er komo, – den gamle Garborgsklokko som talde Timane for meg i mitt Uppvekstre.

Timane vart lange ofte, – naar eg laut sitja med Arbeid eg ikkje lika, og endaa verre: naar eg um Sundagane skulde høyre (eller lesa) **5–6** Prestar: fraa Johan Arndt til Jesper Brochmann, fraa Martin Luther til Francke og Retzius og kva alle dei Vismennane heitte; aa hutte tu! – Men no er det so gamalt at der hev vaksi Gras yvi det. Berre eit stilt Minne um ein Barneheim med sterke Umskiftingar, no stengd for all Tid, vil den gamla Klokko bera inn i Knudaheio.

Der finst no vel noko-so-nær alt som er att fraa mitt Garborg: Bibelen (utgjevin 1834); Skuleskrine hans Far; Skatole hennar Mor; og no

<side nr=257>

Stoveklokka. Det er som Leivingar etter eit stort Skipbrøt. Men eg vert meir og meir glad i desse Leivingane. Dei knyter mine siste Aar saman med mine fysste; so sundrivi og villt som Live mitt hev sét ut, – det synest endaa aa samle seg og faa Samanheng. Ei av mine Rot-Tægar – den sterkaste – hev endaa Feste i Heimegrunnen.

23. 9. 09.

Hendane noko-so-nær i Stand; eg gjeng daa paa Torv og Stein att.

VÍre er ikkje lenger so Fint som det var her fyri den 20de; han er skiftande og uroleg att, stundom stormande eller regnleg, um det elles for det meste held uppe. Men Jærlande er so underleg smalt; dei store Flatune nedanum Garborg kryp liksom ihop; og Have ligg bleikt og graatt utanfyri og vil au helst gøyme seg burt, i Halvskodde eller Sky; det er Regnmerkje, segjer Loddvig.

Men Gudane have Pris: nokre Dagar fekk eg daa sjaa att det gode, det rolege, fagre Jæren. Og drikke den rette, reine, fine Jær-Lufti.

Eg veit ikkje slik Luft nokon Stad. Frisk og lett som Fjell-Luft, og mjuk, rik, fyllig som Havluft naar eg paa slike Dagar kjem ut um Morgonen – alra helst naar eg, paa mine Vatsferdir, kjem upp-aa Høgdi, der eg ser fritt ut yvi heile Jæren, med det rolege Have som eit blaatt eller sylvgraatt skinande Belte ikring –, – eg kjenner meg fri og lett og tankelaust sæl som elles aldri. Og Lande ligg og kviler i ein Fred

so heil, og eit Ljos so himil rolegt og reint, at ein heiltupp gløymer "den vonde Verdi".

– Utearbeid driv eg paa med; men det gjeng smaatt. Det er so vidt mykje Regn, at det gjeng

<side nr=258>

Bekk i Veita, so der hev eg ikkje kunna staa; men so hev eg lagt Veg – Smiaastein i Grunnen og Aur ovanpaa – ikring den øvre og nørdrre Sida av Huse der det mest turvttest. So no kann eg gaa turrrskodd i Regnvír med; og det tek i det heile til aa folke seg rundt Huse. – Veita, som eg maa reinske heilt upp att, er i den øvste Helvti full av rett stor Stein attaat all Smaasteinen; det er stridt Arbeid aa faa den upp – eller, naar han er for stor, gravin til Sides –; fort kjem eg ikkje i Veg; men eg hev Moro av aa greide meg sjølv i lengste Lage.

– Brev fraa Hulda Ho hev fengi den unge (dramatiske!) **<fmark ind="1">** Diktaren Nygard i Huse; han arbeider med Tuften i Hagen, og skriv. Han hev lesi upp 1ste Vending av eit nytt Drama for Hulda; "det er mærkelig dramatisk," skriv ho, "og Replikerne, Sproget, misundelsesværdigt"; gjev dei andre Vendingane maa koma til aa staa Maal med den fysste! – Spéldiktatarar treng me no snart. – Elles er det Eple, Plommur, Pærur, Koking, Sylting, aldri Ro; det er eit "deiligt Liv"; men endaa maa ho ynskje: gjev det snart vilde koma Snø, – so det vart Skrivero. Elles hev ho lova Studenter-Maallage Hjelp til aa setja upp Spélstykke; -- ja d e t Lage burde taka den Tanken upp! Men nokon Spelstyrar hev dei ikkje enno, dessverre!

– Sinding skal hava Konsert i Overmorgo;

<fnote ind="1"> Det vart som lyrikar Olav Nygard fekk namn i den norske bokheimen. Siste boki hans "Ved Vebande", som nyst fyrr han døydde kom ut på "Det norske Samlaget" er eit merkjelegt tungt vegande diktverk. Nokre få dikt frå sisste dagane hans, millom deim eit stort kvæde til "Shakespeare's fødeland" ventar enno på utgjeving. 1 1923 gav han og ut ei samling Burns-dikt i ny-norsk umsetjing.

Um "Ved Vebande" skriv Garborg: "Eit herlegt verk.

Noko av det djupaste og beste i bokheimen vår." H. G. **</fnote>**

<side nr=259>

Prof. Logernan og Frue fraa Gent sender Helsing. Det er reint rart aa faa Helsingar for ein som er so gløymd som eg; men det som er meir rart, og som eg fyrr aldri skulde tenkt: eg er fornøgd med aa vera gløymd! Reint ut rolegt fornøgd. Det er det, maa-tru, at di lenger eg hev livt, di meir hev eg set kor mykje det hev paa seg aa bli "hugsa" – ein vert hugsa so lengi Folk trur dei kann bruka ein til s i t t Arbeid –, og kor snart jamvel dei vert gløymde som gjorde mest Braak, eller som det stod mest Staak ikring. Og det som er verre: det er ikkje Staak ein skal

gjera i denne Verdi. Nytte skal ein gjera, det vesle ein kann; og mi Sut vert meir og meir, at eg kann gjera so lite av det Slage. Men syte nyttar ikkje; ein gjer det ein kann og skal dermed vera nøgd; Kvila kjem, fyrr eller sidan, til oss alle.

– Hulda hev havt tri unge fraa Aakre<fmark ind="1"> (Brorborni mine) til Gjestir; like eins hev ho havt Folkehøgskulelærer Naadland og Frue paa Gjesting

– – –

28. 9. 09

– – –<fmark ind="2">.

– Eg vart verande der med Notti – sov i kvitlar paa garnal Vis, og sov godt; paa Borde vart duka med ein Duk som gamle Mor Elen Line sjølv hadde vovi (og vovi merkeleg fint og godt; og ho hev aldri vori paa Skular), og millom anna med Brød av Heimemjøl baka hjaa Brynebakaren (der er for lite Folkehjelp til Huse au); det var mykje betre enn det vanlege Bakarbrøde.

<fnote ind="1"> Jon Garborgs born. </fnote>

<fnote ind="2"> Garborg skriv i margen, at her er eit blad burtkomi. Det burtkomne er m. a. frå ei vitjing hjå forfatteren og bonden Jon Line, Thime. H. G. </fnote>

<side nr=260>

Folk er i Framgang att til sitt eigi paa mange Kantar; var det berre ikkje all denne Folkenaudi – og desse Utgiftine som veks, so dei meir og meir maa selja sitt eigi Smør og kaupe att Margarin o. s. fr.; – tungt aa sjaa og høyre.

I Dag, fyrr eg gjekk, slog Jon frampaa um, at dei paa Bryne – der det er bygt ein "Turnhall", til Hjelp for Ungdomen i denne arme Stasjons-"byen" (ein Ungdom som ikkje læt seg samle um noko aandelegt, men kannhende vil finne Smak i noko so fint og jamvel engelskt som Turning; og so kunde ein narre innpaa 'n eitt og anna aandelegt jamsides) – hev tala um aa faa meg til aa halde Foredrag (til Inntekt for Turnhallen som hev ikkje lite Skuld); dei vonar paa, at ymist Folk, ikkje minst fraa Bygdine, vil koma daa – til aa "sjaa" denne Fritenkjaren, um ikkje anna –; og so kunde det koma inn litegrand. Eg sagde det eg maatte segja; men kunde det nytte til noko aa "fyrivise" meg, so lat gaa; – og no skal eg Sundag kjem tala paa Bryne – um Maalsaki! Quod felix faustumque sit.

– Fagrare Dag enn i Dag saag eg visst aldri. Eg rusla heim-yvi (um Thime-Kyrkjo, og so den gamle Vegen; fraa Foss-bruno av upp "den øvste Vegen" utvi Garpest(ad), Lende, Aarest(ad); raaka her og der Folk som eg kom i Radl med; alle er so glade for det gode Víre, at dei vert snilde jamvel mot ein Fritenkjar, – eller gløymer at eg er Fritenkjar, naar dei høyrrer at eg røder som eit anna Menneskje og er ifraa Garborg.

Siste Stykke fekk eg køyre med ein Gut fraa Sikvaland, ein av Sønine hans Retzius; Luther er Guten døypt, Stakkar. Luther Retziusson Sikvaland! – Men det var ein stilsleg og aalvorsam Gut; og han hev "fari til Amerika" her heime. Kaupt seg ei Utmark uppi Undheimsmarki ein Stad; der hev han sett seg upp ei Løa, og i eit

<side nr=261>

Hydna av den Løo hev han eit lite Rom aat seg sjølv, som han vil greide seg med, til han vinn so langt at han hev Raad til aa byggje. Det er slike Karar me maa faa; og kann han gjennomføre Tanken sin, og dermed vise Ungdomen at det læt seg gjera aa slaa seg fram her heime so vel som i Amerika, – so hev han gjort eit Verk so stort, at Namne "Luther" fær som ei Meining endaa.

Eg lova aa sjaa upp-um Luther i Løo hans; og det gjer eg i Aar, ser eg meg Stundir til det.

– Ut mot Kvelden – etter ein Regnbask att! og det no, daa eg kjende meg so heilt trygg! – var eg upp-i Mérlidi hjaa han Jonnas (Snekkar og Glasmeistar) og greidde ei lito Skuld; og Kona høyrdest ikkje urimeleg ut, daa eg slog paa, at til næste Aar vil eg hava henne til Bakar aat meg. Og det er visst og sant: lagar det seg, so er eg komin meir "heim til Jæren" att enn eg mest venta eg skulde koma. – I Kveldingi gjekk eg heim-yvi att; Vesthimilen var fager daa Soli var gladd. Yvi det friske, isblaae Have ei breid Stripe Himil midtimillom blodraud og eldraud; ovanum den eit sterkt, blaasvart Skybelte; ovanum det att bleik blaa Himil full av kvilande Øyar som eit stilt Hav; men i Nord – heile Himilen svartblaa som Nivlheim. Under dette seig Jæren inn i djupare og djupare Skuggar: graabrune, lyngbrune, svartbrune . . . vart sistpaa burte i den Natti som meir og meir gløypte heile Tilvære. Slike Solnedgangar maa det Hav til. –

– No lid det for i Aar; um **9–10** Dagar ber det – um Karmsund og Bergen – aust-yvi.

<side nr=262>

Knudaheibakken 5. 10. 09.

Det lid. I Morgo fer eg.

– I Dag vart dei fyste Tréi sette i "Knudaheiskogen" – skal verte. Endre Lende – som er skyld med Riks-Skogskulen paa Sandve(n) og hadde fengi Skogmeistaren der til aa taka ut Tre som han meinte kunde like seg her – kom køyrande med Tre-Sendingi og dei tvo unge Skulemeistrane fraa Undheim- og Tunheim-Krinsane og hjelpte meg med det fyste Arbeid og gav meg den Rettledning eg so vel turvte i Skogplanting.

Fleire Tre-Slag var sende: norsk Furu, norsk og eit Par andre Slag Gran, Bjørk, Or og –

utruleg for meg – Bøk; men Endre Lende sa, at den greider seg svært godt her uppe, og er ikkje jordvand. Bøki vart sett sunnanum Husi og Or vestanum (paa baae Sidur av den Gata eg vil hava fri framfor Stogu-Vind augo; til aa fylle ut den vart nemnt Spiræa; sjølv drøymer eg um Hyll og Hegg; men desse siste lyt ein halde under Kniven, skal dei ikkje bli for store). Meir rakk me ikkje; so fager som Dagen hadde vori fraa Morgonen so kom det no eit ausande Oktober-Regn som gjorde at me takka til me kunde krjupe i Hus. Resten av Plantingi fær eg sjaa um eg kann faa Arbeidsmannen min, Gustav, Bjerksheimsguten, til aa greide.

Ved Borde – eg laga ein litin Kveldsmat paa dei tvo Rjupune Hulda hev sent meg fraa Trøan; dei smaka storfint; ho hadde sjølv steikt deim – vart det dryft, kvar eg helst skulde setja dei ymse Tre-Slagi; men det som gildare var: der er Von um at han som eig Marki her ikring gjeng med paa aa lata til 10 Maal av desse Heidane her uppe til Skogplanting; Plantingi sjølv tok Endre Lende paa seg aa faa greidt med Hjelp av Ungdoms-Lage. Kunde det koma i Gang, so

<side nr=263>
var Upphavs-Take teki til aa faa klædt desse syrgjeleg snaude Fjell. – Andre Ting var au paa Tale, soleis noko mindre hugsamt: at Pengeherane kauper Heidar og legg deim ut til Veideskog **dv.** driv Driftgjætarane burt. Held det paa, so hev me der ei ny Kvævings- og Døyvingsmagt for Bonden og Bondelive. Daa eg sa det, samtykte dei andre heilt og fullt; men Raad for Uraad syntest ingin tenkje seg mogeleg.

– Endre Lende fortalde meg sistpaa, at dei var fleire som hadde slegi Lag um aa hjelpe meg til Rettes her i Knudaheio, Smaafolk alle, Gudskjelov, og millom deim, underleg nok, fysst og fremst ein Bymann, Kantormann fraa Oslo (Hovudbanekantore; han var elles her i Sømar ein Gong, – eit nytt Døme paa, at Vestlande, og ikkje minst Jæren, tek til aa draga Austlendingen). Eitt og anna Brev hev eg au i seinare Tid fengi fraa Byfolk som synest hava fylgt meg; eg fær daa stundom ei Kjenning av at eg ikkje er so gløymd som det etter andre Merke kunde sjaa ut til **<fmark ind="1">**. Og det som gjer meg serskilt godt: eg raakar ein og annan Ungdom som hev lesi – og tenkt paa – det vesle eg hev skrivi um George-Saki. Det maa vera so likevel; fleire og fleire ser med Uro paa det veksande Pengevelde. – Gjev Millomklassuna kunde samle seg fyrr det var for seint!

<fnote ind="1"> I eit brev frå denne tidi skriv eg til Garborg under ei vitjing på Vestlande:

– – – Du siger du blir alene. Ja, i ydre Forstand, på din Hybel, hvor du garderer dig med Næb og Klør,

der lykkes det dig til Nød at bli nogenlunde alene. Men ellers er det Indbildning og Koketteri og Forkjælethed og en av Naturen formørket Forstands Vildfarelser, når du altid siger du er alene. Tvertimod. Jeg må bedrøve dig med at sige og formene, at du er den mindst alene Mand i Landet. Men derfor kan du godt være en bra kar, ser du – – – – H. G. </fnote>

<side nr=264>

– Ute burar det og blæs og ausregner i den kolsvarte Natti; eg tenkjer med Glede paa, at eg no kann fara Landvegen aust-yvi. – Og det er nok paa Tidi at eg kjem i Veg; etter Telegram fraa Hulda i Dag stend Prenteverke fast for Manuskript – – hu! kor det trafsar og sturt-regner; det er so det dundrar i Pannetoka, og utanfor Vindaugo renn det som Bekkir – –; det er Smaasogu-Bande som dei skal til med no; men eg meinte det skulde klara seg Oktober ut med "I Helheim". Eg burde ha vori her nokre Dagar til; men fysst maa vera fysst; ein er ikkje Bokdævel for inginting.

Til Havs kom eg ikkje i Aar; og ymist anna er ugjort. Kvar skal ein av? Hev no ikkje "Tid" lenger.

– Farvel, du Heimland, som kann vera so uendeleg svart og surt – og so himlande stilt og blaatt og fredsælt!

Brev fraa Arne Garborg.

F. T. Stavanger 7/10 1909.

Herr Fridtjof Øvrebø!

For Deres Artikler om Maalstriden maa jeg takke; de er klart og godt og moderat skrevne og har sikkert øvet Indflydelse. Og det trænges at Folk faar rede paa den Sag nu efterhvert!

Med ikke mindre Interesse har jeg – selvfølgelig – læst Artikelen om Undertegnede. Og paa Deres Udtalelser om Garborg som Foredragsholder har jeg sikkert intet at utsætte; hvad der er av Kritik er altfor berettiget, og Deres Resultat – maa jeg ialfald ønske var rigtigt. – En av Grundene til det ofte altfor knappe og

<side nr=265>

tørre ved min mundtlige Fremstillingsmaade er ellers af en saadan Natur at jeg er glad, saa længe den ikke opdages; jeg er ræd, at jeg med min Respekt for det høitidelige i Foredrag – kom til at "prædike" en Del jeg ogsaa, hvis ikke en tosket nervøs Svaghed ligefrem tvang mig til at vogte mig for alt som kan tangere det "rørende". Min uheldredelige Mangel paa Stemme – jeg har hængt for længe over Skrivepulten – kommer ellers snart til at sætte en Stopper for min oratoriske Virksomhed; imidlertid faar jeg tilstaa at jeg er glad over, at der lader sig sige saa meget godt om min Metode som De har

gjort, – Tak! –

Paa Rygjabø var det hyggeligt; frisk og vakker Ungdom at se og gildt Folk at træffe. – Tak for sidst! maa jeg faa Lov at sige Fruen og Dem. – At mine Arbeider har interesseret Dem kan De vide glæder mig. Jeg skjønner ellers mer og mer at hvad man end kan sige om dem, saa er de ikke "for de mange"; min Udviklingsgang har i mange Maader været saa særegen.

Jeg skal "prædike" i Karmsund og maaske ogsaa i Haugesund; i saa Fald sees vi maaske?

I alle Tilfælde Tak for Skrivelsen med de venlige Hilsener.

Deres ærb.

Arne Garborg.

Brev fraa Arne Garborg.

Hvalstad St. 30/10 1909.

Kjære Fridtjof Øvrebø!

Stor Takk for Brev (Dagmerkt 18de Okt.) med huglege Helsingar og gode Opplysningar!

Og ikkje mindre Takk for alt det gode, De til ymse Tidir hev skrive um nationale og historiske

<side nr=266>

Spursmaal! Mangt leidt hev det der vori aa paa-tala; men mykje godt hev De gjort til Berging for det som enno var bergande.

Hu ja, denne Villmannshug til aa øydeleggja, som i alle desse lange Tidir hev fengi tumla seg so syrgjeleg fritt! Heimøyding og Kyrkjeplundring og Gravrøving og alt som tankelaust og ørt var! – No maa vel snart det verste vera yvistridt. So me kann faa taka til aa byggja og bøta i Staden for aa riva og øyda! Men jamen kann det og vera paa Tidi.

Ein serleg Takk skyldar eg Dykk for den vesle huglege Stubben um Samlingi paa Utgarden og Ferdi nordyvi Karmøyno. Det De der hev nemnt vil, saman med dei gode Opplysningar i Breve, vera meg til stor Hjelp, um eg ein Gong kann faa skriva litegrand um det gamle Rogaland, som hev havt so mykje i Norigs-Sogo aa segja. (Kannahende eg kann faa det med i Knudahreibrev; saman med det som der alt er nemnt um Havrsfjord, Sola, o. a.). Lande millom Havrsfjord og Haraldshaugen, – det var der det gamle Norigsvelde vart bygt. Kunde me so sant faa byggja det uppatt! – Og Vonine er ikkje smaa, det ser me millom anna av det, at Framanddomen, Trollmagtine, legg seg so serskilt etter aa faa hindra Arbeide. Det fer til aa spøkja for dei; det ser dei.

– Ja Takk for alt! Og Helsing til Haugo, som eg maa faa sjaa att ein Gong!

Vyrdsamt

Arne Garborg.

Labraaten 31. 10. 09.

Vel 3 Maanar vart eg verande vestanfjells i Aar.

Den meste Tidi var eg i Knudaheio. Der greidde eg meg godt; men Arbeide mitt vart eg

<side nr=267>

ikkje ferdug med. Víre og andre Hefte gjorde at Endre Lende kom ikkje til Undheim med dei Tréi som skulde bli sette fyrr siste Dagen; og nettupp som me godt og vel var tekne til med Plantingi lagdest det til med Jær-Haustregn av argaste Slag, so me laut berge oss i Hus det snøggaste me kunde. Og so kom Kvelden, og so vart det ikkje meir.

No er det han Gustav, Arbeidsmannen min, eg hev aa stole paa. Han lova godt og saag ut til aa vera ein litande Kar; men kunnig i Tresetjing var han ikkje, so Etterarbeid vert der visst nok av. Naa! Gjeringi er fraa-seg-gjord, og Veitingi med (det meste); det maa daa alltid bli ei Raad med det andre, veit eg. –

– Ferdi aust-yvi vart lang. Eg stana og "preika" baade her og der; fysst i Haugesund; so i Koparvik (endeleg fekk eg noko-so-nær Greide paa dette Karmøy-Lande som eg hadde høyrte gjeti fraa Barndomen men aldri set; og fleire gilde Karar raaka eg der); so i Bergen, der eg elles laut vente eit Par Dagar (kom midt upp-i stridaste Val-Stræve), og tilslutt paa Voss; all Stad fann eg gildt Folk og staut Ungdom; og all Stad maatte eg harme meg yvi mitt veike Maal. Men Vestlande er komi godt i Gang; so eg kjende meg modigare der enn eg er her til vanleg.

So bar det til Fjells – Skoddevír og Snørusk og ikkje varmt – og aust-yvi. Men ein Dag for seint var eg ute (ved den lange Stansen i Bjørgvin); Returbilletten galdt ikkje lenger (endaa Formannen i Vestmannalage hadde sagt meg at den Sak var i Orden); og Baneferdi stana ikkje paa Asker no; eg laut til Byen og liggje med Natti der; kom hjarteleg trøytt til Labraaten Dagen etter. Som vel er vil Bergensbana vera heilt i Stand no i November; sidan vil det gaa greidare

<side nr=268>

og snøggare aa koma yvi Fjelle. (Det vil au gjera at det vert betre Rom paa Eimbaatan; kannhende gjeng eg daa likso gjerne med Sandnesbaaten, – Midsumardag daa visst).

– Her laag det Prentretting i haugevis; og no er me alt langt paa Veg inn-i næst siste Bolken ("Sogur og Kvæde"). No gjeld det berre aa finne fram desse Kvædi; det vil koste meg eit Par-tri Bydagar, og deim gled eg meg i k k j e til.

– Vel er det at det kjem ei ny Utgaave av "I Helheim"; det vert nokre Skillingar av det au; og Skillingar vil turvast.

– Paa Labraaten er Hagehausten so vidt ferdug; alle Rom er fulle av Eple og alle Kjellarar av Syltety og Bærvinn; det er Rikdom reint. Serskilt god Arbeidshjelp hev Tuften i Aar havt: Nygard, som er i Byen og ser Spelstykket ender og daa, men "bur" her, og "arbeider for Maten" – er ein framifraa Arbeidskar. Slike Dikttrarar skulde Norig hava!

– Attaat Prentretting og Handskriftretting (alt det eg gjenom Aari hev skrivi skal no inn under ei Rettskriving! – noko -so-nær) hev eg Brevskrivning aa baske med (mill. a. til nye Kjenningar der vestpaa, som Fridtjof Øvrebø paa Haugo paa Karmøy, ein ung Gardmann og Bladmann, som hev skrivi mykje og godt um nasjonale Emne i eit Haugesundsblad og no hev sendt meg gode historiske Opplysningar fraa Karmøy; i Foræring gav han meg Chr. V's "Norske Lov", som eg les med stor Forvitnad; – eller o. R. Sakfører Gjerdsjø i Haugesund, som hev skrivi ei – god – Bok um Determinismen, men ikkje fær denne Boki meld; Vestlandsbladfolk skynar seg ikkje paa Filosofi, og Austlandsbladfolk trur ikkje at det kann koma Filosofi fraa Haugesund.

<side nr=269>

Fraa Bokhandlar Nils Sund i Haugesund (greid og vitug Kar) fekk eg her um Dagen Telegram, at Ordføraren der burte, Valentinsen, er vald til Tings; det er det einaste Vale eg er glad fyri av dei eg enno veit um. Valentinsen fekk eg helse paa; han er George-Mann, og visst den fyste norske (var i Amerika daa "Progress and Poverty" kom; vart tekin av Tanken med ein Gong og hev sidan haldi ut, og arbeidt mykje for Jordskatt-Skipnaden der burte; eg raaka daa og fleire George-Mennar i Haugesund). Det hev mykje paa seg at det kjem ein og annan George-Mann til Tings no, daa Sosialismen veks og Bonden mindre og mindre skynar kva eller kven han skal halde seg til; og Valentinsen er ein klok og klar og stød Kar, som kann koma til aa rett-leide mang ein Bonde um det som no maa vera Framgangsvegen, um det ikkje skal gaa med den norske Bonden som det hev gjengi med den engelske.

1. 11. 09.

Han Loddvig i Mærlio gav meg upp sine Vír-Minne fraa det siste Aarhundrade paa Jæren; dei ser soleis ut:

1764: svær Turk.

1801: turt Aar som 1859–60; dette hadde

1802: vaatt Aar han etter gl. Nils Aarest(ad).

1826: Turk.

1851: kaldt og vaatt.

1853: turt; svært Kornaar (tvifeldt mot vanleg).

1856: kaldt og vaatt.
1859: det turra Aare.
1860: det vaada Aare (svært med Toreslaatt; ikkje kaldt).
1867: kald Vaar.
<side nr=270>
1869:fælt kaldt (og vaatt); Snø paa Aakeren fyrr innkomi.
1885: like eins.
1889: turt.
1893: turt.
1907:
1909: vaatt.

Igaarkveld var Hulda og eg i Studentermallage; der var Fest for Overlærer Schjøtt (til Takk for Ordboki).

Der var rett mykje Folk; og alt gjekk godt. Olav Midttun heldt Fest-Tala, der han fekk godt med alt som burde med, og heldt fram det viktigaste: at det heilt ut var det livande Maale S. hadde bygt paa og vilde hava fram; men han understrika ikkje dette so mykje at det kunde eggje til Strid no, – som rett var.

Av gamle Maalmennar saag eg ikkje mange; millom deim eg sakna var Hagbart Berner. Av dei unge sakna eg H. Koht.– Schjøtt var i Godlag, som rimelegt maatte vera, naar han saag Ungdomen samle seg i Takkserind og Vyrndnad for Arbeide hans. Og eit godt Tiltak var dette av Studentermallage.

Fyrr eg gjekk raaka eg ein gamall Kjenning (som i k k j e var med i Lage): Johan Selmer; det er mange Aar sidan eg saa, g honom no.

Han hadde eldst; og han saag skral ut. Kunde lite tala um anna enn um si leide Reumatisme. Han skulde til Tyskland att um eit Par Dagar; det var for kaldt for han her uppe no. Eg fekk ei modlaus Kjensle av, at det knapt er mykje att no av Johan Selmer.

<side nr=271>

Kona hans helsa eg au paa; ho hadde kvitna, og Alderen viste seg; elles saag ho godt ut, og syntest rett modig. Det er ho vel nøydd til; det er det einaste no.

Lett er ikkje Live. Det er stundom ei rein Trøyst aa vita, at det sjeldan vert noko mykje langt.

13. 11. 09.

Vali yvistridde; Høgre hev vunni. Og det heilt; Vinstre og Sosialistane s a m a n t e k n e er Mindretal. Den einaste Von for den norske Saki er daa, at ikkje a l l e nye Høgrefolk ("fri-sindede Vinstre" eller kva dei helst vil heite) er Maaletarar (skulde ein tru).

For Bonden ser det smaatt ut. Det som ein Gang var hans Fylking er for det fysste Mindretal, og for det andre er det ikkje hans Fylking lenger. Og Førarar eig han ikkje. Og si eigi Sak ("Jordsaki") skynar han ikkje sjølv. Meir og meir vert han, her som i andre Land, Træl under Pengevelde.

Den som kunde tala, so burde han ut aa lære han aa sjaa dette. Men – –

Naa-ja. "Me fær sjaa." Kannhende vert næste Kapitel i Norigssogo ein ny Svenskekrig. Og det vert for Norig heilt ut ein Strid for Live. Um det elles vert Tale um nokon Strid; det nye Høgre styre kjem vel til aa "skjøpa" Hæren vaar sund etter sitt Hovud heilt ut (Hæren er ikkje etter Høgre meining Landsforsvar, men Grunnlage for so og so mange Offisers-Embætte).

Eg hev nettupp i desse Dagar funni ihop mine 10-12 Dikt til "Samlingi". Det siste Dikte endar med eit Ord som eg ofte hugsar:

"eg berre veit at skal det (Folke) døy, so vil eg døy med det."

<side nr=272>

–Elles kann alt snu seg um enno, – naar me kjem so langt ned, at alle ser det gjeld Live.

4. 12. 09.

Eg skulde vori til Bys i Dag, men slapp; det hev snøa i Gaar og i Natt so Togi vinn seg ikkje fram – i rimeleg Tid daa. Me hev ein svær Snøvinter i Vente, skal me døme etter det me no hev set.

Det lid til Enden med "Skriftir i Samling", og paa Tidi kann det vera; no er eg trøyt. "Knudahreibrev" hadde eg tenkt aa stelle ikkje so lite paa: nytt skulde inn (serleg fraa, dei fysste Kristiania-Aari) og gamalt ut; men Nygaard vil ha Samlingi ferdug til Jol, og so laut Boki gaa som ho var paa Lag; det same kann det vera; det er ingin som les meg lenger. Det Faatale som hev tinga Samlingi vil berre "ha ho i Hylla".

Eg kann forstaa det. Bokflaurnen stig og stig; snart sagt alle skriv Bøkar no; me trøyt av aa lesa; det einaste me enno kann bry oss um er fint innbundne Samlingar til aa faa Bokskape fyllt med.

Det gjeng her som i fleire Land: vill ein "arbeide med Pennen" **dvs.** faa gjort noko, so maa ein vera Bladmann. Og daa fær ein minst gjort; ein maa skrive som Folk vil hava det. Til dess ein "vinn Namn". Men naar ein hev vunni Namn, so vil "den fysste Kjærleiken" vera avkolna. Um ein ikkje nettupp – som so mange – endar med aa arbeide imot sine Ungdomstankar, so orkar ein ikkje lenger aa gaa i Krig

for deim; Tvil og Trøytteleik fær Magti meir og meir. Det maa vel helst vera som det er? og gaa som det gjeng? til dess det gjeng sundt? –
<side nr=273>

vil Gamlingen helst tenkje. Det kjenner eg meir og meir, og det um eg aldri so mykje "meiner som fyrr"; – eg hev i alle mine Bøkar ikkje funni noko som eg vilde ha uskrivi, kor mykje betre skrivi mangt kunde vera. Men um der kann ha vori nokor Hjelp i aa skrive det? – for andre enn meg sjølv, som vaks og treivst ved aa faa mine Tankar klaart fram, og ved Draumen um at eg gjorde Gagn med Arbeide mitt? – Det er Spursmaal som det ikkje er Svar paa.

– "I Helheim" gjev Nygaard ut i serskilt Utgaave no; det var meir enn eg hadde venta. Eg hev elles gjengi ho igjenom og korta paa eit og anna; ho er rett god no, so i det heile. Eit Par leide Misprentingar er der – det er i det heile vill-vaaglegt at eg berre hev lesi ei Prentretting –; men til aa staa i Skaap er Bøkane alltid gode nok, berre dei vert vent bundne. –

– Mykje og mangt hev hendt sidan eg sist skreiv; men naar eg no skal hugse etter kva det er, so er alt burte. Som ein kvervande Røyk. Noko med det siste var at B. B. laag i Paris og døydde, og heile Verdi telegrafer og skreiv; og det vart gjevi Dagsbød (Bulletiner(?)) som det skulde vera ein vanleg Konge. Og B. B. hev Sans for slikt; det hev gjort 'n godt. No frisknar han til att; men Aareforkalking i hans Alder skal vera spelegt, so det er vel paa Voni um han kann faa gjort so mykje meir. Og daa han no er so gamall at han helst driv paa med aa rive ned det han fyrr bygde upp, so er det vel best so, veit eg.

– Boki av Hulda um Rousseau vert meld og rost i Høgrebladi mest; det som er Sjæli, Viljen i dette Arbeide, fær faae Tak paa, dei "radikale" minst. I det danske "Samstyre" skriv Johan Pedersen, godkjennande men ikkje "djupt"; han

<side nr=274>

hev elles framme noko som gjeld for all Soguskriving: kvar Tid hev sitt Maal; med Fridom og Likskap meinte Rousseau noko anna enn det me meiner no o. s. fr. Det er visst so: ein maa umsetja fraa Tid til Tid likso vel som fraa Land til Land; Faavisa er grenselaus.

– Eg for min Part trur eg vil hava godt av aa dukke meg ned i Homer og hans Tid so langt eg kann koma. Liver eg sei lenger (enn til 1911!), so kann det hende at Trøytteleiken kann gjeva seg, so eg fær Hug til aa gaa paa att; me fær i alle Fall "sjaa".

– I England held det paa aa vakne: Overhuse steller seg so at Spursmaale vaknar um aa

faa døyvt dette Stykke Millomalder midt i den nyare Tid. Det er det einaste av Politik som ein no kann bry seg um aa fylgje; men um det kann føre til anna enn det vanlege: at Magti vinn, – det er eit Spursmaal. Siste Nummer av Land Values ser meg svevnugare ut enn eg hadde venta.

8. 12. 09.

I Dagmorgo Kl. 5 vart eg ferdug med Resten av Manuskripte til "Skriftir i Samling". Glad er eg. Det er eit Par Aar eg hev sliti med dette Arbeide no; det kann daa vera paa Tidi at eg fær kvile. Nokre Ark Prentretting er enno att; men det er inkjevetta.

No hev eg daa "gjort det gjerast skulde" her; og at eg hev gjort alt "so godt som eg kunde" veit eg; god Samanheng, er der i det fraa fysst til sist. At ingin annan bryr seg um det gjer meg ikkje noko lenger; sistpaa hev ein berre ein Domar ein bryr seg um: seg sjølv.

Hjarteleg trøytt av Slite mitt er eg; og at det ikkje "hjelper til noko" veit eg; og endaa er eg

<side nr=275>

nøgd: ,eg hev gjort det e g maatte gjera; og gjenom det Arbeide hev m i t t Livssyn klaarna og vunni Ro.

No set eg meg til med Homer; seinare med Shakespeare, – og med andre um eg vinn meir. Det eg sjølv kann koma til aa tenkje, minnast, drøyme, – det rablar eg ned her; og quod in actis n o n in mundo: naar det er penneført er eg kvitt det. So Pennen er, god for noko likevel.

– Snøen i Tune ligg alt meterdjup. Det vert ein lang og visst strid Vinter.

15. 12. 09.

Bøkar, Bøkar, Bøkar.

Hu, ein vert so trøytt av alt dette Pappere. Og ein vert so leid av seg sjølv. Aa, all denne Skrivning og Skrivning, det er ein Sjukdom, ein leid, leid Sjukdom. Aa, den som sat paa ein Husmannsplass og dyrka Jordeple!

Og alrabest og alra helst: den som laag i Jordi. Det er det einaste som der er Meining i. Liva til dess ein ser kva heile Greida er for noko Tull, – og so faa kvile.

Og soleis vert det "Meining i Live" likevel. For trøytt vert me, og kvile fær me. Det gjeld berre um ein kann halde ut desse siste ende-lause Aari daa ein ser at alt er inginting og endaa lyt "vera med".

17. 12. 09.

Graatt og kaldvori, Joletroll-Vír.

Dei Bøkane og Bokbrevi det mest, galdt um hev, eg, fengi fraa meg; so tek eg litegrand

anna. Arbeid inn-imillom til aa kvile meg paa.

<side nr=276>

– Ein av dei store i "V. G" er ute etter Hulda i Dag paa den vanlege V. G.-Maaten; det er endefram Mordfreistnad. Hulda er van med det no og tek det med Ro; men eg veit det fraa mine eigne fysste Aar: det er fælt aa faa ei Bytte Lortvatn ut-yvi seg i Staden for Døming.

Eg er Gudskjelov fri baade det eine og det andre no. Men det kann vera løglegt aa sjaa kor ein Meldar t. D. i "Syn og Segn" sist – vrid seg, naar han skal nemne Samlingi mi; ho skulde helst ikkje vera nemnd, daa eg ikkje er paa Moten i S. og S.; men stakkars norske Bokheimen er ikkje so stor enno at ein med det gode hev Raad til det; og so finn han eit Adjektiv som er høveleg halvkaldt; med det frir han seg til baae Sidur paa ei Vis. Hu! det er ikkje greidt aa vera Bokmeldar.

– Homer kjem eg ikkje i Gang med fyri jol.

18. 12. 09.

Igaarkveld kom Skrift-Samlingi bundi og ferdug. Den vert sett i Hylla, og so er det Ende paa det Kapitel.

Med desse Bøkane, og med mi Bladskrivning, hev eg gjort det eg kunde, og maa daa vera fornøgd. For meg sjølv kann eg gjennom desse Skriftine fylgje min eigin Framvokstr; og det kann vel koma Tidir daa eg sét Pris paa det au, tenkjer eg.

7 digre tetteprenta Band – det kann alltid vera Skrift nok. So vert det vel eit Par Band Bladskrivning au, – um eg elles kann faa deim utgjevne.

– Det beste ved denne Utgaava er at ho gjev meg ei Inntekt som Huse mitt meir og

<side nr=277>

meir treng, og som er – "etter norske Høve"

– ikkje so reint liti. Me greider oss daa til so lengi; og so kann eg i Ro taka paa med Homer.

20. 12. 09.

Ikkje ein Kjeft segjer eit Ord til Hjelp for Hulda mot Knivstikkaren i V. G.; men ein og annan segjer nokre kviskrande Ord i eit Brev, som skal vera til Lindring.

Ei Bladskrivardame som var svært nøgd med Boki og hadde skrivi ei god Melding – fekk no denne gøymd burt i eit Blad som ingin hev ein Draum um: "Vestlandet" i Stvgr., – Høgreblad endaa til. "Dagbladet", der baade Hulda og eg hev skrivi ikkje so lite, hev ikkje nemnt "Rousseau".

– Hulda hev vori ute for mykje av det Slage; men dette er kannhende den Prøva der ho for Aalvor skal lære det me maa igjennom alle: at

ein hev berre seg sjølv aa stole paa<fmark ind="1)">.

Hjelp deg sjølv! er den gamle og æveleg nye
Leksa. Anna Folk "hjelper" so lengi dei er
trygge paa at dei hev ein under seg, eller so
lengi dei kjenner seg trygge paa Løn for Hjelpi;
men di meir ein vert seg sjølv og fær sitt eigi
aa gjera eller segja, di meir kjem den Tidi daa
Venine er glade for at ein fær Motbør; den hev
dei sjølve havt so æveleg nok av, Stakkar. Og
so kann dei kviskre eit halvt Ord i eit Brev, um
det kjem høgt; men alle læt med Lyst Knivstik-
karen bruka Kniven.

Det lærer Hulda no. Men eg tenkjer det vil
styrkje henne. Herde henne.

<fnote ind="1)"> Her ligg ein hell haug med gode – mange svært
gode – meldingar av Rousseauboki mi, som no i mange
år hev vore utseld. H. G. </fnote>

<side nr=278>

For ein maa vera hard. Til dess ein vert
gamall og likesæl, som eg altfor mykje kjenner
meg.

– Eg er ferdug med Reinskrivingi av det
Maalforedrage som eg fór ikring med i Sumar;
etter ei gamall Avtale skal det i "Bonden", – um
elles ikkje han, Stakkar, legg upp no til Nyaar.
Her er svært lite Magt i oss norske; og er det
ein av oss som fær eit Grand Mynt, so brukar
han aldri den til Hjelp for den norske Sak; hev
han kje ein Hale med Skyldingar som ligg og
syg og tiggjar, so er det alltid ein Sakførar som
fær narre han med seg paa "Spikkelasjonar",
som alltid gjer Sakføraren rik og Maalstrævaren
fatig; – eller Maalstrævaren er sjølv ein Sakførar
eller Politikus. Og Spursmaale for meg vert meir
og meir, um ikkje alle Nordmennar er – eitt av
tvo: Sakførarar som snyter til seg og sidan sumlar
burt, eller Halvtutlingar og Halvtullingar som i
det høgste duger til aa lata seg snyte?

Er me i det heile eit vederheftigt Folk?
That is the question.

22. 12. 09.

Domen yvi Admiral Børresen og Etterfylgslur
viser kvar me stend.

Retten segjer beint ut: Børresen hev i visse
Tilfelle, og det serleg i ei Tid daa Lande maatte
vera fyrbutt paa alt, ställt seg heilt uforsvarlegt.
Stellt seg,so, at Retten læt `n høyre Ting som
ein Offiser ikkje skulde kunne høyre. Men sist-
paa segjer Retten: der er ingin Ting aa segja
paa Børresen; og paar Hærstyre i det siste hev
vist 'n Mistillit, so er det ingin – slett-ingin –
Grunn til det; Hurra for Børresen! – segjer
Retten.

<side nr=279>

Og Karljohansgata tek Børresen og bér han
paa Gullstol; og alle Blad segjer: no maa S p a r r e

gaa; men dei "nasjonale" Bladi legg til: Børresen
skulde vel au gaa?

I alle andre Land vilde ein Fyr som Børresen
for lange lange Tidir sidan vera lempa ut or
Héren – men ikkje dømd; andre Land burde
ikkje faa for mykje Greide paa eit slikt Tilfelle –;
og ein Forsvarsminister som hadde lati han staa,
vilde sjølv vori fallin og ferdug. Her læt me
Mannen staa, men Forsvarsraaden som freista aa
gjera han noko meir uskadeleg, – han er fallin
og ferdug. Og Folke – vert ikkje harmfult
for dette.

Me er ikkje so mykje som ein Halvnasjon.
Me er tvo Folkebrøt som hatar einannan meir
enn me hatar Framande, ja Landsfiendar.

Og no sit framande Utsendingar i Kristiania
og ser paa dette. For me hev ikkje so mykje
Folkeskikk at me tenkjer paa aa dylja vaar Skam ;
me klæder oss nakne paa Gata. Dei framande
Utsendingane myler i sitt Skjegg; no veit dei, at
kann berre Magtine bli samstellte um aa skifte
Lande, so kann dei skifte det i Ro, som ein
skifter herrelause Heidar. Og vaar einaste Trøyst
er, at Magtine ikkje so med ein Gong kann bli
samstellte.

Hjah! – Slik Jolehugnad hev me ber til
Lands. –

– Dei tenkjer paa aa faa i Gang ein norsk
Lærskule (Gymnas) paa Voss, høyrer eg. Det
kunde vera paa Tidi um me gjorde so vidt mykje
til aa norske paa vaart heimlause Embættstand.

Men . . . fekk me ein slik Skule paa Voss, so
maatte me faa minst ein slik Skule paa Aust-
lande med, um me ikkje vilde faa alle vaare
provinsdanske Apekattar og -kjettur ylande av
full Hals: Vestlandsmaal; Vestlands-Eskimoar!

<side nr=280>

Det vil dei ikkje hugse paa Voss. Men Steins
vik, som skal der burt og tala um Saki, – han
burde tenkje paa det? ?

Eg driv paa og les norske Bøkar som er
"komne til Jol"; dei er baade mange og gode.
Vert her no berre so sant Rom til all denne
gode Kraft! – Korkje Bondefolke eller Lærar-
stande hev mykje Raad, Stakkar.

Av Bøkar paa andre Maal hev eg lesi J. Raabes
"Napoleon". Ei veldig, mest overmenneskjeleg
Kraft var dette. Ein maa spyrja seg sjølv: kvi
skal alle desse Halvgud-Kraftir øyde seg paa
magtsjukt Verk som brotnar og brest i Morgo
eller Overmorgo; kvi kann det ikkje koma ei
Kraft som samlar seg heilt paa den Ting: aa
hjelpe Mannheimen fram til Fred og Fridom og
Folkeskikk? – Men dei som tenkjer fær inkje
gjort, og dei som fær noko gjort kann aldri
tenkje. Napoleon drøymde um aa skapa eit nytt

Aleksander- eller Rom-Rike, men naadde berre eit lite Stykkje paa Veg; daa hadde han øydt den franske Kraft og reist heile Europa imot seg; so misste han Trui paa sin Lagnad og døydde paa St. Helena. Etter 'n vaks det ikkje mykje, – so nær som det andre Keisardøme som førde Frankrike til Sedan og til den Pengevelde-Republiken som held Russland uppe med Milliard-Laan og sjølv visnar og dør.

No driv eg paa med Krapotkins Verk um den franske Revolusjon; der er mykje aa lære. Endeleg ser det ut til at eg skal koma til aa forstå dette Storhende som førde so jammerleg lite godt og so syrgjeleg mykje vondt med seg.

<side nr=281>

27. 12. 09.

God Meining hev det vori i desse Umveltingane, ikkje minst i den fyste; og det hev vori mykje meir Villskap hjaa "Ordens"-flokkane som varde sin Urett enn hjaa Uppreistflokkane som hadde so endelaust mykje aa hemne; men Grunnen til at Folke aldri med Umstøytar kann vinne sin Rett hev vorti meg klarare enn nokon Gong.

Folke kann reise seg; og det kann fikte for sitt Liv; i sitt Blodsinne kann det bli ei Magt; hev det Førarar som det trur paa, so kann det klara seg lengi. Men det kann ikkje halde ut; fyrr eller sidan ryk det; Krigsføring skynar Arbeidaren seg lite paa. Men Motmagtine, Røvar- og Valdsmagtine, hev ei Hérmagt som er oppøvd i Mord og Brand; og den Hérmagti hev serleg i seinare Tidir – i "Fridomstidene" – vorti sterk; den vinn daa fyrr eller sidan; og so kjem "kvit Rædsle" eller borgarleg Storslagting (som under Thiers i 1871); – ein hugsar ikkje kor villt Europa er utan kvar Gong ein ser eller les um slike "Ordens"-Slagtedagar.

Folke kann ikkje halde ihop, og hev ikkje Førarar. Det kann hava Fyrigangsmennar; og desse Fyrigangsmennane kann meine det vel; men i Folkeforsamlingane stend dei og talar og ordskifter og kjem ingin Veg; og naar det kjem til Aalvor so kann dei døy, kannhende, men ikkje føre. Men hev Folke ein Førar (som Rossel i 1871) so kann det ikkje nytte han; det skynar seg ikkje paa Disciplin; og Føraren maa gaa; takke til at han slepp med Live. Men ein Buona-partie svik Folke og legg det med Hérmagt under seg; læt seg so kryne og kyrkjesigne. Brøt og Gudsspott høver vel ihop.

Borgarsamfunde fór endaa fælare fram i 1871 enn etter den store Revolusjon; no, daa eg hev

<side nr=282>

lesi Tillier: "Pariserkommunen", kann eg berre finne det rimelegt at den franske Pengemagti hjelper til med aa halde uppe det store Blodvelde

i Aust, liksom alle dei kristne Europakongane bér Blod-Slæpe aat Tsaren. Me lîver under eit fullkomi Villmannsvelde; det Faatale som hev naatt fram til Folkevît og Folkeskikk dreg seg meir og meir burt fraa Samfundslive og inn i sine Bok-Rom og Granskar-Rom, – der elles mange av deim au driv paa med Villmannskap: Viviseksjon – paa Dyr og stundom paa Menneskje.

– Krapotkin sluttar Boki si med modige Ord um komande Umstøytar som skal greide det betre enn den i 1789; han tek i Mist. Med Kniven vil Folket alle Dagar koma til kort; med Kniven kann ein berre vekkje den Villmannskapen som elles halvsøv. Der er berre ei Von: George-Tanken. Den treng ikkje Kniv; den arbeider seg fram smaat um Senn paa Tankeveg; sjølve den engelske Overvillmannskapen – i Lordhuse – vaagar berre aa fikte imot den Tanken med sine Gull-Skillingar i ein Val-Strid no.